



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 3

(1999-2000)

Om lov om endringar i
rettergangslovgjevinga m.m.
(harmonisering av rettsmiddelfristar,
effektivisering av bøtestraffa og endring
av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 15. oktober
1999, godkjend i statsråd same dagen.*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Justisdepartementet gjer i denne proposisjonen framlegg til lov om endringar i rettergangslovgevinga m.m. Dei viktigaste endringane er foreslått i tvistemålslova, domstollova og tvangsfullføringslova. Endringane byggjer på fire ulike høyringar som Justisdepartementet har følgd opp gjennom framlegga i denne proposisjonen, og endringane er delt inn i sju hovudkapittel.

Det første hovudkapittelet er punkt 3 nedanfor, og gjeld endringar i sivilprosessen. Endringane omfattar ein del av framlegga i høyringsbrev 6 mars 1996. Det viktigaste framlegget i dette kapitlet er harmoniseringa av lengda på ulike rettsmiddelfristar. Departementet foreslår at det skal vere ein sams rettsmiddelfrist på ein månad for både anker og kjæremål. Mellom dei andre framlegga i dette kapitlet kan nemnast nye reglar om direktesending av prosesskrift, utvida høve til hovudforhandling i munnleg saksførebuande møte slik at dommaren einsidig kan avgjere at eit saksførebuande møte skal gå over til hovudforhandling, forenkla reglar for handsaming av anker under ankesummen og ny ankeordning etter tvistemålslova kapittel 33 slik at alle saker etter dette kapitlet skal ankast til lagmannsretten og ikkje til Høgsterett. Det vert òg gjort framlegg om å opne for at visse saker mot stat og kommune kan bringast inn for forliksrådet.

Kapittel 4 gjeld endringar i tvangsfullføringslova. Desse endringane byggjer dels på framlegg som departementet tok opp i høyringsbrev 6 mars 1996 og dels på utgreiing 20 februar 1995 frå ei arbeidsgruppe som hadde i oppgåve å vurdere domstolane sitt meirarbeid med tvangssal av fast eigedom etter tvangsfullføringslova 1992. Framlegga gjeld i hovudsak forenkla reglar for tvangsfullføring. Av framlegga kan til dømes nemnast styrking av kjøparen si stilling ved tvangssal, forenkla tvangssal av pantsett lausøyre og presisering av saksøkjaren sin rett til å krevje dekning av uteståande leige og kostnader.

Kapittel 5 gjeld ymse endringar i straffeprosesslova og fellesprosessen. Framlegga byggjer i hovudsak på høyringsbrev 6 mars 1996. Endringane er mellom anna ei følgje av to-instans reforma. Det vert gjort framlegg om oppheving av den geografiske grensa for vitneplikt, om varadommar i herads- og byretten i omfattande straffesaker, samt om endring av reglane om trekking av meddommarar og lagrettemedlemmer og føring av aktorat ved lagmannsrettane og herads- og byrettane.

Kapittel 6 gjeld effektivisering av bøtestraffa. Framlegga byggjer på høyringsbrev 11 desember 1996 og gjeld utvida heimel for inndriving av bøtestraff, lenging av forelding av bøtekrav til 10 år, lenging av perioden for utleggstrekk ved inndriving av bøtestraff til fem år og presisering av at påbegynt utleggstrekk ikkje fell vekk ved forelding av bøtestraffa.

Kapittel 7 gjeld framlegg om endringar i domstollova på grunnlag av høyringsbrev 5 oktober 1998. Endringane gjeld disiplinær- og tilsynsordninga for advokatar og knyter seg i hovudsak til samansetjinga av Advokatbevillingnemnda, presisering av kva for reaksjonar Disiplinærnemnda kan nytte og avklaring av den rettslege stillinga til tilsyns- og disiplinærorgana etter domstollova kapittel 11.

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Kapittel 8 er framlegg om nokre endringar i rettergangsreglane for Høgsterett. Endringane byggjer på høyringsbrev 6 mars 1996 og 12 november 1998 og tek sikte på å effektivisere sakshandsaminga i Høgsterett. Av dei ein-skilde framlegga kan nemnast opning for fleire prøveadvokatar i same sak, fjerning av kravet om advokat med møterett for Høgsterett i sivile skriftlege ankesaker, avgrensa krav til å la partane uttale seg før ei sivil ankesak vert nekta fremma, forenkla handsaming av straffesaksanker i kjæremålsutvalet, krav om at ankeparten skal gje ei skriftleg utgreiing om dei faktiske tilhøve i saka og endra handsamingsreglar for krav om gjenopptaking av ankesaker som tidlegare er nekta fremma etter § 373 tredje leddet.

Kapittel 9 inneheld tre framlegg. Det vert gjort framlegg om at det kan gjevast pålegg om at det må stillast trygd for løysingssummen ved odelsløyasing, overgangsføresegner ved endring av forseinkingsrenta og særlege reglar om fastsetjing av forseinkingsrente i dommar slik at det klart kjem fram at renta som er gjeven, er forseinkingsrente og ikkje anna avtalt rente.

2 Bakgrunnen for lovframlegget

2.1 Høyringsbrevet 6 mars 1996 om endringer i rettergangslovgjevinga m m

I eit høyringsbrev 6 mars 1996, med høyringsfrist 23 juni 1996 tok departementet opp einskilte spørsmål om endring i rettergangslovgjevinga m m. Emna i høyringsbrevet var:

Twistemålslova m m

1. Direktesending av prosesskriv
2. Harmonisering av lengda på ulike rettsmiddelfristar
3. Avgrensing av oppfyltingsvernetinget
4. Om overprøving av sakskostnadsavgjerder
5. Innkalling av vitne i sivile saker
6. Vitna si plikt til å opplyse om bustad
7. Om saker mot stat og kommune bør kunne bringast inn for forliksrådet?
8. Om det bør kunne kallast inn til mekling i forliksrådet sjølv om den som er klagar inn har godteke klagaren sin påstand?
9. Om høvet for advokatar m fl til å møte i forliksrådet
10. Hovudforhandling i munnleg, saksførebuande møte
11. Utviding av området for obligatorisk forenkla rettergang
12. Sakshandsaminga ved fremme av anker under ankesummen
13. Ankeordninga etter tvistemålslova kapittel 33

Tvangsfullføring

14. Sal av motorvogner m m etter lov om handverkarar sin salsrett
 15. Tvangsinndrivning av kringkastingsavgifter
 16. «Pantegodsauksjonar»
 17. Subjektiv kumulasjon ved tvangssal
 18. Fleire krav om tvangssal av same realregistrerte formuesgode
 19. Medhjelparens varsling av rettshavarane ved tvangssal av realregistrerte formuesgode
 20. Kjøpars stilling ved anke over stadfestingsorskurd ved tvangssal av realregistrerte formuesgode
 21. Tvangsbruk av fast eigedom med driftslausøyre og varelager
 22. Tvangsdekning i heimelsdokument til leigerett til bustad
 23. Tvangsfullføringslova §§ 13-2 og 13-6
- Domstollova, straffeprosess og fellesprosess
24. Geografisk avgrensing av vitneplikta
 25. Stillingstittelen rettsskrivar
 26. Varadommar i herads- og byretten i omfattande straffesaker
 27. Trekking av meddommarar og lagrettemedlemmer
 28. Talet på prøveadvokatar for Høgsterett i samme sak
 29. Når advokatar kan opptre ved fullmektig
 30. Førings av aktoratet ved pådømming i forhøyringsrett
 31. Kjæremålsutvalet si handsaming av kjæremål i straffesaker

Ymse

32. Pålegg om at det vert stilt trygd for løysingssummen ved odelsløysing
33. Overgangsregler for endringer i forseinkingsrenta og fastsetjing av for-

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

seinkingsrente i dommar

34. Kunngjering av krav om mortifikasjon

Ved same høyringsbrevet vart utgreiinga «Vurdering av domstolenes merarbeid ved tvangsalg etter loven av 1992» gjeve til Justisdepartementet 20 februar 1995, sendt på høyring. Sjå pkt 2.2 nedanfor.

Adressatar for høyringa var:

Finansdepartementet
Kommunal- og arbeidsdepartementet
Kulturdepartementet
Landbruksdepartementet
Sosial- og helsedepartementet
Dei andre departementa
Den Norske Stats Husbank
Forbrukarombodet
Forbrukarrådet
Forbrukartvistutvalet
Kredittilsynet
Noregs Bank
Norsk rikskringkasting
Statens Landbruksbank
Stortingets ombodsmann for forvaltninga
Brønnøysundregistra
Norsk Eiendomsinformasjon as
Politiets datatjeneste
Regjeringsadvokaten
Rettsvesenets IT- og fagtjeneste (RIFT)
Riksadvokaten
Statens Innkrevingssentral
Tilsynsrådet for advokatvirksomhet
Høgsterett
Lagmannsrettane
Oslo byrett
Oslo byfogdembete
Heggen og Frøland sorenskrivarembete
Sør-Østerdal sorenskrivarembete
Hadeland og Land sorenskrivarembete
Drammen byrett
Eiker, Modum og Sigdal sorenskrivarembete
Kristiansand byrett
Lyngdal sorenskrivarembete
Stavanger byrett
Stavanger byfogdembete
Bergen byrett
Bergen byfogdembete
Trondheim byrett
Trondheim byfogdembete
Stjør- og Verdal sorenskrivarembete
Nord-Troms heradsrett

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Sørum lensmannskontor
Ullensaker lensmannskontor
Asker lensmannskontor
Fåberg lensmannskontor
Creditreform Norge A/S
Den Norske Advokatforening
Den norske Bankforening
Den norske Dommerforening
Finansieringsselskapenes Forening
Gjeldsofferaksjonen
Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon
InkassoPartner AS
Juss-Buss
Kommunenes Sentralforbund
Kreditkassen
Landkreditt
Landsorganisasjonen i Norge
Lensmannsetatens Landslag
Norges Eiendomsmeglerforbund
Norges Forsikringsforbund
Norges Juristforbund
Norges Kemner- og kommunekassererforbund
Norges Kreditorforbund
Norges Lensmannslag
Norske Boligbyggelags Landsforbund
Norske Inkassobyråers Forening
Næringslivets Hovedorganisasjon
OBOS
Oslo kommune - Trafikksjefens etat
Samarbeidsutvalget for forliksråd og hovedstevnevitner i byene (SFFH)
Skattefogdenes Landsforening
Sparebankforeningen i Norge
Norges Bondekvinnelag
Norges Bondelag
Norges Bygdeungdomslag
Norges Skogeierforbund
Norsk Bonde- og Småbrukarlag
Norsk Skogbruksforening
Departementet har motteke fråsegner frå:
Administrasjonsdepartementet
Barne- og familiedepartementet
Finansdepartementet
Fiskeridepartementet
Forsvarsdepartementet
Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet
Kommunal- og arbeidsdepartementet
Kulturdepartementet
Nærings- og energidepartementet

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Landbruksdepartementet
Samferdsledepartementet
Sosial- og helsedepartementet
Brønnøysundregistra
Den Norske Stats Husbank
Forbrukarombodet
Forbrukarrådet
Forbrukartvistutvalet
Hedmark og Oppland statsadvokatembeter
Hordaland statsadvokatembeter
Kredittilsynet
Noregs Bank
Norsk rikskringkasting
Oslo statsadvokatembeter
Riksadvokaten
Statens helsetilsyn
Statens Innkrevingssentral
Statens Landbruksbank
Statsadvokatane i Rogaland
Stortingets ombodsmann for forvaltninga
Toll- og avgiftsdirektoratet
ØKOKRIM
Høgsterett
Agder lagmannsrett
Borgarting lagmannsrett
Hålogaland lagmannsrett
Heggen og Frøland sorenskrivarembete
Indre Follo heradsrett
Oslo byfogdembete
Oslo byrett
Stavanger byrett
Trondheim byfogdembete
Trondheim byrett
Asker lensmannskontor
Fåberg lensmannskontor
Den Norske Advokatforening
Den norske Bankforening
Den norske Dommerforening
Finansieringsselskapenes Forening
Gjeldsofferaksjonen
Kommunenes Sentralforbund
Landsorganisasjonen i Norge
Norsk Bonde- og Småbrukarlag
Norges Eiendomsmeglerforbund
Norges Forsikringsforbund
Norges Kemner- og kommunekassererforbund
Norges Lensmannslag
Norske Boligbyggelags Landsforbund

Om lov om endringar i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Norske Inkassobyråers Forening
Næringslivets Hovedorganisasjon
OBOS

Samarbeidsutvalget for forliksråd og hovedstevnevitner i byene (SFFH)
Sparebankforeningen i Norgetre privatpersonar

Mange av desse høyringsinstansane uttaler at dei ikkje har merknader til endringsframlegga i høyringsbrevet eller at dei ut i frå sine saksområde ikkje har det. Dette gjeld *Administrasjonsdepartementet, Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet, Kommunal- og arbeidsdepartementet, Kulturdepartementet, Nærings- og energidepartementet, Landbruksdepartementet, Samferdslededepartementet, Kredittilsynet, Noregs Bank, Stortingets ombodsmann for forvaltningasamt Heggen og Frøland sorenskrivarembete*. Dei fleste av dei andre høyringsinstansane kommenterer dessutan berre ein mindre del av endringsframlegga.

2.2 Utgreiinga «Vurdering av domstolenes merarbeid ved tvangssalg etter loven av 1992» gjeve til Justisdepartementet 20 februar 1995

Justisdepartementet ga 1 september 1994 ei ekstern arbeidsgruppe i oppdrag å vurdere dei økonomiske og meirtyngande verknadene for domstolane (namsrettane) av den nye tvangsfullføringslova sine føresegner om tvangssal av fast eigedom og heimelsdokument til leigerett til bustad. Som medlemmer av gruppa vart oppnemnde:

Førstebyfogd Ernst Moe, Stavanger, formann
Heradsrettsdommer Magnus Matningsdal, Bryne
Sorenskrivar Harald Jølle, Farsund
Førstesekretær Heidi Taranger, Bergen.
Utvalet fekk følgjande mandat:

«Gruppen skal foreta en analyse av domstolenes arbeid med tvangssalg etter den nye tvangsfullbyrdelsesloven med særlig vekt på forskjeller i behandlingsmåten i forhold til tidligere lov. De enkelte ledd i prosessen beskrives og det gis en vurdering av hvilke ledd som har ført til merarbeid (eventuelt mindrearbeid) for dommere og funksjonærer. Mer-/mindrearbeidet forsøkes kvantifisert.

På de områder der nyordningen har ført til merarbeid i forhold til tidligere ordning, skal utvalget vurdere om det er mulig å få tilforenkling/effektivisering ved endring av rutiner, forskrifter og/eller lovbestemmelser og eventuelt komme med konkrete forslag i så måte.

Gruppen anmodes også om å foreta en vurdering av den arbeidsbelastning nyordningen har medført for domstolene i forhold til det som var forutsatt som administrative og økonomiske konsekvenser i Ot. prp. nr 65 (1990-91), særlig side 62 og side 64-65.

Vesentlige hensyn bak de nye reglene om tvangssalg var ønsket om å sikre rettsstilling og interesser for debitor og hans husstand. Utvalget skal vurdere om lovens regler i praksis har ført til de forbedringer som var siktemålet og om det er rimelig samsvar mellom det merarbeid nye regler eventuelt har medført og det som oppnås.»

Utvalet gjer framlegg om ei rekke endringar i reglane om tvangsdekning i realregistrerte formuesgode i tvangsfullføringslova (tvfl). Desse framlegga vart

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

sende på høyring saman med ei rekkje andre endringsframlegg ved høyringsbrev 6 mars 1996. Høyringsfristen var 23 juni 1996. Sjå pkt 2.1 ovanfor med omsyn til kven som var adressatar for høyringa og kven som har uttalt seg.

I den vidare framstillinga vert arbeidsgruppa si utgreiing omtalt som «meirarbeidsutgreiinga».

I høyringsbrevet 6 mars 1996 gav departementet følgjande oversyn over framlegga i meirarbeidsutgreiinga:

«1 Tvfl § 2-10 Medhjelper ved tvangssalg

I utredningen foreslås det at det åpnes adgang til å dispensere fra de alminnelige habilitetsreglene også ved tvangssalg av fast eiendom. Et praktisk eksempel er at en banks eiendomsavdeling kan oppnevnes som medhjelper selv om banken er saksøker.

2 Tvfl §§ 11-7 og 11-8 om foreleggelse av begjæringen for saksøkte og enkelte andre

I dag skal en begjæring om tvangsdekning forkynnes for saksøkte og enkelte andre, jf §§ 11-7 og 11-8. Det foreslås at begjæringen i stedet skal meddeles fordi postforkynning erfaringsmessig er vanskelig i disse sakene, og stevnevitneforkynning er tidkrevende.

3 Tvfl § 11-9 Beslutning om å gjennomføre tvangsdekning

Det er ulik praksis for hvordan en beslutning om tvangssalg gjøres kjent for saksøkte. Det foreslås derfor at det presiseres at namsrettens beslutning om tvangssalg kan meddeles saksøkte av medhjelperen. Videre foreslås at namsretten, før den har truffet beslutning om at tvangssalg skal gjennomføres, etter begjæring fra partene kan stille saken i bero i inntil 3 måneder, dersom det er utsikt til at tvangssalg kan unngås. Dersom ikke partene tar saken opp til behandling etter utløpet av den frist som er satt, bør namsretten kunne heve saken av eget tiltak.

4 Tvfl § 11-11 Flere begjæringer

Det tas til orde for at gebyret for en senere begjæring som fører til at saksøkeren trer inn i et tvangssalg som er besluttet på grunnlag av en tidligere begjæring, skal settes til f.eks. ett rettsgebyr. I dag må det betales fullt gebyr for hver enkelt begjæring, det vil si 10 ganger rettsgebyret. ... En slik endring hører eventuelt hjemme i rettsgebyrloven, og arbeidsgruppen har ikke utformet utkast til lovendring.

5 Tvfl § 11-12 Salgsmåte

§ -12 tredje ledd bestemmer at «[v]ed salg ved medhjelper av fast eiendom i lensmannsdistrikt oppnevnes i alminnelighet lensmannen som medhjelper». Arbeidsgruppen mener at denne bestemmelsen ikke er hensiktsmessig og ikke i samsvar med praksis, og går inn for at den oppheves.

6 Tvfl ny § 11-12 a om innhenting av konsesjonspris ved medhjelpersalg

Arbeidsgruppen foreslår en ny § 11-12 a som åpner adgang for namsretten til å innhente konsesjonsprisuavhengig av om salget gjennomføres som medhjelpersalg eller ved auksjon. Dette vil medføre at namsretten ikke vil føle seg tvunget til å velge auksjonssalg av hensyn til konsesjonsplikten.

7 Tvfl § 11-14 Fravikelse av fast eiendom

Arbeidsgruppen foreslår at bestemmelsen om fravikelse skal kunne brukes mot enhver som oppholder seg på eiendommen, og ikke som i dag bare mot saksøkte. Arbeidsgruppen mener videre at det bør åpnes for at namsretten beslutter midlertidig fravikelse for det tidsrom som er nødvendig for en forsvarlig gjennomføring av salgsarbeidet. Namsretten bør sende kjennelsen om fravikelse direkte til namsman-

nen for iverksettelse. Det forutsettes at namsmannen på vanlig måte forelegger begjæringen for saksøkte med frist til å fravike eiendommen før tvangsfravikelse gjennomføres.

8 Tvfl § 11-16 om panthavernes opplysningsplikt

Arbeidsgruppen mener at hensynet til dekningsprinsippet tilsier at panthaveres plikt til å opplyse om pantekrav og renter, begrenses til å omfatte de panthavere som har prioritet foran saksøkerens krav. Bare dersom det er utsikt til dekning til panthavere med lavere prioritet, bør medhjelper pålegge disse å gi opplysninger om sine krav. Panthaverne bør uttrykkelig pålegges å spesifisere hovedstol, renter og omkostninger, samt grunnlaget for renteberegning og rentesats.

9 Tvfl § 11-20 om dekningsprinsippet

Det foreslås at det kan gjøres unntak fra dekningsprinsippet dersom de foranstående panthavere samtykker i tvangssalg uten å oppgi kravet mot saksøkte, men oppgir pantekravet for den udekkede del av sitt krav...

10 Tvfl §§ 11-20 og 11-21 om uttrykket «pengeheftelser»

Arbeidsgruppen foreslår at uttrykket «pengeheftelser» erstattes med uttrykket «pengekrav» ...

11 Tvfl § 11-26 Budenes bindende virkning

I dag kan det bare tas hensyn til bud som er bindende for byderen i mindre enn seks uker dersom partene og rettighetshaverne samtykker. Arbeidsgruppen foreslår at namsretten skal kunne samtykke i at det tas hensyn til bud som bindende i ned til 15 dager...

12 Tvfl §§ 11-28 og 50 om hvilket av flere like bud som bør velges

Arbeidsgruppen foreslår at ved like bud skal det først avgitte bud velges. Overlates avgjørelsen til namsretten, bør namsretten kunne avgjøre valget ved loddtrekning.

13 Tvfl § 11-29 Foreleggelse av bud m m for rettighetshaverne og namsretten

De endringene som foreslås, er en terminologisk konsekvens av forslaget om at fordelingen av kjøpesummen skal kunne fastsettes ved beslutning, jf punkt 17 nedenfor...

14 Tvfl § 11-30 Namsrettens stadfestelse

Etter arbeidsgruppens mening bør det bare være adgang til å ta hensyn til et nytt og høyere bud som avgis etter at saksøkeren har begjært et lavere bud stadfestet, dersom det nye budet er et reelt bud som klart overstiger det tidligere budet. Arbeidsgruppen foreslår derfor at den gamle regelen i tvangsfullbyrdelsesloven 1915 § 157 gjeninnføres på den måten at det bare skal kunne tas hensyn til bud som overstiger det tidligere budet med minst 5 %, og bare dersom det stilles sikkerhet for budet.

15 Tvfl § 11-31 Virkningen av stadfestelse

Etter arbeidsgruppens mening bør en stadfestelseskjennelse være tvangsgrunnlag for fravikelse overfor enhver som oppholder seg på eiendommen uten særskilt hjemmel...

16 Tvfl § 11-33 Utstedelse av skjøte

Arbeidsgruppen foreslår at det også for pengeheftelser skal fremgå av skjøtet hvilke heftelser som skal falle bort som følge av tvangssalget.... For pengeheftelser er det i dag de heftelser som unntaksvis skal bli stående, som skal nevnes i skjøtet.

17 Tvfl § 11-34 til § 11-37 om rettsmidler mot stadfestelse og fordeling og fordelingsavgjørelsens form

Arbeidsgruppen foreslår at stadfestelseskjennelsen og fordelingen av kjøpesummen skal kunne angripes ved kjæremål, at kjæremålsfristen i begge tilfeller skal være en måned, og at den i begge tilfeller skal

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

løpe fra avsigelsen av avgjørelsen. Videre foreslås at der det ikke er tvist om fordelingen, bør namsretten ha adgang til å fastsette fordelingen ved simpel beslutning.

18 Tvfl § 11-44 om stadfestelse av bud som ikke lenger er bindende

Det foreslås at det også ved auksjonssalg skal være adgang til å stadfeste bud som ikke lenger er bindende for byderen dersom byderen samtykker ...

19 Tvfl §§ 11-51 og 11-52 om tidspunktet for fastsettelsen av fordelingen av kjøpesummen

Arbeidsgruppen foreslår at fordelingen av kjøpesummen skal kunne fastsettes før kjøperen har betalt kjøpesummen... . Det vil da bli rom for regelen i § 11-32 tredje ledd annet punktum om kjøperens ansvar også ved auksjonssalg.

20 Tvfl § 11-54 Ny auksjon, heving av saken

Arbeidsgruppen foreslår at det presiseres at det er nytt tvangssalg saksøkeren kan kreve. Det nye salgsforsøket skal ikke nødvendigvis skje ved auksjon... .»

Nedanfor i pkt 4.9 til 4.13 er det gjort framlegg om lovendringer, som departementet på grunnlag av høyringa, har funne grunn til å gå vidare med frå utgreiinga.

Utvalet fekk i oppdrag å vurdere omfanget av meirarbeidet som domstolane har fått på grunn av den nye tvangsfullføringslova. Utvalet har kome med mange framlegg som kan effektivisere tvangsfullføringa, men departementet har likevel ikkje gått vidare med alle desse framlegga. Ei hovudårsak til dette er at framlegga kan redusere rettstryggleiken til saksøkte og andre som vert råka av tvangssalet. Departementet meiner at denne rettstryggleiken er så viktig at den ikkje kan setjast til side av omsyn til ein meir effektiv saksgang. Desse synspunkta vil mellom anna slå igjennom over for framlegga om endring av § 11-7 og § 11-8 om forkynning av kravet om tvangssal for saksøkte og einskilde andre, § 11-14 og § 11-31 om fråviking, og § 11-30 om høve til å ta omsyn til høgare bod. Andre framlegg vil etter departementet si vurdering føre til mindre gode reglar for sakshandsaming av tvangssal. Dette gjeld til dømes § 11-16 om endring av opplysningsplikta for panthavar, § 11-20 om dekningsprinsippet og § 11-33 om innhaldet i skøytet. Endringa av §§ 11-34 til 11-37 av rettsmiddel mot stadfesting og fordeling er stort sett fanga opp gjennom endringane som er forslått i pkt 3.2 i proposisjonen om harmonisering av lengda på ulike rettsmiddelfristar.

2.3 Høyringsbrevet 11 desember 1996 om effektivisering av bøtestraff

I høyringsbrev 11 desember 1996 sendte departementet på høyring ulike framlegg til effektivisering av bøtestraffa, med høyringsfrist 15 mars 1997. I høyringsbrevet heitte det:

«I brev til Justisdepartementet 2 desember 1994 har Riksadvokaten oversendt lovendringsforslag utarbeidet av Statens Innkrevingssentral. Forslagene gjelder ulike tiltak for å effektivisere inndringen av bøter.

Det er samfunnets oppgave å sørge for at bøter som er ilagt, blir innkrevet. På bakgrunn av børs allmenn- og individualpreventive

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

virkning er det viktig at inndrivingen av dem gjeres på en effektiv måte. Hvis inndriving av bøter ikke skjer tilstrekkelig effektivt, vil bøtestraffen lett kunne virke illusorisk. Dette bør unngås, fordi bøter er den mest aktuelle straffesanksjonen på mange områder.»

Departementet gjorde på bakgrunn av dette framlegg om:

- å utvide heimelen for tvangsinndriving av bøtestraff m m i straffeprosesslova § 456
- endring av reglane om forelding av bøtestraff
- lenging av utleggstrekkperiode for bøtekrav
- presisering av straffelova § 74

Adressatar for høyringa var:

Alle departementa

Høgsterett

Lagmannsrettane

Oslo byrett

Skien og Porsgrunn byrett

Tønsberg byrett

Stavanger byrett

Asker og Bærum heradsrett

Indre Follo heradsrett

Rana sorenskrivarembete

Vardø sorenskrivarembete

Riksadvokaten

Statsadvokatane

Økokrim

Regjeringsadvokaten

Politimeisteren i Stavanger

Politimeisteren i Gjøvik

Politimeisteren i Halden

Lenmannen i Asker

Lenmannen i Fåberg

Lenmannen i Nittedal

Statens Innkrevingssentral

Datatilsynet

Straffelovrådet

Det juridiske fakultet, Oslo

Det juridiske fakultet, Bergen

Institutt for rettsvitenskap, Tromsø

Norges Juristforbund

Den Norske Advokatforening

Den norske Dommerforening

Politiembetsmennenes Landsforening

Samarbeidsorganisasjonen Norsk Politiforbund/Lensmannsetatens Land-

slag

Norges Lensmannslag

Norsk Fengselstjenestemannsforbund

Norsk forening for kriminalreform - KROM

SON - Straffedes organisasjon i Norge

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Rettspolitisk forening
Straffelovrådet
Juss//Buss
Juridisk rådgivning for kvinner
Jussformidlingen i Bergen
Forsvarergruppen av 1977
Bergen forsvarerforening
Landsorganisasjonen i Norge
Næringslivets hovedorganisasjon
Gjeldsofferaksjonen
Departementet har motteke fråsegner frå:
Barne- og familiedepartementet
Finansdepartementet
Fiskeridepartementet
Forsvarsdepartementet
Kommunal- og arbeidsdepartementet
Kyrkje-, utdanning-, og forskingsdepartementet
Landbruksdepartementet
Miljøverndepartementet
Nærings- og handelsdepartementet
Planleggings- og samordningsdepartementet
Sosial- og helsedepartementet
Utanriksdepartementet
Borgarting lagmannsrett
Frostating lagmannsrett
Indre Follo heradsrett
Sorenskrivaren i Rana
Stavanger byrett
Tønsberg byrett
Datatilsynet
Den Norske Advokatforening
Den norske Dommerforening
Halden politidistrikt
Oslo statsadvokatembeter
Politiet i Lillehammer
Regjeringsadvokaten
Riksadvokaten
Riksantikvaren
Statens Innkrevingssentral
Bergen forsvarerforening
JURK - Juridisk rådgivning for kvinner
Landsorganisasjonen i Norge
Politiembetsmennenes landsforening

Landsorganisasjonen i Norge og Miljøverndepartementet stiller seg generelt positive til framlegga, utan å gå inn på dei konkrete endringsframlegga. Ein stor del av høyringsinstansane uttaler dessutan at dei ikkje har merknader til endringsframlegga i høyringsbrevet eller ut i frå sine saksområde ikkje finn grunn til det. Dette gjeld *Datatilsynet, Finansdepartementet, Fiskerideparte-*

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

mentet, JURK - Juridisk rådgivning for kvinner, Kommunal- og arbeidsdepartementet, Kyrkje-, utdannings-, og forskingsdepartementet, Landbruksdepartementet, Nærings- og handelsdepartementet, Planleggings- og samordningsdepartementet, Regjeringsadvokaten, Sosial- og helsedepartementet og Utanriksdepartementet.

2.4 Høyringsbrevet 5 oktober 1998 om endringer i domstollova kap

11

Ved lov 1 september 1995 nr 60 om endringer i domstoloven m m (disiplinær- og tilsynsordninger for advokater) vart det med verknad frå 1 januar 1997 oppretta ei ny klage- og disiplinærordning for advokatar. Då dei nye disiplinær- og tilsynsorgana vart oppretta, var det ein føresetnad at regelverket skulle evaluert etter ei tid. Dette arbeidet vart påbegynt våren 1998. På bakgrunn av dei erfaringane ein har hausta så langt, og i samråd med dei organa det gjeld, utarbeidde departementet forslag til einskilte endringer i domstollova kap 11 og i advokatforskrifta.

I høyringsbrev av 5 oktober 1998 vart departementet sine forslag til endringer sendt på høyring, med høyringsfrist 5 desember 1998. Departementet gjorde framlegg om desse endringane:

- endring av samansetjinga av Advokatbevillingsnemnda
- avklaring av den rettslege stillinga til tilsyns- og disiplinærorgana
- presisering av tilsynsområdet til Tilsynsrådet i samsvar til domstollova § 225 tredje leddet første punktum
- presisering av reaksjonskompetansen til Disiplinærnemnda etter domstollova § 227 tredje leddet andre punktum
- innføring av heimel for Disiplinærnemnda til, på grunnlag av avgjerder tekne av andre disiplinærorgan, å handsame klagar frå klientar som ikkje får tilbakebetalt for mykje betalt salær.

Forslaget vart sendt på høyring til desse instansane:

Alle domstolane
Trygderetten
Departementa
Regjeringsadvokaten
Den Norske Advokatforening
Forsvarergruppen av 1977
Bergen forsvarerforening
Tilsynsrådet for advokatverksemd
Disiplinærnemnda
Advokatbevillingsnemnda
Konkurransetilsynet
Forbrukarrådet
Landsorganisasjonen i Norge
Næringslivets Hovedorganisasjon
Statsautoriserte Revisorers Forening
Departementet har motteke fråsegner frå :
Høgsteretts kontor
Borgarting lagmannsrett

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Drammen byrett
Trondheim byfogdembete
Nedre Romerike heradsrett
Heggen og Frøland sorenskrivarembete
Sorenskrivaren i Solør
Sorenskrivaren i Stjørdal og Verdal
Trygderetten
Den norske Dommerforening
Regjeringsadvokaten
Den Norske Advokatforening
Tilsynsrådet for advokatverksemd
Advokatbevillingsnemnda
Disiplinærnemnda
Forbrukarrådet
Norges statsautoriserte revisorers forening
Norges registrerte revisorers forening

Fleire av høyringsinstansane uttalar dessutan at dei ikkje har merknader til forslaga. Desse er *Arbeidsretten*, *Sysselmannen på Svalbard*, *Landsorganisasjonen*, *Næringslivets Hovedorganisasjon*, *Kommunenes Sentralforbund*, *Kyrkje- , utdannings- og forskingsdepartementet*, *Finans- og tolldepartementet*, *Arbeids- og administrasjonsdepartementet*, *Nærings- og handelsdepartementet*, *Forsvarsdepartementet*, *Fiskeridepartementet*, *Landbruksdepartementet*, *Kommunal- og regionaldepartementet*, *Sosial- og helsedepartementet* og *Samferdsledepartementet*.

2.5 Høyringsbrevet 12 november 1998 om endringar i nokre prosessreglar for Høgsterett

I høyringsbrev 12 november 1998 sende departementet på høyring ulike framlegg om endringar i prosessreglane for Høgsterett med høyringsfrist 25 januar 1999. I høyringsbrevet heitte det:

«Høgsteretts kontor gjorde i brev 24 mars 1997 og 23 mai 1997 framlegg om ymse lovendringar etterat spørsmåla hadde vore drøfta på sams domarmøte i Høgsterett. Det er desse framlegga som no vert sende på høyring, unnateke framlegget til endring i rettshjelplova

Det ålmenne formålet med framlegga var å gjere handsaminga av sivile ankesaker meir effektiv slik at partane kan få endeleg avgjerd på stuttare tid enn no. Om sakshandsaminga i Høgsterett vert meir effektiv, kan retten jamvel få tid til å ta opp fleire saker eller gå grundigare inn i prinsippspørsmåla i kvar einskild sak. Begge delar kan verke med til å auke rettstryggleiken og fremje rettsavklåring.»

Departementet gjorde i høyringsbrevet framlegg om:

- fjerning av kravet om advokat med møterett for Høgsterett i sivile skriftlege ankesaker
- avgrensa høve til å kome med nye omstende og prov i sivile ankesaker
- partane sin uttalerett før ei sivil ankesak vert nekta fremma
- stans i handsaminga av saker der prinsipielle spørsmål står for retten i ei anna sak
- krav om at ankeparten skal gje ei skriftleg utgreiing om dei faktiske tilhøva

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

- i saka
- gjenopptaking av ankesaker
- handsaming av søksmål mot lagdommarar
- førebuande dommar i straffesaksankar

Adressatar for høyringa var:

Høgsterett
Lagmannsrettane
Oslo byrett
Drammen byrett
Trondheim byrett
Salten sorenskrivarembete
Finansdepartementet
Regjeringsadvokaten
Riksadvokaten
Den norske Dommerforening
Den Norske Advokatforening
Forsvarergruppen av 1977
Rettspolitisk forening

Finansdepartementet, Norges Landbrukshøgskole, Statsadvokatene i Oslo, Salten sorenskrivarembete og Den norske Dommerforening stilte seg generelt positive til framlegga utan å gå inn på dei konkrete endringsframlegga.

Høgsterettog Statsadvokatene i Rogaland hadde ikkje merknader til endringsframlegga.

Endringsframlegga er nærare handsama i pkt 8.3 til 8.10 nedanfor.

2.6 Andre framlegg

I proposisjonen vert det i tillegg gjort framlegg om ei rekkje lovendringar av meir teknisk karakter. Fleire av desse endringsframlegga er berre omtalt i dei særlege merknadene i pkt 11 nedanfor. Dette gjeld mellom anna endringane i vraklova § 10 og tomtefestelova 1996 §§ 16 og 33. Ein viser i tillegg til pkt 5.8 som gjeld protokollasjon ved saksførebuande møte og pkt 5.7 om reglar som er forelda som følgje av at visse domstolar er avskaffa.

2.7 Oppnemning av Tvistemålsutvalet

Ved kongeleg resolusjon 9 april 1999 oppnemnde Kongen eit eige utval til å greie ut ein ålmenn revisjon av tvistemålslova, Tvistemålsutvalget. Dette utvalet har frist for utgreiinga til 1 juli 2002. Det er tale om eit stort arbeid, og departementet finn det klårt at ein ikkje bør vente med dei endringane som proposisjonen her gjer framlegg om. I somme høve kan det vere ein føremon for Tvistemålsutvalet å kunne sjå korleis endringsframlegga i proposisjonen her kjem til å verke i praksis. Departementet ser heller ikkje bort frå at det seinare, og før revisjonen av tvistemålslova er fullført, kan kome på tale med avgrensa endringar i tvistemålslova for å gjere domstolane si handsaming av sivile saker stendig betre.

3 Endringer i sivilprosessen

3.1 Direktesending av prosesskriv

Det partane i ei sivil sak vil kome med av mellom anna krav, utsegner og prøv utanfor rettsmøte, skal som hovudregel setjast fram gjennom prosesskriv, jf tvistemålslova kap 10. Dette kan vere dokument som lyt forkynnast for motparten, t d forliksklager, stemningar og erklæringar om bruk av rettsmiddel, men òg andre skriftstykke som vert utveksla som ledd i ei saksførebuing. Utveksling av prosesskriv skal ikkje vere nokon førehandsprosedyre, men setje rammer for saka og gjere at ho kan verte godt nok opplyst til at t d ei hovudforhandling kan avviklast effektivt og utan utsetjing. Om utveksling av prosesskriv fastset tvistemålslova § 123 at:

«Processkrifter indleveres til retten, hvis ikke andet er bestemt. Skal skriftet meddeles til andre eller forkyndes for andre, sørger retten for det og fastsætter i tilfælde en frist, inden hvilken det maa besvares.

Av processkrifter og bilag, som skal forkyndes eller meddeles, indleveres saa mange eksemplarer eller bekræftede avskrifter, at der kan bli ett tilbage paa rettens kontor.

Er et bilag vidløftig, kan en kort indholdsangivelse træde istedenfor avskrift, naar det tilføies, at bilaget ligger til eftersyn paa rettens kontor, og retten samtykker.

Har retten sat op processkriftet, sørger den ogsaa for de nødvendige avskrifter.»

Denne føreseigna utelukkar sjølv sagt ikkje at ein part sender prosesskrivet direkte til motparten samstundes som det vert sendt til retten. Om dette vert opplyst til retten, kan den ta omsyn til dette ved fastsetjing av eventuell svarfrist. Generelt utelukkar heller neppe føreseigna at retten då let vere å formidle eit eksemplar vidare til motparten. På den andre sida er det neppe heimel til å *påleggje* ein part å sende prosesskriv direkte til motparten, jf slik i orskurd frå Eidsivating lagmannsrett 9 juni 1993.

På bakgrunn av brev 26 august 1993 frå Drammen byrett om dei erfarinane embetet har fått ved direktesending av prosesskriv som vert sendt etter at tilsvar har kome inn, gjorde departementet framlegg om ei lovregulering i høyringsbrev 6 mars 1996. I høyringsbrevet heitte det:

«Direktesending av processkrifter er tidsbesparende. Processkriftet når motparten gjennom én postforsendelse. Dessuten er det ikke til å unngå at processkrifter undertiden kan bli liggende noen tid i retten før de ekspederes videre. Ved en del herreds- og byretter praktiseres frivillig direktesending i den forstand at advokater sender gjenpart av sine processkrifter til motparten uten at retten har pålagt dem det. I de senere år er det dessuten gitt to regler om direktesending i tilfeller der tidsmomentet er særlig fremtredende: i gjeldsordningsloven 17 juli 1992 nr 99 § 5-3 annet ledd fjerde punktum om innsigelser mot skyldnerens utkast tvungen gjeldsordning og ved endringer ved lov 11 juni 1993 nr 83 i tvistemålsloven § 279 annet ledd om varsel til motparten om at en part ønsker å møte med advokat i forliksrådet.

Direktesending av prosesskrifter har i mange tilfeller så klare fordele at ordningen avgjort bør nedfelles i tvistemålsloven på en eller annen måte. Det reiser imidlertid mange spørsmål, i første rekke:

- Bør ordningen være tvungen eller frivillig for partene og deres prosessfullmektiger?
- Bør ordningen være begrenset til visse sakstyper eller instanser eller bør den gjelde generelt for sivile saker innen rettspleien?
- Bør alle parter ha anledning eller plikt til å direkte sende prosesskrifter eller bør ordningen være begrenset til f eks parter som har advokat som prosessfullmektig?
- Bør ordningen omfatte prosesskrifter generelt eller bør f eks prosesskrifter som skal forkynnes eller reiser en sak unntas?

Reglene om prosesskrifter i tvistemålsloven kapittel 10 kommer til anvendelse i en rekke forskjellige sakstyper. Foruten ved tvistemål kommer reglene i stor utstrekning til anvendelse ved saker etter skjønnsloven, skifteloven, konkursloven, tvangsfullbyrdelsesloven og gjeldsordningsloven. Det tilsier varsomhet med å innta generelle regler om direktesending i tvistemålsloven kapittel 10. En er imidlertid trolig på trygg grunn om en lovfester frivillig direktesending av prosesskrifter i den forstand at retten ikke plikter å formidle videre prosesskrifter som allerede er sendt direkte til motparten, i de tilfeller der prosesskriftet er avgitt av en advokat og prosesskriftet ikke skal forkynnes og heller ikke reiser en sak eller er en erklæring om bruk av rettsmidler. Direktesending innebærer en viss risiko for at prosesskriftet faktisk ikke blir sendt til motparten, og for at det ikke er samme prosesskrift som sendes til motparten og retten. Ordningen bør derfor være begrenset til prosesskrifter som er avgitt av advokater. På den annen side kan det neppe være grunn til å kreve at motparten er representert ved advokat. ...

Det området hvor det i første rekke kan være aktuelt å innføre obligatorisk direktesending av prosesskrifter, er utvekslingen av prosesskrifter under saksforberedelsen i tvistemål for herreds- og byrett. For saksbehandlingstiden vil direktesending være av stor betydning. For domstolen innebærer direktesending en vesentlig avlastning, særlig når det gjelder prosesskrifter som retten ikke skal fastsette en svarfrist for. For partene vil direktesending innebære en viss økning i porto- og andre ekspedisjonsutgifter avhengig av antall parter og prosesskriftets omfang. Dette er imidlertid stort sett utgifter som likevel vil påløpe. Spørsmålet er hvem som skal bære dem. Det kan vanskelig hevdes at dette er utgifter som det offentlige er nærmest til å bære. De beste grunner taler derfor for at direktesending gjøres obligatorisk for utveksling av prosesskrifter under saksforberedelsen i tvistemål for herreds- og byrett. Som en sikkerhetsventil bør imidlertid retten unntaksvis kunne påta seg å formidle prosesskriftene. ...

Mer åpent kan det være om direktesending bør være obligatorisk for høyere instanser. Særlig ved skriftlig behandling for høyere instanser vil det kunne ha alvorlige konsekvenser dersom retten bygger på at et prosesskrift er direkte sendt i et tilfelle der det faktisk ikke er blitt sendt til motparten, eller det er forskjeller mellom det prosesskrift retten og motparten har mottatt. Det kan tale for at en vinner erfaring med direktesending for herreds- og byretten før obligatorisk direktesending innføres for høyere instanser. I lovutkastet ... er det imidlertid foreslått at direktesending innføres for anke- og kjæremålssaker, jf utkastet til endringer i tvistemålsloven §§ 372 og 399.

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Også for forberedende innlegg i skjønnssaker kan obligatorisk videresending være en fornuftig ordning... »

Asker lensmannskontor, Den Norske Advokatforening, Den norske Dommerforening, Fiskeridepartementet, Hålogaland lagmannsrett, Indre Follo heradsrett, Næringslivets Hovedorganisasjon, Trondheim byfogdembete og Stavanger byrett stiller seg positivt til framlegget. *Stavanger byrett* uttaler såleis at:

«Forslaget samsvarer med den ordning Stavanger byrett har praktisert i flere år. Det har fungert bra, og vi har følgelig ingen innvendinger mot forslaget.»

Dommerforeningen, Indre Follo heradsrett og Trondheim byfogdembete uttalar likevel at dei er noko i tvil om kor stor avlastning ei endring vil gje domstolane i og med at dei gjerne må sende melding om svarfrist i ei eiga postsending. Indre Follo heradsrett og Trondheim byfogdembete etterlyser såleis at det vert fastsett ein frist på førehand. Dommerforeningen peikar dessutan på at det kan verte eit problem at partar i ettertid hevdar at dei ikkje har motteke prosesskrivet. *Den Norske Advokatforening* peikar særskilt på at den tvungne regelen om direktesending i framlegget til § 317 femte leddet bør være ei ordensføresegn og at brot på denne ikkje skal kunne ha preklusiv verknad.

Oslo byfogdembete har positive erfaringar med direktesending, men kan ikkje sjå at det er trong for lovregulering. Denne høyringsinstansen uttaler såleis at:

«Særlig når det er av betydning å få gjennomført utvekslingen av prosesskrifter med korte frister for besvarelse, vil det være en stor fordel at prosessfullmektigene sender prosesskriv direkte til hverandre, slik at retten ved fastsettelse av svarfristen kan ta hensyn til at vedkommende allerede har fått anledning til å forberede svaret. I praksis skjønner de fleste prosessfullmektiger dette av seg selv, og særlig når de ønsker en rask avgjørelse, sender de derfor gjenpart av prosesskriftet direkte til motparten. Det er også vanlig at retten i slike tilfeller ber om at gjenpart sendes motparten, og vi har aldri hørt om at noe tilfelle hvor det er reist spørsmål om manglende hjemmel for en slik oppfordring, og vi kan ikke se at det er behov for en slik lovhjemmel.»

Den norske Bankforening, Oslo byrett, Regjeringsadvokaten, Statens Innkrevingsentral og Trondheim byrett uttaler seg negativt til framlegget. På same vis som enkelte av dei høyringsinstansane som stiller seg positive peikar Regjeringsadvokaten, Oslo byrett og Trondheim byrett på at reglar om direktesending av prosesskriv neppe vil gje særleg avlastning for domstolane og Den Norske Bankforening stiller spørsmålsteikn ved om ei slik ordning er «tilstrekkelig betryggende» med omsyn til at prosesskrivet kjem fram, og at det er same innhald i alle eksemplara. Oslo byfogdembete peikar på at reglane vert meir kompliserte i og med at det framleis vil vere ein del prosesskriv som domstolane lyt sende vidare.

Regjeringsadvokaten, Oslo byfogdembete og Trondheim byrett fryktar at domstolane vert mindre sentrale i saksførebuinga. *Regjeringsadvokaten* uttaler såleis at:

«Både for hensynet til rask avvikling av sakene og hensynet om raskt å få avklart uenighet under saksforberedelsen, er det viktig med en aktiv holdning fra dommerens side. Det kan være grunn til å frykte at

Om lov om endringar i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

domstolene vil bruke lenger tid med å fastsette frister for nytt prosesskriv ved den nye ordningen».

Trondheim byrett uttalte at:

«Domstolen er noe mer enn «postekspedisjon for prosessfullmektigene». Domstolene er samfunnets profesjonelle tvisteløser. Det er domstolene som har ansvaret for å forberede og gjennomføre tvistebehandlingen. Vi har derfor hele tiden understreket at det er dommeren som skal lede saksforberedelsen i en sivil sak. Dommeren skal derfor lese igjennom de prosesskriv som kommer inn i hver enkelt sak. Dommeren skal være aktiv under saksforberedelsen. Det er nødvendig for å klargjøre hva saken gjelder, for å få presisert anførsler og påstander. Dommeren skal vurdere om den påberopte bevisførsel er treffende, reise spørsmål om det er nødvendig med fagkyndighet, planlegge gjennomføringen av hovedforhandlingen m.v. Vi tror det kan være fare for at en direktesending av prosesskriv kan føre til at domstolene bare blir en passiv postkasse.»

Departementet meiner at direktesending kan gje ei monaleg vinning der det ikkje er trong for å setje ein frist til å svare på prosesskrivet. Jamvel der dommaren set ein slik frist, kan direktesending gje raskare sakshandsaming, av di fristen etter tilhøva kan vere kortare når motparten alt kjenner til prosesskrivet. Nummer på direktesende dokument, som det er viktig å ha om ein skal halde god orden og oversikt under hovudførehandlinga, kan retten gje i samband med eventuell frist eller elles neste gong retten sender ei melding til partane. Det er departementet sin føresetnad at direktesending av prosesskriv skundar på sakshandsaminga, men ikkje minskar dommaren si aktive prosessleiing under saksførebuinga. Sidan meiningane om framlegget var delte under høyringa, reknar departementet med at Tvistemålsutvalet vil dra nytte av røynsleane i arbeidet sitt.

Med omsyn til kva som vil vere den mest tenlege utforminga av reglane har departementet vore noko i tvil. Departementet merkar seg at ei ikkje uvesentleg årsak til at domstolane har avvikande oppfatningar, er ulike rutiner, røynsler og kontorressursar ved embeta.

Korkje domstolane eller prosessfullmektigane vert pålagde plikter eller nye sakshandsamingsrutiner om retten ikkje treng å sende vidare visse prosesskriv som ein prosessfullmektig har valt å sende direkte til motparten. At partar lyt godta at prosesskriva kjem direkte frå motpartens advokat, kan departementet heller ikkje sjå er noko stort problem. Departementet kjenner ikkje til at postgangen skal vere meir usikker for brev frå advokatar, og regelen vil dessutan ikkje gjelde for prosesskriv som t d reiser ei sak eller lyt forkynnast. At advokatar skulle jukse ved å sende prosesskriv med ulikt innhald til retten og motparten, ser ikkje departementet at det er særleg risiko for, sjå òg domstollova § 162 om at alle eksemplara skal vere «forsynt med en bevidnelse om, at de er likelydende» gjeve av ein «offentlig tjenestemann eller en advokat». På denne bakgrunn finn departementet det klart tenleg at det vert gjeve reglar om frivillig direktesending, jf framlegget til endringar i tvistemålslova § 120 og § 123.

Departementet er noko meir i tvil om det er grunn til å gje reglar om tvungen direktesending, slik departementet i høyringsbrevet gjorde framlegg om for bevisoppgåver, prosesskriv etter tvistemålslova § 317, anketilsvar, fråseg-

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

ner i kjæremål, og ytterlegare førebunde innlegg i skjønssaker. Departementet gjer framlegg om ei avdempa plikt til direktesending i form av ein «bør»-regel som gjev dei einskilde domstolane stor fridom med omsyn til saksførebuing og kontorrutiner. Endringa som gjeld tvungen direktesending, er avgrensa til advokatar. Vidare gjeld ikkje ordninga for prosesskriv som skal forkynnast for motparten og dokument som reiser sak eller inneheld ei fråsegn om bruk av rettsmiddel. Departementet viser elles til forslaget til endringar i tvistemålslova §§ 120, 123, 306, 317, 372 og 401, skjønssprosslova § 21 og merknader til forslaga i pkt 11 nedanfor.

3.2 Harmonisering av lengda på ulike rettsmiddelfristar

3.2.1 Innleiing

Rettslege avgjerder kan som hovudregel overprøvast dersom nokon av partane innan ein viss frist angrip avgjerda, dvs nyttar rettsmiddel mot den. Ved ei slik overprøving kan feil rettast opp, men det er samstundes viktig at partane innan rimeleg tid kan innrette seg etter den avgjerda som er teken. Av den grunn er det fastsett fristar for bruk av rettsmiddel. Det gjeld ulike fristar for ulike rettsmiddel. Den generelle fristen for å anke er etter tvistemålslova § 360 såleis to månader, medan den for kjæremål er to veker, jf tvistemålslova § 398, og for oppfrisking ein månad, jf tvistemålslova § 346. I tillegg er det fastsett ei rekkje særlege fristar. Kva som er det rette rettsmiddelet vil ikkje berre vere avgjerande for lengda på fristen, men òg for kva domstol som er rett overprøvingsinstans, kva gebyr som må betalast, sakshandsaminga ved overprøvinga og overprøvingsinstansen sin kompetanse.

I høyringsbrevet 6 mars 1996 tok departementet opp spørsmålet om ikkje den allmenne ankefristen og den allmenne kjæremålsfristen burde setjast til ein månad, samstundes som ein del av særfristane vart avskaffa. Spørsmålet om avskaffing av særfristar vart òg omhandla i høyringsbrev 31 januar 1990, men desse framlegga vart ikkje følgt opp i Ot prp nr 50 (1989-90). På s 5 i proposisjonen vart det gjort greie for grunnen til at framlegget ikkje vart følgt opp den gongen:

«I høyringsbrevet 31. januar var det fremsatt et forslag om opprydding i rettsmiddelfristene som høyringsinstansene generelt var meget begeistret for. Det er imidlertid ikke fulgt opp i proposisjonen. Visse sider av forslaget møtte sterk motstand på enkeltelhold, samtidig som det under høringen fremkom enkelte interessante tanker om en mer omfattende opprydding enn departementet hadde tatt til orde for. Disse tankene trenger nærmere vurdering og eventuelt en ny høring. En mindre omfattende opprydding i denne omgang etterfulgt av en ny og mer radikal opprydding om få år ville være lite heldig.»

3.2.2 Sams frist for anke og kjæremål

Under høyringa som låg til grunn for Ot ptp nr 50 (1989-90) tok fleire av høyringsinstansane til orde for at den allmenne ankefristen burde reduserast til ein månad. Enkelte instansar heldt fram at i så fall burde òg den allmenne kjæremålsfristen setjast til ein månad. *Trondheim byrett* uttalte f eks at:

«En er helt enig i at de varierende rettsmiddelfrister gir grunnlag for stadige misforståelser og unødvendige oppreisningsspørsmål. Det

kunne være fristende å foreslå en generell rettsmiddelfrist på 1 måned. ... I sin alminnelighet antar en ... at en felles frist for alt vil skape ryddige forhold og en frist på 1 måned er også lett å huske. ... For kjæremål kan nok en frist på 1 måned være unødvendig lang, men i de fleste tilfeller vil den kjærende part ha interesse av å påkjære så fort som mulig. Den nåværende ordinære ankefrist i sivile saker på 2 måneder er unødvendig lang. Det kan vel være at en tapende part kan ha behov for supplerende undersøkelser før det tas standpunkt til om en dom skal ankes, men dette vil i alminnelighet skyldes at saksforberedelsen i førsteinstans har vært utilstrekkelig, og det er det ingen grunn til å oppmuntre. En generell frist på 1 måned har dessuten den fordel i forhold til departementets alternative forslag at en slipper å velge mellom enten 2 måneder eller 2 uker. Selvsagt vil en generell frist på 1 måned i noen tilfeller kunne bli vel lang og i andre tilfeller vel kort, men dette er ulemper som etter vårt skjønn betyr lite i forhold til fordelene ved en klar og fast frist som ingen kan være i tvil om. ...»

Departement gjorde i høringsbrevet 6 mars 1996 greie for ulike argument for at ein sams 1-månadsfrist for anke og kjæremål burde vurderast nærare og ba om høringsinstansanes syn. I høringsbrevet heitte det at:

«Rett nok kan fremdriftsmessige hensyn tale mot en lengre alminnelig kjæremålsfrist. Det er imidlertid ikke tale om en vesentlig forlengelse, og selv med tanke på tilfeller der kjæremål erklæres ved utløpet av en forlenget kjæremålsfrist, kan det spørres om forlengelsen egentlig vil ha særlig betydning for den samlede tid frem til endelig avgjørelse foreligger. For avgjørelser som avvísings- og hevningskjennelser vil en forlengelse av kjæremålsfristen gjennomgående ha liten betydning enten avgjørelsen påkjæres eller ikke. Disse ulempene oppveies uansett trolig av følgende fordeler: Hvis fristen for anke og kjæremål blir ens, reduseres betydningen av spørsmålet om hva som i enkelttilfeller er korrekt rettsmiddel, noe som i praksis undertiden volder tvil og praktiske problemer. En oppnår videre en felles frist som også omfatter de tilfeller der en vanskelig kan sette en kortere kjæremålsfrist enn en måned. Nettopp en frist på en måned er ofte valgt i tilfeller der særfristene for anke og kjæremål avviker fra de alminnelige frister.

Flere av de tvistene som avgjøres ved kjennelse og som er gjenstand for kjæremål, er ikke nevneverdig mindre komplekse enn tvister som gjennomgående avgjøres ved dom, f.eks. tvister under skifte og tvangsfullbyrdelse, som ikke nødvendigvis overføres til behandling i saksdomstolens former bare fordi sakene er komplekse og omfangsrike.

Et argument som ofte anføres for den alminnelige ankefristen på to måneder, er at en så lang ankefrist kan føre til færre anker fordi partene får bedre tid til å overveie situasjonen og eventuelt drøfte forlik. På den annen side kan det spørres om ikke den innsats som utføres med tanke på forlik og anke, kan og vil bli utført innenfor en frist på en måned. Den reelle innsatsen fra partenes og advokatenes side skjer nok likevel i stor grad først mot slutten av ankefristen. I så fall har fristens lengde mindre betydning.»

Høringsinstansane har ulike oppfatningar av kva som vil vere den mest tenlege løysinga. Eit fleirtal av høringsinstansane går likevel inn for at den allmenne fristen for anke og kjæremål bør vere ein månad. Desse er *Høgsterett*, *Agder lagmannsrett*, *Trondheim byrett*, *Trondheim byfogdembete*, *Den norske Dommerforening*, *Asker lensmannskontor*, *Finansieringsselskapenes Forening*,

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Forbrukarrådet, Fåberg lensmannskontor, Husbanken, Næringslivets Hovedorganisasjon og Statens Innkrevingssentral.

Den norske Dommerforening uttaler såleis at:

«Forslaget støttes fullt ut. Det er på høy tid å rydde opp i rettsmiddelfristene, som gir grunnlag for stadige misforståelser, og medfører mye ekstraarbeid for parter og domstoler. Vi er enige i at det settes en felles rettsmiddelfrist på en måned, men at de meget korte fristene som er fastsatt for enkelte avgjørelser ut fra særlige behov - «straks», «tre dager» o l - beholdes.»

Trondheim byrett går sterkt inn for ein felles rettsmiddelfrist på ein måned, men uttaler at ankefristen bør kortast ned til ein måned sjølv om kjæremålsfristen framleis skal vere to veker. *Trondheim byfogdembete* uttaler at ein kjæremålsfrist på ein måned vil kunne oppfattast som unødvendig lang, men gjev samstundes uttrykk for at denne fristen i praksis ikkje vert «utnytta», og at kjæremåla som regel kjem raskt.

Næringslivets Hovedorganisasjon er samd i en månads ankefrist normalt er tilstrekkeleg, men er:

«... noe betenkt når det gjelder anke over dom avsagt av forliksrådet. I slike saker vil ofte behovet for en omfattende ny saksbehandling for å vurdere en anke være vesentlig større enn ved en anke over en dom fra by/herredsrett eller lagmannsrett.»

Fåberg lensmannskontor uttaler derimot at ein ankefrist på to månader for forliksrådet sine dommar er unødig lang. Følgjande høyringsinstansar er i mot ein sams frist for anke og kjæremål på ein måned: *Fiskeridepartementet, Fiskeridirektoratet, Hålogaland lagmannsrett, Regjeringsadvokaten, Den Norske Advokatforening* og *Oslo byfogdembete*.

Oslo byfogdembete er samd i at det bør ryddast opp i dei ulike fristane, men uttaler at prinsipielle endringer i rettsmiddelsystemet bør utgreiast nærare. Denne høyringsinstansen uttaler såleis at:

«...dette kan likevel knapt kalles noen hastesak, og et såpass sentralt prosessrettslig spørsmål - som også berører selve rettsmiddelsystemet - fortjener trolig en lengre og grundigere forberedelse enn om det nå straks skal utarbeides proposisjon på det foreliggende grunnlag.

Når det gjelder hovedtrekkene for rettsmiddelfrister, vil vi anta at det fortsatt er ønskelig med en prinsipiell todeling mellom en nokså kort frist for rettsmidler fortrinnsvis mot avgjørelser av prosessuell art (typisk kjæremål over beslutninger og kjennelser) og en lengre frist for rettsmidler mot materielle avgjørelser (typisk anke over dommer).»

Oslo byrett er samd i at rettsmiddelfristane vert forenkla og framhevar særleg at ein sams frist for overprøving av forliksrådet sine avgjerder er ønskeleg:

«I dag er fristene 2 måneder (§ 296), 1 måned (§ 297) eller 2 uker (§ 298 jf § 398). Det hender dessverre ofte at forliksrådene ikke gjør oppmerksom på hvilken frist som gjelder (slik pålagt i § 87). Da rådene dessuten ikke sjelden benytter gal betegnelse på sin avgjørelse, blir de ulike fristene den rene fallgrube, jf. at feil betegnelse ikke får noen innflytelse på fristen ...».

Om lov om endringar i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Hålogaland lagmannsrett, Oslo byfogdembete og Regjeringsadvokaten går likevel inn for at ankefristen vert korta ned til ein månad, men uttaler at ein kjæremålsfrist på ein månad er for lang. *Regjeringsadvokaten* peikar på at kjæremål ofte knyter seg til usemje om delspørsmål under saksførebuinga eller kort tid før hovudforhandling og at avklaring bør kunne skje raskt. *Oslo byfogdembete* framhevar at ein lengre kjæremålsfrist vil føre til uvisse, sjølv om orskurda får verknad utan å vere rettskraftig. *Hålogaland lagmannsrett* uttaler at dei:

«... ikke [har] registrert noe praktisk behov for å forlenge kjæremålsfristen i alminnelighet. To uker må regulært anses som en passende frist. En generell fordobling av fristen vil medføre en uønsket økning av saksbehandlingstiden og er kanskje en for høy pris å betale for den forenkling som likevel ikke oppnås. Det er forutsatt at man skal beholde de meget korte særfrister... Dessuten vil vi ikke se bort fra at det kan oppstå et press for å få ytterligere unntak på saksområder hvor en alminnelig frist på 1 måned i praksis oppleves som for lang.»

Fiskeridepartementet, Fiskeridirektoratet, Borgarting lagmannsrett og Den Norske Advokatforening stiller seg kritiske til å korte ned den allmenne ankefristen til ein månad. *Borgarting lagmannsrett* stiller seg tvilande til om ein ankefrist på ein månad vil vere lang nok i alle høve, særleg om ein dom vert sendt ut i ordinær ferietid. *Den Norske Advokatforening* uttaler at det er mogeleg at ein generell ankefrist på ein månad i kan vere litt kort for store selskap, stat eller kommune som lyt handsame spørsmålet om anke på fleire nivå, og til slutt gjerne i folkevalde organ. *Fiskeridepartementet* og *Fiskeridirektoratet* peikar på at ankefristen framleis bør vere to månader i og med at det ofte er fleire instansar som skal medverke. Fiskeridirektoratet uttaler såleis at:

«... fiskerisaker er «vanskelig» og under alle omstendigheter skal Fiskeridepartementet og Regjeringsadvokaten samvirke om anke, tilsvær, om deltagelse i rettsaker m.v. I flere saker har også Fiskeridirektoratet en større eller mindre andel av premissgivingen for de nevnte. En vil derfor etter vår oppfatning kunne hevde at det ut fra hensynet til sakens fulle opplysning m.v., er ønskelig at gjeldende rettsmiddelfrist forblir uendret.»

Den Norske Advokatforening og Hålogaland lagmannsrett peikar òg på at innføring av ein kjæremålsfrist på ein månad vil føre til fristane i sivilprosessen og straffeprosessen vert ulike.

D e p a r t e m e n t e t gjer framlegg om at den allmenne anke- og kjæremålsfristen skal vere ein månad og viser til grunngjevinga i høyringsbrevet, jf ovanfor. Departementet merkar seg at høyringsinstansane har ulik oppfatning av om ein sams frist for anke og kjæremål på ein månad bør innførast, men at eit fleirtal av høyringsinstansane stør likevel ei slik endring og at eit endå større fleirtal går inn for å korte ankefristen ned til ein månad.

I samband med at mange særlege rettsmiddelfristar vert foreslått harmoniserte, jf pkt 3.2.3 nedanfor, høver det godt å òg vurdere dei allmenne kjæremåls- og ankefristane. Ein sams frist på ein månad reduserer behovet for lange kjæremålsfristar i særlege tilfelle, og vil føre til at ein del problem knytt til val av rettsmiddel, vert fjerna. Ei slik harmonisering av fristane vil ikkje løyse alle problem som knyter seg til val av rettsmiddel, men ein vil langt på veg unngå at bruk av feil rettsmiddel fører til rettstap for dei involverte. Departementet

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

viser i den samanheng til at for sein bruk av rettsmiddel ikkje let seg rette opp, og at vilkåra for fristoppbreising er strenge, jf domstolova § 153. For andre uforsettlege feil følgjer det derimot av tvistemålslova §§ 87 og 97 at retten skal rettlege og tillate den nødvendige oppretting. Departementet kan såleis ikkje sjå at ei slik harmonisering av rettsmiddelfristane inneber noko prinsipiell omlegging av rettsmiddelsystemet.

Ein rettsmiddelfrist på ein månad vil unekteleg vere noko kort i visse høve, og unødig lang i andre. Sjølv i dei høve der avgjerd om å anke må takast på eit høgare nivå, t.d. av eit folkevalt organ, er det etter departementets syn likevel rom for ei meir effektiv handsaming. Departementet merkar seg i denne samanheng at òg Regjeringsadvokaten går inn for at ankefristen vert korta ned til ein månad. Når ankefristen først blir korta ned, bør ikkje det at ein månad er ein unødig lang frist for mange kjæremål, hindre ei harmonisering. Som fleire av høyringsinstansane påpeikar, vert ikkje fristane for kjæremål nytta fullt ut og det er gjerne i parten si eiga interesse å påkjære snarast råd.

Departementet viser elles til forslaget til endringar i tvistemålslova §§ 360 og 398 og merknader til forslaget i pkt 11 nedanfor.

3.2.3 Harmonisering av særlege rettsmiddelfristar

I høyringsbrevet 6 mars 1996 gjorde departementet framlegg om å rydde opp i dei ulike rettsmiddelfristane i sivilprosessen. Som nemnt i pkt 3.2.1 ovanfor, gjorde departementet òg framlegg om ei slik opprydding i 1990. I høyringsbrev 31 januar 1990 heitte det at:

«Det har ved flere anledninger og fra flere hold vært fremholdt at sivilprosesslovgivningen inneholder for mange forskjellige rettsmiddelfrister. Departementet er i utgangspunktet enig. Både for advokater og dommere og ikke minst for andre er det vanskelig å holde rede på de forskjellige fristene. I praksis oppstår ikke sjelden misforståelser. Særlig de spesielt korte særfristene forårsaker under tiden vanskelige oppreisningsspørsmål og kan dessuten lett forårsake rettstap.

En opprydding i fristreglene må antagelig skje ved en samling rundt de to ordinære fristene i sivilprosessen: 2 uker for kjæremål og 2 måneder for anke. En gjennomgang av rettergangslovgivningen tyder på at en rekke særfrister bør vurderes med tanke på endring til enten 2 uker eller 2 måneder... .»

Sjølv om framlegget fekk brei støtte vart oppryddinga utsett i påvente av ein meir omfattande revisjon dei ulike fristreglane. På bakgrunn av at departementet òg gjer framlegg om ein sams allmenn frist for anke og kjæremål på ein månad, vart det i høyringsbrevet 6 mars 1996 gjort framlegg om at oppryddinga måtte skje ved ei samling rundt denne fristen. Departementet gjorde i høyringsbrevet framlegg om at følgjande særlege rettsmiddelfristar vart sett til ein månad, jf tabell 3.1:

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Tabell 3.1:

Føresegn	Frist i dag:	Gjeld (direkte):
Twistemålslova § 296	to månader	Anke til herads- eller byretten over dom avsagt av forliksrådet
Konkurslova § 153 første leddet	to månader	Ålmenn ankefrist under gjeldsførehaving og konkurs
Konkurslova § 153 første leddet	to uker	Ålmenn kjæremålsfrist under gjeldsførehaving og konkurs
Skiftelova § 40	6 uker	Anke over utlodding
Jordskiftelova § 63 første leddet	to månader	Anke i jordskiftesak
Jordskiftelova § 63 andre leddet	to uker	Kjæremål i jordskiftesak
Rettshjelplova § 28 a tredje leddet	to uker	Kjæremål over avgjerd om godtgjering til prosessfullmektiger og sakkundige
Ikraftsetjingslova til rettergangsordninga § 8	to uker	Kjæremål til lagmannsretten over avgjerd under notarialforretningar
Tinglysingslova § 10	to uker	Kjæremål over nekta tinglysing
Skjønssprosslova § 33	to månader	Krav om overskjøn
Skjønssprosslova § 31	to månader	Klage over visse avgjerder under lensmannsskjøn

Departementet gjorde derimot ikkje framlegg om endringar i husleigelova av di det her allereie var ein lovrevisjon på gang under Kommunal- og arbeidsdepartementet si leiing. Heller ikkje fristreglane i tvistemålslova sitt kapittel om skilddom fann departementet det tenleg å vurdere i denne omgang. Bakgrunnen for dette var at departementet rekna med å skipe til ein særskilt gjennomgang av reglane om skilddom.

Svært kort rettsmiddelfrist for visse avgjerder var det etter departementets oppfatning framleis ønskeleg å ha, f eks pålegg om vitneplikt etter tvistemålslova § 398 andre leddet og ein del avgjerder etter konkurslova.

Alle høyringsinstansane som uttalte seg, var positive til at mange særlege rettsmiddelfristar vert avskaffa. Desse er: *Høgsterett, Agder lagmannsrett, Borgarting lagmannsrett, Hålogaland lagmannsrett, Oslo byrett, Trondheim byfogdembete, Asker lensmannskontor, Brønnøysundregistra, Forbrukarrådet, Den Norske Advokatforening, Den norske Dommerforening, Finansieringsselskapenes Forening, Husbanken og Statens Innkrevingssentral.*

Den Norske Advokatforening uttaler såleis at det er viktig at det skjer ei opprydding og å få vekk dei mange særfristane som i ein del høve verkar som ei felle.

Høgsterett, Hålogaland lagmannsrett, Den Norske Advokatforening og Den norske Dommerforening går inn for at òg fristane i husleigelova lyt endrast. Den Norske Advokatforening vil dessutan at reglane om anke i arbeidsmiljølova og tvistemålslova § 466 (skilddom) bør tilpassast den allmenne ankefristen. Dommarforeningen gjev òg uttrykk for at oppryddinga bør omfatte reglane om skilddom.

Hålogaland lagmannsrett går òg inn for å endre søksmålsfristen i mellom anna sosialtenestelova § 9-10 (som er to månader i dag) og plan- og bygnings-

Om lov om endringar i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

lova §§ 114 andre leddet (30 dagar) og 58 (2 månader). Denne høyringsinstansen uttaler vidare at:

«Vi har ikke foretatt noen dyptpløyende gjennomgang av lovgivningen, og går ut fra at man i så fall vil finne en del andre eksempler. Formodentlig bør man i denne omgang nøye seg med å ta noen opplagte tilfeller og la en mer omfattende revisjon av frister i særlovgivningen utstå til man har sett hva som blir innholdet i den generelle revisjonen.»

Departementet gjer framlegg om endring av særlege rettsmiddelfristar i samsvar med høyringsbrevet. Når det gjeld husleige er det i lov 26 mars 1999 nr 17 om husleieavtaler (husleieloven) ikkje fastsett nokon særleg frist, og den særlege fristen på 14 dagar som hittil har gjelde for slike saker er dermed oppheva og det vil være den allmenne rettsmiddelfristen som gjeld. Sjølv om det er husleigelova 1939 som vil gjelde fram til den nye husleigelova tek til å gjelde, ser departementet det ikkje som tenleg å gjennomføre endringar i denne. I den nye husleigelova § 13-2 vert det likevel sagt at ankefristen skal vere to månader, jf tvistemålslova § 360. For å unngå mistydingar, bør det berre visast til § 360, utan at fristen vert nærare presisert i husleigelova.

Twistemålslova sine reglar om skilddom fell inn under mandatet til Twistemålsutvalet, jf punkt 2.7 ovanfor, og departementet reknar for tida ikkje med ei særskilt utgreiing om desse reglane. Difor finn departementet det no rett å gjere framlegg om å endre ankefristen for skilddom i tvistemålslova § 466 slik at fristen vil følgje same regelen som for anke og kjæremål i vanlege tvistemål. Den særlege søksmålsfristen på tre månader i tvistemålslova § 469 vert ståande uendra. Søksmål etter denne paragrafen er det meir naturleg å samanlikne med oppattaking.

Som ei følgje av at den allmenne ankefristen etter framlegget her vert ein månad, er det ikkje nokon trong for å vurdere endringar i arbeidsmiljølova § 61 C der ankefristen allereie er ein månad. Departementet ser ikkje vekk i frå at lovverket òg kan innehalde andre særlege rettsmiddelfristar utan at det er tilstrekkeleg grunn for ein avvikande frist. Den harmoniseringa som departementet gjer framlegg om her vil likevel dekke dei mest praktiske situasjonane. Departementet har ikkje funne grunn til å vurdere nærare ei harmonisering av søksmålsfristar og forvaltningsmessige klagefristar i denne omgang. Faren for å blande desse saman med dei ulike rettsmiddelfristane er neppe særleg stor.

Departementet viser elles til forslaget til endringar i tvistemålslova § 296 og § 466, skjønssprosslova §§ 31 og 33 rettergangsordningas ikraftsetjingslov § 8, skiftelova § 40, tinglysingslova § 10, jordskiftelova § 63, rettshjelpslova § 28 a, konkurslova § 153, husleigelova 1999 § 13-2 og merknader til forslaget i pkt 11 nedanfor.

3.3 Avgrensing av oppfyltingsvernetinget

Vernetingsreglane regulerer kva stad ein lyt finne seg i å bli saksøkt. Sjølv om det for saksøkjaren ville vere meir praktisk å gå til sak ein annan stad, er hovudregelen at søksmål skal reisast på den staden saksøkte bur (heimtinget), jf tvistemålslova § 17 jf § 18. Om vedkomande ikkje har nokon fast bustad,

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

er heimtinget der han oppheld seg når stemning vert forkynt, jf § 19. For selskap er heimtinget der hovudkontoret i følge Foretaksregisteret er plassert, eventuelt der styret har sitt sete, jf § 20. I visse høve kan søksmålet i staden reisast på eit frivillig særleg verneting, jf tvistemålslova §§ 23-35, eller på ein stad som saksøkte har vedteke å kunne verte saksøkt, jf § 36. For visse søksmål knytt til fast eigedom går det dessutan fram av tvistemålslova § 22 at dei berre kan reisast i den rettskrins der eigedommen ligg. Bakgrunnen for dei særlege vernetinga er gjerne at saka kan bli betre opplyst der eller at saksøkte har ei så sterk tilknytning til ein annan stad enn heimtinget at vedkomande må tole at saksøkar kan velje verneting.

Oppfyltingsvernetinget er eitt av dei særlege vernetinga. Det kan være praktisk og naturleg at saksøkar kan gå til sak der kontraktsskuldnader er oppfylt eller kan krevjast oppfylt. Tvistemålslova § 25 har såleis følgjande ordlyd:

«Søksmål om en forpliktelse som bygger på kontrakt, kan reises i den rettskrets der forpliktelsen er oppfylt eller kan kreves oppfylt.»

Den noverande utforminga av føresegna vart vedteken ved lov 8 januar 1993 nr 8 som eit ledd i gjennomføringa av Luganokonvensjonen om domsmakt og fullføring av dommar i sivile og kommersielle saker i norsk rett. Luganokonvensjonen artikkel 5 lyd i norsk omsetjing:

«En person som har bosted i en Konvensjonsstat kan saksøkes:

(1) i saker om kontraktsforhold, ved domstolen for det sted den forpliktelse tvisten gjelder, skal oppfylles ...»

I Ot prp nr 94 (1991-92) uttalte departementet på s 23 at:

«En ville få en kunstig ordning dersom en for interne norske forhold beholdt kravet om opphold i rettskretsen (§ 24) eller skriftlig vedtakelse (§ 25), samtidig som en innførte formfrihet i internasjonale partsforhold etter Luganokonvensjonen.»

Føresegna kom i staden for to tidlegare føresegner om at søksmål kan reisast på staden der ein skuldnad skal oppfyllast om vedkomande, anten oppheld seg der eller staden for oppfylling er vedteke skriftleg. Endringa innebar ei vesentleg utviding av høvet til å reise sak på oppfyltingsstaden for pengeskuldnader som byggjer på kontrakt. Hovudregelen er at der anna ikkje er avtalt, skal pengekrav oppfyllast der kreditor bur eller har sin forretningsstad, jf til dømes gjeldsbrevlova § 3 og kjøpslova § 48. Denne endringa var tilsikta eller nødvendig for å oppfylle krava i Luganokonvensjonen. Om dette uttalte departementet i høyringsbrevet at:

«Både på grunn av ordlyden og på bakgrunn av EF-domstolens tolkning av EU-landenes konvensjon om domsmyndighet og fullbyrding av dommer i sivile og kommersielle saker (Brusselkonvensjonen 1968) som Luganokonvensjonen bygger [på], må det trolig antas at også søksmål om kontraktsmessige pengeforpliktelser kan reises i den rettskrets der forpliktelsen skal oppfylles. Det vil normalt si i den rettskrets der for dringshaveren har hjemting. Endringene i tvistemålsloven ved lov 8 januar 1993 nr 21 medførte derfor en meget vesentlig endring i de norske vernetingsbestemmelsene. De fleste søksmål om kontraktsmessige pengeforpliktelser anlegges mot forbrukere til inndrivning av vederlag for varer og tjenester. Særlig ved søksmål om pengeforpliktelser vil det være vesentlig mer byrdefullt for skyldneren

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

enn for fordringshaveren å føre saken på et fremmed sted. Fordringshaveren vil ofte ha engasjert en inkassator, og ved møte i forliksrådet har fordringshaveren da praktisk sett gode muligheter for å møte ved fullmektig. Skyldneren vil sjelden ha tilsvarende muligheter. Adgangen til å reise sak om kontraktsforpliktelser på oppfyllellesstedet bør derfor trolig begrenses innenfor de rammer som følger av Luganokonvensjonen.

Etter Luganokonvensjonen plikter de kontraherende stater bare å ha alminnelige regler om oppfyllellesverneting for de tilfeller der saksøkte ikke har hjemting i staten. Denne begrensningen i plikten til å tillate at søksmål om kontraktsforpliktelser reises på oppfyllellesstedet fremgår ikke klart av den norske versjonen av Luganokonvensjonen der innledningen til artikkel 5 lyder:

«En person som har bosted i en Konvensjonstat kan saksøkes:»

Begrensningen fremgår imidlertid tydelig i den engelske, tyske og franske versjonen av konvensjonen, der innledningen til artikkel 5 lyder:

«A person domiciled in a Contracting State may, *in another Contracting State*, be sued:»

«Eine Person, die ihren Wohnsitz in dem Hoheitsgebiet eines Vertragsstaats hat, kann *in einem anderen Vertragsstaat* verklagt werden,»

«Le défendeur domicilié sur le territoire d'un Etat contractant peut être attrait, *dans un autre Etat contractant*: »

For andre kontraktsforpliktelser enn pengeforpliktelser er det i utgangspunktet naturlig å beholde adgangen til å reise sak på oppfyllellesstedet for forpliknelsen. Det er den nye og utvidede adgangen til å reise sak om pengeforpliktelser på oppfyllellesstedet for pengeforpliknelsen som praktisk sett er problematisk. En sontring mellom naturalforpliktelser og pengeforpliktelser vil være enkel å håndtere. For pengeforpliktelser må adgangen til å reise sak på oppfyllellesstedet for forpliknelsen opprettholdes for de tilfeller der saksøkte ikke har hjemting i Norge.»

Departementet gjorde etter dette framlegg om å avgrense oppfyllingsverneting slik at det ikkje gjeld for søksmål om skuldnad til å betale pengar som bygger på kontrakt dersom saksøkte har heimting her i riket etter §§ 17, 18 eller 21.

Følgjande høyringsinstansar stør framlegget: *Den Norske Advokatforening, Den norske Dommerforening, Forbrukarombodet, Forbrukarrådet, Hålogaland lagmannsrett, Næringslivets Hovedorganisasjon, Samarbeidsutvalget for forliksråd og hovedstevnevitner i byene, Statens Innkrevingssentral og Trondheim byrett.*

Forbrukarrådet sluttar seg såleis til departementets argumentasjon i høyringsbrevet om at det i praksis vil vere meir byrdefullt for skuldnaren enn for kravshavaren å føre sak på ein framand stad. *Samarbeidsutvalget for forliksråd og hovedstevnevitner i byene* uttaler at:

«...det er viktig at denne regelen i størst mulig utstrekning gjennomføres slik at innklagede eller saksøkte mulighet for å kunne møte i saken, ikke i unødig grad vanskeliggjøres».

Den einaste høyringsinstansen som uttaler seg negativt om framlegget, er *Forsvarsdepartementet* som peikar på at:

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

«For låneinstitusjoner som har låntakere bosatt i hele landet, men som kun har administrasjonen lokalisert et sted i landet vil forslaget innebære økte omkostninger i forbindelse med inndrivelse av misligholdte krav gjennom rettsapparatet.»

Departementet meiner at framlegget i høyringsbrevet bør gjennomførast og gjer framlegg om at § 25 får eit tillegg som avgrensar høvet til å nytte oppfyltingsvernetinget ved søksmål om kontraktsskuldnader til å betale pengar. Departementet har ikkje opplysningar om at t d låneinstitusjonar i noko særleg utstrekning gjer bruk av det høvet dei har til å gje inn forliksklage eller stemning på oppfyllingstaden, dvs på låneinstitusjonen sin forretningstad. Det er då heller ikkje grunnlag for å hevde at endringa vil påføre desse institusjonane auka kostnader. Etter departementets vurdering vil derimot endringa kunne hindre ei mogeleg utvikling i ei slik uheldig retning. Departementet viser elles til forslaget til endring i tvistemålslova § 25 og merknader til forslaget i pkt 11 nedanfor.

3.4 Utvida høve til overprøving av sakskostnadsavgjerder

Tvistemålslova § 181 første og andre leddet regulerer kompetansen til å overprøve avgjerder om sakskostnader. Dei to ledda lyder:

«Spørsmålet om ilæggelse og ansættelse av saksomkostninger kan bare prøves av høiere ret, naar saken selv bringes ind for den.

Dog kan kjæremaal erklæres paa det grundlag, at omkostningsspørsmålet er avgjort i strid med loven. Hvis saken er avgjort ved dom, er kjæremaalsretten bundet ved den underordnede retsbedømmelse av sakens bevisligheter.»

Den høgare rett har såleis berre ein avgrensa kompetanse til å overprøve underinstansen sine avgjerder der sjølve saka ikkje vert brakt inn for den høgare domstolen. Kjæremålsinstansen kan såleis ikkje ta stilling til om sakskostnader bør tilkjennast eller ikkje. Sjølv om kjæremålsinstansen kjem til at avgjerda om sakskostnader er i strid med lova, kan den såleis ikkje treffe ny avgjerd, men må nøye seg med å oppheve avgjerda, og vise spørsmålet attende til ny handsaming.

I høyringsbrevet 6 mars 1996 gjorde departementet framlegg om å endre tvistemålslova § 181 slik at kjæremålsretten får høve til å treffe realitetsavgjerd der denne finn saka godt nok opplyst. Framlegget var ei følgje av at lagdommar Mats Stensrud tok opp spørsmålet i brev til departementet. I brevet heitte det at:

«Mitt forslag er følgelig at man påny tar opp spørsmålet om en endring av tvistemålslovens § 181 annet ledd. Jeg tenker meg ikke en generell utvidelse av adgangen til å påkjære omkostningsavgjørelser, slik forslaget var i 1973. Men for de tilfellene hvor det konstateres lovstrid, bør kjæremålsinstansen ha en valgmulighet. § 181 annet ledd kan f.eks. gis en slik tilføyelse:

«Dersom omkostningsspørsmålet er avgjort i strid med loven, kan kjæremålsretten treffe ny omkostningsavgjørelse hvis den finner at saken er tilstrekkelig opplyst. Ellers oppheves omkostningsavgjørelsen og saken hjem vises til den underordnede rett.»

Dette ville etter min mening være meget prosessøkonomisk, både for partene og domstolene.»

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Alle høyringsinstansane som uttaler seg om dette spørsmålet, med eitt unntak, stør framlegget. Såleis stør *Agder lagmannsrett*, *Hålogaland lagmannsrett*, *Oslo byrett*, *Trondheim byfogdembete*, *Trondheim byrett*, *Statens Innkrevingssentral*, *Den Norske Advokatforening*, *Den norske Dommerforening* og *Næringslivets Hovedorganisasjon* framlegget. Den Norske Advokatforening peikar på at saker ved oppheving gjerne blir liggande svært lenge hos underinstansen før det blir teke ny avgjerd. Hålogaland lagmannsrett, Dommerforeningen og Statens Innkrevingssentral uttaler at dei stør framlegget ut frå prosessøkonomiske hensyn. *Hålogaland lagmannsrett* uttaler såleis at:

«Det forekommer ikke sjelden at omkostningsavgjørelser ved kjæremål iht tvml § 181 må oppheves og hjemvises. I mange av tilfellene er saken i og for seg tilstrekkelig opplyst til at lagmannsretten ville hatt grunnlag for å treffe ny realitetsavgjørelse, og prosessøkonomiske hensyn taler for at det etableres adgang til dette.»

Borgarting lagmannsrett stiller seg derimot skeptisk til om den prosessøkonomiske vinninga ved ei lovendring vil inntre, og påpeikar at det ikkje er tungvint for lagmannsretten å sende saka attende. Denne høyringsinstansen gjev òg uttrykk for at regelen det vart gjort framlegg om, gjev dårleg samanheng i regelverket og uttaler at:

«Hvis omkostningsavgjørelsen finnes å være i strid med loven, tillegges kjæremålsinstansen etter omstendighetene full kompetanse i spørsmålet uten at det gis noen materiell begrunnelse for det. Gjennom sin hovedregel (§ 180 første ledd) antar loven at den instans som behandler selve saken, er best skikket til å treffe avgjørelse i omkostningsspørsmålet. Denne antagelse har gyldighet selv om det ikke skulle være begått feil i rettsanvendelsen.»

Departementet er framleis av den oppfatning at kjæremålsretten i visse høve bør kunne treffe ny avgjerd om sakskostnader og gjer framlegg om ei slik endring i tvistemålslova § 181. Borgarting lagmannsrett peikar rett nok på omsyn som kan tale mot at kjæremålsretten i konkrete høve skal kunne treffe slike avgjerd. Desse omsyna slår likevel ikkje alltid til. Ei sak kan til dømes vere så oversiktleg at det er temmeleg klart kva underinstansens avgjerd må gå ut på om den ikkje skal verte oppheva på ny. Så lenge kjæremålsretten dessutan berre får høve, ikkje plikt, til å treffe realitetsavgjerd, vil dette neppe føre til realitetsavgjerd der retten har eit for dårleg grunnlag til å vurdere dei skjønsmessige sidene. Departementet viser elles til forslaget til endring av tvistemålslova § 181 og merknadene til forslaget i pkt 11 nedanfor.

3.5 Innkalling av vitne i sivile saker

Etter tvistemålslova § 200 skal retten innkalle vitna ved forkynning av vitnestemning, om den ikkje pålegg partane sjølve å syte for innkallinga. § 200 første og andre leddet lyder:

«Retten innkaller vidnene gjennom forkynnelse av vidnestevning. Når den finner grunn til det, kan retten pålegge partene å besørge innkallingen. Vidnestevningen må dog underskrives av retten.

Vidnestevningen skal indeholde vidnets navn eller, om navnet er ukjent, en saa nøiagtig betegnelse av dets person som mulig. Den skal angi saken og øiemedet med indkaldelsen, domstolen, retsstedet

og møtetiden, henwise til ansvaret for uteblivelse og gi en kort forklaring om reglerne for vidnegodtgjørelse.»

I dei seinare åra har det vorte svært vanleg at domstolane nyttar høvet dei har til å påleggje partane, det vil i praksis seie prosessfullmektigane, å innkalle dei vitna som denne parten vil føre. Denne innkallinga kan skje ved at prosessfullmektigen avtaler eit frammøtetidspunkt med vitnet, eller ved at vitnet får seg forkynt ei vitnestemning som retten har underteikna. Det er berre etter formell vitnestemning at vitnet har plikt til å møte, og om nødvendig kan hentast med tvang. Den praktiske gjennomføringa av slike innkallingar og stemningar er noko ulik frå domstol til domstol.

Den Norske Advokatforening tok i brev 12 februar 1993 til Justisdepartementet opp ein del uavklarte spørsmål knytt til innkalling av vitne. Det heitte i brevet at:

«Det permanente lovutvalget for sivilprosess kan se at det ligger en besparelse i en slik ordning, idet domstolen ved å overlate innkallingen til prosessfullmektigene i praksis tvinger disse til å samarbeide om en fremdriftsplan for saken under hovedforhandlingen. Hvis domstolens funksjonærer skal foreta innkallingen, vil disse funksjonærene i praksis få oppgaven med å sette opp en form for fremdriftsplan. Et slikt arbeid forutsetter at prosessfullmektigene må kontaktes pr. telefon, noe som iblant kan være arbeidskrevende dersom advokatene er vanskelige å treffe. I andre tilfelle hender det at vitnene uten nærmere overveieelse blir innkalt til tidspunktet for hovedforhandlingens begynnelse, noe som nødvendigvis må medføre venting og derved være til ulempe for de som berøres.

Av hensyn til vitnene, er det permanente lovutvalget for sivilprosess enig i at prosessfullmektigene bør ha ansvaret for å lage en fremdriftsplan for hovedforhandlingen med dato og klokkeslett for de tidspunkter som vitnene skal innkalles til. Det er også prosessfullmektigene som har best forutsetninger for å vite hva vitnene skal uttale seg om. Da opplysning om dette skal gis i vitnestevningen, vil det være hensiktsmessig at prosessfullmektigene tar seg av dette også.

Det permanente lovutvalget for sivilprosess er derfor ikke uenig i at man går over til en ordning hvor prosessfullmektigene i praksis fyller ut vitnestevningene. Det er ikke stort mer besværlig å gjøre dette enn å gi de opplysninger som man ellers måtte gi til domstolen for at domstolens funksjonærer skal gjøre det samme arbeidet. ...

Det som gjenstår, er imidlertid spørsmålet om hvordan forkynnelser av disse vitnestevningene skal foregå etter at prosessfullmektigene har fylt dem ut.

Ordningen med postforkynnelser ble innført for å rasjonalisere arbeidet med forkynnelser. En forkynnelser ved stevnevitne kan ta adskillig tid og fremstår som unødvendig dersom Postverket kan gjøre det samme arbeidet på en mer rasjonell og rimelig måte. En forkynnelser med stevnevitne forutsetter at en offentlig tjenestemann, som oftest en lensmannsbetjent, må oppsøke det sted hvor den person som dokumentet skal forkynnes for, arbeider, bor eller oppholder seg. Ofte må det gjøres flere forsøk før det lykkes å få dokumentet forkynt.

Etter den ordningen som i praksis er etablert etter at postforkynnelser ble generelt innført, har det vært vanlig at vitnene er blitt innkalt ved postforkynnelser. Hvis man nå skal gå tilbake til forkynnelser ved stevnevitne som en slags hovedregel, innebærer dette et tilbakeskritt. For det første innfører man på ny en kostbar og tungvint ordning som man i utgangspunktet ønsket å komme bort fra. ...

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Dertil kommer hensynet til vitnene, som vil kunne oppleve det som ubehagelig å få en lensmannsbetjent - undertiden i uniform - på døren.»

Justisdepartementet ba i brev 17 september 1993 lagmannsrettane, by- og heradsrettane og Den norske Dommerforening om å kommentere innspelet frå Den Norske Advokatforening. Dommerforeningen og eit fleirtal av domstolane som uttalte seg, ga uttrykk for at prosessfullmektigane normalt burde syte for innkalling av vitne og at forkynning burde skje ved postforkynning. Det var meir delte meiningar om kven som skulle ha det praktiske ansvaret for postforkynninga og oppfølginga.

I høyringsbrevet 6 mars 1996 gjorde departementet framlegg om endring av reglane om postforkynning og vitnestemming. I høyringsbrevet heitte det at:

«Det synes hensiktsmessig at retten som hovedregel overlater til advokatene å sørge for innkalling av vitnene og for utfylling av vitnestevninger for de vitner som skal innkalles ved forkynning. Vitnestevningene bør imidlertid fortsatt underskrives av retten. Retten må ta stilling til vitneplikten både materielt og geografisk før det kan være aktuelt å innkalle et vitne ved forkynning av vitnestevning. På den annen side synes det lite rasjonelt at advokater som skal sørge for forkynning av vitnestevninger, skal være nødt til å gå veien om stevnevitneforkynning. Det synes ubetenkelig å gi advokatene adgang til selv å forkynne postalt i disse tilfellene.»

Departementet gjorde i samsvar med dette framlegg om endringar i tvistemålslova § 200 og domstollova § 163 a. Framlegget omfatta som utgangspunkt berre prosessfullmektigar som er advokatar, men det vart framleis opna for at retten òg i andre høve kan påleggje partar og deira prosessfullmektig å innkalle dei vitner som parten vil føre.

Alle høyringsinstansane som uttaler som om framlegget, stiller seg positive til at advokatar syter for å innkalle vitne som parten vil føre, om nødvendig utarbeide vitnestemming og kunne postforkynne denne. Desse høyringsinstansane er *Agder lagmannsrett*, *Borgarting lagmannsrett*, *Hålogaland lagmannsrett*, *Oslo byrett*, *Trondheim byfogdembete*, *Trondheim byrett*, *Den Norske Advokatforening*, *Den norske Dommerforening*, *Finansieringsselskapenes Forening*, *Fåberg lensmannskontor*, *Næringslivets Hovedorganisasjon* og *Statens Innkrevingssentral*. Av desse uttaler Borgarting lagmannsrett, Trondheim byfogdembete og Dommerforeningen at endringa er i samsvar med etablert praksis. Hålogaland lagmannsrett uttaler at talet på vitnestemmingar venteleg vil minske og at partane i større grad vil nytte frivillig innkalling av sine vitner.

Agder lagmannsrett uttaler at advokatane òg bør kunne underteikne vitnestemmingar:

«...det innebærer unødvendig ekstraarbeid å sende dem til retten for underskrift. Retten må foreta kontroll under saksforberedelsen forut for innkallingen, og det må være ubetenkelig at vedkommende advokat innkaller oppgitte vitner som retten ikke har noe å bemerke til.»

Trondheim byrett stiller spørsmål ved om det er tenleg å òg ha ein regel for partar og prosessfullmektigar som ikkje er advokatar:

«Det er spørsmål om ikke retten bør besørge forkynnelser av disse vitnestevningene. Dersom regelen beholdes, kan det reises spørsmål om

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

det i domstollosen § 163 a) også bør gis adgang til postforkynnelse for de parter eller prosessfullmektiger som gis pålegg om forkynnelse i medhold av tvistemålsloven § 200, første ledd, tredje punktum.»

Departementet meiner at framlegget i høyringsbrevet bør gjennomførast. At advokatar vert pålagde å syte for frivillig innkalling av dei vitne som parten vil føre, og om nødvendig syte for utfylling og forkynning av vitnestemningar, vil kunne gjere saksførebuinga meir effektiv og avlaste domstolane. Departementet merkar seg òg at nokolunde tilsvarende ordningar allereie er vanlege ved fleire domstolar. Advokaten sin rett og plikt til å stemne vitne etter framlegget, gjeld berre dei vitna som han eller ho sjølv har tilbode under saksførebuinga, jf tvistemålslova § 188, utan at vitnet er avskore av retten. Når det vert slik, ser departementet ikkje nokon fare i at stemninga gjev vitnet ei straffesanksjonert plikt (jf domstollova § 205).

Departementet viser elles til forslaget til endringer i tvistemålslova § 200 og domstollova § 163 a om merknader til forslaget i pkt 11 nedanfor.

3.6 Vitna si plikt til å opplyse om bustad

Straffeprosesslova § 130 vart ved lov 7 april 1995 nr 15 endra slik at vitna under vitneavhøyr ved sidan av namn, fødselsdato og stilling kan velje å opplyse om arbeidsstad i staden for bustadadresse. Om bakgrunnen for endringa og for at ei tilsvarende endring bør vurderast i tvistemålslova heiter det i Innst O nr 34 (1994-95), på s 8, at:

« Komiteen syner til framlegget om at vitne i straffesaker kan oppgje tenestestad, fram for adresse til bustad, av omsyn til å verne vitne mot truslar og sjikane frå tiltalte. Samstundes skal dommaren likevel kunne påleggje eit vitne å oppgje bustadadressa skriftleg til retten dersom det ikkje er praktisk å oppgje arbeidsstad. Komiteen er samd i at ordninga skal gjelde både offentlege tenestemenn og andre vitne, og stør framlegget til endringar.

Komiteen meiner argumentasjonen for endringa òg kan ha relevans i einskilte sivile saker, og ber departementet kome attende til Stortinget med framlegg om tilsvarende endring for sivile saker.»

I høyringsbrevet 6 mars 1996 gjorde departementet framlegg om endring av tvistemålslova § 215 i samsvar med endringa i straffeprosesslova ved lov 7 april 1995 nr 15 om komitémerknaden i Innst O nr 34. Departementet ga uttrykk for at behovet for å kunne la vere å opplyse om bustadadresse nok er vesentleg mindre i sivile saker enn i straffesaker, men at det unntaksvis kan vere eit stort behov òg i slike saker. Samstundes ga departementet uttrykk for at det burde vere samsvar mellom tvistemålslova og straffeprosesslova på dette punktet.

Høyringsinstansane stiller seg gjennomgåande positive til framlegget. Følgjande høyringsinstansar stør framlegget: *Barne- og familiedepartementet, Borgarting lagmannsrett, Hålogaland lagmannsrett, Oslo byrett, Statens Innkreivingsentral, Trondheim byfogdembete, Den norske Dommerforening, Finansieringsselskapenes Forening og Husbanken.* Barne- og familiedepartementet og Husbanken opplyser at det er eit reelt behov for å verne t d tilsette som må vitne i sivile saker, mot trugsmål. Ingen av høyringsinstansane går i mot framlegget .

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmidelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Fåberg lensmannskontor uttaler at det uansett er lett å få tak i opplysningar om bustad om ein skulle ønske dette, og at endringa såleis ikkje vil gje særleg vern for dei vitna det gjeld. *Oslo byrett* stiller spørsmål ved korleis underhandsopplysning om bustad skal nedskrivast og lagrast utan at den vert offentlege eller tilgjengeleg for partar.

Departementet meiner at tvistemålslova bør innehalde ein tilsvarende regel om vitna si plikt til å opplyse om bustadadresse, som straffeprosesslova. I visse saker, t.d. ulike tvangssaker der dei som har førebudd saka for forvaltningsorganet gjerne må gje vitneprov, kan behovet for vern vere like stort som i straffesaker. Regelen vil gjere det vanskelegare å få greie på kvar vitnet bur, samstundes som rettens behov for å få tak i vitnet ved eit seinare høve er ivareteke ved at arbeidsstad vert opplyst. Departementet kan ikkje sjå at det skulle vere nødvendig å skrive ned eventuelle opplysningar om bustad som etter pålegg vert gjeve underhanda andre stadar enn i retten sine eigne notat. Slike noteringar vil ikkje vere tilgjengeleg for ålmenta eller partar.

Departementet viser elles til framlegget til endring av tvistemålslova § 215 og merknader til framlegget i pkt 11 nedanfor.

3.7 Opning for at visse saker mot stat og kommune kan bringast inn for forliksrådet

Som ein hovudregel må søksmål innleiest ved at motparten vert innkalla til mekling i forliksrådet. Dette vert gjort ved innlevering av forliksklage. Frå denne hovudregelen er det fleire unntak. Somme unntak går ut på at visse saker aldri kan bringast inn for forliksrådet, jf i første rekkje tvistemålslova § 273. Andre unntak går ut på at saksøkjaren kan velje å bringe saka direkte inn for herads- og byrett, jf i første rekkje tvistemålslova § 274. Etter tvistemålslova § 273 nr 3 kan ein saksøklar ikkje bringe sak mot stat eller kommune inn for forliksrådet:

«Mekling i forliksrådet foretas ikke ... i saker mot staten eller en kommune, mot offentlige eller kommunale myndigheter eller institusjoner, eller mot tjenestemenn om offentlige tjenestehandlinger eller erstatning for sådanne;».

Forbrukarrådet har teke initiativ til at § 273 vert endra slik at òg saker mot kommunar skal kunne bringast inn for forliksrådet. Ein resolusjon med slikt innhald vart vedteke på Forbrukarrådets landsmøte 1993. I merknadene til resolusjonen, jf protokoll frå Forbrukarrådets landsmøte 1993 s 39-40 heiter det at:

«Tvistemålsloven § 273 bestemmer at mekling i forliksrådet bl.a. ikke skal finne sted når motparten er en kommune. Begrunnelsen for denne regelen er at kommunen - og de andre offentlige organer som er nevnt i paragrafen - ikke vil være interessert i å inngå forlik, og at det derfor er unødvendig med forliksmekling. Det er imidlertid grunn til å spørre seg om denne begrunnelsen holder stikk. Etter vårt skjønn er det ingenting som tyder på at kommuner generelt sett er uinteressert i å inngå forlik. Om den er det, vil vel først og fremst bero på om forbrukeren har en god eller dårlig sak. Bestemmelsen er etter vårt skjønn ikke godt nok fundert, og den bør derfor oppheves.»

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Departementet tok i høyringsbrevet 6 mars 1996 opp spørsmålet og heldt der fram at den opprinnelege grunngjevinga om at det offentlege sjeldan vil vere innstilt på forlik, i dag neppe kan grunngje eit generelt unntak for forliksmekling. Departementet opna i høyringsbrevet for at krav mot stat og kommune som utelukkande er av privatrettsleg art, bør kunne bringast inn for forliksrådet. På den andre sida var departementet skeptisk til å opne for forliksmekling i tvistar om utøving av offentlege styresmakt då det ofte vil vere uklart i kva grad partane har rådvelde over slike saker. Departementet stilte òg spørsmål ved om forliksmekling i slike saker burde vere frivillig eller tvungen, men vurderte det førebels slik at den private part bør kunne velje, og dermed ikkje risikere å innleie søksmål for feil instans. Om avgrensinga til privatrettsleg høve heitte det i høyringsbrevet at:

Avgrensningen til tvister av utelukkende privatrettslig art kan volde tvil i det enkelte tilfellet, men i grensetilfeller vil en feiltakelse på dette punkt ha begrenset betydning. Kriteriet «forhold av utelukkende privatrettslig art» er for øvrig brukt i tvistemålsloven § 435 annet ledd i kapittel 30 om saker om offentlige tjenestehandlinger. De særlige prosess reglene i kapittel 30 gjelder ikke for saker om «forhold av utelukkende privatrettslig art.»»

Dei fleste høyringsinstansane som uttaler seg om spørsmålet, er positive til at det vert opna for forliksmekling i visse saker mot stat og kommune. Av høyringsinstansane går såleis *Forsvarsdepartementet*, *Borgarting lagmannsrett*, *Trondheim byrett*, *Statens Innkrevingssentral*, *Regjeringsadvokaten*, *Den Norske Advokatforening*, *Den norske Dommerforening*, *Kommunenes Sentralforbund*, *Forbrukarrådet* og *Samarbeidsutvalget for forliksråd og hovedstevnevitner i byene* inn for at det vert høve til å bringe visse saker mot stat og kommune inn for forliksrådet. Av desse er det berre Samarbeidsutvalget for forliksråd og hovedstevnevitner i byene som går inn for at mekling i forliksrådet skal vere obligatorisk.

Forsvarsdepartementet uttaler at:

«Flere av de søksmål som anlegges mot staten finner sin minnelige løsning før hovedforhandling. En anledning til å bringe en sak inn for forliksrådet, vil kunne bidra til at saker løses i minnelighet ...»

Mange av desse høyringsinstansane er likevel kritiske til at «utelukkende privatrettslig art» skal vere avgrenskingskriteriet. *Forbrukarrådet* gjev såleis uttrykk for at det ville vere uheldig om søksmål om offentlig tenesteyting skulle falle utanfor:

«Staten og kommunene står i dag som eiere av en rekke kommunale bedrifter, som både må drive forretningsmessig og som har forvaltningsmessige plikter. Det er grunn til å tro at mange saker i forhold til stat og kommune vil ha karakter av myndighetsutøvelse samtidig som de er av privatrettslig art, og vil med det måtte falle utenfor, jfr. betegnelsen «utelukkende» privatrettslig art. Etter Forbrukerrådets mening vil det være uheldig om partene i disse tilfellene er avskåret fra forliksrådsbehandling. Særlig gjelder dette dersom tvisten i hovedsak er av privatrettslig karakter. For partene vil behandling i forliksrådet kunne føre til at partene kan rydde opp i eventuelle misforståelser og kanskje komme til en løsning der og da.

Forbrukerrådet er på denne bakgrunn av den oppfatning at utgangspunktet bør være at alle saker mot kommune og stat bør kunne

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

bringes inn for forliksrådet til mekling, så sant de er *egnet for det*. Det er klart at saker der kommunen ikke kan anses for å ha fri rådighet ikke vil egne seg for forliksrådsbehandling. Videre vil det kunne oppstå problemer for kommunen å inngå konkrete løsninger, dersom dette vil fravike likebehandlingsprinsippet på vedkommende område. Det er imidlertid grunn til å tro at det likevel vil eksistere en rekke saker der slike hensyn ikke vil gjøre seg gjeldende.»

Den norske Dommerforening peikar på at søksmål «mot offentlige tjenestemenn om offentlige tjenestehandlinger eller erstatning for sådanne» neppe kan vere av privatrettslig art.

Regjeringsadvokaten er òg skeptisk til at «utelukkende privatrettslig art» skal vere kriteriet for handsaming i forliksrådet og uttaler:

«En slik grense bli svært uskarp og vil kunne omfatte en rekke saker som ikke bør behandles av forliksrådet eller hvor saken vil kunne bli forsinket av at saken starter i forliksrådet. Jeg tenker her på avskjedsaker, oppsigelsessaker, erstatningssaker med utspring i offentlig tjeneste m.v. For en rekke av disse sakenes vedkommende har det liten hensikt med forliksrådsbehandling, og sakene vil kunne bli unødig forsinket. En mulig begrensing kunne være saker om formuesverdier som ikke går under tvml. § 435, eventuelt «som ikke går inn under § 435 første ledd»».

Trondheim byrett opplyser at det ofte er vanskeleg å få til noko forlik der stat og kommune er part, fordi det ikkje møter nokon som har kompetanse til å inngå forlik på kommunens eller staten vegner. Denne høyringsinstansen opplyser at det frå tid til annan ikkje vert protokollert noko rettsforlik, men ein avtale mellom partane under føresetnad av etterfølgjande godkjenning frå t d formannskap eller kommunestyre og ønsker såleis ei avklaring om det er høve til å inngå forlik på vilkår.

Oslo byrett og *Trondheim byfogdembete* går korkje inn for eller mot at det vert opna for forliksmekling. *Trondheim byfogdembete* har lite tru på at det er nokon sjanse for forlik. *Oslo byrett* uttaler at mekling i tilfelle bør vere valfri. Begge desse høyringsinstansane peikar dessutan på at uttrykket «privatrettslig art» gjev ei uklar avgrensing.

Hålogaland lagmannsrett, *Fåberg lensmannskontor* og *Norges Kemner- og kommunekassererforbund* går i mot at det vert opna for forliksmekling. *Fåberg lensmannskontor* gjev uttrykk for at sjansen til å få avgjort saker mot stat og kommune i forliksrådet er liten, og fryktar at fleire utan særleg grunn går til søksmål mot stat og kommune dersom terskelen vert senka. *Hålogaland lagmannsrett* kan ikkje sjå at det er noko behov for endring og uttaler:

«Det er imidlertid lite aktuelt å reise søksmål mot det offentlige før kravet har vært fremsatt for vedkommende forvaltningsorgan og undergitt en forsvarlig behandling der. Mulighetene for å oppnå en minnelig løsning på dette trinn må forutsettes å være undersøkt før saksanlegget, og under disse omstendigheter må utsiktene til å oppnå noe ytterligere innefor rammen av den summariske behandling i forliksrådet fremstå som svært små. Det etableres derfor bare et unødvendig hinder på veien mot en endelig avgjørelse.»

Denne høyringsinstansen uttaler vidare at talet på saker som utelukkande er av privatrettslig art venteleg vil vere lite:

Om lov om endringar i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

«Vi går ut fra at Forbrukerrådet, som tok initiativ til den aktuelle endringen, i første rekke hadde i tankene saker hvor den private part kan sies å være forbrukerposisjon i forhold til det offentlige. Typiske eksempler kan være tvister om offentlige tjenester og serviceytelser av forskjellig art. I slike saker er imidlertid innslaget av offentlig forvaltningsvirksomhet såvidt sentralt at de ikke kan sies å være utelukkende av privatrettslig art.»

Norges Kemner- og kommunekassererforbund peikar på dei praktiske vanskanene som kan verte følge av ei endring. Denne høyringsinstansen framhevar såleis at det vil vere vanskeleg å definere kva krav som utelukkande er av privatrettsleg art og at organiseringa innan kommunene med omsyn til fullmakter gjer det vanskeleg å opptre i forliksrådet.

Departementet gjer framlegg om at òg visse saker mot stat og kommune kan bringast inn for forliksrådet, men at dette skal vere frivillig for saksøkjaren. Departementet kan ikkje sjå nokon gode grunnar for at søksmål mot det offentlege skal stå i ei særstilling når det gjeld spørsmål av privatrettleig karakter. Praktiske problem knytta til forliksmekling, t d at den som møter ikkje har kompetanse til å inngå forlik, kjem heller ikkje i noko anna stilling enn ved søksmål mot andre juridiske personar. At det vert «lettare» å gå til sak mot stat og kommune får berre nokon realitet om forliksrådet avseier dom til gunst for klagaren. Departementet kan ikkje sjå nokon særlege grunnar for at stat eller kommune bør vernast mot dette. Med omsyn til den saklege avgrensinga finn departementet det tenleg å endre tvistemålslova § 273 nr 3 slik at mekling i forliksrådet berre er utelukka i dei saker som skal handsamast etter dei særlege reglane i kapittel 30. Det vil då vere vilkåra i tvistemålslova § 435 som er avgjerande for om mekling i forliksrådet skal vere utelukka eller ikkje. Første og andre ledd i denne føresegna lyd:

«Bestemmelsene i dette kapittel gjelder for søksmål om

1. lovmessigheten av avgjørelser truffet under utøving av offentlig tjeneste,
2. forpliktelser i den offentlige tjeneste eller erstatningskrav i anledning av rettsstridig forhold i tjenesten.

Bestemmelsene får ikke anvendelse på forhold av utelukkende privatrettslig art.»

Som fleire av høyringsinstansane har peika på, vil det i visse høve vere tvil om kva som ligg i uttrykket «utelukkende privatrettlig art». For ein del saksfelt kjem ikkje spørsmålet på spissen av di at det i andre lovføresegner er fastsett at mekling i forliksrådet ikkje kan gjennomførast. Dette vil mellom anna gjelde for avskils- og oppseiingssaker, jf arbeidsmiljølova § 61 A og tenestemannslova § 19 nr 6. Det er venteleg ulike offentlege tenesteytingar som då vil kunne valde mest tvil. Slike saker ligg gjerne i skjæringspunktet mellom utøving av offentlig styring og privatrettslege disposisjonar. Det kan såleis tenkjast at ein privatrettsleg avtale har sin bakgrunn i at eit offentlig organ har plikt til å syte for tilgang på t d barnehageplassar, vatn eller straum. Usemje mellom det offentlege organet og forbrukaren om kor mykje vatn eller straum som er brukt vil kunne vere utelukkande av privatrettsleg art. Ein forbrukar som krev tilbakebetaling pga feilmåling vil såleis kunne kalle inn til mekling i forliksrådet. Derimot vil det vere meir usikkert om tvist om t d erstatningsansvar for

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

feil og plikt til levering/yting utelukkande er av privatrettsleg art. Det må nok gjerast ei konkret vurdring, men departementet finn det mest tenleg at dette vert overlate til praksis.

Samstundes gjer departementet framlegg om at tvistemålslova § 274 vert gjeve eit tillegg om at mekling i forliksrådet ikkje er nødvendig i saker mot staten og kommunar m fl som fell utanfor kapittel 30 i tvistemålslova. Den som vil gå til sak mot det offentlege, risikerer såleis ikkje å få saka avvist frå herads- og byretten av di det ikkje er mekla.

Departementet viser elles til forslaget til endringar i tvistemålslova §§ 273 og 274 og merknadene til forslaget i pkt 11 nedanfor.

3.8 Innkalling til mekling i forliksrådet sjølv om den som er klaga inn, har godteke klagaren sin påstand

Etter den «tilsvarsordninga» som vart innført ved lov 27 juni 1986 nr 48 innkallar ikkje forliksrådet til mekling dersom den som er klaga inn, godtek klagaren sin påstand eller unnlet å gje inn tilsvar. Forliksrådet avseier i tilfelle fråværsdom eller dom i samsvar med godtakinga, utan at det kjem til kostnader knytt til frammøte i forliksrådet. Før denne lovendringa vart partane derimot innkalla til mekling sjølv om det ikkje var nokon reell tvist mellom dei. Bakgrunnen for endringa var såleis å forenkle inkassosakene og halde kostnadene nede så vel for kreditor som for debitor, jf Ot prp nr 47 (1985-86) s 51.

Ein ulempe ved tilsvarsordninga er likevel at eit verdifullt høve for partane til å møtest, og f eks nedfelle ei nedbetalingsordning i eit rettsforlik, forsvann. Nedbetalingsordningar som skuldnaren sjølv har vore med på å utarbeide og som er tilpassa denne sin betalingsevne, vert truleg oppfylt frivillig i større utstrekning enn ein dom som byggjer på klagaren sin opphavlege påstand. Somme forliksråd har likevel kalla inn til mekling dersom den som er klaga inn, har bede om det. Ein slik praksis er vanskeleg å sameine med tvistemålslova, særleg § 277 fjerde og femte leddet og § 288 andre leddet, men har i praksis ofte vorte godteke av kreditorane og inkassobrandsjen. Det har òg hendt at den som er klaga inn, kryssar av for at han ikkje godtek klagerens påstand av di han ikkje ser seg i stand til å betale. Klagaren brukar då tid og pengar til å bu seg til ein tvist som ikkje eksisterer.

I høyringsbrevet 6 mars 1996 tok departementet såleis opp spørsmålet om tilsvarsordninga burde endrast slik at forliksrådet skal innkalle til mekling etter krav frå ein av partane, sjølv om det ikkje er nokon reell usemje mellom dei. I høyringsbrevet heitte det at det kunne vere ei verdifull utbygging av forliksrådsfunksjonen om partane fekk høve til å krevje innkalling til mekling sjølv om det gjennom klagen og tilsvaret er klarlagt at det ikkje er nokon reell tvist mellom dei. Det vart halde fram at mekling kan påføre motparten bry og kostnader, men at dette kan dempast noko ved å utvide høvet til å møte ved fullmektig i desse sakene. Dersom det er den som er klaga inn, som krev mekling, kan såleis klagaren møte med ein fullmektig som nemnt i tvistemålslova § 279. Dette er gjerne personar som har eit pragmatisk og profesjonelt forhold til kor langt skuldnaren bør tillatast å betale i avdrag o l. Dersom det er klagaren som krev mekling, noko som venteleg vil vere sjeldan, risikerer den som er klaga inn uansett ikkje noko meir enn at det vert avsagt fråværsdom om han ikkje møter. Den som er klaga inn, er etter forskrift 23 juli 1993 nr 768 om mak-

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

simalsatsar for utmåling av sakskostander i forliksrådet verna mot eit høgare ansvar for klagarens fram্মøteknader enn ein fjerdepart av rettsgebyret (pr 1 januar 1999 svarar dette til omlag 140 kroner).

Fleirtalet av høyringsinstansane som uttaler seg om spørsmålet, er positive til endringar i tråd med det departementet la opp til i høyringsnotatet. *Statens Innkrevingssentral, Forbrukarrådet, Trondheim byrett, Den Norske Advokatforening, Finansieringsselskapenes Forening, Asker lensmannskontor, Fåberg lensmannskontor og Samarbeidsutvalget for forliksråd og hovedstevnevitner i byene* stør såleis forslaget. *Samarbeidsutvalget for forliksråd og hovedstevnevitner* uttaler at det med ein slik regel truleg vil vere:

«... større mulighet for å få forlik i saken istedet for dom. SFFH er av den oppfatning at en slik ordning vil være til fordel for begge parter, også omkostningsmessig.»

Forbrukarrådet uttaler at:

«Kreditor eller hans fullmektig vil under mekling kunne få en bedre forståelse av debtors situasjon og med det være mer åpen i forhold til å inngå nedbetalingsavtale ... samtidig som debtors oppfyllelse av gjelden vil kunne bli bedre.»

Den Norske Advokatforening uttaler at det er upraktisk at klagaren skulle ha noko interesse i å krevje mekling om den som er innklaga godtek klagarens påstand i tilsvaret, men hadde elles ingen merknader til framlegget.

Hålogaland lagmannsrett, Den norske Bankforening og Norske Inkassobyråers Forening går i mot framlegget. *Norske Inkassobyråers Forening* har under tvil kome til at det vil vere mest tenleg for begge partar at dom kan avseiast utan innkalling til mekling der den som er innklaga har godteke kravet i tilsvaret. *Den norske Bankforening*er og skeptisk og uttaler:

«Bankforeningen ser at en slik ordning muligens kan være en fordel for debitor, men for kreditor, og da særlig for bankene som kreditorer, hvor nedbetalingsordninger og forliksordninger regelmessig har vært forsøkt i lange tider før saken kommer til Forliksrådet, vil den foreslåtte ordning medføre ulemper. Dette går på flere forhold. Bl a får man en betydelig senere saksgang ved å innføre et nytt ledd, og administrasjon av ordningen vil medføre unødig bruk av ressurser. I normaltillfellene vil bankene finne frem til nedbetalingsordninger som har en sjanse til å fungere, selv om ikke slike ordninger nedfelles i et rettsforlik som kan tvangsfullbyrdes. Misligholder debitor til tross for en omforenet nedbetalingsordning etter dom i forliksrådet, får man falle tilbake på det opprinnelige tvangsgrunnlag, dvs. uteblivelsesdommen.»

Hålogaland lagmannsrett er samd i at det kan vere nyttig å etablere kontakt mellom partane med sikte på å få i stand ei betalingsordning, men gjev uttrykk for at dette òg gjeld for dei sakene som ikkje vert handsama av forliksrådet. Den nødvendige kontakt kan etter alt å dømme etablerast på innkrevingsstadiet. Denne høyringsinstansen gjev òg uttrykk for at framlegget berre er ei nyansering av eit frå før komplisert regelverk og at reglane av omsyn til brukarane ikkje bør endrast ofte og unødig.

D e p a r t e m e n t e t gjer framlegg om at det kan kallast inn til mekling sjølv om den som er innklaga, har godteke klagaren sin påstand i tilsvaret.

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Dette er langt ryddigare enn at det skal vere nødvendig for den som er klaga inn, å skape tvil om vedgåinga av kravet for å oppnå mekling, med dei tilleggs-kostnader til førebuing det fører med seg for motparten. Det vil venteleg ikkje verte vanleg at ein innklaga som godtek klagaren sin påstand, ønsker mekling, men om eit slikt ønske er til, kan forliksrådet vere eit verdifullt supplement til den eventuelle kontakten som elles har vore eller kan kome til verte mellom partane. I tilknytning til dei kritiske merknadene frå Den norske Bankforening vil departementet særleg gje uttrykk for at framlegget ikkje har noko å seie for krav som ikkje treng ein dom for å vere tvangskraftige, t.d. gjeldsbrev som inneheld ei vedtaking av at gjelda kan drivast inn utan søksmål, jf tvangsfullføringslova § 7-2. Det vert heller ikkje eit ytterlegare ledd i sakshandsaminga. Anten vert det eit rettsforlik mellom partane som òg er tvangsgrunnlag, eller så avseier forliksrådet dom.

Departementet viser elles til forslaget til endringar i tvistemålslova §§ 277, 278 og 288 og merknadene til forslaget i pkt 11 nedanfor.

3.9 Høvet for advokatar m fl til å møte i forliksrådet

3.9.1 Innleiing

Før lovendringa 11 juni 1993 nr 83 kunne korkje advokatar, personar med inkassoløyve eller tilsette hos advokatar eller hos personar med inkassoløyve, møte i forliksrådet. No kan i utgangspunktet alle myndige personar møte som forliksfullmektig ved meklinga eller som prosessfullmektig under domsforhandlingane. Vilkåret for å kunne nytte ein fullmektig, er at parten sjølv ikkje har personleg møteplikt etter tvistemålslova § 278. Utvidinga av reglane om kven som kan møte som fullmektig i forliksrådet, innebar inga innskrenking i den personlege møteplikta. I rundskriv frå Justisdepartementet G-116/93 s 8 heiter det:

«En part som plikter å møte personlig til mekling, kan som utgangspunkt ikke ta med en hjelper, jf Tore Schei: Tvistemålsloven med kommentarer, bind II, Tano 1990, s 165 der det til tvistemålsloven § 284 heter:

«At meklingen holdes for lukkede dører, er etter dstl. § 129 ikke til hinder for at andre enn partene, f.eks. en slektning eller rådgiver får adgang. Om det skal tillates, må bero på et skjønn fra forliksrådets side i det enkelte tilfellet. Sentralt ved vurderingen må være om parten må antas å ha behov for å ha noen og rådføre seg med for å kunne ivareta sine interesser på en forsvarlig måte. ...»

At den ene parten møter ved advokat eller advokatfullmektig som forliksfullmektig, bør som utgangspunkt tale sterkt for at den andre parten gis adgang til å ha med en hjelper.»

3.9.2 Medhjelparar i forliksrådet

Reglane om bruk av medhjelparar i forliksrådet har i praksis vist seg å vere mangelfulle. I høyringsbrevet 6 mars 1996 tok departementet opp spørsmålet om å endre tvistemålslova i samsvar med den praksis som dei fleste forliksråda har følgd:

«Den indirekte reguleringen gjennom domstolloven § 129 av adgangen for partene til å ha med medhjelper under forliksmeklingen er

kunstig og forårsaker ofte misforståelser. Mange av misforståelsene skyldes at det ofte overses at utvidelsen i 1993 av kretsen av personer som kan møte som forliksfullmektig for forliksrådet, ikke gjorde innskrenkninger i utgangspunktet om at en part som er bosatt i forliksråds-kommunen, ved meklingen må opptre selv, jf tvistemålsloven §§ 278 og 280. Bestemmelsene må dessuten forstås slik at en part som møter personlig, ikke ved siden av seg kan ha en annen person som forliksfullmektig. Ved domsforhandling i forliksrådet og ved rettergang for andre domstoler er utgangspunktet at en part kan velge mellom å opptre selv, ved prosessfullmektig eller sammen med en prosessfullmektig, jf § 43. Dessuten har den særlige varslingsplikten for en part som ønsker å møte med advokat, medført at det oftere reises spørsmål om partenes adgang til å ha med seg hjelpere under meklingen. Det bør derfor trolig inntas en uttrykkelig bestemmelse om partenes adgang til å møte med medhjelpere under meklingen. Om rettslige medhjelpere ved domsforhandling i forliksrådet gjelder § 51.

Det viktigste spørsmålet ved utformingen av en egen regel om adgangen for partene til å ha med medhjelpere under forliksmeklingen, er om partene skal ha en ubetinget rett til å ha med en medhjelper, eller om forliksrådets samtykke skal være nødvendig. Den første løsningen vil være i samsvar med tvistemålsloven § 51. Den siste løsningen vil være i tråd med den løsning som i dag følger av den indirekte reguleringen gjennom domstoloven § 129.

Utvidelsen av kretsen av personer som kunne møte som fullmektig i forliksrådet ved lov 11 juni 1993 nr 83, var begrunnet i at forliksrådets behandling oftere kunne føre til resultater dersom mer profesjonelle grupper med sterkere tilknytning til partene ble sluppet til som fullmektig ved siden av lensmenn, andre hovedstevnevitner og hjelpestevnevitner. På grunn av innskrenkningene fra 1 august 1993 i lensmennenes adgang til å påta seg betalte fullmektigoppdrag var det dessuten påkrevet med en slik endring. Det var ingen målsetting at parter som møtte personlig, oftere skulle ha med seg en medhjelper, selv om varslingsplikten for den som ønsker å møte ved advokat, ikke sjelden fører til at også den annen part ønsker å møte med advokat.

Det naturlige syns å være å holde fast ved utgangspunktet om at forliksmeklingen skal være en personlig mekling mellom partene uten medhjelpere. For partene vil nok en fullstendig åpen adgang til å ha med seg en person som medhjelper dessuten ikke sjelden kunne medføre kostnader til liten nytte. Videre vil det nok i en del tilfeller kunne være gunstig at forliksrådet har adgang til å forsøke å mekle mellom partene uten medhjelpere selv om partene i utgangspunktet ønsket å ha medhjelpere til stede.

På denne bakgrunn foreslås at det i avsnittet om mekling i forliksrådet i tvistemålslovens kapittel om forliksrådene inntas en ny paragraf om adgangen for partene til å ha med seg medhjelpere under forliksmeklingen, der hovedregelen er at en part trenger forliksrådets tillatelse for å kunne gjøre dette

På samme måte som for den som ønsker å bruke advokat som forliksfullmektig, bør det trolig stilles opp en varslingsplikt for den som ønsker å bruke advokat som medhjelper.

Et særlig spørsmål oppstår dersom en part som ikke har personlig møteplikt, ønsker å møte sammen med en medhjelper. I enkelte slike tilfeller har parten erklært at enten møter medhjelperen som forliksfullmektig uten at parten er med, eller så møter begge to. Siden parter som bor utenfor forliksråds-kommunen ikke har møteplikt, og det krever forliksrådets tillatelse til å ha med en medhjelper, har en part ad-

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

gang til å stille forliksrådet og motparten overfor et slikt valg. Den enkleste løsningen er trolig uttrykkelig å tillate at parten som bor utenfor forliksrådskommunen, har med en medhjelper. Ønsker parten å bruke advokat, må det være samme varslingsplikt som ellers. At den ene parten på denne måten møter med en medhjelper, vil være et argument som taler for at også den annen part gis adgang til det.»

Den norske Dommerforening, Trondheim byfogdembeteog Samarbeidsutvalget for forliksråd og hovedstevnevitner i byenestør forslaget utan ytterlegare merknader. Andre av høyringsinstansane stør òg framlegget, men meiner at innhaldet bør gjerast lettare tilgjengeleg. Dette gjeld mellom anna *Forbrukarrådet* som ser positivt på nye reglar for medhjelparar. *Indre Follo heradsretter* samd i forslaget, og meiner «det bør arbeides vidare med å gjøre regelen om dette enklere og mer tilgjengelige for brukerne». Andre av høyringsinstansane meiner at forslaget er vanskeleg tilgjengeleg og set fram nye forslag. *Statens Innkrevingssentral* meiner at prosessfullmektigar bør få vere til stades under heile sakshandsaminga i forliksrådet. *Hålogaland lagmannsrett* meiner tida er inne for å opne heilt for at advokatar skal få rett til å møte i forliksrådet, jamvel under meklinga. Det same vert uttrykt av *Lensmannen i Fåberg*. *Den Norske Advokatforening* meiner at den personlege møteplikta bør opphevast og at ein bør få høve til å møte med advokat under meklinga. *Landsorganisasjonen i Norge* går mot forslaget og meiner at det bør vere fritt høve til å ha med ein medhjelpar under meklinga.

Departementet meiner for det første at det ikkje er tilrådeleg å gå vekk frå hovudregelen om personleg møteplikt i forliksrådet. Unntak frå den personlege møteplikta gjeld der ein part bur utanfor den kommunen der forliksrådet har møte, eller i tilfelle der ein part har gyldig forfall. Departementet meiner at det i einskilde høve kan vere ønskeleg for forliksrådet først å prøve å mekle mellom partane personleg før til dømes advokatane slepp til under domsforhandlinga. Departementet vil difor gjere framlegg om at høve til å ha med ein medhjelpar eller å la seg representere av ein forliksfullmektig, i utgangspunktet berre skal gjelde der partane ikkje har personleg møteplikt. Departementet viser i den samanheng til at ein part alltid kan la seg representere av ein fullmektig eller ha med ein medhjelpar under domsforhandlingane, jf § 288 a. Men når motparten møter med medhjelpar eller forliksfullmektig eller lar seg representere av ein forliksfullmektig under meklinga, tilseier rettferdsomsyn at parten sjølv kan møte med ein medhjelpar, og departementet gjer framlegg om det. Samstundes vert det òg laga ei opning for at forliksrådet i andre høve kan avgjere at ein part kan møte med ein medhjelpar dersom forliksrådet godkjenner dette. Slik godkjenning kan til dømes bli gjeven der parten treng nokon å støtte seg til under meklinga eller i andre høve der styrkeforholdet mellom partane er ulikt. Bruk av medhjelparar i slike høve kan gjere at partane sine syn vert betre opplyst, og såleis verke til at forliksrådet sine dommar vert materielt riktige.

Departementet viser elles til forslaget til endring i tvistemålslova § 279 og merknadene til forslaget i pkt 11 nedanfor. Framlegget er omforma noko i høve til framlegget i høyringsbrevet.

3.9.3 Varsling når ein av partane møter med advokat

Høyringsbrevet 6 mars 1996 uttrykte følgjande om ein part sin stilling når motparten møter med advokat:

«Tvistemålsloven § 279 annet ledd må antakelig forstås slik at en part som har adgang til å møte ved fullmektig, har rett til å bruke advokat som forliksfullmektig uten å ha varslet om det dersom den annen part allerede har varslet om at denne ønsker å bruke advokat som fullmektig. Hensynet til partenes følelse av en rimelig balanse dem imellom tilsier en slik tolkning. ... [D]et må videre kunne utledes at forliksrådet kan gi en part tillatelse til å ha med seg en advokat som medhjelper uten at forliksrådet eller motparten er varslet på forhånd, dersom motparten har varslet om at det fra dennes side vil møte en advokat som forliksfullmektig.

Disse spørsmålene volder ikke sjelden tvil i praksis og bør derfor avklares i loven. Med tanke på både spørsmålet om når en part kan møte ved advokat, og spørsmålet om når en part kan ha med seg en advokat som medhjelper, bør det av loven fremgå at en part (A) har rett til å møte med advokat uten forhåndsvarsel i følgende fire noe forskjellige tilfeller:

- Den annen part (B) har varslet om at denne vil bruke advokat som forliksfullmektig, og parten (A) har rett til å møte ved fullmektig. Vedkommende (A) må da i tilfelle selv ha rett til å bruke advokat som forliksfullmektig.
- Den annen part (B) har varslet om at denne vil bruke advokat som medhjelper, og parten (A) har rett til å møte ved fullmektig. Vedkommende (A) må da i tilfelle ha rett til å bruke advokat som forliksfullmektig.
- Den annen part (B) har varslet om at denne vil bruke advokat som medhjelper, mens parten (A) har plikt til å møte personlig. Vedkommende (A) må da kunne møte med en advokat (eller en annen som oppfyller vilkårene for å være forliksfullmektig) som medhjelper.
- Den annen part (B) har varslet om at denne vil bruke advokat som forliksfullmektig, mens parten (A) selv har plikt til å møte personlig. Vedkommende (A) må da kunne møte med en advokat (eller en annen som oppfyller vilkårene for å være forliksfullmektig) som medhjelper.»

Ingen av høyringsinstansane har særlege merknader til framlegget om varslingsplikt ved bruk av advokat som forliksfullmektig eller medhjelpar.

Departementet gjer etter dette framlegg om at ein part ikkje treng å varsle forliksrådet og motparten om at denne vil møte med advokat eller ein annen forliksfullmektig i høve der motparten allereie har varsla om at denne ønsker å bruke advokat. Framlegget er i samsvar med framlegget i høyringsbrevet 6 mars 1996. Departementet viser elles til framlegget til endring i tvistemålslova § 279 og § 288 a og merknadene til desse framlegga i pkt 11 nedanfor.

3.10 Utvida høve til hovudforhandling i munnlege saksførebuande møte

Saksførebuinga i ei sivil sak kan gå føre seg skriftleg, dvs ved utveksling av prosesskriv, eller munnleg. Munnleg saksførebuing ved herads- og byrettane går føre seg ved at begge partar vert kalla inn til eit saksførebuande møte. I dette møte vert rammene for den framtidige hovudforhandlinga trekte opp, partane presenterer såleis sine kravsgrunnar og prov og ein vil på grunnlag av dette kunne tidfeste hovudforhandlinga, setje av nok tid og kunne syte for at saka vert så godt opplyst til hovudforhandlinga at den vil kunne gjennomførast utan unødige forseinkingar.

Twistemålslova § 305 regulerer høvet til å avseie dom allereie etter eit slikt saksførebuande møte. Dette kan anten grunne seg på at partane vert samde, jf § 305 første leddet, eller at ein i visse høve går direkte over til hovudforhandling i det saksførebuande møtet, jf § 305 andre leddet. Som regel vil dette berre vere aktuelt der saka viser seg å være så godt opplyst at det framstår som unødvendig å halde eigen hovudforhandling seinare. Allereie når partane har gjort greie for sine kravsgrunnar og prov kan det for dommaren framstå som klart korleis saka bør løysast, eller at saka allereie er så godt opplyst som mogeleg på dei punkta som vil vere avgjerande. Det kan t d vere at søksmålet eller påstanden om frifinning viser seg å være heilt ugrunna, til belastning så vel for motparten som for rettsapparatet.

Twistemålslova § 305 andre leddet lyd etter endring 18 desember 1987 nr 97 slik:

«Dersom begge parter begjærer det og dommeren finner det ubetenkelig, kan hovedforhandling foregå i samme møte, enten uten bevisførsel eller med en bevisførsel som foregår med det samme. Det samme kan retten beslutte selv om en av partene motsetter seg det, når dommeren finner fremgangsmåten ubetenkelig, og partene er gjort oppmerksom på muligheten i innkallingen.»

Det er i alle høve eit vilkår at domaren finn det «ubetenkelig» å gå over til hovudforhandling i det saksførebuande møtet. Dagens reglar om direkte overgang til hovudforhandling føreset likevel at i alle fall ein av partane sluttar seg til ein slik framgangsmåte. Når begge partar motset seg ein slik framgangsmåte, er det såleis ikkje høve til direkte overgang, uansett kor opplagt saka måtte være.

I Ot prp nr 49 (1986-87), som låg til grunn for lovendringa i 1987, gjorde departementet framlegg om at siste punktum i andre leddet skulle lyde slik:

«Selv om ingen av partene begjærer det, kan det samme besluttes dersom partene i innkallingen er gjort oppmerksom på muligheten.»

Komiteen var ikkje samd i dette og uttalte i Innst O nr 21 (1987-88) på s 5:

«K o m i t e e n er ... i tvil om det er hensiktsmessig å lovfeste en adgang for retten til å bestemme di rekte overgang til hovedforhandling når begge parter motsetter seg dette.

K o m i t e e n antar at det som regel vil være betenkelig å beslutte direkte overgang til hovedforhandling når ingen av partene ønsker dette. Det vil neppe ofte være tilfelle at begge parter ønsker å trenere saken unødig. K o m i t e e n ser derfor ikke noe st ort behov for en slik regel ...»

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Departementet tok i høyringsbrevet 6 mars 1996 til orde for at framlegget frå 1987 burde takast opp på ny. Departementet la vekt på at det er vanskeleg å få tilslutning til direkte overgang til hovudforhandling utan at vedkomande part føler seg trygg på eit resultat i sin favør. Dette vil kunne gjere seg gjeldande sjølv om parten ønsker ei raskare og rimelegare handsaming. Retten vil vanskeleg kunne gje uttrykk for sitt syn før dommen vert avsagd, og advokatane til partane vil gjerne òg måtte ta sine atterhald når dei gjev råd til sin klient. Departementet ville såleis ikkje sjå vekk i frå at ei endring av § 305 vil kunne gje domstolane eit tenleg verkemiddel til av eige tiltak kunne påskunde handsaminga av enkle saker. Ved å halde munnleg saksførebuande møte i saker som kan tenkjast å falle inn under denne kategorien, vil domstolen få klarlagt om saka er slik at det er «ubetenkelig» å halde hovudforhandling straks. I høyringsbrevet heitte det om dette:

«Etter partenes redegjørelser for sine anførsler og bevilstilbud kan det bli klart for retten hvilket resultat saken vil få eller hvilke tvistepunkter eller bevilstilbud som kan eller vil bli avgjørende. I noen tilfeller vil det f eks kunne bli klart for dommeren at en part, om dennes anførsler om faktiske forhold enn fullt ut legges til grunn, vil tape saken. Et annet eksempel kan være at dommeren klart ser at bare bestemte tvistepunkter er avgjørende for saksutfallet, og at bevisene som tilbys og som kan få betydning for disse tvistepunkter, er for hånden. Til en viss grad forekommer også åpenbart grunnløse søksmål eller åpenbart grunnløse frifinnelsespåstander, til belastning for såvel motparten som domstolen, uten at domstolen har noen egnet mulighet til å avvikle slike saker raskt av eget tiltak.»

Høyringsinstansane har ulike syn på dette spørsmålet. *Trondheim byrett, Den norske Dommerforening, Regjeringsadvokaten, Trondheim byfogdembeteog Statens Innkrevingssentral* stør framlegget. *Dommerforeningen* gjev uttrykk for at ei slik endring vil setje domstolane i stand til å påskunde ei sak når dette er forsvarleg. *Trondheim byfogdembete* tek òg til orde for at dommarane bør kunne gje tilkjenne sitt førebelse syn på saka. *Trondheim byrett* uttaler at det allereie i dag er eit alternativ å innkalle til hovudforhandling samstundes som det saksførebuande møtet, men at det vil være meir tilfredsstillande å få ein slik uttrykkeleg regel som departementet har foreslått. Dette vil avklare tvil med omsyn til kva fullmakter dommaren har der denne finn dette tenleg og forsvarleg.

Hålogaland lagmannsrett, Oslo byrett, Den Norske Advokatforening, Finansieringsselskapenes Foreningog Forbrukarrådet går i mot framlegget. Oslo byrett og Hålogaland lagmannsrett uttaler at det ikkje er tilstrekkeleg grunn til å gå bort i frå den ordninga som Stortinget vedtok i 1987. *Hålogaland lagmannsrett* uttaler at det i praksis venteleg vil være svært sjeldan at det er «ubetenkelig» å gå direkte over til hovudforhandling mot begge partane sin vilje. Denne høyringsinstansen peikar dessutan på at sakshandsaminga ikkje berre må vere forsvarleg, men òg opplevast slik av partane. Om den tapande part sitt med det inntrykk at saka ikkje vart forsvarleg handsama, kan vedkomande lettare kome til å anke dommen. *Den Norske Advokatforening* tek til orde for at regelen snarare bør endrast attende til slik den var før 1987, dvs slik at begge partar må samtykke for at direkte overføring til hovudforhandling skal kunne skje. Denne høyringsinstansen uttaler vidare at:

Om lov om endringar i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

«For prosessfullmektigene - og til dels også for partene - vil det ligge en vesentlig ulempe i at man ved innkalling til muntlig saksforberedelse alltid vil måtte være forberedt på muligheten av det angjeldende rettsmøtet vil kunne utvikle seg til en full hovedforhandling. Det innebærer at saken i praksis må forberedes fullt ut, såvel mht. bevis som mht. rettsstoff. En slik forberedelse vil i enkelte tilfeller kunne gå utover viljen til å forlike saken, bl.a. som følge av de kostnadene som vil medgå.

Særlig tatt i betraktning at såkalt «rettsmegling» er en aktuell tanke i tiden, synes det på sin plass å anføre at det vil kunne være lette for partene å møte med et mer «åpent sinn» med tanke på rettsmegling og forlik, hvis de ikke samtidig må være forberedt på å gjennomføre en full hovedforhandling».

Forbrukarrådet og Finansieringsselskapenes Forening uttaler òg at advokatar kan kome til å legge ned mykje arbeid før eit førebuaende møte for å vere på den sikre sida, noko som kan gjere rettshjelpa uforholdsmessig dyr.

Når det gjeld vilkåret om varsling i innkallinga om at saka kan verte overført til hovudforhandling, gjev Den Norske Advokatforening uttrykk for at dette i seg sjølv ikkje bør tilleggjast noka vekt, då dette berre vil verte ei standardformulering, som i praksis vil stå i alle innkallingar til saksførebuaende møter. Forbrukarrådet uttaler at fleire av dei negative sidene ved framlegget kanskje vil kunne avhjelpast dersom slikt varsel berre vert gjeve i unntakstilfelle der «det må antas å kunne bli aktuelt».

Departementet meiner at framlegget bør følgjast opp. Sjølv om det neppe vil vere aktuelt i eit stort tal med saker vil utvida høve til å gå direkte over til hovudforhandling kunne gje domstolane eit veleigna verkemiddel for å korte ned sakshandsamingstida. Prosessreglane bør ikkje leggje til rette for ein rettergang som er for vidløftig i høve til den einskilte saka sin karakter.

Prinsippet om at ein part skal få høve til å leggje fram saka si i ei hovudforhandling vil gjelde òg ved direkte overføring. Retten vil i det heile måtte leggje vekt på kva partane meiner om spørsmålet når den tek stilling til om overføring er «ubetenkelig».

Departementet merkar seg at domstolane som har gjeve høyringsfråsegn, har ulike oppfatningar. I kva grad dommarane engasjerer seg i sjølve saksførebuinga, kan variere frå dommar til dommar. Departementet ser det som viktig at domstolane vert gjevne tenlege reiskapar til å unngå unødige tidsbruk og unødige kostnadskrevjande prosessar. Utviding av høvet til direkte overgang til hovudforhandling vil etter departementets vurdering vere eit slikt tiltak. Departementet tykkjer nokre av høyringsinstansane overdriv otta for at advokatane vil leggje ned vesentleg meir arbeid før eit slikt møte. Hovudføremålet med det munnlege saksførebuaende møtet vil framleis vere å leggje rammene for saka, ikkje å få avslutta den. Departementet har heller ingen grunn til å tru at domstolane vil nytte overgang til hovudforhandling i andre saker enn der tilhøva ligg til rette for ei slik handsaming.

Departementet kan ikkje sjå at endringa vil gjere det vanskelegare å kome fram til eit forlik. Å få partane til å inngå forlik vil kunne vere prioritert på alle stadia i ei sak, heilt fram til saka vert teken opp til doms ved slutført hovudforhandling. Ved såkalla rettsmekling, som etter forskrift 13 desember 1996 er ei forsøksordning ved åtte domstolar, vert det mekla utanfor rettsmøte. I eit

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

slikt møte er det ikkje aktuelt å avseie dom, og rettsmeklaren kan som hovudregel heller ikkje dømme i saka seinare om meklinga ikkje fører fram, jf forskrifta § 7.

Når det gjeld spørsmålet om varslings, er departementet samd med dei høyringsinstansane som gjev uttrykk for at automatisk varslings har lite føre seg. I kor stor del av dei munnlege saksførebuingsmøta det kan verte aktuelt med direkte overføring til hovudforhandling, vil likevel ha samanheng med kor ofte dette vert brukt i staden for skriftleg saksførebuings ved vedkomande domstol. Det bør ikkje visast til overføringsadgangen i innkallinga om ikkje dette for dommaren framstår som ei løysing som lett vil kunne verte aktuell. Departementet ser det ikkje som nødvendig å presisere dette i sjølve lovteksten. Men departementet føreset at dommaren tek omsyn til ein part som med rimeleg grunn set seg imot direkte overføring.

Departementet viser elles til framlegget til endring av tvistemålslova § 305 og merknadene til dette i pkt 11 nedanfor.

3.11 Utviding av området for obligatorisk forenkla rettergang

Reglane om forenkla rettergang gjeld i gjeldssaker der tvistegjenstandens verdi ikkje er større enn 20 000 kroner. Dette gjeld sjølv om partane ikkje har avtalt at forenkla rettergang skal gjelde, jf tvistemålslova § 322 fjerde leddet som vart vedteken ved lov 24 august 1990 nr 54 og lyder:

«Gjeldssaker der tvistegjenstandens verdi ikke overstiger 20 000 kroner behandles ved forenklet rettergang selv om partene ikke har avtalt det. § 1 tredje ledd annet punktum og §§ 9 til 16 gjelder tilsvarende. Kravet behandles likevel ved alminnelig rettergang dersom det etter regler i kapittel 5 eller 6 skal behandles i samme sak som krav som skal behandles ved alminnelig rettergang».

I høyringsbrev 6 mars 1996 gjorde departementet framlegg om at «gjeldssaker» skulle endrast til «saker om formuesverdier» og at den forelda tilvisinga til § 1 skulle sløyfast. Bakgrunnen for at det ved lovendringa i 1990 vart vedteke at ordninga berre skulle gjelde for gjeldssaker, var at det i andre saker om formuesverdier kunne vere vanskeleg å fastslå kva som er søksmålssummen. På dette tidspunktet inngjekk dessutan uttrykket «gjeldssaker» ved fastlegginga av forliksråda sin kompetanse til å avseie dom. Uttrykket gjeldssaker har tradisjonelt vorte forstått slik at alle skyldnader til å einsidig betale pengar vart omfatte. Av tvistemålslova § 1 tredje ledd gjekk det likevel fram at krav om skadebot utanfor kontrakt ikkje skulle reknast som gjeldssak. Etter at tvistemålslova § 1 tredje leddet vart oppheva ved lov 11 juni 1993 nr 83, viser såleis § 322 til ei oppheva lovføresegn. Uttrykket «gjeldssaker» i § 322 må etter alt å dømme likevel tolkast slik at krav om skadebot utanfor kontrakt ikkje er omfatta.

Ei presisering av lovteksten med omsyn til kva «gjeldssaker» skal omfatte, bør i alle fall gjerast. I høyringsbrevet gjekk departementet lenger og uttalte:

«Det kan imidlertid spørres om ikke kriteriet «gjeldssaker» heller bør erstattes av kriteriet «saker om formuesverdier». Det siste kriteriet benyttes også i § 1 i fastleggelsen av forliksrådets domskompetanse og i §§ 356 og 357 i reglene om ankesum. Kriteriet «gjeldssaker» brukes i dag bare i § 322 fjerde ledd. En slik endring vil derfor innebære en for-

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

enkling av tvistemålslovens begrepsapparat. Problemet med at det i andre saker om formuesverdier enn gjeldssaker kan være vanskelig å fastslå tvistegjenstandens verdi, er ikke stort. Dersom det er tvil om tvistegjenstandens verdi er over eller under 20 000 kroner, kan dommeren unngå problemet ved å unnlate å benytte noen av de forenklinger som etter § 322 a er tillatt i de saker der reglene om forenklet rettergang gjelder.»

Høyringsinstansane er gjennomgåande positive til framlegget. *Den Norske Advokatforening* har ingen merknader til «den beskjedne endringen». *Hålogaland lagmannsrett*, *Oslo byrett*, *Trondheim byrett*, *Den norske Dommerforening*, *Finansieringsselskapenes Forening* og *Forbrukerrådet* støtt framlegget. *Hålogaland lagmannsrett* er samd i at «gjeldssaker» bør sløyfast som vilkår, sjølv om dette fører til ei utviding av området for forenkla rettergang. *Oslo byrett* legg vekt på at med den valfridom som retten har med omsyn til kva forenklingar som skal gjerast er det «ubetenkelig» å utvide området for forenkla rettergang. *Dommerforeningen* er òg samd i framlegget, men gjev uttrykk for at det dreier seg om ei radikal utviding av området for forenkla rettergang, utan at dette synes nærare vurdert. *Forbrukarrådet* uttaler:

«Som utgangspunkt er det positivt at flest mulig av de enkle og mindre sakene skal behandles ved forenklet rettergang. Dette pga. at dette må antas å utgjøre en praktisk og prosessøkonomisk fordel for alle parter:»

Departementet meiner at framlegget bør følgjast opp og viser til grunngjevinga i høyringsbrevet, som er referert ovanfor. Elles vert det vist til framlegget om endring av tvistemålslova § 322 og merknadene til dette i pkt 11 nedanfor.

3.12 Sakshandsaminga ved fremming av anker under ankesummen

3.12.1 Innleiing

Når ein anke gjeld ein formuesverdi under 20 000 kroner, kan anke til lagmannsretten ikkje handsamast utan at førstelagmannen først gjev sitt samtykke til dette, jf tvistemålslova § 356. Etter tvml § 359 andre leddet skal søknad om samtykke, saman med anken, gjevast inn til den domstolen som har avsagt dommen det vert anka over. Anken vert på dette stadiet ikkje forkynt for motparten, og denne vert heller ikkje beden om å kome med tilsvaer, men skal få høve til å uttale seg før eit eventuelt samtykke vert gjeve. Søknaden og dokumenta i saka vert deretter sendt til lagmannsretten som avgjer om samtykke skal gjevast eller ikkje. Det er då førstelagmannen, eller den av lagmennene som førstelagmannen etter domstollova § 11 har delegert kompetansen til, som avgjer søknaden. Først etter at eit samtykke er gjeve, vert anken forkynt for motparten og denne vert beden om gje inn tilsvaer.

Dersom den parten som ankar, anten meiner at saka ikkje utelukkande gjeld formuesverdiar, eller at verdien på ankejenstanden er høgare enn 20 000 kroner, lyt anken handsamast på vanleg måte, dvs med tre dommarar, som lyt avgjere om det ligg føre ankerett. Gjer det ikkje det, er det førstelagmannen (eller ein annan lagmann, jf ovanfor) som skal treffe avgjerd om ankesamtykke.

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Agder lagmannsrett tok i brev 25 mars 1993 og 20 desember 1993 til orde for ulike endringar i reglane om handsaming av søknader om ankesamtykke. Framlegga bygde på drøftingar og vedtak på to nasjonale lagmannsmøter.

3.12.2 Handsaming av søknader om ankesamtykke

Agder lagmannsrett gjorde i brevet 25 mars 1993 framlegg om at kompetansedelinga mellom lagmannsretten og lagmannen med omsyn til avgjerd av om ankesamtykke skal gjevast, bør opphevast. I brevet heitte det:

«Ankesamtykkeordningen er ihvertfall for lagmannsrettene på flere måter mindre hensiktsmessig. Dette har sammenheng [med] at lovens ordning innebærer en kompetansedeling mellom lagmannen og lagmannsretten. Søknaden om samtykke bør avgjøres av tre av lagmannsrettens dommere idet dette spørsmål har nær sammenheng med om anken skal avvises på grunn av ankegjensstandens verdi. Det vises til at avvisning ikke kan foretas av en dommer alene etter tvistemålslovens § 166. For de tilfeller der samtykke blir gitt, er det unødvendig tungvint at saken skal sendes tilbake til underinstansen til fortsatt forberedelse med forkynnelse av ankesamtykket og rettsmidlerklæringen og fastsettelse av tilsvarsfrist. En bedre ordning ville ha vært at motparten innga tilsvaret samtidig med uttalelse om samtykkespørsmålet.

... Ikke sjelden er situasjonen at den ankende part prinsipielt gjør gjeldende at ankesumsgrensen er oppfylt og subsidiært søker om ankesamtykke. Slike tilfeller er blitt særlig aktuelle etter at unntaket fra ankesumskravet for fast eiendom i tvistemålslovens § 256 annet punktum ble opphevet i 1986. Denne endringen har medført at partene ikke sjelden tvistes om ankegjensstandens verdi i saker som gjelder fast eiendom og at lagmannsretten må ta stilling til en påstand fra motparten om avvisning av anken eller begjæringen om overskjønn på dette grunnlag. Loven gir ingen anvisning på hvordan saken skal behandles når det er uenighet om ankegjensstandens verdi og det subsidiært søkes om ankesamtykke. I praksis forkynnes ankeerklæringen straks for motparten som om det ikke forelå en begjæring om ankesamtykke. Lagmannsretten kan videre stille ankesamtykkesøknaden i bero inntil det er avgjort om kravet til ankesum er oppfylt, jfr. Rt. 1990 s. 352. Ved Agder lagmannsrett går man frem på den måten at tre lagdommere treffer beslutning om ankesumsgrensen er oppfylt. Hvis beslutningen går ut på at så ikke er tilfelle, går saken til førstelagmannen som avgjør om anken likevel skal fremmes. Kommer lagmannen til at samtykke ikke skal gis, går saken tilbake til de tre lagdommere som avsier kjennelse om avvisning av saken.

Spørsmålet om ankesumsgrensen er oppfylt og om ankesamtykke skal gis kan oppstå også under anke- eller overskjønnsforhandlingen. Det kan være at verken partene eller retten har tenkt på spørsmålet tidligere og at dette først oppstår når partene og retten er på stedet. Situasjonen kan videre være at saksforberedende dommer har funnet at ankesumsgrensen er oppfylt og besluttet å fremme saken, mens den dømmende rett, som etter tvistemålslovens § 94 er ubundet av denne beslutning, er kommet til at dette ikke er tilfelle. Det kan også tenkes at saksforberedende dommer ikke har tatt stilling til verdispørsmålet og utsatt spørsmålet til hovedforhandlingen. Etter tvistemålslovens § 358 fjerde ledd jfr. § 16 annet ledd skal saken som regel fremmes når hovedforhandlingen er påbegynt, selv om den dømmende rett finner

at ankesumsgrensen ikke er oppfylt. Det vil kunne være grunn til unntak fra denne hovedregel, særlig i de tilfeller der det under saksforberedelsen har vært omtvistet om ankegjensstandens verdi når opp i det nødvendige beløp. Hvis den dømmende rett i tilknytning til hovedforhandlingen beslutter å avvise saken på grunn av at ankesumsgrensen ikke anses oppfylt og den ankende part deretter på stedet søker om samtykke etter tvistemålslovens § 356, vil saken først kunne avsluttes etter at lagmannen har tatt stilling til søknaden. Hvis ikke lagmannen selv er medlem av den dømmende rett eller på annen måte er direkte tilgjengelig for den dømmende rett, kan det ta tid før saken endelig er avgjort. Dersom samtykke blir gitt må forhandlingene i et slikt tilfelle gjenopptas. En mulig løsning kan være at lagmannen, i de tilfelle der det under saksforberedelsen er klart at ankesamtykkespørsmålet kan bli reist, på forhånd treffer beslutning om hvorvidt saken skal fremmes dersom den dømmende rett finner at ankegjensstandens verdi ikke fyller ankesumskravet. Også for slike tilfeller som her nevnt, ville det være en fordel om samtykkespørsmålet straks kunne avgjøres av medlemmene av den dømmende rett.

Jeg kan ikke se at den foreslåtte endring skulle innebære betenkeligheter. Til fordel for den någjeldende ordning kan det riktignok anføres at man er sikret en mer ensartet praksis ved at lagmannen avgjør samtykkespørsmålet. Noen ensartet praksis på landsbasis oppnår man imidlertid ikke. Det kan forøvrig vises til at for anker til Høyesterett er det kjæremålsutvalget og ikke justitiarius som avgjør søknadene. Det kan også være grunn til å sammenligne med den foreslåtte ordning fra To-instans-utvalget i NOU 1992: 28 om «siling» av anker til lagmannsretten i straffesaker og til å påpeke at silingen skal foretas av lagmannsretten med vanlig bemanning. - Til fordel for den någjeldende ordning kan det anføres at motparten ikke behøver å avgi tilsvaret før samtykkespørsmålet er avgjort og således kan bli spart for bortkastet arbeid dersom samtykke nektes. Motparten må imidlertid likevel i stor utstrekning gå inn på de spørsmål anken reiser i den uttalelse han avgir om samtykkespørsmålet, og det vil i alminnelighet neppe medføre noe vesentlig merarbeid å utarbeide et fullstendig tilsvaret.

Agder lagmannsrett sette deretter fram nokre konkrete endringsframlegg som departementet i høyringsbrevet 6 mars 1996 vurderte som fornuftige. Departementet uttalte i denne samanheng at det ikkje lenger er eit like sterkt praktisk behov for endringa i og med at førstelagmannen etter lovendring 2 juni 1995 nr 26 kan delegere kompetansen til lagmennene, men at samanhengen mellom avvisningsspørsmålet og ankesamtykkespørsmålet likevel taler for slike endringar som Agder lagmannsrett gjorde framlegg om. Departementet tok òg til orde for at eventuelle endringar bør gjelde ved anke til Høgsterett.

Alle høyringsinstansane som uttaler seg er positive til framlegget. *Agder lagmannsrett, Borgarting lagmannsrett, Hålogaland lagmannsrett, Oslo byfogdembete, Oslo byrett, Trondheim byrettsog Den norske Dommerforening* stør såleis framlegget. *Trondheim byrett* uttaler at eit tilsvaret vil gje eit betre grunnlag for å ta stilling til spørsmålet om ankesamtykke, sjølv ankemotparten vil kunne verte påført meir arbeid når vedkomande lyt gje inn tilsvaret, ikkje berre ei eventuell fråsegn til ein søknad om samtykke. Denne høyringsinstansen etterlyser òg ein eigen regel om sakskostnader for dei tilfelle at samtykke vert nekta og uttaler:

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

«Når regelen blir at ankemotparten pålegges å inngi tilsvaer når den ankende part er avhengig av samtykke, så bør det kanskje gis en omkostningsregel som uttrykkelig fastsetter at ankemotparten har krav på saksomkostninger dersom samtykke ikke blir gitt».

Den norske Dommerforening uttaler at:

«Vi er enige i at det i rene samtykkesaker er tungvint at ankemotparten ikke får forkynt anken sammen med begjæringen om samtykke, og ikke inngir tilsvaer samtidig med uttalelse til samtykkespørsmålet. Vi vil imidlertid peke på at den foreslåtte endringen vil kunne bety økte omkostninger for den som ikke får samtykke - antagelig det vanligste i praksis - fordi han også må dekke utgiftene til utarbeidelse av tilsvaer. Dette kan på den annen side ha en preventiv effekt mot ubegrunnede samtykkesøknader.»

Hålogaland lagmannsrett kan ikkje sjå at behovet for ei endring har vorte merkbart mindre etter lovendringa i 1995 og kjem dessutan med visse framlegg til forenkling i §§ 359 og 370, mellom anna at søknad om ankesamtykke skal setjast fram i sjølve ankeerklæringa, ikkje berre saman med denne.

Den Norske Advokatforening har ingen merknader til dei endringane det er gjort framlegg om, men peikar på at tilsvarende endringar kanskje bør innførast ved søknad om direkte anke til Høgsterett etter tvistemålslova § 6 andre leddet.

Departementet meiner at framlegga i høyringsbrevet i hovudsak bør følgjast opp og viser til grunngjevinga i brevet frå Agder lagmannsrett, sjå ovanfor. Departementet går inn for at dei endra sakshandsamingsreglane òg skal gjelde for anker til Høgsterett der verdien på ankegjensstanden gjer ankesamtykke nødvendig. Ved søknader om direkte anke til Høgsterett bør derimot den tidlegare sakshandsamingsregelen haldast oppe. Det vil verke kompliserande om ein søknad om samtykke til direkte anke skulle utløyse plikt til å gje inn tilsvaer til Høgsterett. I motsetning til lagmannsretten skal kjærsmål-utvalet ved søknad om direkte anke berre ta stilling til dette spørsmålet, ikkje sjølve avvisingsspørsmålet. Om samtykke ikkje vert gjeve, skal anken derimot handsamast av lagmannsretten på vanleg måte. Tvistemålslova § 6 bør såleis endrast slik at den tidlegare regel i § 359 andre leddet vert førd vidare der. Departementet er vidare samd med Hålogaland lagmannsrett i at søknad om ankesamtykke bør setjast fram i sjølve ankeerklæringa og at det då heller ikkje vert nødvendig med ei så omfattande endring av § 370 som det vart gjort framlegg om i høyringsbrevet. Når det gjeld sakskostnader, kan departementet derimot ikkje sjå at det skulle vere behov for ein særregel for det tilfelle ein anke vert avvist pga manglande ankesamtykke i høve til tilfelle der ein anke vert avvist av andre grunnar. Regelen i tvistemålslova § 175 første ledd vil dermed gjelde.

Departementet viser elles til framlegga om endring av tvistemålslova §§ 6, 356, 359 og 370 samt merknader til framlegga i pkt 11 nedanfor.

3.12.3 Ankesumskravet i saker om fast eigedom

Etter lovendring 27 juni 1986 nr 48 er ikkje lenger saker som gjeld fast eigedom unntatt frå den alminnelege verdigrensa for anke. I slike saker kan vil det gjerne vere vanskeleg å vite kva verdi som skal leggjast til grunn. På bakgrunn

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

av brev frå Agder lagmannsrett 20 desember 1993 til departementet vart det i høyringsbrevet 6 mars 1996 difor sett fram ulike framlegg til endringar som vil kunne lette arbeidet for ankedomstolane. Departementet gjorde for det første framlegg om at tvistemålslova § 16 første ledd skulle endrast slik at ei sak som ikkje fyller kravet til ankesum likevel «kan fremmes» der dette ikkje vert klart før etter at ankeforhandlinga har teke til. Slik føresegna lyd i dag «skal saken som regel fremmes». Departementet gjorde vidare framlegg om at dommaren i førsteinstans skal gje rettleiande fråsegn om verdispørsmålet.

Når det gjeld spørsmålet om endring av tvistemålslova § 16 hadde Agder lagmannsrett i sitt brev teke til orde for å oppheve § 16 første ledd. I brevet heitte det:

«Det har vist seg vanskelig å praktisere verdigrensen på en effektiv måte. Det som ofte skjer, er at ankende part argumenterer med at retten må på stedet for å få et riktig inntrykk av tvistegjenstandens verdi. Det er vanskelig å avvise en slik anmodning når verddivurderingen beror på skjønn. Spørsmålet om å avvise anken blir da gjerne utsatt til ankeforhandlingen. Men da bestemmer tvistemålslovens § 16 at saken som hovedregel skal fremmes selv om anken skulle ha vært avvist fordi verdien av tvistegjenstanden viser seg å være for lav.

...
Lagmennene mener [...] at tvistemålsloven § 16 første ledd bør oppheves; utgangspunktet bør være avvisning når kravet til ankesum ikke er oppfylt, og loven bør ikke fastslå det motsatte som hovedregel.»

Grunnen til at departementet i høyringsbrevet gjekk inn for ei mellomløyising i høve til framlegget frå Agder lagmannsrett, var at det kan vere behov for at retten har ein viss fleksibilitet. Dette er særleg viktig der Høgsterett er den dømmende rett, medan kjæremålsutvalet eventuelt må gje ankesamtykket.

Framlegget om rettleiande fråsegn frå dommaren i førsteinstans hadde òg sin bakgrunn i framlegg frå Agder lagmannsrett, som igjen viste til den ordninga som tidlegare gjaldt ved jordskifte. I høyringsbrevet heitte det:

«Tidligere hadde jordskifteloven § 17 en bestemmelse om at jord skifteretten i dommer skulle «seie frå om han meiner tvisten gjeld meir enn 2.000 kr.», som den gangen var kravet til ankesum for anke fra jordskifteretten til lagmannsretten. Ved endringer ved lov 17 juni 1988 nr 59 ble denne regelen erstattet av en regel i § 63 annet ledd om at jordskifterettens formann ved oversendelse av ankesaken til lagmannsretten skulle « seie frå dersom han meiner at kravet til ankesum ikkje er oppfylt » . Denne regelen ble sløyfet ved de omfattende endringene i rettsmiddelreglene i jordskifteloven ved lov 7 juni 1991 nr 25 slik at « [o]gså på dette punkt vert ordninga den same som ved anke til lagmannsrett elles » , jf Ot prp nr 38 (1990-91) side 27 til § 63 avsnitt 3.

En god regel synes å være at underinstansen ved oversendelse av ankesaken til ankeinstansen skal si fra om den mener at kravet til ankesum ikke er oppfylt. Underinstansen vil gjennomgående ha bedre forutsetninger for å gjøre seg opp en mening om verdien enn ankeinstansen. Underinstansen skal dessuten i utgangspunktet advare en ankende part mot anker som ikke oppfyller kravet til ankesum, jf § 369, og vil derfor i enkelte tilfeller allerede ha gjort seg opp en mening om ankegjenstandens verdi.»

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Departementet sendte på høyring eit framlegg om innføringa av varslingsplikt i tvistemålslova § 372, som òg gjeld for anker over jordskifte, samt framlegg om ei tilsvarende endring i skjønnsprosesslova § 33 a.

Agder lagmannsrett hadde òg teke til orde for at den ankande part burde påleggjast å sannsynleggjere at kravet til ankesum er oppfylt, og viste til at det etter gjeldande rett skal mykje til før retten kan sjå vekk i frå parten sine pretensjonar på dette punkt. Departementet slutta seg i høyringsbrevet ikkje til dette framlegget og viste til at regelen i tvistemålslova § 15 første leddet vil gje ein naturleg innfallsvinkel for ankedomstolen. Etter denne føresegna skal retten leggje til grunn den verdi som den ankande part opplyser, om ikkje retten finn at denne er feil.

Alle høyringsinstansane som uttaler seg om spørsmåla, stør framlegga om endring av regelen om fremming av sak etter at ankeforhandlinga her teke til og framlegget om varslingsplikt. Desse er *Agder lagmannsrett*, *Borgarting lagmannsrett*, *Hålogaland lagmannsrett*, *Oslo byrett*, *Trondheim byrett*, *Trondheim byfogdembete* og *Den norske Dommerforening*. Til spørsmålet om den ankande part skal måtte sannsynleggjere at kravet til ankesum er oppfylt, er det berre *Agder lagmannsrett* som uttaler seg. Denne høyringsinstansen uttaler at dei:

«... mener som tilkjennegitt tidligere at ankende part bør kunne pålegges å sannsynliggjøre at kravet til ankesum er oppfylt.

Ankende part fremsetter ofte helt urealistiske angivelser av tvistegjenstandens verdi. Under saksforberedelsen er det vanskelig å sette partenes angivelse til side, jfr. om de nokså strenge betingelsene for dette Rt. 1990 s. 352. Når det kommer til ankeforhandling, fører bestemmelsen i tvistemålsloven § 16 lett til at det blir realitetsbehandling og dom uansett. Og selv om anken avvises da, er tidstap og omkostninger allerede påløpt både for retten og partene. Det er vår oppfatning at slik lovordningen og praksis er nå, er ankesumbegrensningen langt på vei uten praktisk betydning ved anke som gjelder fast eiendom og ved overskjønn.»

Departementet meiner at framlegga om endring av tvistemålslova § 16 samt varslingsplikt for domstolen som er førsteinstans, bør følgjast opp, og viser i den samanheng til grunngjevinga i høyringsbrevet, sjå ovanfor. Departementet gjer ikkje framlegg om at ein part skal måtte sannsynleggjere at kravet til ankesum er oppfylt. Om dokumentasjon vert lagt fram eller ikkje, vil i alle høve kunne vere eit viktig moment når ankedomstolen skal ta stilling til om verdsetjinga er feil. Ankedomstolen står i denne samanheng fritt til å be den ankande part om å kome med tilleggsopplysningar.

Departementet viser elles til framlegga om endring av tvistemålslova §§ 16 og 372, samt skjønnsprosesslova § 33 a og merknader til forslaget i pkt 11 nedanfor.

3.13 Ankeordninga etter tvistemålslova kapittel 33

Departementet gjorde i høyringsbrevet 6 mars 1996 framlegg om å endre ankeordninga etter tvistemålslova kapittel 33. Dette kapittelet gjeld for saker som etter «særskilt lovføresegn» kan reisast mot offentlig styresmakt til overprøving av administrative tvangsinngrep, jf tvistemålslova § 474. Slike lovføresegner finst i:

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

- lov 28 april 1961 nr 2 om psykisk helsevern (jf utkast til § 7-1 i Ot prp nr 11 (1998-99) til lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern)
- lov 13 desember 1991 nr 81 om sosiale tjenester m v § 9-10
- lov 17 juli 1992 nr 100 om barneverntjenester § 7-1 bokstav i jf lov 13 desember 1991 nr 81 om sosiale tjenester m v § 9-10 og
- lov 5 august 1994 nr 55 om vern mot smittsomme sykdommer § 5-9 jf lov 13 desember 1991 nr 81 om sosiale tjenester m v § 9-10.

Etter tvistemålslova § 485 går anker over herads- eller byrettens avgjerder etter tvistemålslova kapittel 33 direkte til Høgsterett. I og med at lagmannsretten er ankeinstans etter sosialtjenestelova § 9-10, er det likevel berre for avgjerder etter psykiatrilovgjevinga at Høgsterett er direkte ankeinstans. I høyringsbrevet gjorde departementet framlegg om at tvistemålslova § 485 skulle endrast slik at lagmannsretten generelt skal vere ankeinstans etter tvistemålslova kapittel 33.

Bakgrunnen for endringa var at Høgsterett i brev til Justisdepartementet 18 juni 1987 tok til orde for at ordninga med direkte anke til Høgsterett etter tvistemålslova kapittel 33 burde avskaffast. Grunnngjevinga til Høgsterett var at føring av bevis for denne i stor grad vil skje middelbart, altså ikkje direkte for Høgsterett, noko som tilseier at Høgsterett vil vere varsam med å fråvike førstestinstansen si bevisvurdering. Høgsterett hadde først og fremst barneverns-sakene i tankane, sjølv om framlegget var generelt utforma. På bakgrunn av desse synspunkta frå Høgsterett og seinare lovendringar på dei fleste rettsområde der reglane i tvistemålslova kapittel 33 vil gjelde, gjorde departementet såleis framlegg om at ordninga med direkte anke til Høgsterett etter § 485 vert avskaffa.

Alle høyringsinstansane som uttaler seg om spørsmålet står framlegget. Desse er *Sosial- og helsedepartementet, Statens helsetilsyn, Borgarting lagmannsrett, Hålogaland lagmannsrett, Oslo byrett, Trondheim byrett, Regjeringsadvokaten, Den norske Dommerforening og Den Norske Advokatforening. Statens helsetilsyn* uttaler at framlegget truleg vil:

«... styrke rettssikkerheten til de som er utsatt for tvangsinngrep at anke går til lagmannsretten. En slik endring vil også innebære mulighet til overprøving i et ekstra ledd..».

Departementet meiner at framlegget bør følgjast opp og viser til grunnngjevinga i høyringsbrevet, jf ovanfor.

Departementet viser elles til forslaget til endring av tvistemålslova § 485 og merknader til dette i pkt 11 nedanfor.

4 Endringar i tvangsfullføringslova m m

4.1 Sal av motorvogner m m etter lov om salsrett for handverkarar

Sal etter lov 29 mai 1953 nr 1 om rett for handverkarar o a til å selje ting som ikkje vert henta skal etter § 5 i lova skje på forsvarleg måte. Føreseigna vil gjelde tilsvarende for sal etter visse andre lover, jf mellom anna vegtrafikklova (lov 18 juni 1965 nr 49) § 37 femte leddet og handverkartenestelova (lov 16 juni 1989 nr 63) § 47 andre leddet. Før lova vart endra ved tvangsfullføringslova 1992, gjekk det fram av denne føreseigna at sal som hovudregel skulle skje ved offentlig auksjon. Det vart såleis vist til auksjonslova 1918 (lov 14 august 1918 nr 3) § 1 som igjen viste til reglane om tvangsauksjon i tvangsfullføringslova av 1915. Desse endringane har ført til visse problem ved sal etter lov om salsrett for handverkarar, særleg gjeld dette ved sal av motorvogner. I motorvogner er det ofte hefte registrert i Lausøyreregisteret, og sjølv om salet kan ha ført til at heftet materielt sett har falle vekk, vil det kunne vere vanskeleg for kjøparen å få heftet sletta frå Lausøyreregisteret. Ein annan vanske er at korke seljar eller kjøpar har kompetanse til å skrive salsmelding til Biltilsynet.

I høyringsbrevet 6 mars 1996 tok departementet opp ulike måtar å løyse dei problema som endringane ved tvangsfullføringslova i 1992 har ført med seg. Departementet vurderte såleis om kravshavaren burde få lovbestemt panterett i tingen for sitt krav, som igjen ville vere tvangsgrunnlag for tvangssal etter tvangsfullføringslova § 8-2. Dette ville i tilfelle medføre at ein måtte gå gjennom dei ulike reglane om salsrett og vurdere i kva grad det er naturleg med lovbestemt panterett for den som har salsrett, og ta stilling til prioritet m m. Departementet fann at det ville vere enklare å oppstille sal gjennom namsmakta som eit alternativ i lova om handverkarar sin salsrett § 5 til dømes ved å ta inn eit nytt andre ledd som kunne lyde slik:

«Dersom det er naudsynt for at rettsstiftingar i tingen skal kunne slettast frå eit offentlig register, eller for at kjøparen skal kunne meldast som ny eigar til offentlig styresmakt etter føresegn i eller i med hald av lov, kan kravshavaren krevja at tingen vert seld gjennom namsmakta etter reglane om tvangssal så langt dei høver. Føresegne ne i tvangsfullbyrdingslova § 8-16 fyrste leden gjeld ikkje».

Alle høyringsinstansane som uttaler seg, stør hovudtrekka i framlegget: Desse er *Oslo byfogdembete, Trondheim byfogdembete, Trondheim byrett, Brønnøysundregistra, Statens Innkrevingssentral, Finansieringsselskapenes Forening, Forbrukarrådet, Asker lensmannskontor, Fåberg lensmannskontor og Norske Inkassobyråers Forening.*

Brønnøysundregistra ser det som positivt at Lausøyreregisteret sine rutiner for sletting etter salsrettlova no kan bli lik slettingar i medhald av tvangsfullføringslova. *Norske Inkassobyråers Forening* og *Forbrukarrådet* framhevar at endringa vil kunne trygge interessene til dei involverte partar. *Norske Inkassobyråers Forening* uttaler såleis at forslaget vil kunne:

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

«... skape trygghet både for den som har salgsretten og den som således slipper å ta stilling til hva som er salg på «forsvarlig måte», og for eier og andre kreditorer som kan ha ervervet utleggspant i tingen.»

Oslo byfogdembete uttaler at det generelt er meir forsvarleg at ein nøytral instans som namsmakta står for salet, og denne høyringsinstansen ser helst at det vert stilt opp som eit generelt krav at sal av denne typen skal skje etter reglane om tvangssal så langt dei høver.

Finansieringsselskapenes Forening uttaler på si side at det er heilt nødvendig at det vert innført ei varslingsplikt ovanfor dei rettshavarar som er kjende, slik at desse kan ivareta sine interesser.

Departementet meiner at framlegget som vart sendt på høyring, bør følgjast opp og merkar seg at alle høyringsinstansane som uttaler seg, stør framlegget. Endringa medfører i seg sjølv ikkje at behovet for varslingsreglar blir styrka, snarare tvert om. Etter departementet si vurdering inneheld salsrettlova §§ 6 og 7 ei høveleg regulering av kravet til varsling og utbetaling av det som måtte bli til overs av salssummen til dei som har rett til pengane. Som ein følgje av at reglane om tvangssal i tvangfullføringslova skal gjelde ved sal etter andre leddet, vil dessutan mellom anna § 8-19 om avslutning av salet gjelde. Etter desse reglane skal tvangsmakta mellom anna undersøke Lausøyreregisteret før resten av salssummen vert utbetalt til den førre eigaren.

Departementet viser elles til forslaget til endring av lov om rett for handverkarar o a til å selja ting som ikkje vert henta § 5 og merknader til framlegget nedanfor i pkt. 11.

4.2 Tvangsfråviking ved leige av fast eigedom og lausøyre

Skriftleg avtale om leige av fast eigedom som inneheld vedtaking av at utleigaren kan krevje fråviking om leiga ikkje vert betalt, er tvangsgrunnlag for fråviking av fast eigedom, jf tvangfullføringslova § 13-2 tredje leddet bokstav a første punktum. For leige av lausøyre gjeld tilsvarande, jf § 13-2 andre leddet bokstav a. Leigetakaren kan unngå tvangsfråviking dersom «leien med renter og kostnader blir betalt før fullbyrdselen gjennomføres», jf andre punktum som òg fastset at dette skal gå fram av varselet som leigetakaren på førehand har fått i samsvar med tvangfullføringslova § 4-18. Når eit krav om tvangsinndrivning vert lagt fram for saksøkte, skal det opplysast at tvangsinndrivninga kan stogkast ved at «den skyldige leie med rente og kostnader blir betalt», jf § 13-6 første leddet tredje punktum.

I høyringsbrevet 6 mars 1996 gjorde departementet framlegg om ei klargjering av kva leigetakaren må betale for å unngå tvangsinndrivninga. For det første går det ikkje klart fram av gjeldande ordlyd om det er tilstrekkeleg at leigaren betaler den leiga som vedkomande er kravd for i varselet etter § 4-18, eller om leigaren òg må betale leige som har forfalle seinare. Høgsteretts kjæremålsutval bygde i orskurd innteken i Rt 1995 s 763 på den rettsoppfatning at «leien» omfattar den leige som har forfalle på det tidspunktet leigaren tilbyr betaling. Departementet gjorde i høyringsbrevet framlegg om at denne løysinga burde gå uttrykkeleg fram av lova.

Departementet gjorde vidare framlegg om at utanrettslege kostnader som utleigaren har hatt til inndrivning òg må betalast om leigaren skal kunne stogge inndrivninga. Slike kostnader fell i dag utanfor uttrykket «kostnader» av di det

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

vart presisert i Ot prp nr 65 (1990-91), på s 261, at uttrykket berre er meint å omfatte sakskostnader i tvangsfullføringssaka. Sjå òg Rt 1996 s 1605. I mange høve vil utleigaren først freiste å drive inn leiga utan å krevje fråviking av fast eigedom eller utlevering av lausøyre. Etter inkassolova § 17 første leddet er leigetakaren i utgangspunktet ansvarleg for desse kostnadene. Dersom leigetakaren ikkje treng å dekke desse for å hindre ei tvangsfullføring, kan resultatet bli at leigetakaren unngår tvangsfullføring samstundes som utleigaren blir sitjande med eit udekket erstatningskrav. Sjølv om dette erstatningskravet kan drivast inn etter reglane om tvangsinndrivning av pengekrav, vil dette ofte ikkje vere rekningsssvarande, og utleigaren kan dermed bli påført eit tap. På den andre sida vil leigetakaren bli påført store ekstrakostnader dersom dette erstatningskravet må drivast inn særskilt. Departementet vurderte det difor slik i høyringsbrevet at det ville vere meir rasjonelt om leigetakaren, for å hindre gjennomføring av fråviking eller utlevering, òg må betale dei utanrettslege inndrivingskostnadene som vedkomande er ansvarleg for.

Høyringsinstansane er positive til framlegga. *Hålogaland lagmannsrett, Trondheim byfogdembete, Fåberg lensmannskontor, Statens Innkrevingssentral, Husbanken, OBOS, Norske Boligbyggelags Landsforbund, Den Norske Bankforening og Finansieringsselskapenes Forening* støtt framlegga. *Bankforeningen* uttaler det er viktig at framlegga vert gjennomførde då det lenge har vore eit behov for ei slik avklaring som endringsframlegga legg opp til. *Oslo byfogdembete* uttaler derimot at det ikkje er behov for slike presiseringar som departementet gjorde framlegg om.

Departementet går inn for at framlegga i høyringsbrevet vert gjennomførde og viser til vurderingane ovanfor. Elles viser departementet til sjølve forslaget til endringar i tvangsfullføringslova §§ 13-2 og 13-6 og merkna-dene til forslaget i pkt 11 nedanfor.

4.3 Forenkla tvangssal av pantsett lausøyre («pantegodsauksjonar»)

I høyringsbrevet 6 mars 1996 gjorde departementet framlegg om at det i visse høve skulle vere høve til å avtale at panthavaren skal kunne søke dekning i pantet ved å realisere det underhanda, utan medverknad frå namsmakta. Bakgrunnen var at den nye tvangsfullføringslova har vist seg å medføre problem for foretak som driv med pantelånarverksemd. I brev 7 januar 1994 frå Christiania Bank og Kredittkasse til Stortingets justiskomite vart dette problemet omtalt slik:

«Tvangsfullbyrdslovens system når det gjelder realisasjonen av pantsatt gods er i korthet at pantsetter skal varsles etter lovens § 4-18 med en 2 ukers frist til å betale. Hvis betaling ikke skjer, kan tvangsauksjon begjæres etter lovens kapittel 8 hvorefter begjæringen skal meddeles saksøkte - altså pantsetter - med en ny 2 ukers frist, jfr. § 8-7. Begjæringen skal gi opplysninger om mulige rettigheter i det pantsatte løsøre, kravets størrelse og renten, og dessuten inneholde en utskrift fra Løsøreregisteret.

Sett hen til at den enkelte pantegjenstand er av mindre verdi og at det er tale om et anseelig antall gjenstander som selges på auksjon hvert år, er varslings- og undersøkelsessystemet som det er lagt opp til ikke praktisk anvendelig for den type pantegjenstander. Gjennomsnittlig utlånsbeløp er ca. kr 800,- pr. gjenstand og ved hver auksjon er det

Om lov om endringar i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

ca. 120 opprop, dvs. gjenstander. For den praktiske gjennomføring av auksjonen er det grenser for hvilke formelle krav det bør stilles og størrelsen av de utgifter som pådras. Den ordning som ble praktisert etter tvangsfullbyrdelsesloven av 1915 hvor det kun ble foretatt annonsering i avisen, om at auksjon ble avholdt over disse pantenumre, kan nok vurderes å være noe for enkel, men fungerte uten problemer. Det var ønskelig om man så fort som mulig kunne få til ordning av lignende art. Dette krever imidlertid en lovendring og er i tillegg et spørsmål om det er politisk vilje til å opprettholde ordningen med lån mot håndpant over disk. .»

I høyringsbrevet framheva departementet at det etter tvangsfullføringslova § 8-5 tredje leddet, som kom inn i lova i 1993, er høve til å krevje tvangssal av eit stort tal lausøyreting som ulike personar eig, på same tid. Rettsgebyret vil dermed ikkje vere noko stort kostnadsproblem. Departementet var i høyringsbrevet likevel open for ein ytterlegare forenkla og rimelegare form for tvangssal, berre omsynet til skuldnarane òg vert ivareteke. Ein mogeleg regel kunne vere eit nytt tredje ledd i tvangsfullføringslova § 1-3, med følgjande utforming:

«Når et foretak med rett til å drive finansieringsvirksomhet etter finansieringsvirksomhetsloven § 1-4, låner ut penger mot håndpant i løsøre ved at pantet overleveres til foretaket, kan det inngås forhånds avtale om at panthaveren selv kan selge løsøret til dekning av pante kravet dersom pantsetteren ikke har innfridd pantekravet innen en frist på minst 14 dager som panthaveren har fastsatt i et skriftlig varsel som er sendt skyldneren etter forfall. Salget skal skje på forsvarlig måte. Leddet her gjelder ikke løsøre som kan registreres i et realregister eller motorvogn som skal registreres etter vegtrafikkloven § 15 jf § 16.»

Høyringsinstansane er positive til framlegget. *Finansdepartementet, Oslo byfogdembete, Finansieringsselskapenes Forening og Fåberg lensmannskontor* stør såleis framlegget. Finansdepartementet gjev likevel uttrykk for at fristen er for kort til at skuldaren effektivt kan ta til motmæle. Oslo byfogdembete uttaler at kontrollbehovet synest å vere ivareteke i og med at Kredittilsynet fører tilsyn med dei aktuelle foretaka.

D e p a r t e m e n t e t ser at det vil vere eit klart behov for ein enklare og rimelegare salsmåte for handpantsett lausøyre og går inn for at framlegget i høyringsbrevet vert følgt opp. Så lenge det må gjerast førehandsavtale og dei aktuelle fortaka er underlagde Kredittilsynet sin kontroll, vil styresmaktene ha høve til å gripe inn mot pantelånverksemd som går føre seg på kritikkverdig vis. Ved å stille krav om at tingen må overleverast til foretaket, vil regelen i praksis berre verte brukt ved «pantelånarverksemd». Når det gjeld fristen for varsel er departementet samd i at to veker kan vere noko kort tid, særleg dersom det går lang tid mellom låneopptaket og forfall, eller det går lang tid frå forfall til varsel vert sendt ut. I slike situasjonar kan varselet kome noko brått på skuldaren. Departementet foreslår såleis at varsel om underhandssal lyt gjevast med minst ein månads frist. For realregistrerbart lausøyre og registreringspliktige motorvognar ligg det neppe føre noko legitimt behov for førehandsavtaler om underhandssal, og rettsvernsreglar m m vil dessutan gjere underhandsrealisasjon svært upraktisk. Av den grunn omfattar ikkje framlegget slike gjenstandar.

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Føresegna i ny § 1-3 vil gjere at bruk av tvangssfullføringslova § 8-5 tredje leddet vert mindre aktuell. Departementet finn likevel ikkje grunn til å innskrenke verkeområdet for § 8-5 tredje leddet eller oppheve den.

Departementet viser eller til forslaget om endring av tvangssfullføringslova § 1-3 og merknader til forslaget i pkt 11 nedanfor.

4.4 Varsel ved fleire krav om tvangssal av same realregistrerte formuesgode

Ved tvangssal av realregistrerte formuesgode som det er teke fleire avgjerder om tvangssal av, kan seinare saksøklarar krevje å tre inn som saksøklar i tvangssal det tidlegare er teke avgjerd om, jf tvangssfullføringslova § 11-11 andre leddet. Etter departementets vurdering er dette ei god løysing i og med at fleire parallelle salsforsøk ved medhjelpar ikkje let seg gjennomføre, og ulike auksjonsmøter for dei panthavarane som vil realisere pantet, er lite rasjonelt. Ordninga føreset likevel at den seinare saksøkjaren får beskjed om den tidlegare avgjerda om tvangssal, og departementet gjorde i høyringsbrevet 6 mars 1996 difor framlegg om at ei slik varslingsplikt for namsretten burde kome til uttrykk i lovteksten.

Det kan òg vere at namsretten ikkje har kjennskap til ei tidlegare avgjerd om tvangssal av di det aktuelle realregister blir førd ved eit anna embete, eller det gjeld tvangssal av skip og luftfartøy. Etter at ein namsrett har teke avgjerd om tvangssal skal den etter tvangssfullføringslova § 11-9 tredje leddet syte for at det vert gjort merknad om dette i vedkomande realregister, og realregisteret skal stadfeste at avgjerda er registrert. Der ein annan namsrett tidlegare har fått merka av ei avgjerda om tvangssal, vil ei melding frå realregisteret om denne saman med melding om avmerking av det seinare tvangssalet, sikre at namsretten får slik kunnskap. Departementet tok difor til orde for å endre § 11-9 tredje leddet slik at ei varslingsplikt kjem klart til uttrykk.

Av høyringsinstansane uttaler *Oslo byfogdembete* at dei ikkje har erfaringar som tilseier at det eksisterer eit behov for slike lovendringar. Dei andre høyringsinstansane som uttaler seg om dette spørsmålet, er derimot positive. Desse er *Hålogaland lagmannsrett*, *Trondheim byfogdembete*, *Statens Innkreivingsentral*, *Husbanken*, *Fåberg lensmannskontor* og *Finansieringsselskapenes Forening*. Trondheim byfogdembete uttaler i denne samanheng at endringane er i samsvar med ein allereie etablert praksis ved embetet.

D e p a r t e m e n t e t meiner at framlegga i høyringsbrevet bør følgjast opp og viser til forslaget til endringar i tvangssfullføringslova § 11-9 og 11-11 og merknader til forslaget i pkt 11 nedanfor.

4.5 Medhjelparens varslings av rettshavarar ved tvangssal av realregistrerte formuesgode

Tvangssfullføringslova § 11-16 første leddet lyder i dag slik:

«Medhjelperen skal så langt det er mulig straks underrette partene, personer som er varslet etter § 11-8, og kjente rettighetshavere om tvangssalget.»

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

I denne formuleringa ligg det etter departementet si vurdering truleg òg ei plikt til å opplyse om kven som er saksøkar og eventuelt kva krav som er grunnlaget for kravet om tvangssal. På bakgrunn av oppmoding i brev 15 september 1994 frå Landkreditt gjorde departementet i høyringsbrevet 6 mars 1996 likevel framlegg om at dette vert uttrykkeleg presisert i lovteksten. I brevet frå Landkreditt heitte det:

«Når en medhjelper er oppnevnt, får vi alltid, enten det er vi eller en annen som er saksøker, en forespørsel om fordringsspesifikasjon (restlån og renter m.v.). Vi savner en gjennomført ordning der medhjelperen samtidig opplyser hvem som er saksøker.

Manglende opplysning om hvem som er saksøker, gjør at vi i endel tilfeller unødig purrer på namsretten og spør hvor langt vår sak er kommet.»

Høyringsinstansane er gjennomgåande positive til framlegget. *Hålogaland lagmannsrett, Trondheim byfogdembete, Statens Innkrevingssentral, Husbanken, Fåberg lensmannskontor og Finansieringsselskapenes Forening* stør framlegget. *Statens Innkrevingssentral* er samd i at plikta til å gje slike opplysningar i dag følgjer indirekte av § 11-16, men at slike opplysningar vil kunne mangle når plikta ikkje går direkte fram av føreseigna. *Oslo byfogdembete* er samd i realiteten, men gjev uttrykk for at det ikkje er nødvendig å foreta lovendring for å gjennomføre ei slik ordensforskrift.

Departementet meiner at framlegget bør følgjast opp. Rettshavarane vil ofte ha behov for å vite kven som er saksøkar og kva krav tvangssalet er kravd for. Saksøkjaren kan til dømes ha behov for å vite om det er på grunnlag av denne sitt krav at det er teke avgjerd om tvangssal, og kva krav om tvangssal som er teke til følgje der fleire har kravd tvangssal. Sjølv om ei slik opplysningsplikt truleg allereie følgjer av § 11-16, vil ei presisering vere nyttig. Departementet viser elles til forslaget til endring av tvangsfullføringslova § 11-16 og merknader til dette i pkt 11 nedanfor.

4.6 Kjøparens stilling ved anke over stadfestingsorskurd ved tvangssal av realregistrerte formuesgode

4.6.1 Kjøparens renteplikt

Tvangsfullføringslova § 11-27 inneheld ei regulering av korleis og til kva tid kjøpesummen ved tvangssal av realregistrerte formuesgode skal betalast m m. Direkte gjeld føreseigna berre for sal ved medhjelpar, men tilvisinga i § 11-44 andre leddet gjer at føreseigna òg gjeld ved auksjonssal. Kjøparens betalingsplikt inntretr på oppgjersdagen, som er tre månader etter at bodet er lagt fram for rettshavarane og namsretten eller tre månader etter auksjonsmøtet. Betalingsplikta inntretr likevel ikkje før tidlegast to veker etter at stadfestinga av bodet er endeleg. Etter andre leddet i føreseigna skal ein kjøpar som betaler etter oppgjersdagen, men før det har gått to veker etter at bodet er stadfesta, betale eit tillegg på 10 % årleg rente. På bakgrunn av framlegg frå mellom anna Den Norske Advokatforening gjorde departementet i høyringsbrevet 6 mars 1996 framlegg om at § 11-27 vert endra slik at rentesatsen i staden skal fastsettast av Kongen. På den måten vil ein ved vesentlege endringar i det allmenne rentenivået, lettare kunne justere rentesatsen. I høyringsbrevet vart det samstundes uttalt at ei rente på 6% ville vere meir passande (i mars 1996) enn 10 %.

Om lov om endringar i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Om renteplikta etter § 11-27 og tilhøyrande problemstillingar uttalte departementet i høyringsbrevet:

«Ved innbetaling av kjøpesummen til medhjelperen, eller eventuelt namsretten, før betalingsfristen er løpt ut, bortfaller kjøperens plikt til å svare renter. I så fall overtar kjøperen også retten til avkastningen av formuesgodet når oppgjørsdagen er passert, jf § 11-31 første ledd første og annet punktum. Kjøpesummen skal ikke utbetales til de berettigede før stadfestel seskjennelsen er rettskraftig, jf § 11-38 første ledd annet punktum. Påløper renter av kjøpesummen på rettens eller medhjelperens hånd, til faller disse de berettigede, jf § 11-38 første ledd fjerde punktum. Hvis kjøperen lånefinansierer kjøpesummen og betaler den inn til medhjelperen, kan långiverne garanteres førsteprioritets pant ved at fremgangsmåten i § 11-33 annet ledd nyttes. Blir stadfestel seskjennelsen etter dette opphevet, tilbakeføres kjøpesummen med renter først til kjøperens långivere, deretter til kjøperen. Den beskrevne ordningen gir kjøperens långivere slik sikkerhet for at lånet vil bli sikret ved førsteprioritetspant eller bli tilbakeført i sin helhet, at en skulle tro at den uheldige kjøper i tilfelle anke neppe vil bli avkrevet høyere rente av dette lånet enn ellers.»

Dei fleste høyringsinstansane stør ei endring som gjer fastsetjinga av rentesatsen etter § 11-27 meir fleksibel. Desse er *Hålogaland lagmannsrett*, *Oslo byfogdembete*, *Trondheim byfogdembete*, *Fåberg lensmannskontor*, *Husbanken*, *Den norske Bankforening*, *Norges Eiendomsmeglerforbund* og *Finansieringsselskaperne Forening*. Fleire av desse høyringsinstansane har likevel merknader til sjølve renteregelen og departementet sitt opplegg med omsyn til detaljane ved fastsetjinga av rentenivå. *Eiendomsmeglerforbundet* hadde såleis helst sett at denne renteregelen var oppheva og peikar på at kjøpar som ein følgje av regelen lyt betale for ei yting som denne enno ikkje har fått. Etter denne høyringsinstansen sitt syn skremmer føreseigna mange frå å by på slike eigedommar, og renteplikta verkar i beste fall prisdempande. *Oslo byfogdembete* er samd i at ein meir fleksibel rentesats vil kunne føre til auka kjøpelyst. Denne høyringsinstansen tek vidare til orde for at det ikkje er sjølvsagt at uvisse før stadfestingsorskurda er rettskraftig, skal gå utover kjøparen ved at denne må betale rentene til dei kreditorane som får dekning innanfor kjøpesummen. Oslo byfogdembete tek såleis til orde for at det kan vere meir tenleg å avseie ny fordelingsorskurd med ny oppgjørsdag, noko som vil føre til at dei dårlegast prioriterte kreditorane, som er nærast til å bere tapet, får dårlegare dekning. Dette siste spørsmålet må etter Oslo byfogdembete si vurdering uansett vurderast nærare. *Statens Innkrevingssentral* er samd i at rentenivået i § 11-27 i dag er for høgt, men tek til orde for at det vil vere meir tenleg å fastsetje direkte i lova at renta t d skal svare til halvparten av forseinkingsrenta til ein kvar tid.

Departementet går inn for at framlegget om ein meir fleksibel renteregul vert følgt opp. Å binde renta til f eks nivået på den renta som er fastsett med heimel i forseinkingsrentelova, vil etter departementets vurdering ikkje gje eit særleg fleksibelt system. Departementet har vurdert om storleiken på renta i staden kunne knytast opp til t d foliorenta i Noregs Bank. Ein ulempe med dette vil - slik departementet ser det - vere at renta vert endra litt vel ofte, samstundes som det vil kunne vere tungvint for namsretten og partane å finne ut kva rente som gjeld til ein kvar tid. Rentnivået til Noregs Bank vil på den andre sida vere eit viktig moment når departementet i forskrift skal

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

fastsetje rentefoten. Når det gjeld innvendingane frå Norges Eiendomsme-glerforbund og Oslo byfogdembete vil departementet vurdere om det er grunn til å sende spørsmåla på høyring ved eit seinare høve. Ei meir fleksibel fastsetjing av rentefoten er det etter departementet si vurdering derimot viktig å få på plass allereie i denne omgang.

Departementet viser elles til forslaget til endring av tvangsfullføringslova § 11-27 og merknader til dette i pkt 11 nedanfor.

4.6.2 Informasjon til kjøparar

Interesserte kjøparar bør få tilstrekkeleg informasjon om sin mogelege stilling ved anke over stadfestingsordskurd, jf pkt 4.6.1 om renteplikt ovanfor. For medhjelparsal følgjer ei slik informasjonsplikt av tvangsfullføringslova § 11-24 tredje leddet som fastset at salsoppgåva skal gje «de nødvendige opplysninger om salgsordningen etter denne loven». Om innhaldet i denne informasjonsplikta uttalte departementet i høyringsbrevet 6 mars 1996:

«... salgsoppgaven skal inneholde alle opplysninger om salgsordningen etter loven som er nødvendig for at den mulige kjøperen skal kunne bedømme sin rettsstilling og økonomiske stilling i tilfelle bud inngis. Herunder vil det være nødvendig for kjøperen å kjenne sin stilling i tilfelle anke over kjennelse som stadfester kjøperens bud. Hvis en i praksis har oppfattet dette annerledes, kan det bero på en misforståelse av ot prp nr 65 (1990-91) side 226 og 227, som oppgir noen eksempler på hva som vil være nødvendige opplysninger om lovens salgsordning. Oppstillingen i proposisjonen er, som det frem går av ordlyden, ikke uttømmende. De nødvendige opplysninger vil i praksis kunne gis f eks ved at kopi av lovens relevante bestemmelser vedlegges salgsoppgaven for øvrig. All nødvendig informasjon loven krever gitt ved salgsoppgaven kan nok ikke gis ved et forenklet sammendrag av de relevante bestemmelsene. Lovteksten kan riktig nok naturligvis fremstå som komplisert for en lekmann, men det av gjørende er at vedkommende blir klar over reguleringen og får anledning til å sette seg inn i detaljene, eventuelt med bistand fra andre. Den mulige budgiver vil i det minste avgi bud vitende om at her foreligger en mulighet for komplikasjoner av en annen art enn det man risikerer ved frivillig kjøp.»

Nokon tilsvarande informasjonsregel ved auksjonssal går ikkje fram av lova. I høyringsbrevet tok departementet til orde for at ein tilsvarande regel vert teken inn i § 11-46 slik at det i kunngjeringa skal opplysast om at mogelege kjøparar kan få opplysningar om salsordninga ved å vende seg til namsmakta. Sjølv om slike opplysningar i praksis vert gjevne, vil ei slik direkte oppfordring i det minste kunne minne kjøparane på at det eksisterer andre reglar ved tvangssal enn ved frivillig sal.

Alle høyringsinstansane, så nær som ein, stør framlegget. Desse er *Hålogaland lagmannsrett, Trondheim byfogdembete, Husbanken, Statens Innkrevingsentral, Fåberg lensmannskontor, Finansieringsselskapenes Forening* og *Norges Eiendomsme-glerforbund*. Husbanken uttaler:

«Etter Husbankens erfaring er det ved auksjon budgivere som ikke har oversikt over lovreglene og som derfor ønsker å gå fra budet i etterhånd. Mange er ukjent med konsekvensene av en eventuell anke. Det bør derfor gis god informasjon på forhånd. I tillegg til den foreslått-

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

te endring i § 11-46 foreslår Husbanken at § 11-48, 2 pkt endres slik: «Auksjonsstyreren gir de opplysninger som ellers kan være av betydning, herunder at stadfestelseskjennelsen kan ankes (påkjæres), jfr § 11-34.»»

Oslo byfogdembete tviler derimot på at det er behov for lovendring på dette punkt.

Departementet går inn for at framlegget i høyringsbrevet vert følgt opp og viser til grunngevinga i høyringsbrevet, sjå ovanfor. Departementet kan derimot ikkje sjå at det skulle vere nødvendig å ta inn eit uttrykkeleg påbod i § 11-48 som det Husbanken tek til orde for. Elles viser departementet til forslaget til endring av tvangsfullføringslova § 11-46 og merknader til dette i pkt 11 nedanfor.

4.7 Tvangsbruk av fast eigedom med driftslausøyre og varelager

Tvangsdekning kan anten gjennomførast ved tvangssal eller ved tvangsbruk. Alternativet tvangsbruk inneber at panthavaren sjølv tek over drifta av heile eller delar av eigedomen. Retten kan likevel nekte tvangsdekning ved tvangsbruk dersom dette av særlege grunnar kan volde skade for saksøkjaren eller andre rettshavarar og saksøkjaren er like godt tent med tvangssal.

I motsetning til den gamle tvangsfullføringslova 1915 tillet ikkje tvangsfullføringslova 1992 at tvangsbruk av fast eigedom vert utvida til å omfatte motorvogner, anleggsmaskiner, landbruksdriftstilhøyrsløse og varelager, jf pantelova §§ 3-8, 3-9 og 3-11. Dette gjeld sjølv om desse verdiane har tilknytning til den faste eigedomen og saksøkjaren har pant òg i desse verdiane. I eit felles brev til Justisdepartementet 30 september 1993 peikte Den norske Bankforening og Sparebankforeningen i Norge på at denne endringa har enkelte uheldige sider. I brevet heitte det:

«Den nye tvangsfullbyrdelsesloven av 26.06.92 nr. 86 trådte i kraft fra 01.01.93. I praktiseringen av loven har bankene allerede avdekket en mangel i den nye lov sammenlignet med den tidligere tvangsfullbyrdelseslov fra 1915 for såvidt gjelder reglene om tvangsbruk av driftsløse tilknyttet realaktiva. De to bankforeninger vil derfor henstille til Justisdepartementet om å overveie en nødvendig, rask lovendring uten å avvente en mer omfattende gjennomgåelse og revisjon av loven.

Tvangsfullbyrdelsesloven av 1915 hadde i § 176a, annet ledd under kapitlet om tvangsbruk av fast eiendom en bestemmelse som lød:

Har panthaveren også panterett i verdier som nevnt i panteloven §§ 3-4, 3-8, 3-9 og 3-11, kan bruksretten også omfatte disse verdier når vilkårene etter § 126 første ledd er tilstede. Han har rett til å skifte ut og avhende disse verdier så langt det er forenlig med en forsvarlig drift.»

Den nye lov av 1992 har i del IV i kapitel 11 fellesregler om tvangsbruk av realregistrerte aktiva, som fast eiendom, skip og fly. Utover en presisering i § 11-55, første ledd om at driftstilbehør tilknyttet det realregistrerte aktivum som hovedregel og automatisk omfattes av tvangsbruken, inneholder loven ingen parallell regel til § 176a, annet ledd i 1915-loven. Praktisk viktige driftsløse-former tilknyttet det realregistrerte objekt (og virksomheten til / ved denne) som motorvogner, landbruksløse og varelager faller dermed utenfor tvangsbruken. Dette innebærer at f.eks. tvangsbruk i fiskeoppdrettvirksomhet blir bortimot illusorisk, når en så viktig «bestanddel» som selve fisken hol-

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

des utenfor og ikke ved namsmyndighetens beslutning kan inngå i tvangsbruken.

En studie av lovforarbeidene viser at innsnevringen i forhold til 1915-lovens område skjedde bevisst på dette punkt, dog uten at det ble gitt noen nærmere begrunnelse. I kommentarutgaven til den nye loven bekreftes dette på side 644, og forfatterne anviser at man da får komme frem til en avtale med eieren/pantsetteren av disse løsørengenstander i virksomheten for at tvangsbruken også kan omfatte disse, ofte helt sentrale, objekter.

Bankene har i praktiseringen av loven erfart at dette ofte kan by på betydelige vanskeligheter. Erfaringene er at debtors samarbeidsvilje ofte er svært begrenset i en situasjon der banken i realisasjonsfasen må overta hans virksomhet i tvangsbruksform. Vi mener derfor å måtte konstatere at man står overfor et hull i den nye lov som gjør tvangsbruk som dekningsform lite praktisk.

Særlig ved oppdrettvirksomhet vil det ofte være påkrevet for en bank å begjære tvangsbruk (gjerne i en lang periode) i stedet for tvangssalg, enten for å videreføre driften inntil fisken er slaktemoden eller for å finne kjøpere som kan overta virksomheten som « going concern ». Den nye lovens utelukkelse av prinsippet i 1915-lovens § 176a, annet ledd stenger i praksis for en slik løsning. For bankene vil det ha stor praktisk betydning at man raskt kan få gjenopprettet 1915-lovens ordning på dette punkt, og vi ber Justisdepartementet overveie et snarlig initiativ i den anledning.»

I høringsbrevet 6 mars 1996 gav departementet uttrykk for at bankforeningene hadde kome med gode grunнар for ei gjeninnføring av høvet til å la tvangsbruk av fast eigedom omfatte motorvogner, anleggsmaskiner, landbruksdriftstilhøyrslе der desse verdiane har tilknyting til den faste eigedomen og saksøkar òg har pant i desse.

Alle høringsinstansane som uttaler seg, med unntak for Finansieringsselskapenes Forening, stør ei endring som skissert i høringsbrevet. Desse er *Hålogaland lagmannsrett, Trondheim byfogdembete, Fåberg lensmannskontor, Den norske Bankforening* og *Sparebankforeningen i Norge*. Bankforeningen uttaler at det er viktig at framlegget vert gjennomført.

Finansieringsselskapenes Forening er skeptisk til framlegget og uttaler:

«Fordelen for panthaveren i den faste eiendom er åpenbar, men vi er sterkt i tvil om rettighetene til bedre prioriterte panthavere etter §§ 3-8, 3-9 og 3-11 er tilstrekkelig ivaretatt. Vi ser at problemene knyttet til debtors samarbeidsvilje kan være betydelig, men det samme kan neppe generelt sies å gjelde andre kreditorer som har sikret sine krav gjennom disse panteformer. Det ville være lite tilfredsstillende om disse uten videre blir skjøvet ut på sidelinjen av en kreditor med svært dårlig prioritet i det aktuelle objektet, men som gjennom tvangsbruk av den faste eiendom overtar disposisjonsretten.»

De p a r t e m e n t e t meiner at det igjen bør opnast for at tvangsbruk av fast eigedom kan omfatte motorvogner, anleggsmaskiner, landbruksdriftstilhøyrslе og varelager der saksøkjaren krev dette, og viser til omtalen i høringsbrevet som er gjeve att ovanfor. Om saksøkjaren skal få medhald i eit slik krav, må likevel vurderast etter tvangsfullføringslova § 11-1 tredje leddet. Etter denne skal tvangsbruk nektast dersom den vil påføre saksøkte eller rettshavarar vesentleg skade eller ulempe og saksøkjaren venteleg vil vere like godt tent med tvangssal. Når det gjeld innvendingane frå Finansieringsselskapenes

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Forening, vil departementet dessutan peike på at tvangsbruken i alle høve tek slutt når lausøyret er tvangsselt (noko som ein kreditor med betre prioritet kan krevje), jf § 11-63 bokstav b, eller ein slik kreditor sjølv krev tvangsbruk, jf § 11-63 bokstav c. Departementet gjer samstundes framlegg om at omgrepet «driftsløsøre» i tvangsfullføringslova vert harmonisert med pantelova.

Departementet viser elles til forslaget til endring av tvangsfullføringslova §§ 7-20, 11-18, 11-55 og 11-57 og merknader til forslaget i pkt 11 nedanfor.

4.8 Effektivisering av reglane om tvangsdekning i tilkomstdokument til leigerett til bustad

4.8.1 Innleiing

Ved tvangsfullføringslova 1992 vart reglane om tvangsdekning i tilkomstdokument til leigerett i bustad (t d burettslag) harmoniserte med reglane om tvangssal av fast eigedom. I Ot prp nr 65 (1990-91) heitte det på s 257:

«Departementet mener at salg av adkomstdokumenter bør skje mest mulig slik som bestemt i kapittel 11 for salg av fast eiendom. En grunn for dette er at reglene er utformet under hensyn til at det regelmessig dreier seg om verdifulle formuesgoder. Reglene er gjennomgående mer detaljerte enn reglene for tvangsdekning i ikke-realregistrerte formuesgoder, og salgsordningen er mer betryggende for de interesser som berøres. En anvendelse av kapittel 11 medfører bl a at begjæringen skal forelegges ikke bare for saksøkte, men også for dennes ektefelle og dessuten for annen myndig person i husstanden som namsretten kjenner til.»

På bakgrunn av sine erfaringar med lang realisasjonstid tok OBOS i dei første åra etter ikraftsetjinga av den nye tvangsfullføringslova, fleire gonger opp med departementet ulike spørsmål om endring av reglane. I brev 6 april 1994 opplyste såleis OBOS at av totalt 260 medhjelparsal var det ingen med ei realisasjonstid på under eitt år frå mishald av leigebetalinga tok til, og opplyste vidare at det i snitt gjekk 16-17 månader. OBOS gjekk ut frå at ressursmangel truleg var ein årsak til den lange sakshandsamingstida ved namsretten, men at dei lovregulerte rutinar om varslingsfrist og at om godkjende krav om tvangssal skal leggjast fram for saksøkte med høve til å uttale seg innan ein viss frist, òg fører til stillstand og forlenging av realisasjonstida. Om desse reglane uttalte OBOS følgjande i sitt brev 6 april 1994:

«Forut for Namsrettens beslutning om dekningsalg i medhold av tvfl. § 11-9 ligger en relativt omfattende foreleggelsesplikt i medhold av §§ 11-7 og 11-8. Foreleggelse etter § 11-7 gir saksøkte en uttalelsesfrist på en måned etter forkynning av begjæringen om dekningsalg. I praksis innebærer dette at det går minimum 2 - 3 måneder fra fremsettelse av begjæring til dekningsalg besluttes.

Det er vår erfaring at det gjennomgående ikke kommer noen som helst reaksjoner fra saksøkte ved denne foreleggelsen. Bl. a. skyldes dette sannsynligvis at saksøkte allerede har vært varslet minst en gang gjennom kravet til varsel etter § 4-18. Videre er særlige tvangsgrunnlag som i denne sammenheng er grunnlag for begjæring om dekningsalg sjelden omstridte. I praksis synes derfor §§ 11-7 til 11-9 å innebære en vesentlig mer formalisert foreleggelse enn praktiske og reelle hensyn tilsier. Det er således vårt syn at svarfristen bør kunne reduseres til 14 dager. Videre bør denne foreleggelsen ikke ha oppsettende virkning,

Om lov om endringar i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

slik at dekningssalg kan besluttes og medhjelpersalg forberedes, mens oven stående frist løper. Dette kan påføre i første rekke saksøker noe større omkostninger dersom medhjelpersalget stoppes som følge av innsigelser i medhold av ovennevnte bestemmelse. Dette vil imidlertid kun være tilfelle i ytterst få saker. Kostnadene vil som det fremgår være vesentlig høyere ved å opprettholde nåværende ordning.

I medhold av § 11-27 er oppgjørslag 3 måneder regnet fra den dag da medhjelperen forelegger bud i medhold av § 11-29, dog likevel ikke før 2 uker etter rettskraftig stadfestelseskjennelse. For borettslagene er det som kjent av vesentlig interesse så snart som mulig å få en ny andelseier inn som kan overta det løpende husleieansvar og således begrense eventuelt husleietap. Som hovedregel vil husleieansvaret gå over på kjøper på oppgjørslag. Vi har som rutine å tilrettelegge for overtakelse før siste formelle oppgjørslag der det er mulig. Imidlertid vil kjøpere i en del tilfeller fastholde formell oppgjørslag for overtakelse. Det er vår erfaring at oppgjørslag med fordel kan settes til 2 måneder regnet fra foreleggelse av bud (under forutsetning av rettskraftig stadfestelses kjennelse). Dette vil som det fremgår i en rekke tilfelle medføre raskere overtakelse enn etter dagens frister.»

I høringsbrevet 6 mars 1996 vart framlegga frå OBOS sendt på høyring. Departementet poengterte at OBOS sine erfaringar på dette tidspunktet var frå den første tida etter at tvangsfullføringslova tok til å gjelde. I ein slik overgangsfase med større omleggingar og innarbeiding av nye rutiner vert saksbehandlingsstida naturleg nok forholdsvis lang. I høringsbrevet gjekk departementet i mot framlegga om å korte ned fristen til å kome med fråsegn etter at ei avgjerd om tvangssal er lagt fram for saksøklar og at førebuingar til sal skal kunne ta til før denne fristen er ute.

Departementet stilte seg derimot open for at tidsrommet mellom stadfesting av bud oppgjørslag i visse høve kunne kortast noko ned. Departementet gjorde dessutan framlegg om ei endring i burettslagslova § 37 slik at burettslaget kan krevje tvangssal der det har tvangskraftig tvangsgrunnlag for fråviking, uavhengig av om saksøkte allereie har flytta ut. Sjå om desse spørsmåla i pkt 4.8.2 flg nedanfor.

Om dette generelle behov for endringar uttalte *Trondheim byfogdembete*:

«Den erfaring OBOS har med lang saksbehandlingstid er annerledes enn den som gjelder ved denne namsrett. På den annen side har vi nesten ikke lenger tvangsdekningssalg av borettslagleiligheter. Det skyldes trolig at det lokale boligbyggelag selv sørger for å skaffe seg fullmakt til å selge fraflyttede boliger.»

NBBL uttaler at variasjonen frå domstol til domstol er stor, og at ein i Bergen har dei same problema som OBOS omtaler for Oslo, medan prosessen i Trondheim «går på skinner». *Oslo byfogdembete* uttaler likevel at dei går ut frå at dei problema OBOS i si tid tok opp ikkje lenger eksisterer og peikar på at dette var problem som oppstod då lova var ny, samstundes som det den gongen var svært mange slike tvangssalssaker.

4.8.2 Spørsmålet om kortare frist til å uttale seg om kravet om tvangssal

Etter tvangsfullføringslova § 12-5 jf §§ 11-7 og 11-8 skal krav om tvangssal av tilkomstdokument til bustad forkynnast for saksøkte etter at namsretten har funne at kravet kan takast til følgje. Saksøkte får ein månads frist til å uttale seg

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

om forhold som har noko å seie for gjennomføringa, her under høvet til å unngå tvangssal ved å betale innan fristen og om retten til erstatningsbustad. OBOS tok til orde for å korte ned denne fristen til 14 dagar med den grunngevinga at det i praksis aldri kjem nokon reaksjon frå saksøkte og at fristen difor er unødig lang. I høyringsbrevet gjekk departementet imot dette og peika på at det gjeld tvangssal av eit så sentralt formuesgode som bustaden til saksøkte, og då bør ikkje fristen vere så kort at det vert vanskeleg for saksøkte å reagere i dei høve vedkomande ønsker det. Departementet heldt fram at tidsbruken kan reduserast på annan måte, til dømes ved at saksøkjaren går til tvangsdekning tidlegare eller syter for at krav om tvangssal tilfredsstillar lovas formelle krav.

OBOS og NBBL går i sine høyringsfråsegner framleis inn for at fristen vert korta ned til to veker. NBBL held fram at saksøkte allereie har fått varsel etter tvangsfullføringslova § 4-18 og at saksøkte så å seie aldri kjem med nokon reaksjon i løpet av dagens frist. OBOS uttaler at saksøkte ikkje har behov for ein så lang frist. OBOS går dessutan inn for at namsretten i særlege høve kan la vere å leggje kravet om tvangssal fram for saksøkte i det heile. *Oslo byfogdembete* uttaler at det vil korte ned handsamingstida ein del om ein sløyfar kravet om forelegging, som erfaringsmessig sjeldan gjev nokon reaksjon.

Dei andre høyringsinstansane som uttaler seg, går i mot å korte ned fristen. Desse er *Statens Innkrevingssentral*, *Husbanken*, *Hålogaland lagmannsrett* og *Trondheim byfogdembete*. *Statens Innkrevingssentral* uttaler at dei har vanskeleg for å sjå at ei halvering av fristen vil vere forsvarleg, all den tid det gjeld eit så viktig formuesgode som saksøkte sin bustad. *Hålogaland lagmannsrett* fråår ei nedkorting og uttaler at det vil kunne vere et steg på vegen tilbake mot den gamle rettstilstanden der tvangsdekning i tilkomstdokument kunne gjennomførast på ein langt enklare måte enn tvangsdekning i ein bustad som saksøkte eig. *Trondheim byfogdembete* går òg i mot framlegget, og grunngev det med at ein bør unngå for mange spesialordningar for tvangsdekning i burettslaghusvære.

Departementet finn etter dette ikkje grunn til å gjere framlegg om å korte ned fristen og viser til vurderingane i høyringsbrevet, sjå ovanfor. Departementet vil dessutan peike på at eit varsel etter § 4-18 kan sendast allereie på forfallsdagen og er ikkje nødvendigvis eit varsel som først kjem etter lang tids misleghald der tvangssal ligg nær i tid. Det kan gå lang tid frå to-vekers fristen etter § 4-18 er ute til tvangssal vert kravd. Ein kortare frist vil såleis på urimeleg vis kunne gjere det vanskelegare for saksøkte hindre tvangssal ved å betale det han skuldar, eller gjere det vanskelegare å setje fram krav om erstatningsbustad.

4.8.3 Tvangsgrunnlag for krav om tvangsdekning

Tvangsgrunnlag for burettslag sine krav om tvangsdekning vil ofte vere det særlege tvangsgrunnlaget i burettslaglova § 37 tredje leddet som lyd:

«Er andelseieren kastet ut av boligen eller har han eller hun flyttet i henhold til oppsigelsen eller hevningen, kan laget straks gå fram etter reglene i § 18 første ledd annet og tredje punktum.»

I høyringsbrevet vurderte departementet det slik at lova si ordning her truleg fører til unødig tidsbruk før krav om tvangssal kan setjast fram. Departemen-

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

tet tok difor til orde for at tvangssal òg skal kunne krevjast der det ligg føre tvangskraftig tvangsgrunnlag for fraviking, uavhengig av om leigetakaren allerede er kasta ut, og gjorde framlegg om slik endring i burettslaglova § 37. I høyringsbrevet heitte vidare:

«Det kan ikke sees noen reell grunn til at fravikelse (utkastning) må foretas før tvangssalg kan begjæres, hvis borettslaget først har tvangskraftig tvangsgrunnlag for fravikelse. Alle de innsigelser som saksøkte kan fremsette i fravikelsessaken, vil denne kunne fremsette i tvangssalgssaken. I den grad innsigelsene ville hindret utkastning, vil de også hindre tvangssalg. Rettssikkerhetsmessige hensyn kan derfor ikke tale mot en slik endring. Det normale ved tvangssalg av bolig ellers - det vil si når ikke utkastning er nødvendig for å skaffe grunnlag for tvangssalg etter borettslagsloven § 37 tredje ledd - er dessuten at saksøkte bor i boligen mens salget pågår. Saksøkte flytter normalt frivillig ut når boligen er solgt. Alternativt kastes saksøkte ut etter at boligen er solgt, jf tvangsfullbyrdelsesloven § 12-6, jf § 11-31 tredje ledd. Tvangsfullbyrdelsesloven § 12-6 jf § 11-14 gir hjemmel for utkastelse under salgsprosessen dersom det er nærliggende fare for at boligen ellers vil bli forringet eller salgsarbeidet vanskeliggjort.

Foruten at borettslaget etter en endring som skissert kan spare tid og dermed redusere sitt tap, vil en også kunne spare kostnader ved at fravikelsesforretning i flere tilfeller kan unngås. Etter forholdene kan samtidig saksøkte bo lenger i leiligheten, som etter dagens regler ellers kan bli stående tom, og få bedre tid til å skaffe seg et nytt sted å bo.»

Alle høyringsinstansane som uttaler seg om dette spørsmålet, stør framlegget. Desse er *Hålogaland lagmannsrett*, *Trondheim byfogdembete*, *Statens Innkrevingssentral*, *OBOS* og *NBBL*. *OBOS* og *Statens Innkrevingssentral* uttaler at presiseringa openbart eller høgst sannsynleg vil medføre at realisasjonstida frå misleghald oppstår til realisasjon kan kortast ned. *NBBL* uttaler:

«Etter vår erfaring er det viktigste grunnlag for begjæring om tvangssalg av adkomstdokumenter til borettslagboliger borettslagsloven § 37 tredje ledd. Departementets forslag om at tvangssalg kan kreves også før andelseieren er flyttet eller kastet ut vil derfor kunne medføre en hurtigere saksbehandling.»

Trondheim byfogdembete uttaler at ein slik regel ikkje vil innebere nokon særhandsaming av burettslag i høve til andre typar tvangssal, og vil dessutan kunne ha ein preventiv effekt på partseigarar og gjere det vanskelegare å trekke ut saka.

Departementet meiner at framlegget bør følgjast opp og viser til grunngjevinga i høyringsbrevet ovanfor. Elles viser departementet til forslaget til endring av burettslaglova § 37 og merknader til dette forslaget i pkt 11 nedanfor.

4.8.4 Spørsmålet om salsførebuinga kan ta til før fristen for å uttale seg er ute

OBOS tok til orde for at tvangssalet bør kunne førebuaast med ein gong krav om tvangssal er kome inn for namsretten, sjå pkt 4.8.1 ovanfor. Bakgrunnen er ønsket om å korte ned den totale sakshandsamingstida. I høyringsbrevet gjekk departementet imot dette framlegget då det vil kunne få ein del uheldige

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

følgjer. For det første vil det vere vanskeleg for medhjelparen å ta stilling til kor stor del av salsarbeidet som skal gjerast før namsretten har avgjort om tvangssalet i det heile teke skal gjennomførast. For det andre vil saksøkte lett kunne føle at eventuelle reaksjonar frå han ikkje vil bli teke omsyn til sidan salsprosessen allereie er i gang.

OBOS uttaler at framlegget er unødvendig dersom fristen for å uttale seg vert korta ned til to veker eller heilt vert sløyfa, sjå pkt 4.8.2 ovanfor. NBBL-peikar på at saksøkte så å seie aldri har innvendingar mot tvangssalet og at det difor bør vere mogeleg å førebu tvangssalet før fristen er ute.

Dei andre høyringsinstansane går imot framlegget. Desse er *Statens Innkrevingssentral, Trondheim byfogdembeteog Hålogaland lagmannsrett*.

Departementet viser til grunngjevinga i høyringsbrevet, sjå pkt 4.8.1 ovanfor, og gjer ikkje framlegg om lovendring på dette punkt.

4.8.5 Framskunding av oppgjersdagen

Oppgjersdagen er etter tvangsfullføringslova § 12-6 jf § 11-27 tre månader etter at eit bod er oversendt namsretten og rettshavarar. OBOS har teke til orde for at oppgjersdagen, under føresetnad av rettskraftig stadfestingsorskurd, vert sett til to månader etter oversending av bod, sjå pkt 4.8.1 ovanfor. I høyringsbrevet uttalte departementet at det er ein føremøn at ankefristen for stadfestingsorskurda er gått ut før oppgjersdagen, noko som talar for at oppgjersdagen ikkje bør kome for raskt. Etter dagens forhold vil stadfestingsorskurder likevel ofte vere rettskraftig i god tid før oppgjersdagen.

I høyringsbrevet opna departementet difor for at det skal kunne vere høve til å fastsetje at oppgjersdagen skal vere to månader dersom medhjelparen godkjenner dette. Medhjelparen vil gjerne kjenne til den lokale namsretten si alminnelege sakshandsamingstid og andre forhold som kan ha noko å seie for om ein to-månaders periode vil vere praktisk eller uheldig. Medhjelparen vil til dømes ha kontakt med saksøkte og vil kunne ha ei oppfatning av kor sannsynleg det er at denne har innvendingar og vil nytte seg av retten til anke. Departementet var likevel skeptisk til ein regel som gjev medhjelparen einsidig høve til å framskunde oppgjersdagen etter at bod er gjeve inn. Departementet heldt såleis fram at tvangsfullføringslova sitt system byggjer på at denne dagen ligg fast og er mellom anna skjæringstidspunkt for utrekning av korleis kjøpesummen skal fordelast. Kjøpar og seljar vil dessutan gjerne nytte oppgjersdagen som tidspunkt for betaling av kjøpesummen og overføring av eigedomsretten. Ei mogeleg endring i den retning OBOS har gjort framlegg om kan difor vere at medhjelparen kan bestemme at oppgjersdagen skal vere ned til to månader etter at bodet er sendt til namsretten og rettshavarar. Opplysningar om at dette er bestemt, må gå fram av salsoppgåva. Men framskoten oppgjersdag bør òg kunne fastsetjast der kjøpar ber om det.

Hålogaland lagmannsrett uttaler at ei endring vil kunne vere eit steg på vegen tilbake mot ein rettstilstand der tvangsdekning i tilkomstdokumenter kan gjennomførast på ein enklare måte enn i ein bustad som saksøkte eig, og av den grunn ikkje bør gjennomførast. *Trondheim byfogdembete* kan ikkje sjå at det er noko behov for ei slik lovendring. Dei andre høyringsinstansane som uttaler seg om spørsmålet, stør derimot anten framlegget som departementet skisserte i høyringsbrevet eller OBOS sitt opphavlege framlegg. Desse er

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Husbanken, Oslo byfogdembete, Statens Innkrevingssentral, OBOS og NBBL.
Husbanken uttaler at:

«... det er en fordel at oppgjørsdagen skal kunne være kun to måneder fra foreleggelsen av bud etter § 11-27.1. og at denne fristen også bør gjelde ved tvangssalg av fast eiendom. Dette vil kunne redusere risiko for forringelse av pantets verdi frem til kjøpers overtakelse. Debitor har allerede hatt god tid til å finne et annet sted å bo.»

NBBL uttaler:

«Erfaringen er at kjøper i svært mange tilfeller flytter inn før oppgjørsdagen. Vi er enig i at 3 måneder er en svært lang tid i de tilfeller kjøperen finner det fornuftigst å vente til oppgjørsdagen er passert. Vi støtter derfor forslaget om å redusere oppgjørsdagen til 2 måneder fra foreleggelsen av budet, eventuelt at medhjelperen, slik som foreslått av Justisdepartementet, gis adgang til å fastsette fristen til 2 måneder.»

OBOS støtter i si høyringsfråsegn den løysinga som departementet skisserte i høyringsbrevet.

Departementet har under tvil kome til at framlegget i høyringsbrevet likevel ikkje bør følgjast opp og sluttar seg til vurderinga til Hålogaland lagmannsrett. Dersom burettslagslova § 37 vert endra slik departementet gjer framlegg om i pkt 4.8.3 ovanfor, er det ikkje lenger nokon grunn til å ha ulike regler for burettslag og bustader som saksøkte sjølv eig. Husvære i burettslag vil då ikkje i større grad enn andre husvære stå tomme allereie på det tidspunkt tvangsauksjon vert kravd. I tilfelle ei endring skal gjerast, bør den truleg gjerast i tvangsfullføringslova § 11-27 og gjelde generelt slik Husbanken gjev uttrykk for. Dette generelle spørsmålet vart ikkje høyringsinstansane invitert til å uttale seg om. I alle høve er departementet i tvil om effektivitetsgevinsten av ei slik endring vil vere særleg stor.

4.9 Medhjelpar ved tvangssal

I utreiinga «Vurdering av domstolenes merarbeid med tvangssalg etter loven av 1992» er det gjort framlegg om å dispensere frå reglane om habilitet ved tvangssal av fast eigedom. I utgreiinga heitte det:

«Utvalget mener ... at det bør åpnes adgang til å utvide adgangen til dispensasjon fra habilitetsreglene i § 2-10 annet ledd annet punktum til også å omfatte tvangssalg av fast eiendom. Behovet for en slik regel er åpenbart til stede, idet det bare er sjelden at lensmannen oppnevnes som medhjelper og fordi bankens eiendomsmegleravdeling som regel «har særlige forutsetninger for å forstå salget». Utvalget kan heller ikke se at det i disse tilfeller vil være mer betenkelig å gjøre unntak fra de alminnelige habilitetsregler enn for ikke-realregistrerte formuesgoder. Det ligger etter utvalgets mening en tilstrekkelig reservasjon i bestemmelsen om at oppnevning «finnes ubetenkelig». Er banken saksøker, vil imidlertid de prinsipielle betenkeligheter mot å oppnevne bankens eiendomsavdeling som medhjelper være til stede, og adgangen stengt fordi det ikke «finnes ubetenkelig».

Trondheim byfogdembete, Fåberg lensmannskontor, Statens Innkrevingssentralog Sparebankforeningen stør framlegget. *Statens Innkrevingssentral* uttaler:

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

«Det kan virke betenkelig å la en bank være medhjelper når banken samtidig er kreditor. På den annen side er eiendomsavdelingene i bankene ofte selvstendige avdelinger, slik at dette momentet får mindre vekt. Et annet og viktigere moment er at eiendomsavdelingene i bankene på landsbasis utgjør en svært stor gruppe eiendomsavdelinger. Dette bør bevirke at eiendommene blir solgt til en høy pris. Utsalgsprisen på eiendommene vil neppe la seg påvirke av om (moder)banken er kreditor eller ikke.»

Hålogaland lagmannsrett, Oslo byfogdembeteog Gjeldsofferaksjonen går mot framlegget. Disse høyringsinstansane meiner at dei vanlege habilitetsreglane ikkje må fråvikast.

Departementet legg til grunn at det er eit visst behov for å avvike frå dei allmenne reglane om habilitet i samband med tvangssal av fast eigedom. Utvalet peiker på at bankane ofte har eigne eigedomsavdelingar, som til vanleg ikkje har noko å gjere med banken si drift elles. I slike høve synest innvendingane mot at banken si eigedomsavdeling kan vere medhjelpar, små. Til samanlikning kan det nemnast at ved sal av husvære i burettslag, kan bustadbyggjelaget vere medhjelpar, jf tvangsfullføringslova § 12-6 tredje leddet andre punktum. Departementet har ikkje fått signal om at denne ordninga har skapa særlege problem. Departementet går difor inn for å gjere unntaket frå habilitetsreglen i tvangsfullføringslova § 2-10 generelt. På denne måten blir habilitetsreglane for alle medhjelparar like. Vilkåret må likevel alltid vere at valet av medhjelparen «finnes ubetenkelig, og vedkommende har særlege forutsetninger for å forestå salget». Ved å halde oppe dette kravet, vil ikkje eigedomsavdelinga til ein bank som er saksøkjær, kunne vere medhjelpar etter tvangsfullføringslova § 2-10. Men med den endringa departementet foreslår, vil eigedomsavdelinga til ein bank som har pant i eigedomen, men ikke krev tvangssal, kunne vere medhjelpar.

Departementet viser elles til framlegget om endring av tvangsfullføringslova § 2-10 og merknader til framlegget i punkt 11 nedanfor.

4.10 Om salsmåten

Etter tvangsfullføringslova § 11-12 tredje leddet skal namsmannen som hovudregel vere medhjelpar ved sal av fast eigedom i lensmannsdistrikt. Utvalet la i si utgreiing til grunn at denne regelen ikkje er i samsvar med praksis og heller ikkje er føremålstenleg. Utvalet uttrykte:

«§ 11-12 tredje ledd bestemmer at ved salg av fast eiendom i lensmannsdistrikt skal namsmannen i alminnelighet oppnevnes som medhjelper. ...

Undersøkelser utvalget har gjort, viser at namsretten tross bestemmelsen i § 11-12 tredje ledd som hovedregel oppnevner andre enn namsmannen som medhjelper. ... Det er helst i distrikter hvor man ikke har eiendomsmegler/advokat at medhjelperoppdrag blir gitt til namsmannen/lensmannen. Det hensyn til lokalkunnskap som komiteen viser til i Innst. O nr 72 (1991-92), har etter utvalgets mening mindre betydning for et godt salgsresultat enn hensynet til god markedskontakt. Det har også vist seg at lensmennene ofte ikke er interessert i å påta seg medhjelpersalg. Det vil ikke være unaturlig om dette har sam-

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

menheng med at lensmannen ikke kan kreve godtgjørelse for oppdraget.»

Trondheim byfogdembete, Sparebankforeningen, Statens Innkrevingssentral og Husbanken stør forslaget i utgreiinga. *Fåberg lensmannskontor* og *Norges Lensmannslag* meiner at ordninga med at lensmannen som hovudregel er medhjelpar, bør halde fram. *Norges Lensmannslag* uttaler såleis:

«Våre argumenter for at lensmennene skal involveres også i tvangssalg av fast eiendom står fast. Vi mener - i likhet med en samlet justiskomite - at lensmennene med sine gode lokalkunnskap og nære kontakt med publikum har gode muligheter til å forebygge et tvangssalg av fast eiendom. Det er først og fremst boligeiendommer som er aktuelt i denne sammenheng. Saksbehandlingen etter gjeldsordningsloven har styrket disse mulighetene ytterligere. Flere domstoler har etablert gode rutiner med lensmennene på behandling av begjæringer om tvangssalg av fast eiendom, og gir uttrykk for at de foretrekker lensmennene som medhjelper fremfor profesjonelle eiendomsmeglere. Utredningen fra arbeidsgruppen berører heller ikke det faktum at eiendomsmeglernes honorar reduserer oppgjøret til pantaverne, og at et salg med lensmennene som medhjelper derved gir bedre dekning.»

Departementet legg til grunn at lensmennene i mange år har gjort eit godt arbeid i samband med tvangssal av fast eigedom. Likevel må ein sjå i augo at lensmennene sine andre prioriterte oppgåver gjer at tida ofte ikkje strekk til for tvangssal. Departementet trur at dette kan vere noko av årsaka til at færre lensmenn er involvert i tvangssal i dag enn for nokre år sidan. Departementet legg til grunn at lensmennene framleis skal vere medhjelparar, men at regelen i tvangsfullføringslova § 11-12 som i utgangspunktet pålegg namsretten å velje namsmannen til medhjelpar, ikkje samsvarar med den praksis som finst i mange lensmannsdistrikt. Av den grunn bør pålegget om at lensmannen som hovudregel alltid skal vere medhjelpar, opphevast, og tvangsfullføringslova § 2-10 tredje leddet første punktum om at namsmannen «kan» vere medhjelpar ved tvangssal av «fast eiendom og adkomstdokument til leierett til bolig i lensmannsdistrikt» blir ståande. Denne endringa er ikkje eit signal om at færre namsmenn bør vere medhjelparar enn forholdet er i dag, og namsmennene i lensmannsdistrikt bør få vere medhjelparar i den utstrekning som dei ønsker dette og har tid til oppgåva.

Departementet viser elles til forslaget om endring av tvangsfullføringslova § 11-12 og merknader til dette i pkt 11 nedanfor.

4.11 Innhenting av konsesjonspris ved medhjelparsal

Arbeidsgruppa gjorde framlegg om at namsretten skal kunne innhente konsesjonspris uavhengig av om salet gjennomførast som medhjelparsal eller auksjonssal. Det vil føre til at namsretten ikkje treng å velje auksjonssal av omsyn til konsesjonsplikta. Arbeidsgruppa uttalte:

«Tvangsloven § 11-44 tredje ledd pålegger namsretten ved tvangsauksjon å innhente høyeste konsesjonspris som vil bli godkjent. Konsesjonsrisikoen påhviler kjøperen. Uten regelen om innhenting av høyeste konsesjonspris vil budgivingen være forbundet med risiko for ikke å få konsesjon fordi prisen er for høy. Uten kjennskap til høyeste

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

konsesjonspris vil man dermed kunne risikere at budene i stedet ble lave for å unngå å bli nektet konsesjon. Ved at høyeste konsesjonspris innhentes og gjøres kjent for byderne, risikerer man ikke at noen kjøper bringes i en vanskelig situasjon ved at vedkommende gir et bud som ikke aksepteres ved konsesjonsbehandlingen. Som følge av dette er det ganske vanlig at namsretten velger tvangsauksjon over gardsbruk i sentrale jordbruksstrøk ... »

Oslo byfogdembete, Trondheim byfogdembete, Norges Eiendomsmeglerforbund, Fåberg lensmannskontor, Husbanken, Norske Inkassobyråers Forening og Sparebankforeningen står framlegget. I tillegg har *Landbruksdepartementet* etter høyringa òg uttrykt si støtte til framlegget. Berre *Statens landbruksbank* går mot.

Departementet meiner at framlegget bør følgjast opp. Departementet legg for det første til grunn at framlegget vil gjere det lettare å tvangssele landbrukseigedomar gjennom ein medhjelpar. Dette vil føre til vesentleg mindre arbeidet for namsrettane. I tillegg vil det verke ryddigare å få konsesjonspris i alle høva der ein eigedom vert tvangsseld.

Departementet viser elles til forslaget om endring av tvangsfullføringslova § 11-13 og merknad til denne endringa i pkt 11 nedanfor.

4.12 Kor lenge skal eit bod vere bindande?

Utvalet gjer framlegg om ein regel om at namsretten skal kunne samtykke i at det skal takast omsyn til bod som er bindande ned til 15 dagar. Utgreiinga seier følgjande om dette:

«Av bestemmelsen [i § 11-26 første ledd] fremgår at det bare kan tas hensyn til bud som er bindende for byderen i minst seks uker. Unntaksvís kan partene og rettighetshaverne samtykke i at bindingstiden settes til to uker.

Utvalget har brakt i erfaring at det med så lange budfrister som loven operer med, kan være vanskelig å oppnå en like høy pris som ved frivillig salg. Utvalget er kjent med at noen medhjelpere overlater til byderne selv å bestemme hvor lenge de vil binde seg og praktiserer lovens bestemmelser om budfrist til kun å gjelde det bud som det kan bli aktuelt å stadfeste Hensikten er å gi bydere som er interessert i å by på forskjellige eiendommer, mulighet til også å by på eiendom for tvangssalg, uten å måtte bli bunden i hele seks uker. I enkelte distrikt har det vist seg nødvendig å gjøre bindingstiden for det bud som blir begjært stadfestet kortest mulig, d.v.s. 15 dager.

Etter § 11-29 annet ledd er det en to ukes frist til å komme med innsigelser mot utkastet til fordeling av kjøpesummen. Bakgrunnen for praksisen med 15 dagers bindingstid for bud er at namsretten først kan avsi stadfestelseskjennelse etter at toukersfristen er utløpt, jfr. § 11-30. Det kan synes knapt med bare en dag for namsretten til dette. Utvalget har imidlertid brakt i erfaring at dette fungerer meget godt i de distrikter hvor denne ordningen har vært praktisert. Medhjelperen har allerede ved tilretteleggelsen av salgsoppdraget i henhold til § 11-16 tredje ledd gitt panthaverne oppfordring til innen en frist å gi opplysninger om størrelse av pantekrav, renter og kostander. Andre rettighetshavere får oppfordring i henhold til § 11-16 fjerde ledd. Erfaring har vist at medhjelperen får oppgave fra rettighetshaverne innen fristen, for-

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

trinnsvis ved faks. Dermed er det tilstrekkelig med en ekstra dag i tillegg til toukersfristen i § 11-30.»

Trondheim byfogdembete, Fåberg lensmannskontor, Statens Innkrevingssentral, A/L Norske Boligbyggelags Landsforbund, Sparebankforeningen og Norges Eiendomsmeglerforbund stør framlegget i utgreiinga. Desse meiner i hovudsak at endringa vil føre til høgare prisar på eigedommar som vert tvangsselde. *Oslo byfogdembete* og *Husbankengår* mot framlegget. *Husbankenseier* at ein er:

«... uenig i at namsretten ensidig skal samtykke i kortere bindingstid ned til 15 dagar. Rettighetshaverne bør bli hørt før en slik avgjørelse tas Bindingstid på 15 dagar vil gi banken og namsretten for kort tid til saksbehandling.»

Departementet stør framlegget frå arbeidsgruppa om at namsretten skal kunne ta omsyn til bod med bindingstid ned til 15 dagar. Departementet har merka seg at einskilde høyringsinstansar fryktar at namsretten og rettshavarane ikkje skal få god nok tid til å handsame saka dersom bodfristen vert kortare. Departementet legg til grunn at dette er eit forhold som namsretten i stor utstrekning kan styre sjølv. Namsretten bør ha oversikt over kva for problem som reiser seg i samband med godkjenning av bodet. I dei sakene der det knyter seg særlege problem til handsaminga av bodet, kan namsretten la vere å godta korte bodfristar. I andre høve meiner departementet at kortare bodfristar verkar positivt på prisane slik at tvangssal ikkje vert vesentleg meir omstendeleg enn vanleg sal. Det vil vere ein stor fordel om namsretten kan ta avgjerda om lengda av bodfristen i staden for at alle rettshavarane må gje sitt samtykkje. Denne ordninga vil òg vere mykje lettare å administrere for medhjelparen. Departementet gjer difor framlegg om at namsretten kan samtykke til bod med bindingstid ned til 15 dagar.

Departementet viser elles til forslaget om endring av tvangsfullføringslova § 11-26 og merknader til endringa i pkt 11 nedanfor.

4.13 Nytt salsforsøk

Etter tvangsfullføringslova § 11-54 kan det krevjast ny auksjon dersom «det ikke blir gitt bindende bud eller saksøkeren i auksjonsmøtet erklærer at ingen av budene vil bli begjært stadfestet». Utvalet legg til grunn at meininga med regelen er at saksøkjaren kan krevje nytt «tvangssal» og at dette ikkje nødvendigvis er ny «tvangsauksjon». Utvalet gjer framlegg om å endre ordlyden i § 11-54 slik at det vert klart at det kan krevjast nytt «tvangssal» og ikkje berre ein ny tvangsauksjon.

Oslo byfogdembete og *Fåberg lensmannskontor* er samde i endringa.

Departementet legg til grunn at endringa berre er ei presisering av gjeldande rett, men at dette bør komme betre til uttrykk i sjølv lovteksten. Av den grunn gjer departementet framlegg om å endre tvangsfullføringslova § 11-54 slik at det vert klart at ein saksøkjaren kan krevje nytt «salgsforsøk». Med denne presiseringa er det òg klargjort at det ikkje må krevjast nytt tvangssal, men berre eit nytt forsøk på sal. Formuleringa er den same som i tvangsfullføringslova § 11-30 andre leddet bokstav a.

Departementet viser elles til framlegget til endring av tvangsfullføringslova § 11-54 og merknader til endringa i pkt 11 nedanfor.

5 Endringer i straffeprosessen og fellesprosessen

5.1 Vitneplikta si geografiske utstrekning

Både i straffesaker og i sivile saker har vitne plikt til å møte for herads- og byretten når reiseavstanden ikkje er lenger enn 300 km med rutegåande transportmiddel, eller 50 km på annen måte. For lagmannsretten gjeld dei doble avstandane. Utover dette kan retten påleggje vitne som har lengre reiseavstand, å møte. Då tvistemålslova vart vedteken i 1915 var avstandane for herads- og byretten 300 km med jernbane, 150 km med dampskip eller 50 km på annan måte.

I høyringsnotat 6 mars 1996 tok departementet opp spørsmålet om utviding eller oppheving av desse grensene. Det vart vist til fråsegner i Ot prp nr 35 (1978-79) om ny straffeprosesslov og i Ot prp nr 61 (1978-79) om endringer i mellom anna vitnepliktreglane i tvistemålslova. Departementet hadde der halde fram at ordninga med faste avstandsgrenser for vitneplikta burde revurdertast. I Ot prp nr 35 (1978-79) på s 139 uttalte departementet såleis at «[m]an vil ta opp til vurdering om dette er et rasjonelt system etter vår tids forhold.» I høyringsfråsegn frå det dåverande Domstolsutvalget til endringa i tvistemålslova ved lov 1 juni 1979 nr 24, jf Ot prp nr 61 (1978-79) på s 11, heitte det:

«Hovedbegrunnelsen for ordningen antas å være kostnadshensynet samt det at folk bør spares for de lange reiser. Som antydnet foran kan det være at kostnadshensynet ikke likevel er så tungtveiende når man regner totalomkostningene (og besparelsene) ved å oppheve avstandsgrensene. Belastningen ved de lange reiser føles ikke så sterkt med moderne kommunikasjonsmidler. Viktigere for vitnet er full økonomisk kompensasjon.

Domstolsutvalget mener etter dette at det nå er gode grunner for å la foreta en utredning av spørsmålet om avstandsgrensene i tvml. og strpl. med sikte på å foreslå at møteplikten innenlands for vitner og parter blir gjort uavhengig av reiselengder. Man kan da tenke seg generell møteplikt som lovens hovedregel, med mulighet for dispensasjon i form av stedlig bevisopptak i tilfelle hvor konkrete omstendigheter taler sterkt for dette.»

Utviklinga innan samferdslesektoren har gjort spørsmålet endå meir aktuelt no enn på slutten av 1970-talet. Etter lovendring 24 august 1990 nr 54 kan lagmannsrettane og herads- og byrettane dessutan avhøyre vitne ved fjernavhøyr. For straffesaker har i tillegg to-instansreforma ved lov 11 juni 1993 nr 80 medført at vitneplikta sin geografiske utstrekning vart halvert for dei straffesaker som tidlegare vart handsama av lagmannsretten som første instans.

I høyringsbrevet sette departementet opp tre ulike alternativ til lovendringar i tvistemålslova og straffeprosesslova. Etter alternativ 1 skulle avstandsgrensene utvidast til 800 km med rutegåande kommunikasjonsmiddel eller 125 km på annan måte, og dei same grensene skulle gjelde både for herads- og byretten og for lagmannsretten. Etter alternativ 2 og 3 skulle den geografiske avgrensinga av vitneplikta opphevast og retten ha høve til å frita vitnet

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

etter ei nærare vurdering av ulempene og kostnadene. Skilnaden mellom alternativ 2 og 3 var at fritak etter alternativ 2 kunne gjevast i alle høve, medan fritak etter alternativ 3 berre skulle kunne gjevast dersom reiseavstanden var lenger enn 800 km med rutegåande kommunikasjonsmiddel eller 125 km på annan måte.

Alle høyringsinstansane som uttaler seg er samde i at reglane om vitneplikta si geografiske rekkevidda bør endrast, men har noko ulike oppfatningar med omsyn til kva alternativ som bør veljast. *Finansieringsselskapenes Forening* stør framlegget, utan å ta stilling til kva alternativ som bør veljast.

Alternativ nr 1 (utviding av avstandsgrensene) vert føretrakt av *Stavanger byrett*, *Oslo byrett* og under tvil *Landsorganisasjonen i Norge*. Stavanger byrett og Landsorganisasjonen i Norge legg til grunn at ei slik utviding av avstandsgrensene vil vere tilstrekkeleg. For *Landsorganisasjonen i Norge* er alternativ 2 og 3 berre akseptable dersom staten med endeleg verknad dekkjer vitneutgiftene i sivile saker som er viktige for partane sin velferd, mellom anna oppseiingssaker. *Oslo byrett* fryktar at ei oppheving av avstandsgrensene vil føre til at vitna må stemnast lang tid i førevegen (2-3 månader) for at det skal vere tid til halde bevisopptak dersom fritak vert gjeve. Denne høyringsinstansen ønsker at avstandsgrensa skal vere 600 og 100 km.

Alternativ nr 2 vert støtta av *Næringslivets Hovedorganisasjon*, *Den norske Dommerforening*, *Hålogaland lagmannsrett*, *Trondheim byrett*, *Indre Follo heradsrett*, *Hedmark og Oppland statsadvokater* og *Statsadvokatane i Rogaland*. Dette alternativet er òg andrevalet til *Stavanger byrett*. ØKOKRIM går imot alternativ nr 2 då det lett vil føre til meirarbeid for domstolane. *Dommerforeningen* uttaler:

«Med moderne kommunikasjonsmidler er fremmøte vesentlig et spørsmål om dekning av utgifter. ... Justisdepartementet er redd for at fritaksadgangen etter [andre alternativ] kan føre til ekstrabelastning for domstolene og usikkerhet for partene. Etter Straffeprosessutvalgets oppfatning er disse problemer overdrevet. De samme problemer vil forøvrig langt på vei oppstå etter tredje alternativ.»

Hålogaland lagmannsrett var kjend med fråsegna til Dommerforeningen sitt straffeprosessutval og slutta seg til den. Dommerforeningen sitt sivilprosessutval stør også alternativ 2 og legg mellom anna vekt på at den tida som går med nok er viktigare for det einskilde vitnet enn avstanden. *Indre Follo heradsrett* meiner at alternativ 2 vil gje den mest fleksible løysinga og at det venteleg vil kome få krav om fritak. *Statsadvokatane i Rogaland* uttaler at det ikkje synes å vere nokon grunn til at fritaksregelen skal kunne praktiserast ulikt etter kva avstand vitnet har til rettsstaden. *Hedmark og Oppland statsadvokatembeter* held fram at ein bør ha ei ordning der vitne i prinsippet har plikt til å møte uansett reiseavstand. Denne høyringsinstansen held fram at det er uheldig at eit vitne frå Tromsø ikkje vil ha plikt til å møte til hovudforhandling i Oslo, medan eit vitne frå Snåsa pliktar å møte. Òg *Stavanger byrett* gjev uttrykk for at høvet til fritak ikkje bør vere avhengig av reiselengda og uttaler:

«Kommunikasjonene en del steder i Norge er fortsatt slik at det ikke alltid er selve lengden i km som gjør en reise tungvinn, og et eventuelt fritak bør gis ut fra en totalvurdering av hele situasjonen. Etter vår oppfatning har de innvendinger departementet anfører mot alternativ 2 neppe så stor vekt, og det vil trolig ikke være fare for at domstolene blir

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

overrent av begjæringar fra vitner som ber om å bli fritatt p.g.a. forhold ved reisen.»

Endeleg vert alternativ nr 3 støtta av *Den Norske Advokatforening, Borgarting lagmannsrett, ØKOKRIM, Statsadvokatene i Hordaland*, og under tvil *Riksadvokaten. Den Norske Advokatforening* uttaler at det ein føremon ved bevisopptak før hovudforhandling, er at ein får oversikt over delar av bevisstoffet under saksførebuinga. Denne høyringsinstansen skriv:

«Når man ikke lenger kan påberope vitnepliktenes stedlige begrensning for å få avhørt et vitne ved bevisopptak under saksforberedelsen, står man igjen med tvml. § 220 nr. 1 som har en nokså restriktiv formulering.»

Statsadvokatane i Hordaland, ØKOKRIM og Riksadvokaten peikar på at det er fare for meirarbeid for domstolane dersom vitne kan søkje om fritak uansett reiseavstand. ØKOKRIM uttaler at alternativ nr 2 dessutan kan opne for krav om fritak på heilt anna grunnlag enn reiseavstand. *Statsadvokatane i Hordaland* gjev uttrykk for at 600 km/100 km er langt nok, medan ØKOKRIM og Riksadvokaten meiner at grensa bør setjast til 850 km sidan reiseavstanden mellom fleire større byar er like over 800 km.

Departementet gjer framlegg om å oppheve avstandsgrensene for vitneplikta og innføre ein geografisk avgrensa fritaksregel i straffeprosesslova § 109 og tvistemålslova § 199 (alternativ nr 3 ovanfor). Utviklinga innan samferdslesektoren har ført til at reiseavstanden i seg sjølv ikkje gjev nokon god indikasjon på kor tyngande det vil vere for eit vitne å møte i høve til kor viktig vitneprovet vil vere for å få saka opplyst. Av denne grunn går departementet inn for ein hovudregel om generell frammøteplikt. P g a av høvet som retten alt i dag har til å påleggje møteplikt uavhengig av reiseavstand, til å nytte fjernavhøyr og få teke i mot forklaring frå vitnet i rettsmøte under saksførebuinga (bevisopptak) vil nok ikkje endringa få så store praktiske utslag.

Departementet meiner det er viktig å understreke innhaldet i vitneplikta ved å knytte vurderinga av om fritak skal gjevast, til ein viss minste reiseavstand og ikkje til ein generell fritaksregel. Ei grense på 800 km med rutegåande kommunikasjonsmiddel dekkjer avstanden mellom større byar i dei ulike landsdelane og pålegg vitnet å utføre ei slik reise for å gje sitt vitneprov i retten. For reiser på ein annan måte er minsteavstanden sett til 125 km. For lengre kan retten fritta eit vitne frå å møte når tidsbruken eller ulempe for vitnet vil vere stor i høve til kor viktig det er å få høyre vitnet under hovudførebuinga. Samstundes vert straffeprosesslova § 270 og tvistemålslova § 220 endra. For sivile saker vil det av samanhengen gå fram at eit vitne med mindre reiseavstand enn fastsett i fritaksheimelen i § 199, i særlege tilfelle kan bli fritatt etter tvistemålslova § 220 nr 5. Til dømes vil denne reglen kunne nyttast i tilfelle der sjølv ei kort reise vil påføre vitnet særleg ulempe på grunn av handicap eller sjukdom. For straffesaker må slike spørsmål avgjerast etter straffeprosesslova § 296 første ledd.

Som ein følge av at avstandsgrensene for vitneplikta vert oppheva, må det gjerast dei nødvendige tilpassingar i tvistemålslova §§ 115 og 220, og straffeprosesslova § 270. Særregelen i barnelova § 20 om utviding av møteplikta vil ikkje lenger ha nokon funksjon og bør opphevast.

Om lov om endringar i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Departementet viser elles til forslaget til endringar i tvistemålslova §§ 115, 199 og 220, straffeprosesslova §§ 109 og 270 og barnelova § 20 og merknadene til forslaget i pkt 11 nedanfor.

5.2 Fjerning av tittelen «rettsskrivar»

Domstollova §§ 9, 17 og 24 har føresegner om «rettsskrivarar» ved h h v Høgsterett, lagmannsrettane og herads- og byrettane. I tillegg er «rettsskrivarane» nemnde i ei rekkje andre lovføresegner, flest gonger i domstollova og tvistemålslova, men òg i mellom anna industrikonsesjonslova, rettsutdraglova, skiftelova, riksrettergangslova og lov om ikraftsetjing av rettergangsordninga. I dag er det ingen rettsskrivarar ved lagmannsrettane og herads- og byrettane. I Høgsterett er det derimot rettskrivarar, men dei har i dag titlane direktør og protokollsekretær. I tillegg er det i Høgsterett tilsett utgreiarar, men desse er ikkje nemnde i lovverket. I høyringsnotat 6 mars 1996 tok departementet opp spørsmålet om fjerning av den forelda stillingstittelen «rettsskrivar» frå lovverket og foreslo nye føresegner om administrasjonen i Høgsterett i domstollova §§ 61 og 62. Fjerning av stillingstittelen «rettskrivar» medfører i nokre tilfelle at føresegner kan opphevast, t d domstollova §§ 17 og 24, men i dei fleste føresegnene er det berre mindre omredigeringar som må gjerast.

Av høyringsinstansane er det berre *Høgsterett* og *Den norske Dommerforening* som har merknader og dei stør dei endringar som departementet skiserte i høyringsnotatet. Den norske Dommerforening ga såleis uttrykk for at endringane vil innebære ei nødvendig opprydding.

Departementet gjer framlegg om å fjerne stillingstittelen «rettskrivar» frå lovverket og gje eigne reglar om administrasjonen i Høgsterett. I nokre tilfelle reiser fjerning av stillingstittelen «rettskrivar» spørsmål om arbeidsfordelinga ved domstolane. Ei slik problemstilling kan vere om «rettskrivar» skal erstattast med t d andre tenestemenn eller rettens kontor. Desse spørsmåla vil bli omhandla under merknadene til dei einskilte paragrafane.

Departementet viser elles til forslaget til endringar i domstollova §§ 9, 17, 24, 61, 62, 66, 91, 106, 110, 113, 138, 162, 179 og 229, tvistemålslova §§ 125, 133, 134, 140, 333 og 407, lov om umyndiggjering § 2, industrikonsesjonslova § 2, rettsutdraglova §§ 5, 6 og 10, rettergangsordninga si ikraftsetjingslov § 7, svalbardlova § 7, arbeidstvistlova §§ 24 og 46, skiftelova § 5 og riksrettergangslova §§ 5, 6 og 26 og merknadene til forslaget i pkt 11 nedanfor.

5.3 Varadommar i herads- og byretten i omfattande straffesaker

Etter to-instansreforma kan samansetjinga av herads- og byrettens styrkjast i saker om brotsverk som etter lova kan medføre fengsel i meir enn seks år og som er «særleg omfattende eller hvor andre særlege grunner foreligger», jf straffeprosesslova § 276 andre leddet. Styrkinga går føre seg ved at det skal vere to fagdommarar og tre meddommarar i staden for ein fagdommar og to meddommarar. I alle vidløftige straffesaker kan dessutan rettens formann fastsetje etter straffeprosesslova § 276 femte leddet at ein eller to varamedlemmer for *meddommarane* skal følgje forhandlingane og tre inn i tilfelle nokon av dei får forfall. For lagmannsrettane kan førstelagmannen dessutan fastsetje at eit

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

varamedlem for *fagdommarane* skal følgje forhandlingane i vidløftige saker, if domstollova § 12 andre leddet.

Dersom ein av dommarane i den forsterka retten skulle få forfall etter at hovudforhandlinga har teke til, anten dette er ein fagdommar eller meddommar, følgjer det av domstollova § 15 at forhandlingane likevel kan halde fram. Den andre fagdommaren vil då kunne gjere teneste som rettens formann. I andre høve lyt saka utsetjast, eller starte på nytt med ny dommar.

Ved gjennomføringa av to-instansreforma vart det vurdert å styrkje rettens samansetjing jamvel i andre saker. Slike saker vart alt før to-instansreforma handsama av herads- og byretten i første instans, og det vart ikkje større trong for endringer som følgje av denne reforma. I Ot prp nr 78 (1992-93) på s 19 uttalte departementet at ei generell ordning kunne bli ressurskrevjande og at ein burde sjå korleis ordninga fungerer for dei alvorlegaste straffesakene før ordninga eventuelt vert utvida.

Departementet tok i høyringsbrev 6 mars 1996 opp spørsmålet om innføring av ei noko meir avgrensa ordning som kunne ivareta behovet for styrking av herads- og byretten i til dømes særleg kompliserte og langvarige straffesaker om økonomiske brotsverk. Departementet la opp til at ein slik regel kunne innarbeidast i domstollova § 20 tredje leddet. Dette er ein regel som i dag gjev Kongen (delegert til Justisdepartementet) høve til å oppnemne eit varamedlem som i visse typar av saker, mellom anna skjønn og oreigningssaker, skal følgje forhandlingane og tre inn om rettens formann skulle få forfall. Etter framlegget skulle Kongen kunne oppnemne eit varamedlem for rettens formann i andre vidløftige straffesaker enn dei som kan setjast ved forsterka rett etter straffeprosesslova § 276 andre leddet dersom rettens formann har avgjort at det skal vere varameddommar etter straffeprosesslova § 276 femte leddet. At det er Kongen som oppnemner varamedlemet, skulle gjere det lettare å halde fast ved at slik oppnemning skal vere ein snever tryggingssventil og gjere det lettare å gjennomføre ein einsarta praksis.

Alle høyringsinstansane som uttaler seg, stør hovudtrekka i framlegget. Desse er *Hålogaland lagmannsrett*, *Oslo byrett*, *Indre Follo heradsrett*, *Den norske Dommerforening*, *Riksadvokaten*, *ØKOKRIM*, *Hordaland statsadvokatembeterog* *Den Norske Advokatforening*. ØKOKRIMuttaler:

«Det finnes en god del eksempler på økonomiske straffesaker der hovedforhandlingen for herreds- og byrett har vart i flere måneder. Det sier seg selv at prosessøkonomisk vil det være uheldig om en slik sak må gjennomføres på nytt fordi fagdommeren får forfall. Slik reasummering vil medføre en betydelig merbelastning for domstolene og for parter og vitner tilsvarende merkostnader.»

Hålogaland lagmannsrett og *Oslo byrett* er likevel ikkje samde i at det er Kongen som skal avgjere om varadommar skal oppnemnast. *Hålogaland lagmannsrett* uttaler:

«Det er prinsipielt uheldig Justisdepartementet gis adgang til å treffe bestemmelse om rettens sammensetning i den enkelte sak ved beslutning om oppnevning av dommer ad hoc. Domstoloven § 20 tredje ledd har som nevnt i høyringsnotatet vært en unntaksregel med begrenset anvendelse i praksis, og ordningen bør iallefall ikke utvides. Avgjørelsen om å sette retten med varadommer bør legges til embetslederen, slik som for lagmannsretten i medhold av domstollo-

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

ven § 12 annet ledd. Det er også nærliggende å trekke parallellen til straffeprosessloven § 276 annet ledd, hvoretter domstolens leder tref-fer avgjørelse om forsterket rett. ...

Endringen kan gjennomføres ved at straffeprosessloven § 276 siste ledd gis følgende tilføyelse:

«Domstolens leder kan bestemme at også et varamedlem for ret- tens formann skal følge forhandlingen. Tredje ledd gjelder tilsvaren- de.»»

Oslo byrett går inn for at dommar nr 2 ikkje skal vere varamedlem, men full- verdig medlem av retten på same måte som ved forsterka rett etter straffepro- sesslova § 276 andre leddet og uttaler:

«Etter byrettens mening kan det være liten tvil om at den styrking av retten departementet forslår, bør skje ved utvidelse av området for § 276. Det kan ikke være noen fornuftig grunn til at den ekstra dommer ikke skal være et fullverdig medlem av retten fra første dag. Det må foreligge sterke grunner før man innfører ytterligere en særordning for behandling av straffesaker i første instans.»

Fleire av høyringsinstansane går dessutan inn på spørsmålet om kor vidt dom- marfullmektigar skal kunne vere varadommar. *Dommerforeningen* går ut frå at dommarfullmektigar ikkje gjer teneste saman med sin prinsipal. *Hordaland statsadvokatembeter* meiner at dommarfullmektigar i det heile ikkje bør kunne gjere teneste i slike saker, medan *Riksadvokaten* uttaler at det neppe er nokon grunn til dommarfullmektigar ikkje skal kunne gjere teneste, og uttaler at dette både vil vere ei praktisk løysing og lærerikt for vedkommande. Ordninga med individuell oppnemning vil i alle tilfelle sikre at vedkommande har til- strekkeleg erfaring.

D e p a r t e m e n t e t held fast ved at det i særskildt i straffesaker bør vere mogeleg å oppnemne ein varadommar ikkje berre for meddomma- rane, men òg for rettens formann. Departementet vil halde fram at det det her gjeld, er å skipe til ei ordning som gjer at saka kan gå vidare som planlagd jam- vel om rettens formann får forfall. Framlegget byggjer ikkje på det syn at det er for lite med ein fagdommar til å avgjere desse sakene i herads- eller byret- ten. Ei utviding av ordninga med forsterka rett etter straffeprosesslova § 276 andre leddet er foreslått av Strukturutvalget for herreds- og byrettene i NOU 1999: 22 Domstolene i første instans. Dette framlegget vil bli vurdert i sam- band med oppfølginga av denne utreiinga. Departementet vil førebels ikkje gjere framlegg om endringer i straffeprosesslova § 276 som går ut over det som lå til grunn i høyringsbrevet 6 mars 1996. Det vil seie ei ordning med vara- dommar. Dersom ein etter høyringa av Strukturutvalet si utreiing finn at ei ordning med forsterka rett er betre, vil § 276 femte leddet kunne endrast på ny. Ei ordning med varadommar vil ikkje vere like ressurskrevjande i og med at vedkommande kan dimitterast når saka vert teken opp til doms. Forhand- lingane kan dessutan gå som dei var planlagde, sjølv om *varadommaren* skulle få varig eller kortvarig forfall. Men dersom det unntaksvis skulle verte nødvendig at varadommaren må tre inn som dommar, må sjølv sagt dei delar av forhandlingane som vedkommande ikkje var med på, takast opp att.

Departementet er samd i at det kan reisast prinsipielle innvendingar mot at forvaltninga skal oppnemne dommar i den einskilde saka, sjølv om det berre gjeld få saker og varadommaren berre unntaksvis må gå inn i staden for ret-

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

tens formann. Det beste tykkjest då vere at domstolleiaren skal avgjere om det er trong for varadommar. Departementet føreset at høvet til å oppnemne varadommar for rettens formann berre vert nytta som ein snever unntaksregel.

Dersom varadommaren ikkje frå før gjer teneste som dommar ved vedkomande domstol, vil vedkomande måtte kallast inn etter domstollova § 19 andre leddet. Dersom leiaren av domstolen ønsker at ein person som ikkje er i stilling som dommar, t d ein advokat, må vedkomande konstituerast som dommar. Departementet ser ikkje nokon grunn til utelukke dommarfullmektigar frå å vere varadommar så lenge det ikkje ville vere noko formelt i vegen for at dommarfullmektigen sjølv kunne ha administrert saka frå byrjinga. Det er sjølvstundt ein føresetnad at dommarfullmektigen må vere skikka til å administrere slike vidløftige saker. På den andre sida bør ikkje det forhold at meir røynde dommarar etter den vanlege arbeidsdelinga ved embetet plar administrere denne typen saker, føre til at bruk av dommarfullmektigen som varadommar skal vere heilt utelukka. Departementet kan heller ikkje sjå at det er noko i vegen for at dommarfullmektigen gjer teneste som vara for sin prinsipal. Vedkomande vil likevel aldri vere dommar i saka samstundes som sin prinsipal.

Departementet viser elles til forslaget til endringer i straffeprosesslova § 276 og merknadene til forslaget i pkt 11 nedanfor.

5.4 Trekking av meddommarar og lagrettemedlemmer

I høyringsnotat 6 mars 1996 forslø departementet å endre domstollova § 92 slik at utfallet av loddtrekking og avgjerder etter § 91, dvs uttrekking og forbi-gåing av meddommarar og lagrettemedlemmer, ikkje lenger skulle først inn i ei særskilt bok, men skrivast ned og oppbevarast saman med dokumenta i saka. Bakgrunnen for dette framlegget var at det i dag er upraktisk å skrive ned og oppbevare opplysningane på ein slik måte, skilt ut frå dokumenta i saka. Ingen av høyringsinstansane hadde innvendingar mot dette framlegget og *Den norske Dommerforening* og *Borgarting lagmannsrett* uttaler at dei stør framlegget. D e p a r t e m e n t e t gjer med den grunngjevinga som er nemnd ovanfor framlegg om endring av domstollova § 92, og viser til sjølve lovforslaget nedanfor og merknader til dette i pkt 11.

Domstollova § 86 regulerer trekking av meddommarar. Hovudregelen er at det skal trekkjast ut nye meddommarar av dei allmenne meddommarutvala til kvar einskild sak, og dette gjeld både for by- og heradsretten og for lagmannsretten. I § 86 første ledd sjette punktum er det likevel gjort eit unntak for straffesaker i lagmannsretten ved at meddommarane kan trekkast *«blant lagrettemedlemmer som er trukket ut til andre saker som skal behandles i umiddelbar rekkefølge på samme rettsted»*. Denne regelen har vorte meir praktisk etter to-instansreforma i og med at lagmannsretten som meddomsrett, skal handsame fleire saker enn tidlegare. Det er likevel uklart om meddommarane skal trekkjast mellom dei 10 som gjer teneste i lagretten etter utskyting, eller mellom alle dei 16 inkludert varamedlemmar som er trekte ut. Departementet tok i høyringsbrevet 6 mars 1996 til orde for at føreseigna burde klargjerast og at det ville være meir praktisk å trekkje ut meddommarane mellom dei 10 som faktisk gjer teneste, og dermed oppheld seg på rettsstaden.

Om lov om endringar i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Den norske Dommerforening uttaler at den ordninga som er foreslått generelt sett vil være den mest naturlege, men nemner og at ein ved ein av lagmannsrettane.

...et par ganger når jurysaken har tatt lengre tid enn forutsatt, har fått en annen dommer ved lagmannsretten til å ta den berammede meddomsrettsak istedet for å utsette denne, og da med meddommere som var innkalt til jurysaken, men som ikke ble tatt ut til å tjenestegjøre under denne.»

Agder lagmannsrett går inn for at meddommarane bør trekkjast mellom alle som er trekte ut og uttaler:

«For de av lagrettemedlemmene som trekkes ut til tjeneste i tilstøtende meddomsrettssaker, er det naturligvis en fordel å få vite om dette på forhånd. Uttrekningen må da foretas blant de 16. Uttrekning blant de 10 som skal tjenestegjøre i lagretten vil klarligvis først kunne foretas etter at det er klart hvilke 10 dette er, og det vet man først ved innledningen av hovedforhandlingen i lagrettesaken. Det kan for øvrig like gjerne være slik at meddomsrettsaken behandles før lagrettesaken. Domstollovens § 86 første ledd sjette punktum gjelder også i et slikt tilfelle. Med sikte på slike saker er det utelukket å foreta uttrekning blant de 10.»

Departementet ser det som ønskeleg at det i somme situasjonar er høve til å la lagrettemedlemmer gjere teneste òg i ei eller fleire meddomsrettssaker som vert handsama rett før eller rett etter lagrettesaka. Dette vil ein kunne spare både tid og pengar på. Det vil likevel kunne verte urimeleg tyngande for vedkommande lekdommar å gjere teneste i fleire saker etter kvarandre, og domstolen bør difor ikkje nytte dette høvet dersom ei av sakene ser ut til å kunne verte tidkrevjande. Det vil dessutan vere vanskelegare å oppretthalde den same kjønnsmessige fordelinga som når meddommarane blir trekt frå eit utval med menn og eit utval med kvinner.

Departementet gjer framlegg om å klargjere føreseгна i domstollova § 86 første leddet sjette punktum og foreslår at meddommarar til straffesaker i lagmannsretten etter denne føreseгна skal kunne trekkjast anten mellom dei som er trekt ut etter domstollova § 85, eller dei som gjer teneste etter at talet på lagrettemedlemmer er redusert ved utskyting etter straffeprosesslova § 356. Det avgjerande vil då vere tidspunktet for trekkinga. Dei som er utskotne, reiser gjerne heim att og er ikkje lenger budde på å måtte gjere teneste i ei anna sak på kort varsel. Gruppa av personar som meddommarane blir trekt frå, vil då uansett vere minst 10 personar. Lovendringa gjer det klart at dei som er utskotne, og dermed ikkje gjer teneste i lagretten, heller ikkje skal vere med i ei trekking som skjer etter utskytinga. Den situasjonen som Dommerforeningen omtaler i si høyringsfråsegn, at dei utskotne går rett inn i teneste som meddommar, vil derimot ikkje vere tillateleg korkje før eller etter endringa som det vert gjort framlegg om her.

Departementet viser elles til forslaget til endringar i domstollova §§ 86 og 92 og merknadene til forslaget i pkt 11 nedanfor.

5.5 Om når advokatar kan opptre ved fullmektig

Domstollova § 223 første leddet har føresegner om når ein advokat kan opptre ved autorisert fullmektig i rettergangen. Føresegna lyder slik:

«Enhver advokat har rett til å ha en autorisert fullmektig til å opptre for seg i rettergang. Fullmektigen kan ikke opptre for Høyesterett eller ved hovedforhandling for lagmannsrett med mindre vedkommende har tillatelse etter § 221 eller § 220 til å være advokat ved vedkommenne rett».

Etter to-instansreformen vert òg dei alvorlegaste straffesakene handsama ved herads- og byretten som første instans. Dette har ført til at føresegna ikkje lenger er til hinder for at fullmektigar opptrer i hovudforhandling for herads- og byretten jamvel i dei alvorlegaste straffesakene. Den Norske Advokatforening rådde difor i brev 8 desember 1995 Justisdepartementet til å vurdere ei endring av dåverande § 225 slik at fullmektigar som ikkje sjølve har advokatløyve, ikkje skal kunne prosedere dei alvorlegaste straffesakene for herads- og byretten. Samstundes tok Den Norske Advokatforening opp spørsmålet om det burde opnast for at fullmektigar kan møte for lagmannsretten i enkle straffesaker.

I høyringsbrev 6 mars 1996 sendte departementet på høyring eit framlegg om endring av domstollova § 223 slik at fullmektigar som ikkje sjølve har advokatløyve, heller ikkje kan opptre under hovudforhandling ved herads- og byretten i saker som om straff for brotsverk som etter lova kan medføre fengsel i meir enn 6 år. Samstundes vart det gjort framlegg om at retten i den ein-skilde sak kan tillate at ein advokat møter ved fullmektig.

Høyringsinstansane stiller seg i hovudsak positive til endringsframlegga. *Den Norske Advokatforening, Den norske Dommerforening, Borgarting lagmannsrett, Agder lagmannsrett, Riksadvokaten og Statsadvokatane i Hordaland* stør såleis framlegget. *Agder lagmannsrett* gjev likevel uttrykk for at lovmotiva bør gje rettleiing om bruken av dispensasjonsheimelen. *Statsadvokatane i Rogaland* vil for straffesaker ikkje ha nokon dispensasjonsheimel for saker om brotsverk som kan føre til fengselsstraff i meir enn 6 år. Denne høyringsinstansen fryktar at det kan verte ein tilnærma automatisk oppnemning av fullmektigar som den sikta ønsker å ha som forsvarar og som har vore nytta tidlegare i saka, t.d. ved fengslingsmøter. *Indre Follo heradsrett* uttaler at oppnemning av forsvarar er personleg, og at det bør vurderast om ikkje den føreslegne endringa vil medføre ei uheldig endring i forsvararoppdraget sin karakter. Denne høyringsinstansen uttaler i såleis:

«Faste forsvarere antas etter søknad. Ved avgjørelsen av hvilken søker som skal antas, legges vekt på vedkommendes faglige kvalifikasjoner og personlige egnethet. Det vil være uheldig dersom en velkvalifisert advokat antas, hvoretter forsvararoppdragene i praksis blir utført av advokatfullmektig som er dårligere kvalifisert enn andre av søkerne.»

Departementet gjer framlegg om endring av domstollova § 223 slik at ein advokat, ved hovudforhandling i dei alvorlegaste straffesakene for herads- og byretten, ikkje har høve til å opptre ved fullmektig som ikkje sjølv har advokatløyve. Samstundes foreslår departementet at retten for den ein-skilde sak kan tillate at advokaten møter med fullmektig òg ved hovudforhandling i lag-

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

mannsretten i sivile saker og i saker om straff som ikkje gjeld brotsverk som etter lova kan medføre fengsel i meir enn seks år. For straffesaker er endringane ein følgje av to-instansreformen. Dei sakene som før gjekk i lagmannsretten som første instans, går no i herads- og byretten, og saker som før fekk fornya handsaming i herads- og byretten, vert etter fullstendig anke no handsama av lagmannsretten.

Føresegna utgjer i alle høve berre ei ytre ramme for når ein advokat kan opptre ved fullmektig. For straffesaker vil straffeprosesslova § 95 andre leddet vere viktigare. Det er etter denne føresegna berre advokatar som kan vere forsvarar, og forsvararoppdraget er personleg. Dette set visse grenser for når advokaten kan la sin fullmektig opptre som forsvarar i saka på sine vegne, jamvel om vilkåra i domstollova § 223 første leddet er til stades. Til dømes å la ein annan møte for seg som forsvarar i hovudforhandling, vil ikkje kunne sameinast med forsvararoppdraget, utan at det var ein føresetnad allereie ved oppnemninga at advokaten skulle kunne utføre vervet som forsvarar ved fullmektig, eller den som er sikta og retten godtek ei slik endring i forsvararoppdraget. Ein situasjon der dette kan vere aktuelt, er der advokaten uventa får forfall. Eit alternativ vil vere å oppnemne fullmektigen som forsvarar, men det må i tilfelle skje etter straffeprosesslova § 95 andre leddet andre punktumet, jf «en annen skikket person». Då er det ikkje som fullmektig at vedkomande vert oppnemnd, og avgrensinga i domstollova § 223 vert følgeleg ikkje aktuell.

Departementet har vurdert det slik at det ikkje vil vere praktisk å la ein fullmektig som ikkje sjølv er advokat opptre i Høgsterett eller i hovudforhandling i sak om straff for brotsverk som etter lova kan føre til fengsel i meir enn seks år. Av den grunn er heimelen avgrensa til hovudforhandling i lagmannsretten. Departementet finn derimot ikkje grunn til å skilje mellom sivile saker og straffesaker i domstollva § 223. I vurderinga av om advokaten kan opptre med fullmektig, bør lagmannsretten mellom anna leggje vekt på om saka er komplisert, om fullmektigen er tilstrekkeleg med erfaring, om fullmektigen tidlegare har opptrådt i saka og om saka vil verte unødig forseinka om advokaten må møte sjølv. Dersom det gjeld ei straffesak må retten dessutan vurdere om det ligg innanfor forsvararoppdraget til vedkomande advokat å møte med fullmektig, eller om det er grunnlag for å nytte straffeprosesslova § 95 andre leddet andre punktum slik at forsvararoppdraget går over på fullmektigen.

Departementet viser elles til forslaget til endringar i domstollova § 223 og merknadene til forslaget i pkt 11 nedanfor.

5.6 Føring av aktorat ved lagmannsrettane og herads- eller byrettane

Etter straffeprosesslova § 76 andre leddet kan straffesaker for lagmannsrett og herads- eller byrett førast av statsadvokatar, polititenestemenn som høyrer til påtalemakta eller advokatar. Om saka gjeld «en forbrytelse som etter loven kan medføre fengsel i mer enn 6 år, skal den føres av en statsadvokat». Når «særlige grunner» ligg føre, kan likevel riksadvokaten overføre aktoratet til andre, t d til ein politijurist.

Før to-instansreforma (lov 11 juni 1993 nr 80) var reglane ulike for lagmannsrett og herads- eller byrett. Det var då berre saker ved lagmannsretten som måtte førast av statsadvokatar om ikkje riksadvokaten i den einskilde

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

saka hadde overført aktoratet til ein annan. Dette skiljet vart søkt halde oppe ved lovendringa i 1993, men det er likevel noko uklart om t d polititenestemenn som høyrer til påtalemakta utan særskild overdraging kan føre saker som tidlegare vart handsama av herads- og byretten uavhengig av strafferamme, dvs ved dom i forhøyringsrett. Justisdepartementet har i rundskriv G-67/95 lagt til grunn at særskilt overdraging frå riksadvokaten ikkje er nødvendig i vedgåingssaker som vert handsama i forhøyringsretten, sjølv om strafferamma er over 6 års fengsel. På bakgrunn av brev 17 august 1995 frå riksadvokaten, der det vart gjeve uttrykk for at ei presiserande lovendring ville vere ønskeleg, tok departementet i høyringsbrev 6 mars 1996 opp spørsmålet. Departementet gjorde der framlegg om at det berre skulle vere ved hovudforhandling at kravet om at saka skulle først av statsadvokat skulle gjelde.

Den norske Dommerforening, Riksadvokaten, Oslo statsadvokatembeter, Statsadvokatane i Hordaland, Statsadvokatane i Rogalandsamt Hedmark og Oppland statsadvokatembeter stør framlegget. *Statsadvokatane i Rogaland* uttaler:

«I den grad dagens bestemmelse er uklar, skader det ikke med en presisering. Vi har dog ikke fått signaler om det i den tiden to-instansreformen har virket har vært noe problem. Det synes åpenbart at når påtalemyndigheten kan la være å møte, kan den også møte med en politijurist. I forhørsrettsaker er det ikke aktorer om skyldsspørsmålet, bare om straffeutmålingen hvor statsadvokaten i sin påtegning har gitt en bindende straffepåstand. Det er således ubetenkelig å la politijuristene møte i forhørsretten for å begrunne påtalemyndighetens straffepåstand.»

Ingen høyringsinstansar går i mot framlegget. Fleire av dei høyringsinstansane som stiller seg positive til framlegget, har likevel merknader til den nærare utforminga av regelen. *Riksadvokaten* og *Oslo statsadvokatembeter* tek til orde for ei meir omfattande endring av strprl § 76 enn departementet la opp til i høyringsbrevet. Bakgrunnen for dette er at før to-instansreforma gjekk det fram av strprl § 6 at vedgåingssaker, dvs der den som er sikta tilstår i retten og dette vert styrka av andre opplysningar i saka, skulle først for herads- og byrett så lenge det ikkje gjaldt brotsverk som kunne føre til fengsel i meir enn 10 år. Auka maksimumsstraff grunna gjentakning, konkurrens eller straffelova § 232 skulle i denne samanheng ikkje ha noko å seie. Sidan desse sakene skulle handsamast i herads- og byretten var ikkje riksadvokatens avgjerd nødvendig for at andre enn statsadvokatane kunne vere aktor. Om dette uttaler *Oslo statsadvokatembeter*:

«Det er vanskelig å finne holdepunkter for at denne endring var tilsiktet, men loven er likevel klar på dette punkt. I praksis har dette medført at Statsadvokatene i Oslo nokså konsekvent ber Riksadvokaten oppnevne en politijurist som aktor for herreds/byretten i «tilståelsessakene». Etter hva vi har erfart har Riksadvokaten uten unntak innvilget statsadvokatens søknad.»

Riksadvokaten har same syn som Oslo statsadvokatembeter på vedgåingssakene. Han gjev uttrykk for at det er upraktisk at Riksadvokaten i kvar einskild sak skal måtte avgjere om aktoratet skal overlatast til politiet. Riksadvokaten går i denne samanheng heller ikkje inn for at hovudregelen for herads- og byretten bør vere personleg oppnemning av ein av politiet sine tenestemenn

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

som aktor. Riksadvokaten går vidare inn for å presisere i strprl § 76 at statsadvokaten skal føre sak om sikring. Etter påtaleinstruksen § 23-1 er det statsadvokaten som tek stilling til om sikringssak skal reisast, men desse sakene har i praksis likevel vorte aktorert av politiet. Riksadvokaten uttaler at det er:

«... vanskelig å se hvorfor f eks en drapssak mot en utilregnelig lovbrøyer - som det av hensyn til samfunnsbeskyttelsen er nødvendig å treffe tiltak overfor - jevnlig aktoreres av politiet, men av en statsadvokat i tilfeller der tiltalte er tilregnelig. Sakene reiser regelmessig vanskelige problemstillinger og aktoratet bør derfor i alle sikringssaker i alminnelighet føres en statsadvokat. Dette gjelder også sikringssaker etter det dobbeltsporede system (påstand om både straff og sikring) hvor det unntaksvis er aktuelt å reise sikringssak ved overtredelse av straffebestemmelser med strafferamme 6 år eller mindre. Riksadvokaten har vurdert om disse retningslinjene burde gis som instruks, men er kommet til at tillegg i straffeprosessloven § 76 er mer hensiktsmessig.»

Departementet er samdt i at det i større grad enn departementet la opp til i høyringsbrevet kan vere tenleg å revidere reglane om kva saker statsadvokatane kan overlate til dømes til polititenestemenn innan påtalemakta å aktorere, og dei sakene berre riksadvokaten i særlege høve kan gjere dette. Departementet gjer såleis framlegg om at det skal vere opp til statsadvokatane å avgjere kven som skal aktorere vedgåingssaker som før to-instansreformen ville ha gått for herads- eller byrett. Departementet er òg samdt i at statsadvokatane som hovudregel bør aktorere saker om sikring (etter at lov 17 januar 1997 nr 11 tek til å gjelde vil dette vere saker om overføring til tvunge helsevern etter straffelova § 39 eller forvaring). Sjølv om dette er ei innstramming i forhold til kva som elles ville ha gjelde, er spørsmålet av ein slik karakter at riksadvokaten kunne ha oppnådd det same ved bruk av instruks etter påtaleinstruksen § 24-1 ovanfor statsadvokatane, og ei endring vil bidra til å styrke rettstrygggleiken til dei som er sikta. Spørsmålet har dermed ikkje vore sendt på høyring.

Departementet har elles nytta høvet til å gjere framlegg til ei omredigering av § 76 og viser elles til forslaget til endringane i straffeprosesslova § 76, lov 17 januar 1997 nr 11 og merknadene til forslaga i pkt 11 nedanfor.

5.7 Endringar i domstollova § 2

Domstollova § 2 inneheld ei oppstilling av dei ulike særdomstolane. Denne oppstillinga har over tid vorte forelda. Dei militære straffedomstolane (§ 2 nr 6) forsvann ved lov 24 juni 1994 nr 36 som tok til å gjelde 1 juli 1997. Fiskeridomstolane (§ 2 nr 4) vart ikkje førde vidare når noverande lov om saltvannfiske (lov 3 juni 1983 nr 40) vart vedteken. I domstollova § 2 nr 3 vert det vist til skjønnskommisjoner som er sett ned etter lov om bygningsvesenet i Kristiania av 26 mai 1899 § 12. Den korrekte tilvisinga skal no vere plan og bygningslova § 60. Departementet gjer framlegg om at domstollova § 2 vert oppdatert i samsvar med dette og viser til lovframlegget og merknaden til føresegna i pkt 11 nedanfor.

5.8 Protokollasjon ved saksførebuande møte

Straffeprosesslova § 20 inneheld reglar om protokollering av forklaringar som partar, vitne eller sakkunnige gjev i rettsmøte utanfor hovudforhandling. Hovudregelen er etter første leddet at slike forklaringar skal protokollerast. I tredje leddet er det gjort eit unntak for rettsmøte under saksførebuinga. I slike rettsmøte kan retten sjølv avgjere i kva grad forklaringar skal protokollerast eller ikkje. I denne unntaksføresegna vert det i ein parentes vist til straffeprosesslova § 272, og dette har reist tvil om unntaket berre knyter seg til dei særskilde saksførebuande rettsmøta etter § 272, og ikkje den generelle heimelen for saksførebuande møte som vart vedteken som § 274 andre leddet ved lov 24 august 1990 nr 54.

Departementet er av den oppfatning at tilvisinga til § 272 må reknast som eit hjelpemiddel til å finne fram til reglane om saksførebuande møter, som då regelen vart gjeve, utelukkande var § 272. At departementet i tilknytning til lovendringa i 1990 oversåg at tilvisinga burde fjernast eller endrast, får dermed ikkje den verknad at føresegna ikkje gjeld for saksførebuande møter etter § 274 andre leddet. For å unngå liknande tvilstilfelle i framtida finn departementet det mest tenleg at tilvisinga vert fjerna og viser til slikt framlegg om endring av straffeprosesslova § 20 og merknaden til framlegget i pkt 11 nedanfor.

6 Effektivisering av bøtestraffa

6.1 Innleiing

Det er samfunnet si oppgåve å syte for at bøter som vert pålagde, òg vert kravde inn. For å oppnå positive allmennpreventive og individualpreventive verknader, er det viktig at inndringa av bøtene vert gjort på ein effektiv måte. Dersom inndring av bøter ikkje går føre seg tilstrekkeleg effektivt, vil bøtestraffa lett kunne verke illusorisk. I og med at bøter er den mest aktuelle straffereaksjonen på mange område er dette noko ein lyt unngå.

Departementet kjem difor med framlegg til ulike lovendringar som kan effektivisere inndringa, mellom anna ved forlenga periode for utleggstrekk og lengre frist for forelding. Framlegga var mellom fleire som Statens Innkrevingssentral tok initiativ til i brev 10 april 1994 til Riksadvokaten, og som Riksadvokaten deretter tok opp med departementet i brev 2 desember 1994. Framlegga vart sende på høyring 11 desember 1996.

I høyringsomgangen uttalte *Landsorganisasjonen i Norge, Miljøverndepartementet* og *Indre Follo heradsrett* at dei generelt stilte seg positive til ei effektivisering av bøtestraffa av di det vil vere viktig for den allmenne lovlydnad.

6.2 Utvida heimel for inndring av bøtestraff

Statens Innkrevingssentral kan etter straffeprosessloven § 456 inndrive bøter og andre krav som er tilkjende i offentleg straffesak ved utleggstrekk i lønn eller liknande yting etter dekningslova § 2-7. Lønnstrekk er ei effektiv form for innkrevjing overfor lønnsinntakarar, men fungere ikkje like godt der den bøtelagde er sjølvstendige næringsdrivande eller eit foretak. I slike høve må inndringa skje ved at Statens Innkrevingssentral set fram krav om tvangsinnndring overfor den alminnelege namsmenn etter tvangsfullføringslova § 2-2. Dette er ein relativt dyr og arbeidskrevjande innkrevjingsmåte.

For å lette inndringa vart det i høyringsbrevet gjort framlegg om at Statens Innkrevingssentral skulle få høve til sjølv å ta utleggspant der rettsvern kan gjevast ved registrering i eit register eller ved underretning til ein tredjeperson, og tvangsforretninga kan skje ved ein kontorforretning som fullt ut vert utført av Innkrevingssentralen. Departementet gjorde framlegg om å ta ein slik regel inn som nytt tredje punktum i straffeprosesslova § 456 tredje leddet. Det vart vist til at det allereie er opna for slik inndring etter tilskotsinnkrevjingslova 9 desember 1955 nr 5 § 8, aksjelova 4 juni 1976 nr 59 § 11-14 (rekneskapslova 17 juli 1998 nr 56 § 8-4 frå 1 januar 1999) og statistikklova 16 juni 1989 nr 54 § 2-3. I brevet frå 4 desember 1994 Riksadvokaten heitte det:

«Ut fra likhetsbetraktninger er det uheldig at straff for like lovovertridelser p.g.a fullbyrdsesreglene rammer ulikt hardt avhengig av hvordan botlagte har organisert sitt arbeidsforhold.

Dertil kommer at adgangen til å bruke foretakssstraff nå er gjort generell, slik straff må antas å få økende betydning. Så langt har foretaksstraff særlig vært benyttet overfor store og seriøse foretak, som

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

når ansvarsgrunnlaget er endelig fastslått, har betalt boten. Med økende bruk av foretaksstraff kan den gunstige situasjonen ikke forventes å bestå.

I den senere tid er søkelyset rettet mot det mange opplever som en lemfeldig praksis både ved idømming av inndragning av vinning vunnet ved straffbare handlinger og inndrivning av slike krav. En utvidelse og effektivisering av SI's adgang til å tvangsinn drive vinning, kan være et av mange tiltak som vil lede til forbedring.»

Følgjande høyringsinstansar stør framlegget: *Borgarting lagmannsrett, Den norske Dommerforening, Riksadvokaten, Statens Innkrevingssentral, Sorenskriveren i Rana, Indre Follo heradsrett, Halden politidistrikt, Politiembetsmennens landsforening, Politiet i Lillehammer, Miljøverndepartementet, Riksarkivarenog Bergen forsvarerforening. Statens Innkrevingssentral* peikar på at skuldna- ren lyt betale rettsgebyr som ofte er større enn bota der utlegg vert teke via dei vanlege namsmenna, medan innkrevjinga til Statens Innkrevingssentral er gebyrfri. *Politiet i Lillehammer* viser likevel til at ei utviding av Statens Innkrevingssentral sine oppgåver er med på å undergrave namsmannsordninga i Noreg og har visse uheldige verknader. Denne høyringsinstansen uttaler såleis at:

«Dagens ordning hvor SI skal foreta utleggstrekk i lønn, har etter det en kjenner til hatt enkelte uheldige virkninger. Den undersøkelse som SI synes å foreta før trekk nedlegges, er ikke tilferdsstillende. Unntaksretten etter dekningsloven, synes enkelte ganger ikke å ha vært lagt til grunn.

Utlegg hos selvstendige næringsdrivende har og vil også i framtiden være meget vanskelig. Det er kun den lokale namsmannen som gjennom lokale undersøkelser kan skaffe seg nødvendig oversikt. Det er grunn til å anta at den foreslåtte ordningen i enkelttilfeller vil ha den nødvendige virkning og en finner under tvil å kunne støtte forslaget.»

Den Norske Advokatforening uttaler at det ikkje er uproblematisk at alle krav som vert tilkjende i ei offentlig straffesak, mellom anna den fornærma sitt krav på skadebot, skal ha ei privilegert stilling i høve til andre krav, og at dette i alle høve bør grunngjevast nærmare før ein utvidar ordninga. Denne høyringsinstansen uttaler at:

«Den endring av straffeprosessloven § 456 tredje ledd som foreslås, ved tilføysen av et nytt tredje punktum i leddet, innebærer i virkeligheten at den adgang som foreslås om å gi Statens Innkrevingssentral myndighet til å ta utleggspant direkte ved kontorforretning, vil gjelde langt videre enn krav på bøter. Dette følger av at den utvidede myndighet etter ordlyden i forslaget skal gjelde «krav som nevnt i første ledd» hvilket innebærer at alle pengekrav som er tilkjent i en offentlig retts sak herunder fornærmedes krav på erstatning faller inn under utvidelsen. Dessuten vil utvidelsen omfatte de krav Innkrevingssentralen «etter annen lov eller departementets bestemmelser er pålagt å innkreve».»

D e p a r t e m e n t e t har etter ei nærare vurdering kome til at framlegget i høyringsbrevet ikkje tek omsyn til at Innkrevingssentralen vil få utvida høve til å ta utleggspant i alle tilfella som er omtalte i straffeprosesslova § 456 første ledd. Av den grunn bør det for det første gjerast ei avgrensing i forhold til krav som nemnde i § 456 første leddet andre punktum, som omfattar alle andre krav enn dei som vert tilkjende i straffesaker.

Om lov om endringar i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Når det gjeld bøter og andre pengekrav (inndraging, skadebot og saks-kostnader) som er tilkjende i ei straffesak, kan gode grunnar tale for at det skal vere lett gjennom Innkrevingssentralen å drive inn slike krav. Men ei motsegn knyter seg til verknaden andsynes dei ållmenne rettsverns- og prioritetsreglane. Etter dekninslova § 9-7 nr 4 bokstav b har straffebøter og inndraging prioritet etter andre pengekrav. Ved utleggspant er regelen den at den pante-rett som først får rettsvern, har best prioritet, jf til dømes tinglysingslova § 20 for utleggspant i fast eigedom. Dette kan nok gjere at utleggspant som Innkre-vingssentralen tar, i praksis får ein fordel jamført med dei alminnelege kredi-torane. Dei lyt vende seg til namsmenna for å få utlegg i samsvar med tvangs-fullføringslova sine reglar, og handsamingstida hjå namsmenna kan somme tider gå opp i ein månad eller meir. Ved å krevje konkurs kan likevel ein almin-neleg kreditor få satt til sides eit utleggspant som Innkrevingssentralen har tatt i dei siste tre månadene.

Departementet meiner at omsynet til dei alminnelige kreditorane ikkje talar avgjerande mot høyringsframlegget, når det vert avgrensa til krav påkjende i ei straffesak. Men samanhengen mellom dei ulike føresegnene i straffeprosesslova § 456 gjer at framlegget bør gjennomførast noko annleis enn departementet tok opp i høyringsframlegget.

Departementet vises elles til framlegget om endring i straffeprosesslova § 456 og merknader til framlegget nedanfor i pkt. 11.

6.3 Forelding av bøtestraff

Etter gjeldande rett vert bøter forelda tre år etter at bota er endeleg, men etter fem år dersom bota er større enn 3000 kroner, jf straffelova § 74 første leddet. Reglane om avbrot av forelding i straffelova § 73 gjeld berre for fridomsstraff, jf § 71. Heller ikkje reglane i lov om forelding av fordringar gjeld for bøter. Av dette følgjer det at foreldingsfristen for bøter ikkje kan avbrytast, og at bota fell bort som forelda så langt den ikkje er fullbyrda ved utløpet av foreldingsfris-ten. Det same gjeld for den subsidiære fridomsstraffa, om ikkje fullføringa har teke til, jf § 74 fjerde leddet.

I brevet frå Riksadvokaten 4 desember 1994 heitte det om fristavbrytings-reglar for bøtestraff m m:

«Det er uheldig - både av sosiale grunner og effektivitetshensyn - om botlagte må settes inn til delvis subsidiær avsoning av boten alene av den grunn at fullstendig inndrivelse ikke kan skje innen foreldelses-fristens utløp. Når boten ikke betales frivillig, er det tvangsmessig inn-driving som skal være den primære fullbyrdesmåte, og etter riksadvokatens oppfatning er det derfor også prinsipielt uheldig at denne offisielle, tvangsmessige fullbyrding ikke avbryter foreldelses-fristen.

Også i denne sammenheng er det grunn til å trekke frem foretaks-straffen. Her står utveien med subsidiær avsoning ikke til rådighet, og den som forvalter foretaksmidler kan derfor oppnå fordeler ved å tre-nere inndrivingen.»

På denne bakgrunn sendte departementet på høyring fleire alternative fram-legg til lovendringar som alle kunne bidra til å effektivisere bøtestraffa og min-ske behovet for soning av subsidiær fengselsstraff.

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Eit av alternativa er innføring av reglar om avbrot av foreldingsfristen ved inndriving eller forsøk på inndriving, slik regelen var før ei endringa av straffelova § 73 i 1972. I høyringsbrevet heitte det om dette framlegget at:

«En slik regel vil i prinsippet kunne bety at boten blir stående i mange år, inntil den blir betalt. Dersom det innføres en slik regel som gjør det mulig å avbryte foreldelse av bøtestraff, bør det også vurderes om det bør være en selvstendig regel for foreldelse av subsidiær fengselsstraff. Det kan gi uheldige virkninger dersom en botelagt blir satt i fengsel for avsoning av boten i lang tid etter at den ble ilagt. En regel om dette kan for eksempel utformes ved å endre henvisningen i § 74 fjerde ledd til § 74 første ledd slik at den peker mot den opprinnelige foreldelsesfristen og ikke mot den nye fristen som følger etter at foreldelsen er avbrutt.»

Eit anna alternativ som vart teke opp i høyringsbrevet, var å omformulere føresegna om forelding av bøter. Departementet tok til orde for at det er mest tenleg med ein sams frist for alle bøter utan omsyn til storleiken, og at fristen bør være så pass lang at det vert romsleg tid til å krevje inn bota. Samstundes vart det framheva at omsyna som talar for å illeggje straff vert svekka når det går lang tid. I høyringsbrevet vart såleis foreldingsfristar på 5 eller 10 år nemnde.

Departementet uttalte samstundes at framlegget til Straffelovkommisjonen i NOU 1992: 23 Ny straffelov - alminnelige bestemmelser vil kunne føre til at subsidiær fengselsstraff lyt sonast i same eller i større omfang enn etter dagens reglar. Etter Straffelovkommisjonens framlegg skulle bøter foreldast etter 5 år utan høve til fristavbrot. Dagens reglar om subsidiær fengselsstraff skulle falle bort, men forhøyr retten skulle kunne fastsette ei subsidiær fengselsstraff frå 1 til 90 dagars fengsel der innkrevjing ikkje let seg gjennomføre og den bøtlagde anten har evne til å betale bota eller allmenne omsyn krev slik subsidiær fengselsstraff.

Høyringsinstansane har ulike oppfatningar om dette spørsmålet. *Statens Innkrevningssentral* går no imot ein fristavbrotregel, og stør i staden ein generell 10 års regel. Denne høyringsinstansen uttaler såleis:

«Praktisering av fristavbruddsregler volder ofte problemer. Ved bruk av fristavbruddsregler for bøter kan kravet holdes i live i det uendelige. Et straffekrav som har evig liv vi ikke være forenelig med hensynene bak straffen.»

Forsvarsdepartementet, Riksadvokaten, Politiembetsmennenes landsforening, Indre Follo heradsrett, Bergen forsvarerforening, Sorenskrivaren i Rana, Halden politidistrikt, Barne- og familiedepartementet, Tønsberg byrett, Den Norske Advokatforening og Oslo statsadvokatembeter er òg kritiske til at forelding av bøter skal kunne avbrytast i det uendelege. Riksadvokaten stør såleis ein generell 10-års-regel som òg bør gjelde for den subsidiære fengselsstraffa. Forsvarsdepartementet og Halden politidistrikt går òg inn for ein 10-års regel, medan Politiembetsmennenes landsforening, Barne- og familiedepartementet, Oslo statsadvokatembeter, Indre Follo heradsrett, Sorenskrivaren i Rana, Tønsberg byrett og Den Norske Advokatforening ønsker ein 5-års regel. Oslo statsadvokatembeter ønsker likevel at fristen skal kunne lengjast til 10 år ved inndrivingsforsøk. *Sorenskrivaren i Rana* uttaler følgjande om framlegget til at det skal vere høve til å avbryte foreldinga ved inndrivingsforsøk:

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

«SI har vid mulighet til å tvangsinnfordre bøter, og kan meget lett avbryte foreldelsesfristen så lenge skyldneren lever eller foretaket består. ... Den preventive effekten som bøtestraff skal ha, vil avta mer og mer (bøter bør betales eller avsones relativt kort tid etter domsavsigelse), og skyldneren vil etter hvert lett oppfatte kravet på linje med andre pengekrav han har. En skyldner kan heller ikke oppnå gjeldsordning som innebærer at kravet faller bort Skyldnere vil da måtte søke benådning hvis han skal bli fri gjeld som ikke lar seg tvangsinnfordre. ... Det bør heller gis en absolutt frist for foreldelse uavhengig av botens størrelse.»

Andre høyringsinstansar stiller seg derimot positive til at foreldinga kan avbrytast ved inndrivingsforsøk. Desse er *Frostating lagmannsrett, Riksantikvaren, Den norske Dommerforening, Borgarting lagmannsrett, Stavanger byrett og Politiet i Lillehammer*.

Departementet har kome til at ein foreldingsfrist for alle bøter på 10 år utan høve til fristavbrot tek best i vare både omsynet til at Innkrevingscentralen skal få betre tid til å krevje inn bøkene og at bøkera ikkje bør verte ståande i det uendelege. Departementet har vurdert om ei eventuell subsidiaer fridomsstraff skal foreldast særskilt etter fem år. Sjølv om ei bot kan tvangsinndrivast i inntil 10 år, vil soning av straffa etter så lang tid vere lite føremålstenleg der det ikkje er viljen til å gjere opp for seg det skortar på, men den økonomiske evna til vedkomande. Departementet legg jamvel vekt på at ei vanleg fengselsstraff på opp til eitt år vert forelda etter fem år, jf straffelova § 71 første leddet. Det vil verke lite rimeleg om det for kortare subsidiaere fengselsstraffer skulle vere ein lengre foreldingsfrist.

Departementet viser elles til forslaget om endring av straffelova § 74 samt merknadene til forslaget i pkt 11 nedanfor.

6.4 Lenging av perioden for utleggstrekk ved inndrivning av bøtestraff

Eit utleggstrekk til inndrivning av bøter er etter tvangsfullføringslova § 7-21 første leddet avgrensa til to år. I høyringsbrevet 11 desember 1996 foreslo departementet å lengje denne trekkperioden for bøkera til fem år ved å endre dekningslova § 2-7 tredje ledd. I høyringsbrevet heitte det:

«Trekkperioden for skattekrav er fem år, jf dekningsloven 8 juni 1984 nr 59 § 2-7 tredje ledd annet punktum. Hensynet som ligger til grunn for en femårs trekkperiode for skattekrav, er behovet for å sikre statens inntekter. En forlengelse av trekkperioden for bøkera vil kunne gjøre tvangsfullbyrding av bøtestraff mer effektiv, fordi Innkrevingscentralen slipper å fornye utleggstrekket. Den alminnelige trekkperioden er to år. Begrunnelsen for at trekkperioden normalt er to år, er at en skyldner over en lengre periode kan ha vanskelig for å klare seg med det som er igjen av lønn eller lignende ytelser etter at trekket er foretatt. En forlengelse av trekkperioden for bøtestraff kan føre til at en som er dømt til bøtestraff, stilles dårligere enn andre skyldnere. Likevel vil det ikke være urimelig at en som er dømt til å betale en bot, stilles på lik linje med den som skylder skatt.»

Dei fleste av høyringsinstansane som uttaler seg, stør framlegget. Desse er *Riksadvokaten, Sorenskrivaren i Rana, Halden politidistrikt, Borgarting lag-*

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

*mannsrett, Den norske Dommerforening, Statens Innkrevingssentral og Politie-
mbetsmennenes landsforbund.*

Indre Follo heradsrett gjer merksam på at ein periode på 5 år vil kunne for-
trengje andre kreditorar. *Frostating lagmannsrett, Den Norske Advokatforenin-
g og Politiet i Lillehammer* går imot framlegget. Frostating lagmannsrett utta-
ler såleis at det ikkje er grunn til å prioritere bøtekrav framfor andre kreditorar
på same måte som skattekrav. Den Norske Advokatforening uttaler at omsyna
som ligg bak ein avgrensa trekkperiode for bøtekrav har same vekt som tidle-
gare.

D e p a r t e m e n t e t meiner at framlegget bør gjennomførast. End-
ringa gjeld berre lengda på trekkperioden, ikkje prioriteten mellom konkurre-
rande krav. Av dekningslova § 2-8 framgår prioriteten mellom dei ulike krava,
og bøtekrav er mellom anna prioritert føre skattekrav og vanlege krav. Ein for-
lenga trekkperiode vil i høve til vanlege kravshavarar berre ha den verknad at
arbeidet for Innkrevingssentralen vert letta. I høve til den det vert gjort
utleggstrekk hos, vil ein forlenga trekkperiode samstundes kunne føre til at
det terminvise trekket vert mindre.

Departementet viser elles til framlegget om endring av dekningslova § 2-
7 og merknader til framlegget nedanfor i pkt 11.

6.5 Endring av straffelova § 74 andre leddet

Straffelova § 74 andre leddet fastset av forelding av bøtestraff ikkje får noko å
seie for utleggspant eller «annen sikkerhet» som er stifta innan fristen går ut.
I praksis er det lagt til grunn at «annen sikkerhet» òg omfattar utleggstrekk,
men departementet gjorde i høyringsbrevet framlegg om å presisere dette i
lovteksten.

Alle høyringsinstansane som uttaler seg om dette spørsmålet, stør fram-
legget.

D e p a r t e m e n t e t meiner at framlegget bør følgjast opp og viser til
endringsframlegget og merknadene til dette i pkt 11 nedanfor.

7 Endringer i domstollova kap 11 om disiplinær- og tilsynsordninga for advokatar

7.1 Endringer i samansetjinga av Advokatbevillingsnemnda

Det følgjer av domstollova § 226 første leddet slik den no lyder, at Advokatbevillingsnemnda skal bestå av tre medlemmer: leiaren for styret i Tilsynsrådet, leiaren for Disiplinærnemnda og ein særskilt oppnemnd leiar som skal vere dommar.

Det har vist seg at denne samansetjinga skaper eit habilitetsproblem ved at leiarane for styret i Tilsynsrådet og leiaren i Disiplinærnemnda òg er medlemmer av Advokatbevillingsnemnda. Sakene som skal handsamast av Advokatbevillingsnemnda, er såleis tidlegare handsama av anten Tilsynsrådet eller av Disiplinærnemnda. Dette inneber at i alle saker som blir avgjorde av Advokatbevillingsnemnda, har ein av medlemmane i nemnda delteke av handsaminga i både første og i andre instans.

Habilitetsspørsmålet vart vurdert i forarbeida til endringane i domstollova som tok til å gjelde 1 januar 1997 (Ot prp nr 39 (1994-95) side 19). Departementet kom då til at korkje offentlege eller private interesser var til hinder for ei slik samansetjing. Det vart den gongen òg lagt avgjerande vekt på at nemnda har ein dommar som leiar.

Både leiaren for styret i Tilsynsrådet og leiaren av Disiplinærnemnda har likevel opplevd at «dobbeltrolla» deira i praksis har bydd på habilitetsproblem. Likeeins har Advokatforeningen peika på det uheldige ved dagens samansetjing. Etter departementet si vurdering viser dette at dagens samansetjing kan oppfattast som uheldig, og at det difor synest å vere behov for å endre samansetjinga av Advokatbevillingsnemnda.

På bakgrunn av det som er sagt ovanfor, gav departementet i høyringsbrev 5 oktober 1998 uttrykk for at nemnda bør vere sett saman av tre medlemmer utan tilknytning til Tilsynsrådet eller Disiplinærnemnda. Etter departementet si vurdering burde framleis ein av medlemmane vere praktiserande advokat, og dei andre to dommarar. Departementet gjorde vidare framlegg om at den medlemmen som skal vere advokat, og varamedlemmen for denne vert oppnemnde etter framlegg frå Den Norske Advokatforening.

Ingen av høyringsinstansane har innvendingar mot at det blir gjort ei endring i samansetjinga av Advokatbevillingsnemnda. *Borgarting lagmannsrett* føreslår likevel at den tredje medlemmen korkje bør vere dommar eller advokat, men representere det rettssøkjande publikum.

Departementet har på bakgrunn av framlegget frå Borgarting lagmannsrett funne at Advokatbevillingsnemnda bør leiast av ein dommar og at eit av medlemmene skal vere praktiserande advokat. Det bør ikkje vere noko særleg kvalifikasjonskrav for det tredje medlemmet. På denne måten står ein friare i den einskilde sak med omsyn til kven som kan oppnemnast til Advokatbevillingsnemnda. Det tredje medlemmet kan såleis til dømes vere

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

ein representant frå det rettssøkjande publikum. Medlemmer og varamedlemmer blir oppnemnde av Kongen.

Departementet viser elles til forslaget til endringar i domstollova § 226 første leddet og merknadene til forslaget i pkt 11 nedanfor.

7.2 Den rettslege stillinga til tilsyns- og disiplinærorgana

Ved opprettinga av den nye tilsyns- og disiplinærordninga for advokatar vart det frå lovgjevar si side ikkje teke uttrykkeleg stilling til om Tilsynsrådet for advokatverksemd, Disiplinærnemnda og Advokatbevillingsnemnda er å rekne som vanlege forvaltningsorgan eller som eigne offentlege innretningar. Det kan i denne samanheng oppstå spørsmål om kven som er rett saksøkt ved søksmål mot desse organa.

Departementet gjorde i høyringsbrevet 5 oktober 1998 framlegg om at det er staten ved høvesvis Tilsynsrådet for advokatverksemd, Disiplinærnemnda eller Advokatbevillingsnemnda som skal vere rett saksøkt ved søksmål i samband med avgjerder tekne av desse organa.

Tilsynsrådet for advokatverksemd, Disiplinærnemnda, Advokatbevillingsnemnda, Forbrukarrådet og Borgarting lagmannsrett stør departementet sitt framlegg. Ingen av høyringsinstansane går imot framlegget.

Departementet gjer etter dette framlegg om at søksmål som rettar seg mot avgjerder tekne av Tilsynsrådet for advokatverksemd, Disiplinærnemnda eller Advokatbevillingsnemnda, berre kan reisast mot staten ved kvart enkelt organ.

Departementet viser elles til forslaget til endringar i domstollova § 225 fjerde leddet nytt tredje punktum, § 226 andre leddet nytt femte punktum og § 227 sjuande leddet nytt andre punktum, og merknadene til forslaget i pkt 11 nedanfor.

7.3 Presisering av tilsynsområdet til Tilsynsrådet etter domstollova § 225

Det følgjer av domstollova § 225 tredje leddet første punktum, jf advokatforskrifta 20 desember 1996 § 4-5, at dersom nokon som Tilsynsrådet fører tilsyn med, har oppført seg i strid med domstollova «*eller annen lov*», kan Tilsynsrådet gje vedkomande ei irettesetjing. Likeins går det fram av forskrifta § 4-5 at Tilsynsrådet har kompetanse til å kontrollere at advokatverksemd vert drive i samsvar med reglane i advokatforskrifta, *andre føresegner i eller i medhald av lov* og i samsvar med god advokatskikk.

Dei viktigaste tilsynsoppgåvene Tilsynsrådet har, er å føre tilsyn med koreis advokatar stiller trygd, og med advokatar si føring av rekneskap og handtering av tiltrudde midlar. Dette er oppgåver som inneber kontroll med at advokatverksemda vert utøvd i samsvar med *domstollova og advokatforskrifta*. Tilsynsrådet har i praksis stort sett avgrensa sin kontrollfunksjon til desse områda, og ikkje sett det som si allmenne oppgåve å kontrollere om advokataner handlar i strid med andre lover.

I høyringsbrevet 5 oktober 1998 gjorde departementet framlegg om at domstollova § 225 tredje leddet første punktum vert endra slik at Tilsynsrådet

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

berre skulle ha høve til å gje irettesetjingar m m ved brot på reglane i domstollova kapittel 11 om advokatar og føresegner gjevne i medhald av dette kapitlet.

Ingen av høyringsinstansane har innvendingar mot forslaget frå departementet. *Disiplinærnemnda* nemner likevel at den har kompetanse til å vurdere om ein advokat har opptrådt i strid med *andre lover* enn domstollova og advokatforskrifta. Nemnda har òg tidlegare gjeve uttrykk for at dersom ho skal vurdere om ein advokat har opptrådt i strid med *anna lov*, bør det vere ein føresetnad at det forholdet det er klaga over, vedkjem advokaten sin oppførsel i kraft av virket som advokat, og at eit vidare kompetanseområde fell utanfor det som synest rimeleg å ha som vurderingskriterium i ei yrkesetisk disiplinærordning.

Når det gjeld Disiplinærnemnda sitt kompetanseområde, deler d e p a r t e m e n t e t nemnda sitt syn, som gjev uttrykk for ei naturleg tolking av domstollova § 227. Og når det gjeld Tilsynsrådet, ligg det avgrensingar i ei naturleg tolking av domstollova § 227. Tilsynsrådet skal føre tilsyn med advokatane si verksemd. Rådet skal ikkje føre tilsyn med advokatane sitt privatliv eller med verksemd som eit advokat driv, som ikkje har noko samband med advokatverksemda. Tilsynsrådet si oppgåve må dessutan avgrensast mot andre tilsynsorgan sine oppgåver, til dømes mot Arbeidstilsynet sine oppgåver når det gjeld tilhøvet til arbeidstakarar hos advokaten og skattestyresmaktene sine oppgåver med ilikning og innkrevjing av skatt. På den andre sida må Tilsynsrådet ha høve til å slå ned på brot på andre reglar enn reglane om advokatverksemd i domstollova kapittel 11 og reglane gjevne i medhald av dette kapitlet. Ein advokat krev til dømes eigenbetaling av ein klient som har fri rettshjelp. Forbodet mot det finst i rettshjelpslova og ikkje i domstollova kapittel 11 med føresegner. Tilsynsrådet må òg kunne slå ned på ein advokat som krev ulovleg høge salær i inkassosaker. Reglane om det finst i føresegnene til inkassolova. På bakgrunn av dette har departementet kome til at domstollova § 225 ikkje bør endrast i samsvar med framlegget i høyringsbrevet, men at det i staden bør presiserast at jamvel brot på reglar gjevne i medhald av lov kan gje Tilsynsrådet grunnlag for å gje ein advokat irettesetjing eller åtvaring eller gjere framlegget for Advokatbevillingsnemnda om at advokatløyvet vert kalla tilbake.

7.4 Presisering av kva kompetanse Disiplinærnemnda har etter domstollova § 227

Det følgjer av domstollova § 227 tredje leddet andre og tredje punktum jf advokatforskrifta § 5-7 andre punktum, at Disiplinærnemnda har uttrykkeleg heimel til å gje ei irettesetjing til ein advokat som har opptrådt i strid med god advokatskikk eller i strid med denne eller anna lov, og i alvorlege tilfelle kan nemnda gje ei åtvaring. Advokatforeningen har peika på behovet for å ha ein klar heimel òg for ei tredje reaksjonsform som ofte er nytta: «kritikk for opptraden i strid med god advokatskikk». Som Advokatforeningen meiner departementet at det er behov for å ta inn ein klarare heimel for å kunne kome med kritikk som ei sjølvstendig reaksjonsform ved oppførsel i strid med god advokatskikk, som eit alternativ til irettesetjing eller åtvaring. Departementet

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

gjorde i høyringsbrevet 5 oktober 1998 framlegg om at ein slik heimel vert teken inn i domstollova § 227 tredje leddet nytt tredje punktum.

Den norske Advokatforening stør framlegget og viser til at ei slik endring fører til at reaksjonsformene i Disiplinærnemnda og i Advokatforeningens disiplinære utvalg dermed vert identiske. Òg *Forbrukarrådet* er positiv til forslaget frå departementet og viser til behovet for ein klar reaksjon i dei tilfella der brotet på reglane for god advokatskikk er uheldig, men ikkje så alvorleg at det kvalifiserer til irettesetjing eller åtvaring.

Dei andre høyringsinstansane, med unntak av Tilsynsrådet for advokatverksemd, har ingen merknader til forslaget. *Tilsynsrådet* meiner at det bryt med prinsippa for det samordna reaksjonssystemet som er nedfelt i domstollova, at det vert lovfesta særlege reaksjonsformer for eitt av organa.

Departementet viser til at Disiplinærnemnda sjølv har sagt at det på grunn av typen saker er behov for ei mildare reaksjonsform enn irettesetjing eller åtvaring. Departementet stør denne vurderinga og viser til at det ikkje har vore peika på tilsvarande behov når det gjeld dei sakene som blir handsama av Advokatbevillingsnemnda eller Tilsynsrådet for advokatverksemd.

Departementet gjer såleis framlegg om at ein advokat som har opptradd i strid med god advokatskikk eller elles i strid med denne eller anna lov, kan få ei irettesetjing eller kritikk.

Departementet viser elles til forslaget til endring i domstollova § 227 tredje leddet tredje punktum og merknadene til forslaget i pkt 11 nedanfor.

7.5 Utvida klagerett til Disiplinærnemnda ved manglande tilbakebetaling av for mykje betalt salær

Det følgjer av domstollova § 227 fjerde leddet fjerde punktum og advokatforskrifta § 5-7 første leddet fjerde punktum, at pålegg frå Disiplinærnemnda om tilbakebetaling av salær og sakskostnader er tvangsgrunnlag for utlegg. Tilsvarande vedtak i dei regionale disiplinærutvala, jf domstollova § 227 femte leddet andre punktum og advokatforskrifta § 5-3 andre leddet, er derimot ikkje tvangsgrunnlag. Erfaring har vist at enkelte advokatar nektar å følgje pålegg frå eit regionalt utval om å betale tilbake salær. I slike tilfelle kjem klienten i ein vanskeleg situasjon sidan avgjerder som er tekne av eit regionalt disiplinærutval, ikkje er tvangsgrunnlag for kravet. Klienten har heller ikkje hatt grunn til å klage på vedtaket i det regionale utvalet til Disiplinærnemnda i og med at vedkomande har fått heilt eller delvis medhald. Det at advokaten nektar å betale tilbake salæret, kjem dessutan ofte for ein dag lenge etter at klagefristen er gått ut. Ved at det pr i dag ikkje er klagerett til Disiplinærnemnda over manglande tilbakebetaling av salær, er det heller ikkje på denne måten mogleg å oppnå tvangsgrunnlag for kravet. Dersom advokaten ikkje frivillig betaler tilbake salæret, er den einaste framgangsmåten for klienten å få dom for kravet sitt. Men det vert gjerne både tungvint og kostbart, sett i relasjon til den gjennomsnittlege storleiken på slike krav.

Disiplinærnemnda har peika på det problematiske ved at vedtak i regionale disiplinærutval ikkje er tvangsgrunnlag. For å løyse dette problemet gjorde departementet i høyringsbrevet 5 oktober 1998 framlegg om å innføre ein klagerett til Disiplinærnemnda for klientar som ikkje får tilbakebetalt

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

salær trass i avgjerd teken av eit regionalt disiplinærutval. Ved at Disiplinærnemnda fattar eit vedtak om tilbakebetaling, er det tvangsgrunnlag for utlegg etter domstollova § 227 fjerde leddet fjerde punktum. Departementet legg til grunn at det ikkje vil vere behov for at nemnda realitetshandsamar sjølve saka, men at ho berre handsamar klaga over at tilbakebetaling ikkje har skjedd. Alternativet om at avgjerder i dei regionale disiplinærutvala blir gjorde til tvangsgrunnlag, har departementet vurdert som ikkje føremålstenleg.

Den Norske Advokatforening, Disiplinærnemnda og Forbrukarrådet står framlegget frå departementet. *Dei andre høyringsinstansane* har ingen merknader.

Departementet gjer etter dette framlegg om at Disiplinærnemnda òg kan handsame klagar frå klientar som ikkje får tilbakebetalt for mykje betalt salær, på grunnlag av avgjerder tekne av andre disiplinærorgan. Departementet viser elles til forslaget til endringar i domstollova § 227 tredje leddet nytt fjerde punktum.

8 Endringer i nokre av rettergangsreglane for Høgsterett

8.1 Reglane om prøveadvokatar for Høgsterett

For å få løyve til å vere advokat for Høgsterett må ein advokat mellom anna ha vist seg skikka til å føre saker for Høgsterett gjennom to prøvesaker.

I same sak kan det i dag berre vere ein prøveadvokat, jf domstollova § 221 andre leddet siste punktum. Dersom det er fleire av prosessfullmektigane i ei sak som ikkje har løyve til å føre saker for Høgsterett og dermed ønsker å vere prøveadvokat, vert det avgjort etter reglar som Den Norske Advokatforening handhevar, kven av advokatane som skal prioriterast. Høgsterett har likevel tillate at det i same sak kan vere fleire prøveadvokatar, men aldri både for den ankande parten og for den som er motpart. Høgsterett gjorde i brev til Justisdepartementet 27 januar 1995 framlegg om følgjande unntaksføresegn:

«Likevel kan Høyesteretts formann etter søknad gi tillatelse til at en advokat kan utføre saken som prøvesak selv om det møter prøveadvokat på den annen side. Slik tillatelse kan gis dersom advokaten har vært prosessfullmektig i en tidligere instans og det på grunn av et særlig omfattende saksforhold eller andre særlige omstendigheter bør unngås at parten må skifte prosessfullmektig.»

Bakgrunnen for framlegget gjekk fram av eit vedlagt notat utarbeidd av høgsterettsdommar Gunnar Aasland, der det m a heitte:

«At det i hver sak opptrer iallfall én advokat som tidligere har vist seg skikket for prosedyre i Høyesterett, gir økt trygghet for at saken vil bli forelagt Høyesterett på en tilfredsstillende måte. I denne forbindelse er det også av betydning at denne advokat gjennom sin praktiske erfaring og sitt kjennskap til Høyesteretts arbeidsmåte vil kunne bidra til at saken forberedes og tilrettelegges på en slik måte som praksis ved Høyesterett tilsier. Den erfarne advokat vil også kunne gi veiledning og - iallfall ideelt sett - kunne tjene som mønster for sin kollega som ikke har erfaring i prosedyre for Høyesterett.

...
Selv om lovens hovedregel er - og fortsatt må være - at det bare kan møte én prøveadvokat i hver sak, er det neppe avgjørende betenkeligheter ved å gjøre unntak i særlige tilfelle for advokater som har prosedert saken i tidligere instanser. Riktignok kan det by på visse problemer når det på begge sider møter advokater uten erfaring i prosedyre for Høyesterett, men med det krav til praksis som stilles til prøveadvokater i domstollovens § 220 første ledd nr 1 [nr 2 etter endringer ved lov 4 juli 1991 nr 44], vil en prøveadvokat iallfall vanligvis ha en viss erfaring i prosedyre fra lavere instanser. Ellers er jo poenget ved en unntaksregel at den manglende erfaring i prosedyre for Høyesterett må antas å bli oppveid av fordelene ved advokatens særlige kjennskap til saken.

Hvis det etableres en unntaksregel, vil den først og fremst være aktuell i saker hvor det er av særlig betydning at prøveadvokaten kjenner

sakens faktiske sider. Men det kan nok tenkes andre tilfelle hvor den advokat som har hatt saken i tidligere instanser, bør kunne få anledning til å prosedere den for Høyesterett. Det kan således forekomme enkelte særegne saker hvor det er av vesentlig betydning at en part får beholde den advokat som han har etablert et tillitsforhold til. I noen saker kan nok også praktiske hensyn - for eksempel hensynet til tidsforbruk - eller økonomiske hensyn tale med særlig tyngde for at det ikke bør skje advokatskifte for Høyesterett. Men selv om et skifte av advokat vanligvis vil medføre økte omkostninger, må det nok være den store hovedregel at dette ikke gir tilstrekkelig grunnlag for å tillate to prøveadvokater i samme sak.

Jeg skulle anta at det beste ville være å ha en noenlunde elastisk regel, som ikke er strengt begrenset til tilfelle hvor advokatens kjennskap til sakens faktiske sider er det avgjørende hensyn. Dette vil også gi muligheter for en forsiktig oppmykning av praksis, dersom erfaringene skulle tilsi det.»

Departementet gav i høyringsbrev 6 mars 1996 uttrykk for at ein slik unntaksføresegn «synes ubetenkelig» og gjekk inn for at regelen i tilfelle kunne formulerast som ein noko meir elastisk regel, slik at det i same sak berre skal vere ein prøveadvokat, med mindre Høgsterett av særlege grunnar gjev løyve til anna. Av høyringsinstansane er det berre *Den Norske Advokatforening* og *Den norske Dommerforening* som uttaler seg, og begge stør framlegget.

Departementet gjer såleis framlegg om at det skal vere høve til å tillate fleire prøveadvokatar i same sak og viser til den grunngjevinga som er omtalt ovanfor. Departementet finn det mest naturleg at avgjerda blir teken av Høgsteretts kjæremålsutval, som kan kjenne saka gjennom si førebels hand-saming etter tvistemålslova § 373. Dette bør gå beinveges fram av lova.

I eit brev seinare, dagsett 21 mai 1999, har Høgsterett gjort framlegg om ei anna endring i reglane for prøveadvokatar. Det gjeld vilkåret om at minst ei av prøvesakene lyt vere ei sivil sak for den ankande parten, jf domstollova § 221 andre leddet andre punktum. Høgsterett gjorde sitt framlegg etter eit initiativ frå advokat Ole Jakob Bae, som andsynes Høgsterett hadde teke til orde for i særskilde høve å opne for at advokatprøva vert avlagd ved utføring av to straffesaker for Høgsterett. Han syntte til at dei gjeldande prøvereglane somme tider kan tvinge fram eit forsvararskifte jamvel om omsynet til rettstryggleiken for tiltalte taler imot. Advokat Bae hadde mellom anna i tankane omfattande eller kompliserte straffesaker der det vil vere ein føremon for tiltalte å ha den same forsvararen for Høgsterett som for dei lågare instansane.

Høgsterett uttalte i brevet 21 mai 1999 mellom anna:

«Etter Høyesteretts syn bør forslaget følges opp med en endring av domstolloven § 221 annet ledd, likevel slik at adgangen til å gjøre unntak fra kravet om minst en sivil sak for den ankende part, bør gjelde både for sivile saker for ankemotparten og for straffesaker. De hensyn som taler for at det bør innføres en mulighet for å gjøre unntak i straffesaker, kan gjøre seg minst like sterkt gjeldende for ankemotparten i en sivil sak. For eksempel kan bevistilbudenes art og omfang i særlig omfattende saker gjøre det vanskelig for en ny advokat å få den samme oversikt over saksforholdet som den tidligere prosessfullmektig. Prosessøkonomiske hensyn vil dessuten spille sterkere inn i sivile saker ettersom et advokatskifte normalt vil medføre økte saksomkostninger.

Høyesterett viser for øvrig til departementets forslag til endring av domstolloven § 221 annet ledd siste punktum for så vidt gjelder adgangen til å tillate mer enn en prøveadvokat i samme sak. Selv om det her er tale om en annen side av prøveadvokatordningen, vil de bærende rettssikkerhetsmessige og prosessøkonomiske hensyn som taler for innføring av en unntaksbestemmelse i betydelig grad være sammenfallende.

Høyesterett foreslår at domstolloven § 221 annet ledd annet punktum erstattes med følgende lovtekst:

«Prøven omfatter utføringen av to muntlige saker. Minst en av disse må være en sivil sak for den ankende part med mindre Høyesterett av særlige grunner gir tillatelse til annet.»

Nåværende tredje punktum blir nytt fjerde punktum osv.

Endringsforslaget er utformet med tanke på å gi Høyesterett adgang til å vurdere om forholdene i den enkelte sak tilsier at man bør bruke unntaket. Ut fra begrunnelsen for forslaget bør det imidlertid være et vilkår at vedkommende advokat har prosedert saken for lagmannsretten, eventuelt herreds- eller byretten ved direkte anke til Høyesterett.»

Departementet ser for sin del at det kan være gode grunner som taler for framlegget frå Høgsterett. Utgangspunktet må likevel vere at advokatane - og partane deira - rettar seg etter dei reglane som gjeld for bruken av prøveadvokatar når ein har prøveadvokatordninga for Høgsterett. Men reint unntaksvis kan det vere så sterke grunner som taler for å la ein advokat (utan møterett for Høgsterett) som har ført saka i tidlegare instansar, halde fram i Høgsterett jamvel om dei vanlege krava for å prosedere som prøveadvokat for Høgsterett ikkje er oppfylde. Departementet har merka seg at Høgsterett sjølv går god for ein slik unntaksheimel, og går ut frå at han berre vil verte nytta når det er ein klår føremon både for rettstryggleiken og reint prosessøkonomisk. Departementet er òg samd med Høgsterett i at det lyt vere eit vilkår at vedkommande advokat har ført saka i instansen før Høgsterett. Men det vil sjølvstykke ikkje åleine vere nok til å gjere unntak. Departementet ser ikkje grunn ta dette eller andre vilkår inn i lova, men meiner at den nærare bruken av unntaksheimelen får vere opp til Høgsterett sin eigen praksis.

Det har ikkje vore råd å sende framlegget frå Høgsterett ut på ei vanleg høyring. Departementet har likevel ikkje grunn til å tru at det vil vere avgjerande motsegner mot framlegget når Høgsterett går inn for det. Når departementet tar det med i proposisjonen her utan høyring, kjem det av at det i grunngjevinga heng nært saman med framlegget til endring i § 221 andre ledd siste punktum, som Høgsterett viser til i brevet sitt. Som det går fram ovanfor, har dette framlegget fått støtte frå dei høyringsinstansane som har uttalt seg om spørsmålet.

Departementet meiner at det bør vere kjæremålsutvalet i Høgsterett som tar avgjerd om unntak frå kravet om at minst ei av prøvesakene lyt vere ei sivil sak for den ankende parten. Departementet meiner det bør gjelde same ordninga her som etter § 221 andre leddet siste punktum, og viser til grunngjevinga ovanfor.

Departementet viser elles til forslaget til endringer i domstollova § 221 og merknadene til forslaget i pkt 11 nedanfor.

8.2 Kjæremålsutvalet si handsaming av kjæremål i straffesaker

Ved lovendring 11 juni 1993 nr 83 vart det etter initiativ frå Høgsterett opna for summarisk handsaming av visse sivile kjæremål i kjæremålsutvalet, jf tvistemålslova §§ 403 a og § 404 nytt andre ledd. Endringane vart gjorde for å lette kjæremålsutvalet si arbeidsbyrde og gjekk ut på at kjæremålet i visse høve kunne avvisast eller forkastast utan annan grunngjeving enn at det vart vist til anten § 403 a eller § 404 andre leddet. Vilkåret etter § 403 a er at kjæremålsutvalet samrøystes finn det klart at kjæremålet ikkje kan føre fram. For vidare kjæremål er høvet til «siling» endå meir omfattande i og med at eit vidare kjæremål kan avvisast utan realitetshandsaming dersom kjæremålsutvalet samrøystes finn at ei avgjerd ikkje vil ha noko å seie for andre saker og heller ikkje andre sider ved saka tilseier at kjæremålsutvalet bør handsame saka, jf § 404 andre leddet.

I brev 26 januar 1995 til Justisdepartementet gjer Høgsterett framlegg om tilsvarende endringar i straffeprosesslova, samt ei lita eindring i tvistemålslova § 403 a. I brevet går det fram at arbeidsbyrda til kjæremålsutvalet ikkje er like stor ved straffekjæremål som ved sivile kjæremål, og at det dermed ikkje er like mykje å vinne ved å innføre heimel til summarisk handsaming. Høgsterett peikar derimot på at omsynet til samanheng mellom kjæremålsreglane i straffeprosesslova og tvistemålslova, og ikkje minst omsynet til samanheng mellom reglane om handsaming av anker og reglane om handsaming av kjæremål, tilseier at det vert opna for summarisk handsaming av straffekjæremål. Høgsterett viser i den samheng til at straffeprosesslova § 321 som gjev lagmannsretten høve til å samrøystes nekte anker fremma utan grunngjeving, og at anker til Høgsterett etter straffeprosesslova § 323 berre skal tillatast fremma dersom spørsmålet vil kunne ha noko å seie for andre saker eller det av andre grunnar er særleg viktig at saka vert prøvd for Høgsterett. Avgjerd som avviser slik anke kan gjerast samrøystes utan grunngjeving og Høgsterett framhevar i sitt brev at det då verkar inkonsekvent at eit kvart kjæremål skal måtte handsamast fullt ut.

Høgsterett gjorde samstundes framlegg om å presisere i tvistemålslova § 403 a at kjæremålsutvalget kan stadfest avgjerder som er påkjærde, ikkje berre avvise eller forkaste kjæremålet. Når kjæremålet i ei sak der utvalet har full kompetanse ikkje fører fram, følgjer det av allmenn rettergangspraksis at utvalget skal stadfeste den påkjærte avgjerda. Med støtte i førearbeida til § 403 a har kjæremålsutvalget gått fram slik i praksis, men Høgsterett tilrådde at denne praksisen bør kome til uttrykk i lovteksten.

Ved høyringsbrev 6 mars 1996 vart framlegga sende på høyring. Ingen av høyringsinstansane går mot framlegga. *Riksadvokaten* og *Den Norske Advokatforening* har ingen merknader. *Den norske Dommerforening* uttaler at framlegget er:

«... et ledd i arbeidet med å effektivisere saksbehandlingen i Høyesterett og [Straffeprosessutvalget] mener at Høyesterett best kan bedømme hva som er nødvendig.»

D e p a r t e m e n t e t er samd i framlegga frå Høgsterett. Sjølv framlegget til endringar i straffeprosesslova byggjer på tilsvarende endringar i tvistemålslova ved lov 11 juni 1993 nr 80 og medfører ei harmonisering av reglane om kjæremål i sivile saker og i straffesaker.

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Departementet viser elles til forslaget til ny § 387 a i straffeprosesslova, endringane i straffeprosesslova § 388 og tvistemålslova § 403 a samt merkna-dene til forslaga i pkt 11 nedanfor.

8.3 Fjerning av kravet om advokat med møterett for Høgsterett i sivile skriftlege ankesaker

I brev frå Høgsterett 24 mars 1997 er det uttrykt følgjande om endringa av kra-vet til advokat med møterett for Høgsterett:

«Det følger av tvistemålsloven § 44 første ledd at det må brukas advo-kat med møterett for Høyesterett i ankesaker som er undergitt skriftlig behandling. Dette gjelder for advokater på begge sider. Et skifte av ad-vokat vil ofte føre til forsinket fremdrift og vil i de fleste tilfeller være omkostningsøkende. Etter Høyesteretts oppfatning er det ikke behov for noen slik bestemmelse i skriftlige saker, og det foreslås at partene kan la seg representere av advokater som ikke har møterett.»

Den Norske Advokatforening uttaler at det ikkje er noko å merke til framlegget, og at det er på tide at dette kravet vert oppheva. Ingen andre høyringsinstan-sar hadde merknader til endringa.

D e p a r t e m e n t e t meiner at framlegget bør følgjast opp. Omsyna som generelt tilseier at advokatar må ha møterett for Høgsterett gjer seg ikkje like sterkt gjeldande ved skriftleg handsaming av ankesaker for Høgsterett. Departementet legg til grunn at endringa vil gjere det at ein raskare vil få ei endeleg avgjerd i somme skriftlege ankesaker, og at det vert billegare for par-tane. Departementet viser elles til framlegget til endring av tvistemålslova § 44 og merknader til dette i punkt 11 nedanfor.

8.4 Bør høvet til å kome med ny omstende og prov i sivile ankesaker avgrensast?

I brevet frå Høgsterett 23 mai 1997 vart det uttrykt følgjande om krava til anke og anketilsvar:

«Tvistemålsloven § 365 angir kravene til ankeerklæringer. Bestemmel-sen gjelder både for anker til lagmannsrettene og anker til Høyeste-rett, og kravene til innholdet av ankeerklæringen er de samme uten hensyn til hvilken instans det ankes til. Bestemmelsen skiller mellom det som «må nevnes» og det som «bør nevnes». Generelt kan det sies at kravene til det som skal være med, er relativt små

Reglene om anketilsvaret, som også er felles for anker til lag-mannsrettene og anker til Høyesterett, finnes i § 371 jf §§ 121 og 122. Det er ingen plikt til å inngi anketilsvar, og inngis anketilsvar, gir § 371 kun en «bør-regel» med hensyn til hva det skal inneholde.

Helhetsinntrykket av de ankeerklæringer og anketilsvar som inn-gis til Høyesterett, er at det legges atskillig arbeid i dem. Advokatene vet at nåløyet for å få saker inn for Høyesterett er trangt. Ankeerklæ-ringen utformes med det for øye å få anken henvist, og anketilsvaret utformes gjennomgående med henblikk på å få anken nektet fremmet. ... Men selv om det vanligvis legges arbeid i ankeerklæringen og anke-tilsvaret, og disse også oftest er tilfredsstillende i forhold til de någjel-

dende lovbestemte krav, er det grunn til å reise spørsmålet om ikke kravene bør være større og andre. Særlig to forhold kan tilsi dette:

Rammen for en ankesak til Høyesterett bør være trukket opp når saken henvises. Det medfører at ankeerklæringen og anketilsvaret må - eventuelt ved henvisning til lagmannsrettens dom - angi de rettsfakta som påberopes og de bevisfakta som vil bli gjort gjeldende.

Et slikt krav til fullstendighet i ankeerklæringen og anketilsvaret må være overkommelig for partene. ...

I ikke helt få tilfeller endrer ankesaker omfang og karakter etter henvisning. Det bringes f eks inn en rekke nye bevis eller påberopes anførsler som ikke har vært fremme tidligere. Utgangspunktet etter § 375 er jo også at nye bevis og anførsler kan fremsettes inntil fristen etter bestemmelsen er utløpt. For anker til Høyesterett kan denne ordningen iallfall sies å stå i dårlig sammenheng med § 373 tredje ledd, hvor f eks vurderingen etter nr 2 må skje på bakgrunn av de bevis det ved henvisningstidspunktet er sannsynlig at Høyesterett må vurdere.

Rent unntaksvis kan det nok tenkes tilfeller hvor det vil være urimelig etter henvisning å nekte en part å ta opp nye retts- eller bevisfakta. Slike unntakstilfeller bør man kunne ta høyde for ved en regel om at kjæremålsutvalget i særlige tilfeller kan gi parten tillatelse til å påberope nye retts- eller bevisfakta.

Videre foreslås reglene om ankeerklæringen og anketilsvaret utformet slik at partene må uttale seg om forhold som eventuelt kan tale for at anken nektes fremmet»

I høyringsbrevet 12 november 1998 vart framlegg om å endre tvistemålslova §§ 365 og 371 samt ny § 375 a sendt på høyring. Framlegget inneber:

«[k]rav om at ankefråsegna og anketilsvaret tar med *dei omstenda og prova* (rettsfakta og bevisfakta) som parten vil gjere gjeldande ved ankeførehavinga. I samanheng med dette blir *ankemotparten skuldig å gje anketilsvar*. Etter at Kjæremålsutvalet har vist anken til handsaming i Høgsterett, vil partane *ikkje lenger ha høve til å kome med nye omstenda og prov* utan at utvalet unntaksvis gjev samtykke. Endringane vil gje meir rasjonell munnleg førehaving i Høgsterett når det på førehand er klårt kva for spørsmål som kjem opp.»

Borgarting lagmannsretthar i hovudsak berre språklege merknader til forslaga. Borgarting lagmannsrett uttrykker at:

«... retts- og bevisfakta (omstendigheter og bevis)» er nye uttrykk. «Det bør ... vurderes nærmere om det er hensiktsmessig å introdusere også disse betegnelse i loven, som for rettsfaktas vedkommende allerede benytter uttrykkene «omstendigheter» (§ 300 nr 2) og «anførsler» (§ 355) om de grunnlag som blir påberopt fra partene. Selv om «rettsfakta» og «omstendigheter» har det samme meningsinnhold, gjelder ikke dette uten videre for «bevisfakta» og «bevis». Rent terminologisk kan forslaget derfor synes mindre heldig. Grensedragningen mellom rettsfakta og bevisfakta kan også by på problemer i praksis, jf Aasland i TfR 1967 s 157 flg, særlig s 187-88.»

Regjeringsadvokatengår i utgangspunktet inn for å fremje forslaga som effektiviserer sakshandsaminga av sivile saker i Høgsterett og sluttar seg difor stort sett til dei forslaga til endring av tvistemålslova som er omtalt i høyringsbrevet. Regjeringsadvokaten er likevel kritisk til framlegget om ny § 375 a fordi framlegget inneber at «preklusjonstidspunktet skyves frem i tid». Regjeringsadvokaten uttaler såleis:

«Det kan være rimelig og relativt hyppig forekommende grunner til at bevis og anførsler ikke er endelig klarlagt på henvisningstidspunktet. For det første gjør møterettsordningen at parter relativt ofte bytter advokat for Høyesterett. Praktisk og økonomisk er det lite ønskelig å foreta reelt advokatbytte før det er avgjort at anken henvises. Samtidig tilsier erfaring at når ny advokat kommer inn i bildet, vil faglige vurderinger og prioritering kunne endres og behov for nye anførsler eller bevis oppstå, i partens interesse. For det andre finner bevisopptak sted først etter henvisningen. Under bevisopptak kan det tenkes å fremkomme opplysninger som må betegnes som «nye» bevis som er prekludert etter § 375 a. Dette vil kunne avstedkomme tid- og ressurskrevende formalprosedyre rundt protokollering av bevisopptak - spesielt av vitner som er nye for Høyesterett - avdekker behov for fremleggelse av ytterligere bevis, eller grunnlag for en ny anførsel.

Til en viss grad vil slike problemer kunne løses gjennom den sikkerhetsventilen som foreslås inntatt i bestemmelsen. Det forutsettes imidlertid at kjæremålsutvalget kun skal gjør unntak når «sterke grunner» taler for det. Det betyr at partene risikerer å bli stående i skranken i Høyesterett med problemstillinger som er mer av akademisk enn praktisk interesse for dem. Det bør være et viktig hensyn i sivilprosessen for alle instanser at prosessreglene legger til rette for å løse det partene oppfatter som den egentlige rettslige konflikten.

Alternativt kan unntaksordningen praktiseres mer lemfeldig. Da forsvinner på den annen side langt på vei begrunnelsen for å innføre bestemmelsen. ...

Det kan tenkes alternative måter å forhindre at saker på feilaktig grunnlag henvises til Høyesterett. Eksempelvis kan vurderes å gi kjæremålsutvalget kompetanse til på ethvert stadium av saksforberedelsen å revurderer sin beslutning om å fremme saken, som følge av nye anførsler eller bevis.»

Den Norske Advokatforeninger tilsvarende skeptisk til framlegget om preklusjon av høve til å fremje nye «omstendigheter og bevis». Advokatforeningen uttaler:

«Det viktigste, for å hindre en uønsket utvidelse og/eller vidløftiggjøring av saken, må vel være å legge en begrensning på adgangen til å gjøre gjeldende nye anførsler. ... På den annen side bør det vises forsiktighet med å avskjære nye anførsler som er sterkt beslektet med de anførselene som allerede er gjort i gjeldende i saken, og som derfor ikke krever noe nytt bevisstoff, samt nye anførsler som er foranlediget av nye opplysninger som måtte fremkomme under bevisopptakene. ... For domstolen vil det selvsagt være hyggelig om saken er mest mulig fullstendig opplyst allerede under behandlingen i kjæremålsutvalget. Men for partene kan det fremstå som et nær sagt bortkastet arbeid så lenge man ikke vet om anken vil slippe inn eller ikke. ... Forslaget om hvordan man i tilfelle må innhente samtykke fra domstolen til å legge frem et nytt dokument i en sak som faktisk har sluppet inn for Høyesterett, synes også å være noe upraktisk. ... Hva angår parter og vitner ... er det tale om bevisstilbud som på mange måter står i en særstilling. For det første er slike bevisopptak ressurskrevende å gjennomføre, og de er også kostnadskrevende for partene.

For det annet kan det være greit at det i forbindelse med ankeerklæring og anketilsvar blir angitt hvor mange personer som må avhøres ved bevisopptak, og helst også hvor mange bevisopptak som må gjennomføres, ettersom ressursbruken har kan være et moment av be-

Om lov om endringar i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

tydning ved avgjørelsen om anken skal henvises til behandling eller ikke. Normalt vil det heller ikke være spesielt vanskelig for prosessfullmektigene å ha rimelig god oversikt over hvilke vitnebevis som er aktuelle i saken. Det vil derfor være mindre betenkelig å innføre en begrensing her.»

Advokatforeningen foreslår etter dette ein ny regel om avgrensa høve til å gjere nye rettsfakta gjeldande og avgrensa høve til å krevje andre bevisopptak enn dei som er teke med i ankeerklæringa eller anketilsvaret.

Departementet legg vekt på at Høgsterett lyt prioritere kva for ankesaker som skal sleppe fram til førehaving i retten. Denne prioriteringa skjer gjennom kjæremålsutvalet si handsaming og siling av ankar etter tvistemålslova § 373, og det er om å gjere at ho kan gå føre seg på eit realistisk grunnlag. Eitt viktig kriterium for prioriteringa er kva for verknad for framtidige saker det kan ha å få Høgsterett si avgjerd av den aktuelle saka, jf § 373 tredje leddet nr 4. Dersom ei ankesak vert fremma på dette grunnlaget, vil det vere mindre heldig om ho under ankeførebuinga endrar karakter, til dømes til å bli heilt avhengig av konkret provsvurdering. Når ei sak alt er prosedert i to instansar, lyt partane og advokatane deira kjenne henne så vel at ei ankefråsegn til Høgsterett kan få greitt fram kva for prinsippsspørsmål saka gjeld.

Departementet meiner at prosessreglane bør leggje til rette for at Høgsterett på beste vis kan fylle den serlege funksjonen som Høgsterett har i rettslivet. Det må skje i eit samspel med dei prosederande advokatene. Med dei røynslene som Høgsterett har gjort, finn departementet det rettast å gjere framlegg om lovendringar som skjerpar krava til ankefråsegn og anketilsvar, og som innsnevrar høvet til å endre ankesaka si karakter etter at kjæremålsutvalet har vist henne til handsaming i Høgsterett. Departementet peikar elles på at den røynsla som ein får med endringane her, kjem til nytte ved den almenne revisjonen av tvistemålslova som Tvistemålsutvalet førebur.

Departementet tek difor i hovudsak opp dei framlegga som vart sende på høyring. Men departementet finn det rettast ikkje å legge om terminologien no, jf motsegnene frå Borgarting lagmannsrett. Ei slik terminologisk omlegging får heller bli vurdert av Tvistemålsutvalet. Departementet viser ellers til framlegget til endring av tvistemålslova §§ 365, 371 og 375 og merknader til endringane i pkt 11 nedanfor.

8.5 Partane sin uttalerett før ei sivil ankesak vert nekta fremma

Departementet gjorde i høyringsbrevet 12 november 1998 framlegg om at kjæremålsutvalet fritt kan avgjere om ankeparten skal få uttale seg før anken vert nekta fremma etter § 373 tredje leddet. I høyringsbrevet heitte det:

«Etter gjeldande rett har ankeparten krav på å få uttale seg om dette først. Ein lyt sjå endringsframlegget i samanheng med framlegget til endringar i §§ 365 og 371, som vil gjere at partane bør seie frå i ankefråsegna og anketilsvaret om tilhøve som kan ha noko å seie for vurderinga etter § 373 tredje ledd. Ankeparten vil dessutan ha høve til å gje særskilt fråsegn av eige tiltak om synspunkt som ankemotparten har sett fram i anketilsvaret, og som kan påverke denne vurderinga.»

Høgsterett uttalte i brevet 23 mai 1997:

«Etter Høyesteretts mening bør slik utskriving ikke lenger være en obligatorisk ordning. I ganske mange saker vil det allerede når anken kommer inn til kjæremålsutvalget fremstå som helt klart for samtlige medlemmer at utvalget at anken vil bli nektet fremmet. Utskriving bør i slike tilfeller kunne sløyfes. Den ankende part blir ved den nåværende ordning påført et unødvendig arbeid og også unødvendige utgifter. For ankemotparten vil utskrivningen medføre at dommen blir rettskraftig noen uker senere enn den ellers ville blitt. Kjæremålsutvalget og Høyesteretts administrasjon påføres også arbeid ved denne ordningen.

Høyesterett vil foreslå at uttrykket «etter å ha gitt den ankende part adgang til å uttale seg» går ut av lovteksten. Det blir da opp til kjæremålsutvalget å ta stilling til om den ankende part skal gis et varsel. Det er ikke grunn til å fastsette bestemte vilkår for når utskriving kan sløyfes. Det forutsettes at det fortsatt vil bli «skrevet ut» når kjæremålsutvalget mener at dette vil kunne medføre at henvisningsspørsmålet blir bedre belyst.»

Av høringsinstansane er det berre *Den Norske Advokatforening* som har konkrete merknader til framlegget. Advokatforeningen uttaler såleis: «Hva derimot angår forslaget til nytt fjerde ledd i tvml. § 373, mener utvalget at det snarere bør lyde slik:

«Kjæremålsutvalget bestemmer hvorvidt uttalelse bør innhentes fra den ankende part før det treffes avgjørelse etter tredje ledd nr. 2, 3 og 4.»

Det ligger i denne formuleringen at den obligatoriske ordningen med at det først innhentes uttalelse fra den ankende part før det treffes avgjørelse etter tvml. § 373 tredje ledd nr. 1, etter lovutvalgets skjønn *ikke* bør oppheves. Dette har sammenheng med at når en anke blir nektet fremmet etter tvml. § 373 tredje ledd nr. 1, har det funnet sted en realitetsvurdering av anken i motsetning til avgjørelser etter de øvrige nummer etter tredje ledd, hvor det nettopp ikke finner sted noen realitetsvurdering. Og den realitetsvurdering som foretas etter tvml. § 373 tredje ledd nr. 1, vil i praksis nesten alltid gå på spørsmålet som har med rettsanvendelse å gjøre.

Dette betyr at en avgjørelse om å nekte en anke fremmet etter tvml. § 373 tredje ledd nr 1 kommer i en særstilling. Ettersom disse avgjørelser er så mye viktigere enn de øvrige avgjørelser som treffes av kjæremålsutvalget etter tvml. § 373 tredje ledd, kan det være grunn til å fremholde følgende:

- a) Den ankende part bør fortsatt, som nå, få anledning til å uttale seg før kjæremålsutvalget treffer sin avgjørelse.
- b) Det varsel som sendes til den ankende part, bør inneholde en nærmere beskrivelse av hvilket forhold kjæremålsutvalget finner det ønskelig at den ankende part bør uttale seg om.
- c) Dersom den uttalelsen som den ankende part gir, foranlediger nærmere kommentarer fra kjæremålsutvalgets side, f.eks. vedr. spørsmål som ikke ble nevnt i den første henvendelsen fra kjæremålsutvalget, bør det i prinsippet ikke være noe til hinder for at det blir bedt om en ny uttalelse. Det bør også være adgang til å gå over til en mer ordinær form for skriftlig saksforberedelse, og muligheten til å nekte anken fremmet etter bestemmelsen i tredje ledd nr. 4 bør fortsatt stå åpen.
- d) Det bør lovfestes hvilken adgang den ankende part skal ha til å

kreve forlengelse av en frist for å gi uttalelse.

- e) Det bør overveies om ikke de avgjørelsene som treffes etter tvml. § 373 tredje ledd bør begrunnes, slik at premissene for avgjørelsene kan bli gjort tilgjengelige for almenheten via Lovdata, publisering i Retstidende eller publisering i Rettens Gang sammen med den dommen som ble påanket. Behovet for en slik offentliggjøring ligger i den reelle prejudikatsvirkningen som disse avgjørelsene har.»

Departementet gjer framlegg om at kjæremålsutvalet fritt får avgjere om ankeparten skal få uttale seg før anken vert nekta fremma. Departementet finn ikkje at dette framlegget inneber nokon trussel mot ankeparten sin rettstryggleik. Departementet legg til grunn at ein anke bør vere så godt grunngjeven at den i seg sjølv kan gje grunnlag for å sleppe anken inn for Høgsterett utan ytterlegare utgreiing frå ankeparten. Departementet meiner at kjæremålsutvalet skal gje ankeparten høve til å uttale seg der utvalget finn det naudsynt eller ønskeleg, men at det ikkje er grunn til å ha ein regel som pålegg kjæremålsutvalet ei plikt til å innhente slike synspunkt i alle saker. Dei endringana som Advokatforeningen gjer framlegg om, vil etter departementet sitt syn verke til å gjere handsaminga i kjæremålsutvalet etter tvistemålslova § 373 meir tidkrevjande og komplisert, til skade for viktigare oppgåver i Høgsterett. Departementet legg vekt på at det er gunstig både for sakshandsamingstida og ankeparten sjølv om anken er så fullstendig som råd. Departementet viser òg til at dette vil kunne spare ankemotparten for både tid og kostnader. Departementet gjer etter dette framlegg om å endre § 373 tredje leddet slik at kjæremålsutvalet sjølv avgjer om ankeparten skal få uttale seg før anken vert nekta fremma, i samsvar med fråsegna i det nye fjerde leddet. I tillegg foreslår departementet å endre § 365 og § 371 slik at desse paragrafane spesielt gjer partane merksame på at dei bør uttale seg om forhold som kan ha noko å seie for spørsmålet om å avvise anken etter § 373. Departementet viser elles til forslaget til endringer i tvistemålslova §§ 365, 371 og 373 og merknadene til forslaga i pkt 11 nedanfor.

8.6 Stans i handsaminga av saker der prinsipielle spørsmål står for retten i ei anna sak

Departementet gjorde i høyringsbrevet 12 november 1998 framlegg om at kjæremålsutvalet får høve til å stanse handsaminga av ei ankesak når eit sentralt spørsmål i saka allereie står for Høgsterett i ei anna sak. Denne endringa vil gje kjæremålsutvalet fridom til å vurdere kva som er den mest tenlege handsaminga av ei ankesak som reiser spørsmål som er sams med ei anna sak. Vert det dom i den andre saka i mellomtida, vil det gje partane nytt grunnlag for å forlike saka og kunne påverke vurderinga etter § 373 tredje leddet.

Det er berre *Den Norske Advokatforening* som har kommentert dette framlegget: Advokatforeningen uttaler:

«Dette forslaget synes det ikke å være noen særlige merknader til. Det kan likevel være grunn til å reise spørsmål om partene i tilfelle bør ha krav på å bli underrettet om hva den andre saken går ut på og hvem som er involvert i den, eller i det minste navnene på prosessfullmektingene på begge sider. Hvis saksforholdene er svært like, kan det jo

være aktuelt med hjelpeintervensjon eller i hvert fall med en eller annen form for samarbeid med prosessfullmektigene i den andre saken.»

Departementet gjer framlegg om at kjæremålsutvalet skal få høve til å stanse ei ankesak når eit sentralt spørsmål i saka allereie står for Høgsterett i ei anna sak. Departementet finn at dette kan spare både partane og retten for kostnader. Når det gjeld framlegget frå Advokatforeningen om at parten skal informerast om kven som er prosessfullmektigar i den andre saka, finn departementet at dette kan det ikkje vere nødvendig å lovfeste av di partane sjølv kan få desse opplysningane frå Høgsterett sitt kontor. Departementet viser elles til framlegget til nytt femte ledd i tvistemålslova § 373 samt merknaden til framlegget i pkt 11 nedanfor.

8.7 Krav om at ankeparten skal gje ei skriftleg utgreiing om dei faktiske tilhøva i saka

På bakgrunn av framlegg frå Høgsterett gjorde departementet i høyringsbrevet 12 november 1998 framlegg om at ankeparten skal gje ei samla skriftleg utgreiing av dei faktiske tilhøva i ankesaka. Høgsterett skreiv i brev til departementet 23 mai 1997:

«Det er viktig at gjennomgåelsen av sakens faktum under ankeforhandlingen i saker for Høyesterett konsentreres så mye som praktisk mulig. Vanligvis vil enten byretten/herredsrettens eller lagmannsrettens dom ha en ryddig og relativt utførlig beskrivelse av faktum som den ankende parts prosessfullmektig kan ta utgangspunkt i ved sin deduksjon av saken. Dokumentasjon fra de enkelte dokumentbevis, skriftlige forklaringer eller protokollerte forklaringer fra bevisopptak vil da kunne begrenses til sider ved det faktiske saksforhold som er omtvistet.

I enkelte tilfeller er imidlertid forholdet at ingen av de tidligere dommene har noen god redegjørelse for sakens faktum. I slike situasjoner vil det kunne lette saksfremstillingen i Høyesterett om det av den ankende part, eventuelt av partene i fellesskap, utarbeides en skriftlig fremstilling av faktum til bruk under deduksjonen. Det er hensiktsmessig om Høyesterett får adgang til å kreve en slik fremstilling av den ankende part. Det vil neppe være aktuelt å kreve en slik redegjørelse i mange saker, men i enkelte saker vil det som nevnt kunne være til vesentlig hjelp. ...

Det er tenkelig at dette forslaget vil bli møtt med den innvendig at man åpner for skriftlig prosedyre. En slik innvending er ikke særlig treffende. Hensikten med en skriftlig fremstilling av sakens faktiske sider er å rydde faktum før ankeforhandlingen, slik at man der ikke bruker tiden på å etablere et faktum det er enighet om. Forhandlingene kan da konsentreres om det som er omtvistet og tvilsomt, med andre ord det som fortjener en muntlig argumentasjon og en detaljert dokumentasjon.»

Berre *Borgarting lagmannsrett* har merknader til framlegget og uttaler:

«Forslaget til nytt tredje ledd i § 374 bør gjøres gjeldende også for lagmannsrettene. Ordlyden i denne bestemmelsen og i § 317 annet ledd bør harmoniseres. Lovfesting av sanksjoner mot unnlatelse av å oppfylle pålegg som nevnt er det neppe grunn til å overveie.»

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Departementet gjer framlegg om endring av tvistemålslova § 374 tredje leddet slik at Høgsterett kan ta avgjerd om at ankeparten utarbeider ei samla skriftleg utgreiing av dei faktiske tilhøva i ankesaka. Departementet legg til grunn at dette vil gjere sjølve sakshandsaminga for Høgsterett enklare og ein vil etter alt å dømme spare tid under rettsmøtet. Departementet meiner òg det er grunnlag for ein tilsvarende regel for lagmannsretten og viser til at ein slik regel allereie finnst for herads- og byrettane, jf tvistemålslova § 317 andre leddet. Departementet viser elles til forslaget til § 374 nytt tredje ledd og merknadene til forslaget i punkt 11 nedanfor.

8.8 Gjenopptaking av ankesaker

Departementet gjorde i høyringsbrevet 12 november 1998 framlegg om ei endring i tvistemålslova § 415 slik at krav om gjenopptaking av ankesaker der kjæremålsutvalet har avsagt orskurd etter § 373 tredje leddet om å nekte å fremma ein anke til Høgsterett, skal gå til lagmannsretten om ikkje grunnen for kravet om gjenopptaking gjeld sakshandsaminga i kjæremålsutvalet. Høgsterett uttrykte i brev til departementet 23 mai 1997:

«Etter tvistemålsloven § 409 skal begjæring om gjenopptakelse settes for den rett som har avsagt den angrepne dom. Når en lagmannsrettsdom blir påanket til Høyesterett og anken blir nektet fremmet ved kjennelse i Høyesteretts kjæremålsutvalg, får også § 415 betydning. Det sies her at kjennelser avsagt av Høyesteretts kjæremålsutvalg kan kreves gjenopptatt etter reglene for dommer.

For kjennelser om å nekte en anke fremmet passer imidlertid § 415 meget dårlig. En nektelse av å fremme anken i medhold av tvistemålsloven § 373 tredje ledd nr 2 bygger på at det er vanskelig å fravike lagmannsrettens resultat uten umiddelbart å høre forklaringer fra parter og vitner, og uten å kunne foreta granskning. Fremleggelse av nye bevis vil - selv om de kan synes relevante - som regel ikke gi grunnlag for en endret vurdering fra utvalgets side av betydning av bevisumiddelbarhet. Dette innebærer at gjenopptakelsesbegjæringen bør rettes til lagmannsretten. Det samme gjelder når tredje ledd nr 4 er benyttet fordi saken ikke har generell interesse og heller ikke ellers har stor betydning. Mer adekvat kan det synes å rette gjenopptakelsesbegjæringen til kjæremålsutvalget når anken er blitt nektet fremmet etter nr 1, dvs fordi det er funnet klart at anken ikke vil føre fram. Et nytt bevis kan innebære at denne bedømmelsen ikke lenger er holdbar. Det kan likevel være at anken ikke naturlig bør behandles av Høyesterett fordi bevisumiddelbarhetsprinsippet kan komme inn selv om nr 2 ikke er brukt opprinnelig, eller fordi saken ikke har noen prinsipiell interesse og heller ikke har stor betydning for parten. Dette tilsier at gjenopptakesspørsmålet også i dette tilfelle bør behandles av lagmannsretten. Velger man denne løsningen, får man dessuten en toinstansbehandling av gjenopptakelsesbegjæringen, og dette må anses prinsipielt riktig. ...

Den generelle ordning bør etter dette være at begjæring om gjenopptakelse skal rettes til lagmannsretten. Foran er dette begrunnet for de tilfeller at det påberopes nytt bevis. Ordningen bør imidlertid være den samme for andre gjenopptakelsesgrunner, dog slik at begjæringen må rettes til Høyesteretts kjæremålsutvalg når den er begrunnet med feil ved saksbehandlingen i kjæremålsutvalget.

Når et nytt bevis er påberopt allerede i anken til Høyesterett, må spørsmålet om å kunne bruke beviset i en etterfølgende gjenopptakelsessak avgjøres på grunnlag av § 407 annet ledd annet punktum»

Ingen av *høyringsinstansane* hadde merknader til framlegget.

Departementet meiner at framlegget bør følgjast opp. Departementet legg til grunn at handsaminga av eit krav om gjenopptaking av ei ankesak der kjæremålsutvalet har gjeve orskurd etter § 373 tredje ledd om å ikkje tillate at ein anke vert fremma for Høgsterett, bør skje i lagmannsretten. Tore Schei uttrykkjer i Tvistemålsloven bind II, andre utgåva, Oslo 1998, s 1107:

«Er anken nektet fremmet etter § 373 tredje ledd nr 2, 3 eller 4, vil det som regel ikke ha noen hensikt å begjære utvalgets kjennelse gjenopptatt. Den nye kjensgjerning eller det nye bevis vil sjelden kunne ha hatt noen betydning for avgjørelsen om å nekte anken fremmet på et av disse grunnlagene. Begjæringen må derfor gjelde realitetsavgjørelsen av det krav som var omtvistet og rettes til lagmannsretten, eventuelt til herredsretten eller byretten hvor Høyesterett er ankeinstans over avgjørelsen herfra. Er anken nektet fremmet etter § 373 tredje ledd nr 1, har utvalget foretatt en realitetsprøving av saken. Kommer det her til en ny kjensgjerning eller et nytt bevis, jf § 407 nr 6, må kjennelsen om å nekte anken fremmet til Høyesterett kunne kreves gjenopptatt og begjæringen rettes da til Høyesteretts kjæremålsutvalg, jf Rt 1997 s 638, Rt 1995 s 578 og Rt 1963 s 56. Men parten må i dette tilfellet, om han ønsker det, i stede kunne begjære gjenopptatt saken for den domstol som traff realitetsavgjørelsen og fremsette krav om endring av denne, jf Hr kjm utv 255K/81.»

For å unngå desse problema som Schei peikar på og for å trygge handsaminga av slike krav om gjenopptaking, foreslår departementet å endre tvistemålslova § 415 slik at alle krav om gjenopptaking der kjæremålsutvalet har gjeve orskurd etter § 373 tredje leddet, skal gå til lagmannsretten. Unntaket gjeld der årsaka til kravet om gjenopptaking byggjer på feil ved sakshandsaminga av ankesaka i kjæremålsutvalet. I slike høve må kjæremålsutvalet sjølv handsame kravet om gjenopptaking.

Departementet viser elles til forslaget til endring av tvistemålslova § 415 og merknadene til forslaget i pkt 11 nedanfor.

8.9 Handsaming av søksmål mot lagdommarar

Departementet gjorde i høyringsbrevet 12 november 1998 framlegg om at søksmål mot ein lagdommar om ei dommarhandling skal reisast for ein sideordna lagmannsrett i staden for Høgsterett.

Høgsterett uttrykte følgjande i brev 24 mars 1997:

«Søksmål mot lagdommere etter tvistemålsloven kapittel 30 skal ifølge bestemmelsen i tvistemålsloven § 438 første ledd anlegges direkte for Høyesterett. Etter Høyesteretts oppfatning bør slike søksmål i stedet reises for en sideordnet lagmannsrett, og det foreslås en lovendring i samsvar med dette. ... Slike førsteinstanssaker anses å representere en unødig belastning for Høyesterett. Også rettssikkerhetshensyn kan tale for en lovendring som nevnt. I tilfellet en sideordnet lagmannsrett gis domsmyndighet istedenfor Høyesterett, vil Høyesterett bli rettsmiddelinstans.»

Berre *Borgarting lagmannsrett* hadde merknader til forslaget og uttaler:

«Når det gjelder forslaget til endring av § 348 første ledd er det mitt syn at det gir det beste inntrykket utad at saker mot dommere i lagmannsrettene behandles av dommere på overordnet nivå. Jeg tror derfor at den beste løsningen vil være at disse sakene fortsatt behandles av Høyesterett som første og eneste instans.

Ved en løsning overenstemmende med det fremsatte forslag, kan hensiktsmessigheten av å la saksøkeren velge lagmannsrett diskuteres. Jeg går imidlertid ut fra at også disse sakene skal kunne overføres etter domstolloven § 38 uten hensyn til saksøkerens forutgående valg, slik at eventuelle tungtveiende praktiske ulemper som følge av det foretatt valg, vil kunne elimineres ved bruk av denne bestemmelsen.»

Departementet legg til grunn at framlegget om å gje høve til å handsame søksmål mot lagdommarar i to instansar, vil styrkje rettstryggleiken i slike saker. Ei slik handsaming samsvarar òg best med prinsippet i internasjonale konvensjonar som Noreg er bunden av, om at søksmål skal handsamast i to instansar, jf FNs konvensjon om sivile og politiske rettigheter 16 desember 1966 artikkel 14 nr 5. Departementet meiner at dette veg opp ei ulempe med at søksmål mot lagdommarar vert handsama av dommarar på same nivå. Departementet gjer difor framlegg om at tvistemålslova § 438 vert endra slik at søksmål mot ein lagdommar om denne si dommarhandling skal reisast for ein sideordna lagmannsrett. Departementet legg vidare til grunn at det er saksøkjaren som vel den lagmannsretten som skal handsame saka, men at saka kan verte overført til ein annan lagmannsrett etter reglane i domstollova § 38.

Departementet viser elles til forslaget om endring av tvistemålslova § 438 og merknadene til forslaget i pkt 11 nedanfor.

8.10 Førebuande dommar i straffesaksanker

Departementet gjorde i høyringsbrev 12 november 1998 framlegg om ei ordning med førebuande dommar i straffesaker, som då vil verte handsama av Høgsterett på same måte som sivile saker. Framlegget vart gjort etter opptak frå Høgsterett i brev 24 mars 1997:

«Høyesterett har besluttet å innføre en ordning med forberedende dommer i straffesaker på samme måte som i sivile saker. Ut fra ordningen i straffeprosessloven § 54 har man lagt til grunn at førstvoterende i det kjæremålsutvalg som henviste saken, som forberedende dommer, vil kunne treffe alle avgjørelser vedrørende saksforberedelsen, bortsett fra spørsmålet om bevisopptak som avgjøres av kjæremålsutvalget i henhold til straffeprosessloven § 338 annet ledd.

I en del saker kan det være hensiktsmessig at også andre avgjørelser enn spørsmål om bevisopptak kan tas av kjæremålsutvalget i stedet for av forberedende dommer. Dessuten kan det være ønskelig å gjøre lovgrunnlaget klarere når det gjelder bruk av forberedende dommer i straffesaker for Høyesterett. Det er fra Høyesteretts side derfor ønskelig med en lovendring slik at straffeprosessloven får en bestemmelse som svarer til tvistemålsloven § 374 fjerde ledd.»

Det er berre *Riksadvokaten*, *Økokrim* og *Den Norske Advokatforening* som har merknader til forslaget. Alle desse høyringsinstansane stør forslaget, men har ulikt syn på kvar denne regelen skal plasserast. Riksadvokaten og Den Norske

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Advokatforening meiner at den bør stå i straffeprosesslova § 327, medan Økokrim meiner at § 337 er den beste plassen. Advokatforeningen etterlyser òg eksempel på tilfelle der den nye paragrafen kan nyttast.

D e p a r t e m e n t e t gjer framlegg om at ein førebuande dommar i Høgsterett får heimel til å treffe saksførebuande avgjerder. På bakgrunn av ordninga i straffeprosesslova § 54 kan den dommaren som er førstvoterande i kjæremålsutvalet, treffe avgjerder som gjeld saksførebuinga. Unntak gjeld for spørsmål om bevisopptak som etter straffeprosesslova § 338 andre leddet skal handsamast av kjæremålsutvalet. Saksførebuande avgjerder som ein dommar kan gjere åleine, kan til dømes vere avgjerd om oppreising der ankefristen er gått ut, jf straffeprosesslova § 318. Ordninga samsvarer med den praksis Høgsterett har følgd etter tvistemålslova § 166.

Departementet finn, i samsvar med dei merknader som departementet har teke i mot i høyringsrunden, at endring ikkje bør plasserast i § 338. Departementet legg til grunn at endringa passar betre i § 327.

Departementet viser elles til endringa i straffeprosesslova § 327 og merknadene til endringa i pkt 11 nedanfor.

9 Ymse endringar

9.1 Pålegg om at det må stillast trygd for løysingssummen ved odelsløysing

Den som vil løyse ein eigedom på odel, må reise sak for herads- eller byretten innan eit år etter at den nye eigaren (saksøkte) har fått tinglyst heimel til eigedomen. (Før endringslova 12 januar 1996 nr 4, som trådde i kraft 1 juli 1996, var fristen 2 år). I motsett fall går løysingsretten tapt. Dei viktigaste spørsmåla i ei slik løysingssak vil gjerne vere spørsmålet om saksøkjaren har løysingsrett og takseringa av eigdommen.

Etter at det er avklart at saksøkjaren har løysingsrett andsynes saksøkte og odelstaksten har vorte endeleg, skal det fastsetjast tidspunkt for overskøyting, betaling av løysingssummen og overtaking, jf odelslova § 70 andre leddet. Av § 75 går det vidare fram at saksøkjaren misser odelsretten dersom han ikkje gjennomfører odelsløysinga innan den tid som er fastsett. Det er likevel unntak for det høve at partane er samde om ei seinare gjennomføring.

I høyringsbrevet 6 mars 1996 tok departementet opp spørsmålet om det ikkje burde klargjerast i odelslova at saksøkjaren i ei løysingssak kan påleggjast å stille trygd for løysingssummen etter at løysingskravet har ført fram og takst er fastsett. I høyringsbrevet heitte det:

«Tidspunktet for skjøting og betaling settes i praksis trolig ikke sjelden likt med tidspunktet for bruksovertaking. Dette tidspunktet vil ofte ligge et godt stykke frem i tid. Henvendelser som Justisdepartementet har mottatt, tyder på at det noen ganger kan fremstå som usikkert for saksøkte om betaling mot skjøte rent faktisk vil bli tilbudt fra saksøkerens side innen fristen. Det kan fremstå som urimelig i enkelttilfeller at saksøkte, kanskje etter en prosess som har vart flere år, ikke får en forholdsvis rask avklaring av dette spørsmålet, selv om siste frist for betaling av andre grunner settes et godt stykke frem i tid. Det tilføyes at en odelsløsningssak kan trekke i langdrag selv om saksøkte ikke bestrider løsningskravet og ikke krever høyere løsningssum enn det som blir takstresultatet. F eks kan saken trekke i langdrag ved forgjeves bruk av rettsmidler fra saksøkerens side mot en korrekt odelstakst.

Dagens regler åpner nok for utilbørlig forhaling av odelsløsningsaker i enkelte tilfeller. En kan tenke seg at en gård er gått ut av en familie ved tvangssalg. I slekten finnes flere odelsberettigede. Mot slutten av odelsløsningsfristen på to år [1 år etter 1 juli 1996] anlegger samtlige sak mot kjøperen, men uten at noen av dem har midler til å løse ut kjøperen. Kjøperen bestrider ikke deres odelsløsningsrett og godtar den odelstaksten som blir satt. Odelsløserne angriper taksten, men får ikke medhold i høyere rettsinstans. Imens går tiden - gjerne mange år - og kjøperen har bare et ønske: å få slutt på saken ved å få gården overført til en odelsløser mot betaling etter takst. Når en til slutt får fastsatt en dato for dette, vil datoen etter praksis gjerne bli satt et godt stykke frem i tid, etter loven som hovedregel 14 april førstkomende år. Når odelsløser nr 1 da misligholder sin betalingsplikt, trer odelsløser nr 2 inn på arenaen. Det blir fastsatt nytt tidspunkt og historien kan gjenta seg så lenge det finnes odelsberettigede. De odelsbe-

Om lov om endringar i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

rettigede vil naturligvis få egne utlegg ved dette, men ikke uoverkommelige utlegg. Dertil kan de langt på vei bli erstatningsansvarlig, noe som likevel er uten egentlig interesse for den saksøkte kjøperen dersom denne aldri får inndrevet sine krav. Den saksøkte kjøper vil på sin side aldri få kommet ordentlig i gang med gårdsdriften. Så lenge kjøperen ikke får utbetaling etter odelstakst er kjøperen også uten muligheter til å starte på nytt et annet sted.

Gjeldende rett før 1976 bestemte at saksøkeren kort etter at odelstaksten var blitt endelig, som et minstekrav måtte stille sikkerhet for det denne skulle betale. Konsekvensen av å misligholde denne plikten, var tap av odelsretten.

Retten adgang til å gi partene hensiktsmessige og fornuftige pålegg i «avviklingsfasen» etter at løsningskravet har ført frem og takst er fastsatt, er etter gjeldende rett nokså vid. Noen klar adgang til å pålegge saksøkeren å stille sikkerhet i f.eks. en situasjon som nevnt ovenfor, er det likevel ikke. En kan ikke se bort fra at det kan være rimelig at retten mulighet for å bestemme den konkret fornuftigste ordning i «avviklingsfasen» bør utvides noe. I samsvar med dette kan det vurderes følgende mulige tilføyelser i odelsloven:

§70 annet ledd nytt fjerde punktum skal lyde:

Om løysingssummen ikkje skal betalast straks, kan retten etter krav frå saksøkte påleggje saksøkjaren å stille slik trygd for løysings summen som retten fastset, innan ein frist retten set.

§ 75 skal lyde:

Dersom saksøkjaren ikkje gjennomfører odelsløysinga eller stiller pålagt trygd for løysingssummen til den tid som er fastsett i fråviksorskurd eller rettskraftig dom, misser han odelsretten til eignedomen. Dette gjeld likevel ikkje når løysing blir gjennomført på eit seinare tidspunkt enn det retten har fastsett eller trygd ikkje blir stilt som pålagt av retten, og dette har grunnlag i avtale mellom partane.»

Alle høyringsinstansane som uttaler seg om spørsmålet, står framlegga. Desse er *Forsvarsdepartementet, Hålogaland lagmannsrett, Den Norske Advokatforening, Sparebankforeningen og Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Hålogaland lagmannsrett* peikar på at høvet til å gje ulike pålegg allereie i dag er temmeleg vidt, men at det er ønskeleg at lova har klare reglar om høvet til å pålegge saksøkjaren å stille trygd for løysingssummen. *Den Norske Advokatforening* uttaler at det er viktig at odelsløysaren får nødvendig og rimeleg frist til å stille trygd. Denne høyringsinstansen føreset at retten tek omsyn til dette, men gjev likevel uttrykk for at det bør seiast i lovteksten at fristen ikkje skal være kortare enn f.eks. 3 veker, evt. 1 månad. *Forsvarsdepartementet* uttaler at forslaget:

«...synes å være et skritt i riktig retning for å oppnå bedre balanse mellom saksøkers og saksøktes interesser i saken. Det kan imidlertid reises spørsmål om lovgiver bør gå et skritt videre og fastslå som hovedregel at det skal stilles sikkerhet for løysingssummen, men at retten kan gjøre unntak der f.eks. odelsløser kan dokumentere at finansieringsgrunnlaget er i orden.

Forsvarets bygningstjeneste (FBT) har erfaring for at søksmål om odelsløsning kan virke urimelig belastende for den saksøkte, både fordi odelsløser kan reise sak uten reell mulighet til å finansiere innløsning, og fordi det ofte tar svært lang tid å få en avklaring i saken.»

Departementet gjer etter dette framlegg om endringar i odelslova slik at det klarare går fram at retten kan pålegge saksøkjar å stille trygd for

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

løysingssummen dersom ikkje løysinga skal gjennomførast straks. Departementet går inn for at det som hovudregel bør stillast krav om slik trygd dersom saksøkte krev dette, og har såleis endra framlegget i høve til det som vart sendt på høyring slik at det skal gjevast pålegg om at slik trygd skal stillast, samstundes som det vert presisert at det normalt skal setjast ein frist på ein månad. Fristen kan høveleg vere like lang som den allmenne fristen for å anke eller krevje overskjønn, jf punkt 3.2 ovanfor. Dersom saksøkjaren sitt finansielle grunnlag er tilfredsstillande, vil det gå greitt å stille slik trygd. Ein vil med ein slik regel neppe unngå at løysingssak vert reist utan at det er økonomisk dekning for dette, og ein vil heller ikkje unngå at det kan gå noko tid før den som har overteke ein odelseigedom utan å ha best odel, får avklart sin situasjon. Saksøkte vil likevel i større grad unngå unødige uvisse i tida etter at det er klarlagt både at saksøkjaren har løysingsrett i høve til saksøkte og at løysingssummen er fastsett.

Departementet viser elles til forslaga om endring av odelslova §§ 70 og 75 samt merknadene til forslaga i pkt 11 nedanfor.

9.2 Overgangsføresegner ved endring i storleiken på forseinkingsrenta

Lov 17 desember 1976 nr 100 om renter ved forseinka betaling m m § 3 første leddet lyd:

«Kongen fastsetter størrelsen på forsinkelsesrenten til en fast prosent årlig rente under hensyn til det alminnelige rentenivå. For skyldnere som er skyldnere i egenskap av forbrukere, kan Kongen fastsette en lavere rente.»

Når forseinkingsrenta vert endra, kan det kome opp spørsmål om kva verknad den nye renta skal få for dei pengekrav der det allereie før endringa hadde kome forseinkingsrente på kravet. Den naturlege oppfatninga av reglane synes å vere at storleiken på renta skal fastsetjast etter den rente som til ein kvar tid gjeld, med mindre Kongen fastsett særlege overgangsføresegner i samband med at rentesatsen vert endra. Slike overgangsføresegner er ikkje gjevne, og det at det allereie har kome til renter gjer såleis ikkje at ein skal halde fram med å nytte den same rentesatsen jamvel etter at Kongen har endra renta. Ei slik løysing er òg den mest rimelege i og med at renta skal fastsetjast ut ifrå det allmenne rentenivået. Departementet sende difor på høyring eit framlegg om ein uttrykkeleg regel om at endring av forseinkingsrenta skal få verknad frå iverksetjinga sjølv om det alt har kome til forseinkingsrente i eit kravshøve. Departementet ga uttrykk for at det same burde gjelde sjølv om kravet var fastsett i ein dom. I høyringsbrevet heitte det at ein dom ikkje vernar partane mot seinare lovgjeving og at det difor korkje er naturleg eller nødvendig å gjere unntak av omsyn til rettskrafta til dommar eller forbodet i grunnlova § 97 mot tilbakeverkande lover.

Alle høyringsinstansane som uttaler seg om dette, stør departementets framlegg. Desse er *Borgarting lagmannsrett*, *Hålogaland lagmannsrett*, *Oslo byrett*, *Statens Innkrevingssentral*, *Sparebankforeningen*, *Norske Inkassobyråers Forening*, *Forbrukertvistutvalget*, *Finansieringsselskapenes Forening* og *Fåberg lensmannskontor*. *Hålogaland lagmannsrett* uttaler at det er klargjerande at løysinga går direkte fram av lova, og *Oslo byrett* uttaler at framlegget er ei presisering av gjeldande rettstilstand.

Departementet gjer etter dette framlegg om ein slik endring av forseinkingsrentelova som var foreslått i høyringsbrevet og viser til forslaget om endring av forseinkingsrentelova § 3 og merknader til framlegget i pkt 11 nedanfor.

9.3 Fastsetjing av forseinkingsrente i dommar

Det er ikkje uvanleg at domsslutningar der det vert tilkjent forseinkingsrente, vert formulert på ein måte som ikkje tek omsyn til at storleiken på forseinkingsrenta kan verte endra før dommen vert oppfylt, eller slutninga er formulerte på ei slik måte at det kan framstå som uklart kva slags rente det er tale om. Eit døme på dette kan vere at saksøkte skal betale kr xx til saksøkjaren - med tillegg av 12 % rente frå xx.xx.1999 til betaling skjer. Det er då ikkje klart at det er forseinkingsrente og ikkje annan avtalt rente som slutninga omhandlar. Dersom forseinkingsrenta vert auka i tida etter dommen, vil saksøkjaren dessutan ikkje ha tvangsgrunnlag for den auka renta, sjølv om vedkomande materielt sett har krav på dette, jf pkt 9.2 ovanfor. Ved nedsetjing av renta vert spørsmålet endå meir komplisert. Saksøkjaren har då ikkje materielt krav på den høgare renta som er fastslått i dommen, men det er uklart om saksøkte må angripe dommen ved gjenopptaking eller om namsmannen sjølv kan tolke dommen og ta omsyn til nedsetjinga. Dersom namsstyresmaktene kan gjere dette, vert det vidare spørsmål om skuldnaren lyt krevje dette eller om namsstyresmaktene av eige tiltak skal eller kan ta omsyn til at forseinkingsrenta er sett ned.

I høyringsbrevet 6 mars 1996 heitte det:

«De problemer som er nevnt ovenfor, kan enklest løses ved at det i dommer som tilkjenner forsinkelsesrenter, ikke angis en bestemt rentesats, men inntas en henvisning til enten den alminnelige forsinkelsesrenten eller forsinkelsesrenten for forbrukerskyldnere. Det vil da være samsvar mellom det materielle rettsforhold mellom partene og domsslutningens ordlyd. For partene kan det hindre mange misforståelser. For namsmyndighetene vil det være enkelt å forholde seg til dommen. Løsninger som at fordringshaveren skal måtte skaffe eget tvangsgrunnlag for å dra nytte av en forhøyelse, eller at skyldneren skal måtte angripe dommen for å dra nytte av en nedsettelse, er for kompliserte og kostnadskrevende for partene. En løsning som at skyldneren måtte reise innsigelse for namsmyndighetene for å kunne dra nytte av en nedsettelse ved tvangsfullbyrdelse, vil skape unødig forskjellsbehandling av innsiktsfulle og mindre innsiktsfulle skyldnere. Det er heller ingen god løsning at namsmyndighetene ved tvangsfull byrdelse eventuelt skal tolke dommen på bakgrunn av forsinkelsesrenteloven. Dersom fordringshaveren i dag tilkjennes f.eks. 12 % rente av domsbeløpet inntil betaling skjer, vil det etter endringer i forsinkelsesrenten kunne være meget vanskelig på grunnlag av dommen å avgjøre om skyldneren i fremtiden skal betale den alminnelige forsinkelsesrenten eller en eventuell særlig forsinkelsesrente for forbrukerskyldnere, eller om rentesatsen på 12 % i dommen var en løpende rente som fordringshaveren fortsatt har krav på. For kortfattede uteblivelsesdommer kan det være umulig å avgjøre disse spørsmålene på grunnlag av dommen, og det vil dessuten være en uheldig utvidelse og komplisering av namsmyndighetenes oppgaver å pålegge dem en slik tolkningsoppgave.»

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Departementet gjorde difor framlegg om å ta inn i tvistemålslova ein ny § 148 a om utforming av domsslutning ved tilkjenning av forseinkingsrente. Departementet tok til orde for at same regelen burde gjelde for borgarlege rettskrav som vert pådømde i ei straffesak.

Mest alle høyringsinstansar som uttaler seg, stør endringsframlegget. Desse er *Borgarting lagmannsrett, Hålogaland lagmannsrett, Trondheim byfogdembete, Statens Innkrevingssentral, Forbrukertvistutvalget, Sparebankforeningen, Norske Inkassobyråers Forening, Fåberg lensmannskontor og Samarbeidsutvalget for forliksråd og hovedstevnevitner i byene*. Borgarting lagmannsrett uttaler såleis at det er trong for ei slik endring. *Samarbeidsrådet for forliksråd og hovedstevnevitner i byene* gjev uttrykk for endringa vil føre til at det vert klarare kva som skal gjelde mellom partane i oppfyllings- og fullføringsfasen.

Oslo byrett er derimot usikker på framlegget til ny § 148 a og uttaler:

«I dommer om pengekrav gis regelmessig dom også for renter som forlengst er påløpt når dommen avsies. For så vidt vil rentesatsen etter forslaget bli angitt ved tall mens det for eventuelle senere renter vises til forskriftene. Vi har ikke spesielt å anføre til forslaget, bortsett fra at det ville være praktisk å erstatte «dommens avsigelse» med «oppfyllesesfristens utløp». Det normale bør nemlig være at dommer oppfylles i sin helhet innen denne frist. Det pengebeløp som da blir å betale bør kunne utleses av selve dommen, dvs uten at forskrifter måtte sjekkes.»

Oslo byfogdembete går imot framlegget og grunngeve dette med at sidan det ikkje finst lovreglar om utforming av domskonklusjonar elles, skulle det heller ikkje vere trong til slike reglar akkurat i tilknytning til rentespørsmålet.

Departementet meiner at framlegget bør gjennomførast og viser til grunngevinga i høyringsbrevet. Det gjer seg særlege omsyn gjeldande for slike domsslutningar av di dei er standardiserte og som regel vert formulerte slik at det kan vere uklart kva verknad dommen skal ha ved seinare endringar av forseinkingsrenta. Den nærare utforminga av domsslutninga vil likevel kunne variere etter som kravet har forfalle allereie før domstidspunktet eller ikkje. Dersom kravet har forfalle før dommen vert avsagd, noko som i praksis vil vere det vanlegaste, kan dommen såleis fastsetje eit fast beløp fram til avseininga og at rente for tida deretter skal følgje føresegnene i forseinkingsrentelova. Det vil likevel ikkje vere nødvendig med ei slik konkret fastsetjing fordi renten kan gjevast ved ei generell vising til forseinkingsrenta. Dersom det har kome til forseinkingsrenter etter ulik sats, kan det likevel vere praktisk at summen av renter etter tidlegare satsar vert presisert i dommen. Om kravet først skal forfalle til dømes to veker etter at dommen vert avsagd, skal det derimot gå fram av domsslutninga at rente etter forseinkingsrentelova skal reknast frå og med dagen etter (eller ein bestemt dato).

Departementet viser elles til forslaga til ny § 148 a i tvistemålslova og endring av straffeprosesslova § 432 samt merknadene til forslaga i pkt 11 nedanfor.

10 Administrative og økonomiske konsekvensar

Dei økonomiske og administrative konsekvensane av framlegga i denne proposisjonen må vurderast særskilt for kvart einskild framlegg.

Endringane i proposisjonen punkt 3 gjeld ymse framlegg som tek sikte på å forenkle og effektivisere sakshandsaminga generelt i prosesslovgevinga. Punkt 3.1 om direktesending av prosesskriv vil gje domstolane noko mindre arbeid med handsaming av prosesskriv. Den einskilde parten eller prosessfullmektigen vil ikkje oppleve nokon vesentleg auke i kostnader av at prosesskriva vert sende direkte. Punkt 3.2 om harmonisering av lengda på ulike rettsmiddelfristar vil gjere det lettare både for partane og domstolane å halde oversikt over kva for fristar som gjeld i kvar einskild sak. Nye reglar om oppfyltingsvernetinget i tvistemålslova § 25 gjer at ein part ikkje kan saksøkjast utan at han har ein viss tilknytning til staden der saka kjem opp. For nokre få kreditorar vil det bli vanskelegare å gå til sak mot skuldnaren, men departementet reknar ikkje med at dette vil få stort å seie i praksis. Endringa tek i staden sikte på å forhindre at ein uønskt praksis får utvikle seg. Framlegga til endring i reglane om sakskostnadsavgjerder i punkt 3.4 og om innkalling av vitne i sivile saker i punkt 3.5 vil føre til ei meir effektiv sakshandsaming ved domstolane og mindre utgifter for partane. Med framlegget om at visse saker mot stat og kommune kan bringast inn for forliksrådet, jf punkt 3.8, vonar departementet at fleire saker kan løysast i forliksrådet og på denne måten spare rettsapparatet elles for arbeid og partane for kostnader. Punkt 3.9 om høve for advokatar m v til å møte i forliksrådet fører ikkje til vesentlege endringar i etablert praksis. Punkt 3.10 og 3.11 om utvida høve til hovudforhandling i munnlege saksførebuande møte og utviding av området for obligatorisk forenkla rettergang tek sikte på å gjere sakshandsaminga enklare for domstolane og spare partane for utgifter. Det same gjeld punkt 3.12 om sakshandsaming ved fremme av anker under ankesummen. Endringa i punkt 3.13 av ankeordninga etter tvistemålslova kapittel 33 tek sikte på å styrke rettstryggleiken for saker om overprøving av administrative tvangsinngrep etter lov om psykisk helsevern. Departementet meiner at det ikkje er grunn til å ha ulik handsaminga av desse sakene enn saker etter sosialtenestelova og barnevernlova og legg derfor til grunn at anke over herads- eller byretten sine avgjerder i slike saker, bør gå til lagmannsretten. I den grad desse ankesakene vert prøva av både lagmannsrett og Høgsterett, vil det gje ei auke i staten sine utgifter til desse sakene.

Punkt 4 gjeld ymse endringar i tvangsfullføringsreglane. Punkt 4.1 om sal av motorvognar m v etter lov om salsrett for handverkarar skal gjere det enklare for handverkarar som har trygd for sitt krav på reparasjonskostandene, å få dekkja dette kravet ved tvangssal av den reparerte tingen. Endring vil føre til at namsmennene får nokre fleire tvangssal, men departementet legg til grunn at auken vert etter måten liten. Punkt 4.2 om tvangsfråviking ved leige av fast eigedom og lausøyre er delvis ei presisering og klargjering av gjeldande rett. I tillegg pålegg dei nye reglane skuldnaren å dekkje utanrettslege sakskostnader for å unngå tvangssal. Punkt 4.3 om forenkla tvangssal av pant-

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

sett lausøyre fangar opp dei ulempene som den nye tvangsfullføringslova førte med seg i samband med pantegodsauksjonar av handpantsett lausøyre. Endringa tek omsyn til rettstryggleiken for pantsetjaren. Punkt 4.4 og 4.5 om krav til varsling der det er fleire tvangssal i same realregistrerte formuesgode, gjev namsretten, medhjelparen og realregistra større plikt til å varsle ein seinare saksøskar om ei tidlegare avgjerd om tvangssal. Ordninga pålegg medhjelpar, realregister og namsretten ei handlingsplikt, men gjer det lettare for dei seinare saksøkskarane å ha oversikt over salsprosessen. Punkt 4.6 om kjøparen si renteplikt og informasjon til kjøparen skal styrke rettstryggleiken til ein kjøpar ved tvangssal av fast eigedom. Endringa skal føre til at fleire ønsker å by på eigedommar som vert tvangsselde og i neste omgang auke prisane på slike eigedomar, til fordel for skuldnaren. Punkt 4.7 om tvangsbruk av fast eigedom med driftslausøyre og varelager, gjeld ei endring som vil ta inn att reglane for tvangsbruk av driftstilhøyrsløse til fast eigedom etter tvangsfullføringslova 1915 i den nye tvangsfullføringslova. Endringane i punkt 4.9 til 4.13 skal jamne ut nokre av dei auka økonomiske og arbeidsmessige konsekvensane for domstolane som tvangsfullføringslova førte med seg i høve til tvangssal av fast eigedom og tilkomstdokument til leigerett til bustad.

Endringane under punkt 5 skal i hovudsak gjere sakshandsaminga for domstolane meir effektiv og redusere kostnadene, samstundes som reglane byggjer opp om rettstryggleiken. Dette gjeld punkt 5.1 om vitneplikta si geografiske utstrekning. Det er etter departementet si meining meir effektivt å påleggje utvida vitneplikt i staden for å halde vitneopptak i andre rettskrinsar. Vitna vert pålagt ei tyngre plikt til å reise dit saka går, men får dekt sine utgifter. Departementet meiner likevel ikkje at dette totalt vil påføre auka kostnader fordi ein ofte vil løyse spørsmålet om vitneplikt ved at det vert halde telefonavhøyr og såleis spare dei lokale domstolane og advokatane i saka for særskilde bevisopptak. Punkt 5.3 om varadommarar i herads- og byretten i omfatande straffesaker vil isolert sett krevje større dommarkapasitet til den enkelte saka der varadommar vert nytta, men vil òg hindre at saka må gjennomførast på nytt på grunn av at retten sin formann vert sjuk eller får anna forfall. Endringa vil difor gjere at dei samla kostnadene, særleg for påtalemakta og til forsvarar, vert mindre. Endringane i punkt 5.4 om trekking av meddommarar og lagrettemedlemmer, punkt 5.5 om når advokatar kan opptre ved fullmektig og 5.6 om føring av aktorat ved lagmannsrettane og herads- og byrettane vil lette framdrifta i sakshandsaminga ved å opne for større fleksibilitet. I tillegg er punkt 5.2, 5.7 og 5.8 rein opprydding i prosesslovgevinga.

Framlegga i punkt 6 om effektivisering av bøtestraffa vil gjere det lettare å inndrive bøter. Av omsyn til den allmennpreventive og individualpreventive verknaden av bøter er det viktig at bøkene vert inndrivne. Elles vil bøkedommar misse mykje av den tilsikta effekten sin, og avsoning av subsidiær fengselsstraff vil auke kostandene i kriminalomsorgen. Effektiv inndrivning av bøter vil i staden gje auka inntekter til staten.

Punkt 7 om endringer i disiplinær- og tilsynsordninga for advokatar inneber nokre mindre justeringar av denne tilsynsordninga utan nemnande administrative eller økonomiske følgjer.

Framlegga i punkt 8 om endringer i nokre av rettergangsreglane for Høgsterett vil gje ei administrativ lette for Høgsterett. Sakshandsaminga i ankesa-

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

ker vil verte noko enklare og meir fleksibel. Høgsterett kan spare inn noko tid på handsaming av sivile saker, og denne tida kan Høgsterett nytte til å gå grundigare inn i viktige saker eller ta opp fleire ankesaker til handsaming. Departementet reknar ikkje med at endringane vil få nokon økonomisk verknad for Høgsterett.

Framlegget i punkt 9 gjeld ymse endringar. Punkt 9.1 opnar for pålegg om at det må stillast trygd for løysingssummen ved odelsløysing. Denne regelen vil sikre at ein som har kjøpt ein eigedom, ikkje blir saksøkt av nokon som ikkje har økonomi til å løyse eigedommen på odel. Endringsframlegget vil kunne gje ein meir effektiv marknad for omsetjing av landbrukseigedommar. Punkt 9.2 og 9.3 klargjer reglane om forseinkingsrente i samband med endring av storleiken på slike rente og vil gje ei viss administrativ lette, særleg for namsmakta.

11 Merknader til dei einskilde paragrafane

1 Til endringa i vraklova

Til § 10

Fristen i hittegodslova § 7 vart ved lov 3 juni 1983 nr 43 endra frå seks til tre månader. Ved ein inkurie vart ikkje vraklova §§ 8 og 10, som viste til denne fristen endra samtidig. For § 8 sitt vedkomande vart dette retta opp ved lov 26 juni 1992 nr 86 (tvangsfullføringslova), men § 10 vart òg då oversett.

2 Til endringane i lov om umyndiggjering

Til § 2

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 5.2 ovanfor. Føresegna er endra som ein følge av at stillingstittelen «rettsskrivar» er oppheva. Det er då ikkje nødvendig å ha ein særleg regel om arbeidsdelinga mellom rettens formann og rettskrivaren. Om rettens formann sine oppgåver gjeld dei generelle reglane i domstollova og det er ikkje heller ikkje nødvendig å ha ei føresegn i umyndigjeringslova om at rettens formann skal vere vergemålsrettens «skriver».

Til § 14

Endringa i § 14 andre leddet nr 1 rettar opp ein inkurie som kom inn i lova ved lov 8 juni 1984 nr 60 om ikrafttreddelse av ny gjeldsforhandling- og konkurslovgiving m m. Lausøyreregisteret er landsomfattande og uttrykket «ved den umyndiggjortenes hjemting» har ikkje lenger noko meaning. Uttrykket heng igjen frå den tida det vart ført personregister ved den enkelte by- og heradsrett.

3 Til endringa i straffelova

Til § 74

Om bakgrunnen for endringa, sjå pkt 6.2 og 6.4 ovanfor. Endringa av *første leddet* innebær at alle bøter, uansett storleik, vert forelda 10 år etter at avgjerda om å ileggje bot vart endeleg. Men etter *fjerde leddet* vil den subsidiære frihedsstraffa bli forelda etter fem år, om ikkje fullbyrdinga har tatt til. Etter grunnlova § 97 kan ikkje endringane få verknad for bøter som er endeleg ilagde før endringa her tek til å gjelde. Ved endringa av *andre leddet* vert det presisert at heller ikkje påbegynt utleggstrekk fell vekk ved foreldning av bøtestraffa. Sjå elles pkt 6.4 ovanfor.

4 Til endringane i domstollova

Til § 2

Om bakgrunnen for endringane sjå pkt 5.7 ovanfor. Endringa medfører inga realitetsendring, men fører utelukkande til at særdomstolar som ikkje lenger

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

eksisterer, er tekne ut og ei tilvising førd ajour. Nytt siste punktum i andre leddet var tidlegare tredje leddet.

Til § 9

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 5.2 ovanfor. Føreseгна er endra som ei følgje av at stillingstittelen «rettskrivar» er oppheva.

Til § 17

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 5.2 ovanfor. Paragrafen er oppheva som ei følgje av at stillingstittelen «rettskrivar» er erstatta med eigne reglar for administrasjonen av Høgsterett i §§ 9, 61 og 62. Rettskrivarar har ikkje vore nytta ved lagmannsrettane på lange tider, og føreseгна vert oppheva som forelda.

Til § 24

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 5.2 ovanfor. Paragrafen er oppheva som ein følgje av at stillingstittelen «rettsskrivar» er erstatta med eigne reglar for administrasjonen av Høgsterett i §§ 9, 61 og 62. Rettskrivarar har ikkje vore nytta ved herads- og byrettane på lange tider, og føreseгна vert oppheva som forelda.

Til endringa av overskrifta til kapittel 3

Overskrifta er endra som en følgje av at stillingstittelen rettskrivar er oppheva.

Til § 61

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 5.2 ovanfor. Paragrafen inneheld ei regulering av Høgsterett sin administrasjon som er i samsvar med korleis denne administrasjonen er organisert i dag. Stillingstittelen «rettskrivar» er erstatta med direktør og protokollsekretær, og i tillegg er stillinga som utgreiar nemnd. Innhaldet i § 61 svarar elles til det tidlegare innhaldet i § 62 første leddet første og andre punktum. Føreseгна om krav til juridisk embetseksamen og eksamenskarakter, som tidlegare var plassert i § 61, ser departementet det ikkje som tenleg å vidareføre. Spørsmål om å gjere fleire endringar lyt ein vurdere når Domstolkommisjonen si utgreiing ligg føre.

Til § 62

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 5.2 ovanfor. Deler av føreseгна er flytta til § 61 og det som vart ståande att er noko omformulert.

Til § 66

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 5.2 ovanfor. Endringa er ei følgje av at ordninga med rettsskrivar er oppheva, og rettsskrivarar er såleis teke ut av lista over personar som ikkje kan veljast til meddommar og lagrettemedlem. Departementet ser ikkje grunn til at dei administrative arbeidsoppgåvene til

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

direktøren i Høgsterett og protokollsekretærar skal utelukke desse i større grad enn andre tenestemenn ved domstolane.

Til § 86

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt. 5.4 ovanfor. Ved endringa vert det presisert korleis trekking av meddommarar blant dei som er trekt ut til å vere lagrettemedlem i anna sak, skal gå føre seg.

Til § 91

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 5.2 ovanfor. Endringa er ei følgje av at ordninga med rettskrivar er oppheva. Sidan det neppe vil vere ønskeleg å opne for at alle tenestemenn ved dommarkontoret kan ta avgjerd om at ein meddommar eller lagrettemedlem som er trekt ut skal gåast forbi etter reglane i § 91, vert den nødvendige tekniske tilpassing gjort ved at «rettsskriveren» vert teke vekk.

Til § 92

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt. 5.4 ovanfor. Endringane gjeld nedteikning og oppbevaring av opplysningar om uttrekkinga av meddommarar og lagrettemedlemmer.

Til § 106

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 5.2 ovanfor. Endringa er ei følgje av at ordninga med rettsskrivar er oppheva. Sidan personar som svarar til «rettskrivar» no berre er tilsett i Høgsterett, vil desse ikkje kunne ha gjort teneste som «rettsskrivar» i ein lågare rett.

Til § 110

Endringa er ei følgje av at stillingstittelen «rettsskrivar» er oppheva. Om bakgrunnen for denne endringa sjå pkt 5.2 ovanfor. Uttrykket «protokollsekretær» vil òg omfatte Høgsteretts direktør om denne unntaksvis skulle gjere teneste som protokollsekretær. Departementet fann det òg naturleg å nemne utgreiarane i Høgsterett i denne føresegna.

Til § 113

Ved endringa er «rettsskriver» teke ut som ein følgje av at denne stillingstittelen er oppheva. Om bakgrunnen for endringa, sjå pkt. 5.2 ovanfor. Uttrykket «tjenestemann» er endra til «embets- eller tjenestemann» for å omfatte jamvel direktøren i Høgsterett, som tidlegare vart rekna som rettsskrivar. Nemninga «tjenestemann» vil òg femne om utgreiarane i Høgsterett.

Til § 138

Ved endringa er «rettsskriver» teke ut som ein følgje av at denne stillingstittelen er oppheva. Om bakgrunnen for endringa, sjå pkt. 5.2 ovanfor.

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Til § 162

Ved endringa er «rettsskriver» teke ut som ein følgje av at denne stillingstittlen er oppheva. Om bakgrunnen for endringa sjå pkt. 5.2 ovanfor. Departementet finn det ikkje naturleg å ta inn ein regel om at Høgsteretts direktør og protokollførar i Høgsterett plikter å attestere kopiar.

Til § 163 a

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 3.5 ovanfor. Tilføyinga av *eit nytt fjerde ledd* har samanheng med endring av tvistemålslova § 200. Etter denne skal som regel prosessfullmektig som er advokat, sjølv utarbeide og forkynne vitnestemningar til dei vitne parten vil føre. Føresegna er ikkje til hinder for at andre forkynningsmåtar i staden vert nytta. Mest praktisk vil då være forkynning ved stemnevitne etter domstollova § 166 andre leddet.

Til § 179

Ved endringa er «rettsskriver» teke ut som ein følgje av at denne stillingstittlen er oppheva. Om bakgrunnen elles, sjå pkt. 5.2 ovanfor. I tillegg er «saksførar» endra til «advokat» i samsvar med lovendring 4 desember 1964 nr 2.

Til § 221

Om bakgrunnen for endringane viser departementet til punkt 8.1 ovanfor.

Endringa i *andre leddet andre punktum* og det *nye tredje punktum* vil gjere at kjæremålsutvalet i Høgsterett i samband med den andre prøvesaka for ein advokat kan gjere unntak frå kravet om at minst ei av prøvesakene må vere ei sivil sak for den ankande parten. Føresegna tar sikte på særlege tilfelle, men let det vere opp til kjæremålsutvalet å utvikle når det skal vere grunn til å gjere slikt unntak. Eit minstekrav lyt vere at advokaten har ført saka i førre instansen.

Ved endringa i gjeldende fjerde punktum, som bli nytt *femte punktum*, vert det opna for at det kan vere fleire prøveadvokatar i same sak. For dei tilfelle at det vert gjeve løyve til fleire prøveadvokatar på den eine partssida (t d der det er fleire saksøkte eller saksøkjarar) er dette ei lovfesting av praksis. Regelen er formulert slik at den skal vere elastisk der det blir opp til kjæremålsutvalet i Høgsterett å utvikle sin praksis.

Til § 223

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 5.5 ovanfor. Endringane gjeld advokatar sitt høve til å møte ved fullmektig og er delvis følgje av to-instansreforma. Ved hovudforhandling i sak om straff for brotsverk som tidlegare gjekk i lagmannsretten som første instans, kan advokaten etter endringa heller ikkje møte ved fullmektig i herads- og byretten. Det vart samstundes opna for at lagmannsretten kan tillate at advokaten møter ved fullmektig ved hovudforhandling i lagmannsretten.

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Til § 225

Om endringa i *tredje leddet* om tilsynsområdet til Tilsynsrådet visast det til pkt 7.3 ovanfor. Endringa i *fjerde leddet* inneber at søksmål som rettar seg mot avgjerder tekne av Tilsynsrådet for advokatverksemd, skal reisast mot staten ved Tilsynsrådet. Departementet legg vidare til grunn at det ikkje er høve til å reise søksmål mot medlemmane i Tilsynsrådet. Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 7.2 ovanfor.

Til § 226

Endringa i *første leddet* inneber at leiaren for styret i Tilsynsrådet og leiaren i Disiplinærnemnda ikkje lenger skal vere medlemmer av Advokatbevillingsnemnda. Nemnda skal no bestå av ein dommarar og ein advokat i tillegg til eit medlem som det ikkje er sett særlege kvalifikasjonskrav til. Dette medlemmet kan til dømes vere ein representant frå det rettssøkjande publikum. Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 7.1 ovanfor. Endringa i *andre leddet* inneber at søksmål som rettar seg mot avgjerd teken av Advokatbevillingsnemnda, skal reisast mot staten ved Advokatbevillingsnemnda. Departementet legg vidare til grunn at det ikkje er høve til å reise søksmål mot medlemmene i nemnda. Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 7.2 ovanfor.

Til § 227

Endringa i *tredje leddet andre punkumt* inneber at det blir innført ein uttrykkelig heimel for Disiplinærnemnda til òg å kunne gje «kritikk» for oppførsel i strid med god advokatskikk. Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 7.4 ovanfor. Det *nyefjerde punkumt* inneber ei utviding av kompetansen til Disiplinærnemnda ved at nemnda no òg kan handsame klager frå klientar som ikkje får tilbakebetalt for mykje betalt salær der avgjerd om dette er teke av andre disiplinærorgan. Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 7.5 ovanfor. Endringa i *sjuande leddet* inneber at søksmål som rettar seg mot avgjerd teken av Disiplinærnemnda, skal reisast mot staten ved Disiplinærnemnda. Departementet legg vidare til grunn at det ikkje er høve til å reise søksmål mot medlemmane i nemnda. Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 7.2 ovanfor.

Til § 229

Ved endringa er «rettsskriver» teke ut som ein følgje av at denne stillingstittlen er oppheva. Om bakgrunnen for denne endringa, sjå pkt. 5.2 ovanfor. Førsegna er elles omformulert noko, mellom anna er uttrykket «tjenestemenn» endra til «embets- og tjenestemenn» for å gjere det klart at heller ikkje embetsmenn som direktøren i Høgsterett, statsadvokatar og politimeistrar kan utøve advokatverksemd utan særleg løyve frå Kongen, jf òg advokatforskrifta § 11-1.

5 Til endringane i tvistemålslova

Til § 6

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 3.12.2 ovanfor. Endringa vidarefører den regel som tidlegare òg gjaldt for handsaming av søknader om ankesamtykke ved låg verdi på ankegejenstanden. Regelen svarar såleis til § 359 andre leddet slik den lydde før endringa ved lova her.

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Til § 16

Endringa i *første leddet* inneber at det ikkje lenger skal vere hovudregelen, men at retten kan fremme ei sak der det under hovudforhandling eller ankeforhandling viser seg at retten p g a verdien på tvistegjenstanden ikkje er domsmyndig. Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 3.12.1 og 3.12.3 ovanfor.

Til § 25

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 3.3 ovanfor. Tilføyinga av eit nytt andre ledd inneber at oppfyltingsvernetinget ikkje kan nyttast ved søksmål i Noreg der saksøkte har heimting etter §§ 17, 18 eller 20. Endringa har ikkje noko å seie for høvet til å avtale verneting etter § 36 eller for det særlege oppfyltingsvernetinget for veksel- og sjekkskuldnader i § 26.

Til § 44

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 8.3 ovanfor. Endringa i *første leddet første og andre punktum* gjer det mogleg for ein part å nytte ein advokat utan møterett for ved skriftleg handsaming av ankesaker. Dette gjeld for advokatane på begge sider i saka.

Til § 115

Endringa er ei følge av at møteplikta for vitne ikkje lenger er avgrensa etter reiseavstanden til rettsstaden, jf § 199, men at det i staden kan gjevast fritak etter ei konkret vurdering når avstanden til rettsstedet vert stor. Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 5.1 ovanfor.

Til § 120

Om bakgrunnen for endringa jf pkt 3.1 ovanfor. Den nye regelen i *nr 3* inneber ikkje nokon plikt til å gjere greie for alle eksemplar av prosesskrivet som eventuelt er sendt til andre, berre dei som er sendt personar som i alle høve skal få tilsendt prosesskrivet etter rettergangslovgjevinga. Ved frivillig direktesending bør det gå fram kven av desse det er sendt gjenpart til, elles lyt retten uansett ekspedere prosesskrivet vidare. Ved direktesending etter § 317 går det fram av femte leddet at det skal opplysast i prosesskrivet kven det er sendt gjenpart til.

Til § 123

Om bakgrunnen for endringane i *første leddet* sjå pkt 3.1 ovanfor. Sjå òg merknadene til § 120 ovanfor. Frivillig direktesending som fritek retten for sjølv å formidle prosesskrivet vil venteleg verte mest praktisk for tilsvar. Ved endringa vert det òg presisert at det ikkje i alle høve er nødvendig at retten fastset nokon svarfrist.

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Til § 125

Ved endringa er «rettsskriver» teke ut av andre leddet nr 1 som ei følgje av at denne stillingstittelen er oppheva. Om bakgrunnen for denne endringa sjå pkt 5.2 ovanfor.

Til § 133

Ved endringa er «rettsskriver» endra til «protokollfører» som ein følgje av at denne stillingstittelen «rettsskriver» er oppheva. Om bakgrunnen for denne endringa sjå pkt 5.2 ovanfor.

Til § 134

Ved endringa vert ein regel om at rettsskrivaren skal ta vare på dokument som er lagt fram i retten, oppheva. Stillingstittelen «rettsskrivar» er oppheva, jf. Om bakgrunnen for denne endringa sjå pkt 5.2 ovanfor. Det er heller ikkje trong for ein særleg regel om kven ved rettens kontor som lyt ta vare på dokument som er lagt fram.

Til § 140

Ved endringa er «rettsskriver» teke ut som ei følgje av at denne stillingstittelen er oppheva. Om bakgrunnen for denne endringa sjå pkt. 5.2 ovanfor.

Til ny § 148 a

Om bakgrunnen for tilføyinga av ny § 148 a sjå pkt 9.3 ovanfor. Endringa inneber at det i dommar som tilkjenner forseinkingsrente for tida etter avseiinga av ein dom skal visast til forseinkingsrentelova, i staden for til ein bestemt rentesats. Men det er ingen ting i vegen for at det samstundes vert opplyst kva rentesats som gjeld ved domsavseiinga. Ved dette unngår ein at det vert uklart kva som skal gjelde når rentesatsen vert endra. For tida før avseiing av dommen kan den rente som har kome til konkretiserast ved eit beløp, og dette bør nok gjerast for den tida det har gjelde ein annan rentesats. Det skal vidare gå fram av domsslutninga om det er den allmenne forseinkingsrentesatsen som skal gjelde, eller satsen for forbrukarskuld. Domsslutninga kan etter dette utformast slik for høvesvis vanlege krav høvesvis (1) og forbrukarskuld (2):

1. A skal betale til B kr 100 000,- med tillegg av den alminnelege forseinkingsrenta etter lov om renter ved forseinka betaling mm § 3 første ledd første punktum., for tida 12 % årleg rente, frå xx.xx.199x til betaling skjer.
2. A skal betale til B kr 100 000,- med tillegg av forseinkingsrente for forbrukarskuldnarar etter lov om renter ved forseinka betaling mm § 3 første ledd, for tida 12 % årleg rente, frå xx.xx.199x til betaling skjer.

Føreseigna vil òg gjelde for utforminga av orskurder «hvis det er anledning til det», jf tvistemålslova § 164 som viser til mellom anna §§ 145 til 150.

Til § 181

Om bakgrunnen for endringane sjå pkt. 3.4 ovanfor. Tilføyinga *av nytt tredje punktum* i andre leddet inneber at kjæremålsretten ikkje treng å oppheve sakskostnadsavgjerder og vise dei attende til underinstansen dersom dei er godt

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

nok opplyste til at kjæremålsretten sjølv kan ta stilling til realiteten. Endringa inneber likevel ikkje at høvet til å angripe sakskostnadsavgjerder særskilt vert utvida.

Til § 199

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 5.1 ovanfor. Ved endringa vert den geografiske avgrensinga av møteplikta for vitne oppheva og erstatta med ein geografisk avgrensa fritaksheimel.

Til § 200

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 3.5 ovanfor. I *andre punktum* vert den ordninga som har vore vanleg ved mange domstolar med omsyn til innkalling av vitne, gjort til lovas hovudregel. Samstundes vert det i domstollova § 163 a opna for at advokatar kan nytte postforkynning i slike høve. For partar og prosessfullmektigar som ikkje er advokat, vert derimot den tidlegare regel ikkje endra, jf *tredje punktum*. Retten vil såleis kunne påleggje desse å syte for innkalling av dei vitna som dei vil føre. Dette gjeld likevel berre frivillig innkalling. Vitnestemninga skal vere underskriven av den som skriv ut stemninga, anten det er advokaten eller retten. Er det retten, lyt det vere ein dommar, jf tvistemålslova § 166. Det er såleis ikkje fullgodt at funksjonærar ved rettens kontor skriv under vitnestemninga.

Til § 215

Om bakgrunn for endring sjå pkt 3.6 ovanfor. Endringa inneber at vitnet kan oppgje arbeidsplass i staden for bustad, og er i samsvar med tidlegare endring i straffeprosesslova § 130.

Til § 220

*Nr 4*er endra som ei følgje av at møteplikta for vitne ikkje lenger er geografisk avgrensa, sjå endring av § 199. Det er i staden innført ein fritaksheimel, og vilkåra for bevisopptak er tilpassa dette. Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 5.1 ovanfor.

Til § 273

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 3.7 ovanfor. Endringa inneber at alle saker mot staten eller kommunar m v som ikkje skal handsamast etter dei særlege reglane i tvistemålslova kapittel 30, kan bringast inn for forliksrådet. Mekling er likevel ikkje nødvendig i desse tilfella, sjå § 274 nytt nr 9.

Til § 274

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 3.7 ovanfor. Endringa har samanheng med at det ikkje lenger er forbod mot forliksmekling i alle saker mot det offentlege, sjå § 273 nr 3. Søksmål mot offentlege tenestemenn om offentlege tenestehandlingar eller erstatning for slike vil vanskeleg falle utanfor området til kapittel 30 og er difor ikkje tekne med.

Om lov om endringar i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Til § 277

Om bakgrunnen for endringane i fjerde og femte leddet sjå pkt 3.8 ovanfor. Endringa i andre leddet rettar opp ein skrivefeil.

Til § 278

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 3.8 ovanfor. Som ein følge av endringa, skal den personlege møteplikta ikkje gjelde når det vert innkalla til mekling i forliksrådet etter krav frå ein av partane der den som er innklaga, har godteke klagarens påstand i tilsvaret. Om kven som kan vere fullmektig vert det vist til tvistemålslova §§ 44 og 279.

Til § 279

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt. 3.9 ovanfor. Endringa i *andre leddet første punktum* slår fast at ein part som ikkje har personleg møteplikt, anten kan møte saman med ein medhjelpar eller ein forliksfullmektig eller at parten kan velje å sende ein forliksfullmektig i staden for å møte sjølv. Ein part har ikkje personleg møteplikt etter § 278 når han anten bur utanfor den kommunen der saka kjem opp eller han har gyldig forfall. Det vert vidare uttrykt at den som opptrer som medhjelpar eller forliksfullmektig, må fylle vilkåra for å vere forliksfullmektig etter § 279 første leddet. *Andre punktum* uttrykker at i tilfelle der den eine av partane har medhjelpar eller forliksfullmektig, kan motparten alltid ta med ein medhjelpar. I slike høve har likevel motparten alltid personleg møteplikt. Han kan ikkje velje å sende ein fullmektig i staden for å møte sjølv. *Tredje punktum* gjev forliksrådet høve til å tillate ein part som har personleg møteplikt, å ta med seg ein medhjelpar i tillegg til det som er fastsett i andre punktum. Dette kan vere aktuelt der styrkeforholdet mellom partane er ulikt, til dømes der den eine parten sjølv er advokat eller der ein advokat representerer eit selskap i eigenskap av tilsett. Det same kan gjelde der ein part treng spesiell støtte under møtet i forliksrådet, til dømes på grunn av høg eller låg alder eller andre forhold som gjer at parten stiller dårlegare enn motparten.

Tredje leddet byggjer på gjeldande andre leddet. I *første punktum* endrast «møte med» til «bruke» fordi uttrykksmåten «møte med» lett kan bli oppfatta som «møte sammen med». Ved sidan av ein part som har personleg møteplikt, kan det ikkje møte ein annan person som forliksfullmektig. I slike tilfelle nyttar parten ein medhjelpar. Av den grunn er det også gjort ei tilføyning av uttrykket «eller medhjelper» der parten har personleg møteplikt, men forliksrådet likevel tillet parten å ha med ein advokat. *Andre punktum* slår fast at i tilfelle der den eine parten har varsla om at det møter ein advokat, anten som medhjelpar eller forliksfullmektig, har motparten rett til å bruke advokat eller ein annen som fyller vilkåra for å vere forliksfullmektig, utan å varsle om dette.

Til § 288

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 3.8 ovanfor.

Til § 288 a

Endringa i *tredje leddet andre punktum* er ei følge av at varslingsregelen i § 279 er flytta frå andre leddet til tredje leddet. Sjå elles pkt 3.9 ovanfor.

Om lov om endringar i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Til § 296

Ved endringa vert fristen for å anke dommar som forliksrådet har avsagt korta ned frå to månader til ein månad. Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 3.2, særleg pkt 3.2.3 ovanfor. For dommar som er avsagt før endringslova her tek til å gjelde, vil den tidlegare fristen gjelde.

Til § 305

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 3.10 ovanfor. Endringa inneber at retten under munnleg saksførebuande møte kan gå direkte over til hovudforhandling sjølv om begge partane går i mot dette. Partane si innstilling og grunngjeving av denne vil likevel måtte ha stor vekt når retten skal vurdere om det er «ubetenkelig» å gå direkte over til hovudforhandling. I innkallinga til det førebuaande møtet må retten dessutan ha gjort partane merksame på at det kan verte aktuelt å gå direkte over til hovudforhandling om saka allereie i det førebuaande møtet viser seg å vere godt nok opplyst. Eit slikt varsel bør berre brukast der dette framstår som ei aktuell løysing.

Til § 306

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 3.1 ovanfor. At det i tredje leddet vert vist til § 317 femte leddet inneber at det er obligatorisk for advokatar å sende mellom anna bevistilbod, bevisoppgåver og fråsegner om motparten sitt bevistilbod direkte til motparten. At føreseigna vert endra slik at det òg vert vist til § 317 tredje og fjerde leddet inneber derimot ikkje noko realitetsendring. Elles er språket i føreseigna modernisert.

Til § 317

Om bakgrunnen for endringane sjå pkt 3.1 ovanfor. Endringane i *første, andre og tredje* leddet er av redaksjonell art slik at det vert ein betre språkleg samanheng. *Femte leddet* er nytt og legg til rette for at advokatar sender prosesskriv som omhandla i § 317 direkte til motparten. Om rettens fastsetjing av frist og underretning om dette sjå § 123 første leddet.

Til § 322

Om bakgrunnen for endringa vert det vist til pkt 3.11 ovanfor. Endringa i *fjerde leddet* inneber at ei tilvising til den opphevde føreseigna i tvistemålslova § 1 tredje leddet vert oppheva. Samstundes vert ordninga med tvungen forenkla rettergang utvida frå å omfatte *gjeldssaker* som ikkje overstig kr 20 000 til å omfatte alle *saker om formueskrav* som ikkje overstig 20 000 kroner. Om verkningen av at dommaren tek feil med omsyn til verdien viser departementet til Ot prp nr 50 (1989-90) side 56 spalte 2, der det heiter:

«Feil i vurderingen av tvistegjenstandens verdi kan slå to veier. Har herreds- eller byrett en feilaktig antatt at tvistegjenstandens verdi oversteg 20 000 kroner og derfor unnlatt å benytte noen av de forenklinger forenklet rettergang tillater, har feilen ikke ført til noen saksbehandlingsfeil. Har herreds- eller byretten feilaktig antatt at verdien var under 20 000 kroner og forenklet behandlingen, foreligger en saksbehandlingsfeil. Saksbehandlingsfeilen kan imidlertid ikke påberopes som ankegrunn, jf § 16 annet ledd.»

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

At forenkla rettergang skal nyttast gjev såleis retten høve til å foreta dei forenklingar som tvistemålslova § 322 a oppstiller, men inga plikt.

Til § 333

Ved endringa er «rettsskriver» teke ut som ei følgje av at denne stillingstittelen er oppheva. Om bakgrunnen for denne endringa sjå pkt. 5.2 ovanfor. Første leddet i føresegna er elles harmonisert med den tilsvarende føresegna i straffeprosesslova § 302.

Til § 356

Om bakgrunnen for endringa, sjå pkt. 3.12.1 og 3.12.2 ovanfor. Endringa inneber at det ikkje lenger er førstelagmannen eller lagmann som skal ta stilling til om ein anke skal tillatast fremma der verdien på ankegjensstanden er under 20 000 kroner. Lagmannsretten skal ta stilling til dette samstundes som den tek stilling til om anken skal avvistast. At § 166 ikkje gjeld, medfører at rettens formann ikkje kan avgjere spørsmålet åleine. Endringa vil òg gjelde der det vert kravd overskjønn ved lagmannsretten, jf skjønnslova § 32 tredje leddet og ved anke til lagmannsretten over dommar som jordskifteretten eller jordskifteoverretten har avsagt, jf jordskiftelova §§ 63 og 71.

Til § 359

Endringa av *andre leddet* inneber at søknad om ankesamtykke, der dette er nødvendig på grunn av låg verdi på ankegjensstanden, skal setjast fram i sjølve ankeerklæringa. Dei særlege sakshandsamingsreglane som tidlegare stod i denne føresegna er dermed tekne bort. Endringa er ei følgje av at kompetansedelinga mellom lagmannsretten og lagmannen i § 356 er fjerna. Om bakgrunnen elles for endringa, sjå pkt 3.12.1 og 3.12.2 ovanfor.

Der lagmannsretten finn at ankesamtykke er nødvendig og dette ikkje vert gjeve, skal såleis avgjerd om at ankesamtykke ikkje vert gjeve og orskurd om at anken vert avvist, utgjere slutninga i avvisingssorskurda. Det kan nyttast rettsmiddel mot avvisingssorskurda, men ikkje mot avgjerda om nekting av ankesamtykke, jf § 359 tredje leddet. Kjæremål til Høgsteretts kjæremålsutval kan dermed ikkje verte grunna med at samtykke til anke skulle vore gjeve, men kan sjølvsagt grunnast med at lagmannsretten har teke feil når den bygde på den føresetnad at slikt samtykke var nødvendig. Endringa vil òg gjelde der det vert kravd overskjønn ved lagmannsretten, jf skjønnslova § 32 tredje leddet og ved anke til lagmannsretten over dommar som jordskifteretten eller jordskifteoverretten har avsagt, jf jordskiftelova §§ 63 og 71.

Til § 360

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 3.2, særleg pkt 3.2.2 ovanfor. Ved endringa vert den allmenne fristen for anke redusert frå to månader til ein månad. For dommar som er avsagt før endringa her tek til å gjelde, vil den tidlegare fristen gjelde.

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Til § 365

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 8.4 og 8.5 ovanfor. Det nye *tredje leddet første punktum* gjer at ei ankeerklæring til Høgsterett *skal* ha med slike opplysningar som nemnt i første leddet nr 7 (omstendigheter og bevis), og pålegg ankeparten å gjere klårt kva som er nytt i forhold til både det som vart gjort gjeldande for lagmannsretten, og det som lagmannsretten sin dom byggjer på. Jamvel om utforminga er endra samanlikna med høyringsframlegget, som bygde på Høgsterett sitt framlegg, er det reelle innhaldet det same. *Andre punktum* er ei følgje av endringa i § 373 tredje og fjerde leddet som gjev kjæremålsutvalet høve til å nekte å fremme ein anke utan at ankeparten får høve til å uttale seg. Ankeparten bør difor i anken uttale seg om forhold som kan verke inn på kjæremålsutvalet si avgjerd av dette spørsmålet.

Til § 370

Endringa av *første leddet* er ei følgje av at søknader om ankesamtykke der verdien på ankejenstanden er låg, etter endring av §§ 356 og 359 ikkje lenger skal setjast fram i ein eigen søknad, men derimot i sjølve ankeerklæringa. Lagmannsretten tek stilling til samtykkespørsmålet samstundes som den tek stilling til om anken skal avvisast eller realitetshandsamast. Særleg forkynning av ankesamtykker vert heretter berre aktuelt for samtykker til direkte anke til Høgsterett. Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 3.12.1 og 3.12.2 ovanfor.

Til § 371

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 8.4 og 8.5 ovanfor.

Til § 372

Ved endringa i *første leddet* får den retten som har avsagt dommen som vert påanka, plikt til å varsle ankedomstolen dersom vedkomande meiner at anken gjeld ein formuesverdi som ikkje oppfyller kravet til ankesum. Retten pliktar likevel ikkje å foreta nærare undersøkingar. Tvistemålslova § 166 vil regulere sakshandsamingsspørsmålet der retten har fleire medlemmer, eller førebuinga av saka er overlate til ein annan dommar. Om bakgrunnen for denne endringa, sjå pkt 3.12.1 og 3.12.3 ovanfor. Endringa i *andre leddet* er utelukkande av redaksjonell karakter. *Tredje leddet* er uendra.

Om bakgrunnen for *nytt fjerde ledd* sjå pkt 3.1 ovanfor. At det vert vist til tvistemålslova § 317 femte leddet inneber at advokatar pliktar å sende prosesskriv som vert gjeve inn seinare enn tilsvaret i ankesaka, direkte til motparten. Sjå òg § 123.

Til § 373

Endringa i *tredje og fjerde ledd* gjer at kjæremålsutvalet fritt kan avgjere om ankeparten skal få uttale seg før anken vert nekta fremma etter § 373 tredje leddet. Om bakgrunnen for endringa sjå punkt 8.5 ovanfor. *Femte leddet* gjev kjæremålsutvalet heimel til sjølv å stanse ei ankesak når eit sentralt spørsmål i saka står for Høgsterett i ei anna sak. Om bakgrunnen for denne endringa sjå punkt 8.6 ovanfor.

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Til § 374

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 8.7 ovanfor. Endringa i *tredje leddet* inneber at Høgsterett og lagmannsrettene kan avgjere at ankeparten skal utarbeide ei utgreiing av dei faktiske tilhøva i saka. Utforminga er betre tilpassa den tilsvarende regelen i § 317 andre leddet første punktum enn høyringsframlegga var. Gjeldande tredje og fjerde leddet blir nye fjerde og femte ledd.

Til § 375

Endringane i *førsteog andre leddet* får fram at desse føresegnene berre gjeld for ankehandsaming i lagmannsretten. Det følgjer av innhaldet i tredje leddet at det same gjeld for den føresegna.

Fjerde leddet nytt og svarer til § 375 a i høyringsframlegget. Bakgrunnen for endringa går fram av punkt 8.4 ovanfor. For ikkje å binde kjæremålsutvalet for sterkt, er det sagt at det kan la partane leggje fram nye omstende eller prov dersom serlege grunnar er for det. Slike grunnar kan vere om dei nye omstenda eller prova ikkje endrar ankesaka sin karakter eller skiplar dei prinsipielle spørsmåla som var grunnen til at anken vart vist til handsaming i Høgsterett, eller at dei knyter seg nært til omstende eller prov som frå før er gjort gjeldande.

Til § 398

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 3.2, særleg pkt 3.2.2 ovanfor. Ved endringa vert den allmenne fristen for å erklære kjæremål lengja frå to veker til ein månad. For orskurder som er avsagt før endringa her tek til å gjelde, vil den tidlegare fristen gjelde.

Til § 401

Om bakgrunnen for endringa i *tredje leddet* sjå pkt 3.1 ovanfor. At det vert vist til tvistemålslova § 317 femte leddet inneber at advokatar pliktar å sende prosesskriv, utanom sjølve kjæremålserklæringa og tilsvaret, direkte til motparten. Sjå òg § 123 om fastsetjing av frist.

Til § 403 a

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 8.2 ovanfor. Ved endringa vert det presisert at avgjerda òg kan gå ut på at den påkjærte avgjerda vert stadfesta, ikkje berre at kjæremålet vert forkasta eller avvist. Dette er i samsvar med Høgsteretts kjæremålsutval si praktisering av denne føresegna.

Til § 407

Ved endringa er «rettsskriver» i *første ledd nr I* endra til «protokollfører» som ei følgje av at stillingstittelen rettsskrivar er oppheva. Om bakgrunnen for denne endringa sjå pkt. 5.2 ovanfor. Endringa inneber ei viss utviding av den gruppa som fell inn under regelen, og dermed høvet til gjenopptaking. I Høgsterett har protokollførarane vore rettsskrivarar, medan det i praksis ikkje har vore rettsskrivarar i lågare rettar. Dersom det i lågare rettar likevel har vore protokollførar, og denne har gjort seg skuldig i ei straffbar handling med

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

omsyn til saka som det er grunn til å tru har verka inn på saka, bør dette kunne føre til gjenopptaking.

Til § 415

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 8.8 ovanfor. Endringa gjer at i dei tilfella der ein anke til Høgsterett er nekta fremma etter tvistemålslova § 373 tredje leddet, skal kravet om gjenopptaking gå til lagmannsretten. Unntak gjeld for dei tilfelle der krav om gjenopptaking er grunna med feil i sakshandsaminga i kjæremålsutvalet. Handsaminga av kravet om gjenopptaking der ein anke er nekta fremma etter § 373 tredje ledd, kan difor normalt prøvast i to instansar.

Til § 438

Om bakgrunnen for endringa, sjå punkt 8.9 ovanfor. Endringa av *første leddet* fastset at søksmål mot ein lagdommar skal handsamast av ein annan lagmannsrett som saksøkjaren sjølv kan velje. Slike søksmål kan difor handsamast i to instansar.

Til § 466:

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 3.2, særleg pkt 3.2.3 ovanfor. Ved endringa vert fristen for anke over skilsmål redusert frå to månader til ein månad i samsvar med endringa av reglane for anke og kjæremål i vanlege tvistemål.

Til § 485

Etter endringa skal ikkje lenger anker over herads- og byrettens avgjerder etter tvistemålslova kapittel 33 gå direkte til Høgsterett. Endringa vil berre ha praktisk verknad for overprøving av tvangsvedtak etter psykiatrilovgjevinga fordi sosialtenestelova § 9-10 allereie fastset at anke over herads- eller byrettens avgjerder går til lagmannsretten. Om bakgrunnen for lovframlegget sjå pkt 3.13 ovanfor.

6 Til endringane i skjønnslova

Til § 21

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 3.1 ovanfor. At det vert vist til tvistemålslova § 317 femte leddet inneber at advokatar pliktar å sende prosesskriv, utanom sjølv kravet om skjønn og motpartens fråsegn til denne, direkte til motparten. Sjå òg tvistemålslova § 123 om fastsetjing av frist og om kor mange eksemplar av prosesskrivet som må sendast til retten. Endringa inneber òg at det høve som partane har til å kome med ytterlegare innlegg går direkte fram av lova.

Til § 31

Ved endringa vert fristen for å klage over lensmannsskjønn korta ned frå to månader til ein månad. Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 3.2, særleg pkt 3.2.3 ovanfor. For avgjerder som er teke før endringslova her tek til å gjelde, vil den tidlegare fristen gjelde.

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Til § 33

Ved endringa vert fristen for å krevje overkjønn korta ned frå to månader til ein månad. Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 3.2, særleg pkt 3.2.3 ovanfor. For underskjønn som er avslutta før endringslova her tek til å gjelde, vil den tidlegare fristen gjelde.

Til § 33 a

Ved endringa i *tredje leddet* får retten som har avsagt dommen som vert påanka, plikt til å varsle ankedomstolen dersom vedkomande meiner at anken gjeld ein formuesverdi som ikkje oppfyller kravet til ankesum. Retten pliktar likevel ikkje å foreta nærare undersøkingar. Tvistemålslova § 166 vil regulere sakshandsamingsspørsmålet der retten har fleire medlemmer, eller førebuinga av saka er overlate til ein annan dommar, jf skjønnsprosesslova § 2. Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 3.12.1 og 3.12.3 ovanfor.

7 Til endringa i industrikonsesjonslova

Til § 2

Ved endringa er «rettsskriver» endra til «tinglysingsmyndighetene» som ei følgje av at stillingstittelen rettsskrivar er oppheva. Om bakgrunnen for denne endringa, sjå pkt. 5.2 ovanfor.

8 Til endringane i rettsutdragslova

Til §§ 5 og 6

Ved endringa blir «rettsskriver» endra til «domstolen» som ein følgje av at stillingstittelen rettsskrivar er oppheva. Å ha føresegner direkte i lova om kva embets- og tenestemenn ved Høgsterett som skal utføre oppgåver som nemnde i føresegna, er ikkje nødvendig. Om bakgrunnen elles for denne endringa sjå pkt. 5.2 ovanfor. I § 6 vert ei tilvising retta opp og i første leddet vert «vedkommende regjeringsdepartement» endra til «departementet».

Til § 10

Ved endringa er *andre leddet siste punktum* oppheva som følgje av at stillingstittelen rettsskrivar er oppheva. Om bakgrunnen for denne endringa sjå pkt. 5.2 ovanfor. I og med at §§ 5 og 6 etter endringa legg oppgåvene til domstolen, vert andre ledd siste punktum overflødig.

9 Til endringane i rettergangsordningas ikraftsetjingslov

Til § 7

Føresegna er omskriven som ein følgje av at stillingstittelen rettsskrivar er oppheva. Om bakgrunnen for denne endringa, sjå pkt. 5.2 ovanfor. Dessutan er «pantebokføreren» teke ut i og med at føresegna allereie ved lov 7 juni 1935 nr. 2 § 40 vart oppheva for så vidt gjeld tinglysing.

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Til § 8

Ved endringa vert fristen for å påkjære avgjerder under notarialforretning lengja frå to veker til ein månad. Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 3.2, særleg pkt 3.2.3 ovanfor. For avgjerder som er teke før endringslova her tek til å gjelde, vil den tidlegare fristen gjelde.

10 Til endringa i svalbardlova

Til § 7

Ved endringa vert «rettskriverforretninger» endra til «tinglysingsforretninger» som ei følgje av at stillingstittelen rettsskrivar er oppheva. Om bakgrunnen for denne endringa sjå pkt. 5.2 ovanfor.

11 Til endringane i arbeidstvistlova

Til § 24

Ved endringa vert «rettsskriver» endra til «protokollfører» som ei følgje av at stillingstittelen rettsskrivar er oppheva. Om bakgrunnen for denne endringa sjå pkt. 5.2 ovanfor.

Til § 46

Nr 4 vert oppheva som overflødig i og med at stillingstittelen «rettsskriver» er oppheva. Om bakgrunnen for den endringa sjå pkt. 5.2 ovanfor.

12 Til endringane i skiftelova:

Til § 5

Føresegna er noko omskriven som ei følgje at stillingstittelen rettsskrivar er oppheva. Om bakgrunnen for denne endringa sjå pkt. 5.2 ovanfor.

Til § 40:

Ved endringa vert fristen for å anke over utlodding korta ned frå seks veker til ein månad. Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 3.2, særleg pkt 3.2.3 ovanfor. For avgjerder som er teke før endringslova her tek til å gjelde, vil den tidlegare fristen gjelde.

13 Til endringane i riksrettsrettergangslova

Til § 5

Ved endringa er «rettsskriver» endra til «protokollfører» som ei følge av at stillingstittelen rettsskrivar er oppheva. Det er direktøren i Høgsterett som svarer til det som tidlegare var «rettsskriveren ved Høiestrett», og for at endringa ikkje skal føre til nokon endring av realiteten er føresegna endra i samsvar med dette. Om bakgrunnen for denne endringa sjå pkt. 5.2 ovanfor.

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Til § 6

Ved endringa er «rettsskriver» endra til «protokollfører» som ein følge av at stillingstittelen rettsskrivar er oppheva. Om bakgrunnen for denne endringa sjå pkt. 5.2 ovanfor.

Til § 26

Ved endringa er «rettsskriver» endra til «protokollfører» som ein følge av at stillingstittelen rettsskrivar er oppheva. Det er direktøren i Høgsterett som svarer til det som tidlegare var «rettsskriveren ved Høiesterett», men i tillegg var protokollsekretæranane i Høgsterett rettskrivarar. Det gjer seg ikkje andre omsyn gjeldande i tilknytning til godtgjersle for protokollsekretæranane enn for direktøren i Høgsterett, og føresegna er endra i samsvar med dette. Om bakgrunnen for denne endringa sjå pkt. 5.2 ovanfor.

14 Til endringa i tinglysingslova

Til § 10

Ved endringa vert fristen for å påkjære tinglysingsavgjerder lengja frå to veker til ein månad. Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 3.2, særleg pkt 3.2.3 ovanfor. For avgjerder som er teke før endringslova her tek til å gjelde, vil den tidlegare fristen gjelde. Første leddet *siste punktum* vert oppheva. Det er ikkje nødvendig med ein særleg regel om lengre kjæremålsfrist i og med at den vanlege fristen vert fire veker.

15 Til endringa i lov om salsrett for handverkarar

Til § 5

Om bakgrunnen for *nytt andre ledd* sjå pkt 4.1 ovanfor. Salsmåten er eit alternativ som i første rekke vil kunne brukast ved sal av motorvogn i og med at det då vil gjerne vil vere trong for å slette hefte i Lausøyreregisteret og få gjeve melding til Biltilsynet. Sal gjennom namsmakta kan krevjast òg i andre høve der dette er nødvendig. Der sal skal meldast til offentleg styresmakt, men det er tilstrekkeleg med ei forklaring frå handverkaren eller kjøparen, kan det derimot ikkje krevjast tvangssal etter andre leddet. Formuleringa «etter reglane om tvangssal» inneber mellom anna at varslingsregelen i tvangsfullføringslova § 4-18 ikkje gjeld. *Siste punktum* er ei vanleg presisering i føresegner om sal gjennom namsmakta på grunnlag av anna enn panterett.

16 Til endringa i burettslagslova

Til § 37

Nytt andre punktum i tredje leddet medfører at laget lettare kan krevje tvangssal der partseigaren mislegheld sine plikter. Det er såleis ikkje nødvendig at partseigaren flyttar ut, eller om nødvendig er kasta ut, før tvangssal kan krevjast. Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 4.8.3 ovanfor.

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

17 Til endringa i arveavgiftslova

Til § 22

I første leddet vert «morarente» endra til «forsinkelsesrente». Slik endring vart og gjort ved lov 11 juni 1993 nr 83 som ei følgje av at dette uttrykket samstundes vart endra i forseinkingsrentelova. Endringa vart ikkje sett i kraft i og med at arveavgiftslova samstundes vart endra ved lov 21 mai 1993 nr 47. Denne endringa fanga ikkje opp den språklege endringa. Denne vert no endra slik at terminologien i arveavgiftslova vert den same som i forseinkingsrentelova.

18 Til endringane i odelslova

Til § 70

Endringa inneber at retten etter krav frå saksøkte skal påleggje saksøkjaren å stille trygd for løysingssummen når løysingskravet er endeleg avgjort og betaling ikkje skal skje straks. Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 9.1 ovanfor.

Til § 75

Endringa inneber at manglande stilling av trygd for løysingssummen vert likestilt med manglande gjennomføring av odelsløysinga. Endringa er gjort for å gjere plikta til å stille trygd etter § 70 andre leddet meir effektiv. Om bakgrunnen for endringa, sjå elles pkt. 9.1 ovanfor.

19 Til endringa i forseinkingsrentelova

Til § 3

Føresegna har fått eit tillegg som presiserer at det er til ein kvar tid gjeldande forseinkingsrente som skal gjelde, sjølv om det i eit kravshøve hadde kome til forseinkingsrente allereie før endringa av forseinkingsrentesatsen. Den tidlegare renta skal då gjelde for tida fram til endringa tek til å gjelde, og den nye renta deretter. Det same vil gjelde sjølv om kravet, og evt forseinkingsrentesatsen er fastslått i en dom. Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 9.2 ovanfor.

20 Til endringa i jordskiftelova

Til § 63

Ved endringa vert fristen for bruk av rettsmiddel endra frå høvesvis to veker og to månader til ein månad. Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 3.2 særleg pkt 3.2.3 ovanfor. For avgjerder som er tekne før endringslova her tek til å gjelde, vil den tidlegare fristen gjelde.

21 Til endringa i rettshjelplova

Til § 28 a

Ved endringa vert fristen for å påkjære avgjerd om godtgjersle til prosessfullmektigar og sakkunnige lengja frå to veker til ein månad. Om bakgrunnen for

Om lov om endringar i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

endringa sjå pkt 3.2, særleg pkt 3.2.3 ovanfor. For avgjerder som er tekne før endringslova her tek til å gjelde, vil den tidlegare fristen gjelde.

22 Til endringa i barnelova

Til § 20

Føreseгна vert oppheva som ei følgje av at den geografiske avgrensinga av vitneplikta i tvistemålslova § 199 er oppheva og erstatte med ein geografisk avgrensa fritaksheimel. Ei særskild opning til å utvide møteplikta vil dermed ikkje ha nokon funksjon. Utgangspunktet vil vere at alle vitne plikter å møte, men at dei i staden kan be om fritak dersom reiseavstanden er stor. Om bakgrunnen for endringa av vitnepliktsreglane sjå pkt 5.1 ovanfor.

23 Til endringane i straffeprosesslova

Til § 20

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt. 5.8 ovanfor. Ved endringa vert tilvisinga til § 272 fjerna for å gjere det klart at regelen ikkje berre gjeld når saksførebuande møte vert haldne med heimel i denne føreseгна.

Til § 76

Om bakgrunnen for endringane sjå pkt. 5.6 ovanfor. Føreseгна gjeld føring av aktorat, og reglane om kven som skal føre aktoratet ved lagmannsretten og i herads- eller byretten i alvorlege straffesaker og i sikringssaker, er endra. Føreseгна er dessutan omredigert slik at det i andre leddet går fram kven som i det heile kan vere aktor og i tredje leddet kva saker desse kan aktorere. Sjølv om berre første leddet spesielt nemner riksadvokaten eller ein fullmektig ved riksadvokatembetet, kan desse sjølv sagt føre alle type saker i alle instansane.

I *andre leddet* andre punktum det som tidlegare var tredje leddet, medan tredje og fjerde punktum tidlegare var fjerde leddet.

Nytt *tredje ledd* består mellom anna av tidlegare andre leddet andre og tredje punktum, og regelen er endra slik at det går klart fram at statsadvokaten kan overlate aktoratet til andre utanfor hovudforhandling, og dessutan i visse vedgåingssaker sjølv om strafferamma er meir enn 6 års fengsel. Det vert vidare slått fast at sikringssaker skal førast av statsadvokat.

Nytt *fjerde ledd* stod tidlegare i andre leddet siste punktum.

Til § 109

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 5.1 ovanfor. Ved endringa vert den geografiske avgrensinga av møteplikta for vitne oppheva og i staden erstatta med ein geografisk avgrensa fritaksheimel.

Til § 270

Første leddet er endra som ein følgje av at møteplikta for vitne ikkje lenger er geografisk avgrensa, jf endringa av § 109. Det er i staden innført ein fritaksheimel og vilkåra for bevisopptak er tilpassa dette. Om bakgrunnen for endringa, sjå pkt 5.1 ovanfor.

Om lov om endringar i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Til § 276

Om bakgrunnen for endringa sjå punkt 5.3 ovanfor. Ved endringa vert det opna for at ein vara for fagdommaren kan fylgje forhandlingane i vidløftige straffesaker og tre inn om denne får forfall. Det er domstolleiaren som tek avgjerda om det er nødvendig med ein varadommar.

Til § 327

Om bakgrunnen for endringa, sjå punkt 8.10 ovanfor. *Nytt andre ledd* gjer at den dommaren som er førstvoterande i kjæremålsutvalet og som er saksførebuande dommar, jf straffeprosesslova § 54, kan treffe avgjerder som gjeld saksførebuinga. Unntak gjeld avgjerd av krav om bevisopptak som etter § 338 andre leddet høyrer inn under eit samla kjæremålsutval.

Til § 387 a

Om bakgrunnen for tilføyinga av denne føresegna sjå pkt 8.2 ovanfor. Føresegna gjev Høgsteretts kjæremålsutval høve til forenkla handsaming av kjæremål når det samrøystes finn det klart at kjæremålet ikkje kan føre fram, og har sitt motstykke i tvistemålslova § 403 a. Det vert òg gjeve høve til å «sile» kjæremål frå påtalemakta, sjølv om det ikkje er klart at kjæremålet ikkje vil føre fram.

Til § 388

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 8.2 ovanfor. Føresegna svarar i hovudsak til tvistemålslova § 404 andre leddet og gjev Høgsteretts kjæremålsutval høve til å avvise vidare kjæremål dersom det samrøystes finn at avgjerda korkje vil ha noko å seie for andre saker eller at saka av andre grunnar bør hansamast av utvalet. Av andre punktum går det fram at det ikkje er naudsynt med anna grunngjeving enn ei tilvising til heimelen her, og at avgjerde kan gjerast om til føremon for den sikta når særlege grunnar er for det.

Til § 432

Endringa inneber at ny § 148 a i tvistemålslova skal gjelde når borgarlege rettskrav vert pådømde i ei straffesak. Som ei følgje av dette, skal det i dommar som tilkjenner forseinkingsrente for tida etter at dommen er avsagd ikkje visast til ein bestemt rentesats, men til den alminnelege forseinkingsrenta. Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 9.3 ovanfor og merknadene til ny § 148 a i tvistemålslova.

Til § 456

Endringa i *tredje leddet første punktum* gjer at Statens Innkrevingssentral får høve til å inndrive bøter og andre pengekrav tilkjende i straffesak, ved utleggspant. Det er eit vilkår at utleggspantet kan få rettsvern ved registrering eller underretning til tredjeperson, jf pantelova kapittel 5, og at utleggsforretninga kan gå føre seg på Innkrevingssentralen sitt kontor etter reglane i tvangsfullføringslova § 7-9 første ledd jamført med tredje leddet tredje punktum i paragrafen her.

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Tredje leddet *andre punktum* regulerer Innkrevingssentralen si inndrivning av andre krav enn dei som er påkjende i ei straffesak. Dette inneber ikkje noka realitetsendring.

24 Til endringa i konkurslova:

Til § 153

Ved endringa vert fristen for bruk av rettsmiddel endra frå høvesvis to veker og to månader til ein månad. Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 3.2, særleg pkt 3.2.3 ovanfor. For avgjerder som er tekne før endringslova her tek til å gjelde, vil den tidlegare fristen gjelde.

25 Til endringa i dekningslova

Til § 2-7

Om bakgrunnen for endringa, sjå pkt 6.3 ovanfor. Endringa inneber at uleggstrekkperioden for bøtekrav vert forlenga frå to til fem år.

26 Til endringane i tvangsfullføringslova:

Til § 1-3

I nytt *tredje ledd* vert det opna for underhandssal av underpantsett lausøyre, sjå om bakgrunnen for endringa i pkt 4.3 ovanfor. Føreseigna vil som ei følge av vilkåra om godkjenning som finansforetak og utlån av pengar mot overlevering av tingen til foretaket, vere mest praktisk ved ordinær «pantelånverksemd».

Til § 2-10

Om bakgrunnen for endringa, sjå punkt 4.9 ovanfor. Endringa av *andre leddet andre punktum* inneber at det kan gjerast unntak frå habilitetsregelen for tvangssal av fast eigedom ved medhjelparsal, og det vert såleis sams reglar for tvangssal av alle typer formuesgode. Vilåret for å vere medhjelpar er at «det finnes ubetenkelig, og vedkommende har særlige forutsetninger for å forestå salget».

Til § 7-20

Endringa i første leddet er av terminologisk art. Omgrepet «driftstilbehør» i tvangsfullføringslova er søkt harmonisert med pantelova. Sjø elles pkt 4.7 ovanfor.

Til § 11-9

Ved endringa vert det presisert at realregisteret skal gje namsretten melding om eventuelle tidlegare avgjerder om tvangsdekning som er merka av i vedkomande realregister. Siktemålet med endringa er å sikre at seinare saksøkjarrar får høve til å nytte retten til å tre inn i tvangssal som det tidlegare er teke avgjerd om, jf § 11-11. Der namsretten får melding om slik tidlegare avgjerd om tvangsdekning pliktar den etter § 11-11 andre leddet tredje punktum å gje

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

saksøkjaren underretning om dette. Sjå elles pkt 4.4 ovanfor om bakgrunnen for endringa.

Til § 11-11

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 4.4. ovanfor. Ved endringa vert det presisert at namsretten skal gje ein saksøklar som krev tvangssal underretning om eventuelle tvangssal det allereie er teke avgjerd om i same tingen. Siktemålet med endringa er å sikre at saksøkjaren får høve til å nytte retten til å tre inn i tvangssal som det tidlegare er teke avgjerd om.

Til § 11-12

Opphevinga av *tredje leddet* gjer at hovudregelen om namsmannen si rolle i medhjelparsal, vil følgje av § 2-10 tredje leddet første punktum. Departementet legg til grunn at endringa ikkje fører til at færre namsmenn bør vere medhjelparar enn forholdet er i dag. Sjå elles pkt 4.10 ovanfor om bakgrunnen for endringa.

Til § 11-13

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 4.11 ovanfor. Endringa av *andre leddet* gjer at reglane for å innhente konsesjonspris vert sams for tvangssal ved medhjelpar og tvangsauksjon, jf tvangsfullføringslova § 11-44 tredje leddet. Etter endringa skal namsretten innhente opplysningar om konsesjonspris før eigedomen vert lagt ut for sal.

Til § 11-16

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 4.5 ovanfor. Ved endringa vert medhjelparen si varslingsplikt andsynes rettshavarar i realregistrerte formuesgode presisert.

Til § 11-18

Endringane i andre og tredje leddet er av terminologisk art. Omgrepet «driftstilbehør» i tvangsfullføringslova er søkt harmonisert med pantelova. Sjå elles pkt 4.7 ovanfor.

Til § 11-26

Om bakgrunnen for endringa sjå punkt 4.12 ovanfor. Endringa i *første leddet andre punktum* gjer at det er namsretten som fastset om eit bod skal ha kortare bindingstid enn seks veker. Bindingstida bør likevel ikkje vere kortare enn 15 dagar i og med at det etter § 11-29 andre leddet er ein to vekers frist til å kome med innvendingar mot utkastet til fordeling av kjøpesummen.

Til § 11-27

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 4.6.1 ovanfor. Endringa inneber at rentetillegget ved betaling innan betalingsfristen, men etter oppgjersdagen, skal bli fastsett i forskrift i staden for direkte i lova.

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Til § 11-46

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 4.6.2 ovanfor. Endringa er meint å minne aktuelle kjøparar på at det kan gjelde andre reglar ved tvangssal enn ved frivillig sal. Namsmakta si informasjonsplikt vil som regel kunne oppfyllast ved at dei aktuelle kjøparane som ber om informasjon, får kopi av dei aktuelle lovføresegnene.

Til § 11-54:

Om bakgrunnen for endringa sjå punkt 4.13 ovanfor. Endringa gjer det klart at dersom det i samband med ein tvangsauksjon ikkje vert gjeve bindande bod eller saksøkjaren i auksjonsmøtet erklærer at ingen av boda vil bli kravd stadfesta, kan saksøkjaren innan ein månad krevje at det skal gjerast eit nytt dekningsforsøk. Slik tvangsdekning treng ikkje vere ein ny auksjon. Namsretten kan òg avgjere at det nye dekningsforsøket skal skje ved medhjelparsal.

Til § 11-55

Om bakgrunnen for endringane sjå pkt 4.7 ovanfor. Endringa i første leddet er av terminologisk art. Omgrepet «driftstilbehør» i tvangsfullføringslova er søkt harmonisert med pantelova. I nytt andre ledd er det opna for at tvangsbruk av fast eigedom kan utvidast til å omfatte driftstilhøyrsløys som nemnt i pantelova §§ 3-8 og 3-9 og varelager jf pantelova § 3-11. Føresegna svarar til tvangsfullføringslova 1915 § 176 a andre leddet første punktet jf § 126. Kriteriet «naturlig tilknytning til den faste eiendommen» er det same som i tvangsfullføringslova 1915 § 126. Saksøkjaren har rett, men ikkje plikt til å krevje at tvangsbruken skal omfatte verdier som nemnde i pantelova §§ 3-8, 3-9 og 3-11. Når det etter tvangsfullføringslova § 11-1 tredje leddet skal avgjerast kva omfang tvangsbruken skal ha, vil saksøkjarens krav såleis gje ei ytre ramme. Det er vidare ein føresetnad for at tvangsbruken skal kunne omfatte verdier som nemnde i pantelova §§ 3-8, 3-9 og 3-11 at det ligg føre tvangskraftig tvangsgrunnlag som nemnt i tvangsfullføringslova § 8-2 òg i høve til desse verdiane.

Til § 11-57

Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 4.7 ovanfor. Endringa i første leddet er ei følgje av nytt andre ledd i § 11-55 og svarar til tvangsfullføringslova 1915 § 176 a andre leddet andre punktum.

Til § 13-2

Om bakgrunnen for endringane sjå pkt. 4.2 ovanfor. Ved endringane i *andre og tredje leddet* vert det presisert at det ikkje berre er leige som er teke med i varsel etter § 4-18 som lyt betalast for å stogge gjennomføringa av krav om utlevering av lausøyre eller fråviking av fast eigedom, men all leige som har forfalle på fråvikings- eller uteveringstidspunktet. Denne endringa presiserer berre gjeldande rett. Føresegna er òg endra slik at utanrettslege kostnader som utleigaren har hatt, ikkje berre kostnader i sjølve tvangsinndrivingsaka, lyt dekkast. Dette er kostnader som leigetakaren òg tidlegare har vore ansvarleg for, men det har hittil ikkje vore eit vilkår for å avbryte tvangsforretninga at desse blir betalt.

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Til § 13-6

Endringa i regelen om kva eit varsel skal innehalde, er endra som ein følgje av at § 13-2 er endra, sjå merknadene til denne føresegna og om bakgrunnen for framlegget i pkt 4.2 ovanfor.

27 Til endringa i lov 11 juni 1993 nr 83 om endringar i rettergangslovgevinga m m

Lov 11 juni 1993 nr 83 gjorde ei endring i arveavgiftslova § 22. Denne endringa vart ikkje sett i kraft i og med at arveavgiftslova samstundes vart endra ved lov 21 mai 1993 nr 47 om endringar i arveavgiftslova. Endringa frå 11 juni 1993 nr 83 er framleis ikkje sett i kraft og kan derfor opphevast i og med at terminologien i arveavgiftslova § 22 vert endra i lova her. Dette er ei reint teknisk endring som ikkje endrar gjeldande rett.

28 Til endringane i tomtefestelova

Til § 16

I første leddet er *mål* endra til *dekar*. Bakgrunnen for endringa er brev *frå Norges Jordskifte kandidatforening* 12 mai 1998 til Justisdepartementet. I brevet heitte det:

«Foreningen finner det naturlig å bemerke at et mål ikke tilsvarer 1 dekar (daa) eller 1000m². Et mål tilsvarer derimot 2500 kvadrat alen, som utgjør ca 984 m². Det meteriske målesystem ble innført i Norge ved lov av 22 mai 1875 og etter 1 juli 1882 er bare det metriske system lovlig ved offentlige målinger. I pressede utbyggingsområder langs kysten spesielt vil det kunne oppstå tvist vedrørende differansen mellom 1 mål og 1 daa.»

Det var ikkje siktemålet å gå tilbake til systemet med alen som måleeining ved den nye tomtefestelova, og med «eitt mål» er det meint 1000 m², slik omgrepet òg gjerne er nytta i daglegtale. For å unngå unødige tvil, og ikkje minst for lova skal bruke den korrekte og lovlege måleeininga, er «mål» endra til «dekar».

Til § 33

Nytt *fjerde punktum* svarar til tomtefestelova 1975 § 10 andre leddet siste punktum, og gjev Kongen heimel til å gje utfyllande reglar om vilkåra for og gjennomføring av innløyising av tomt som er festa bort til fritidshus frå eit familie- eller kombinasjonsbruk. I ordlyden i 1975-lova er det berre gjennomføringa, ikkje vilkåra, det kan fastsetjast forskrifter om, men heimelen har vorte forstått og praktisert slik at det òg kan fastsetjast reglar om kva som ligg i omgrepa «kombinasjonsbruk» og «familiebruk». Slike føresegner er i dag fastsett i forskrift 5 desember 1986 §§ 2 og 3. I Ot prp nr 28 (1995-96) gjorde departementet framlegg om at retten til innløyising i slike høve ikkje skulle vere snevrare enn elles, jf utkastet til § 32 i proposisjonen, og det vart av den grunn heller ikkje gjort framlegg om nokon slik forskriftsheimel. Stortingets fleirtal ville derimot at innløyising skulle skje på same vilkår som tidlegare, jf Innst O nr 85 (1995-96) s 10. Stortingets fleirtal førte likevel ikkje vidare regelen i tomtefestelova 1975 § 10 andre leddet siste punktum om at Kongen kunne gje utfyllande reglar om gjennomføringa av slik innløyising, noko som ikkje synest

Om lov om endringar i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

å vere tilsikta. Sjølv om Kongen ikkje lenger skulle kunne fastsetje med bindande verknad kva som ligg i omgrepa «kombinasjonsbruk» eller «familiebruk», ville manglande forskrifter neppe få nokon særleg verknad. Omgrepet «familie- og kombinasjonsbruk» er det same i den nye tomtefestelova, og dei gamle føresegnene vil ganske klart stå sentralt ved tolkinga av dette omgrepet òg i framtida. Etter departementets vurdering er det likevel ryddigare at dei nærare retningslinene kan gå fram av dei nye forskriftene til tomtefestelova, enn at brukarane av lova lyt gå til dei oppheva forskriftene for å finne ut kva som ligg i lova sine vilkår. Heimelen til å gje nærare føresegner er difor teke inn att.

29 Til endringa i lov 17 januar 1997 nr 11 om endringar i straffeloven m.v.

Til endringa i pkt 9

Ved denne føreseгна er straffeprosesslova § 76 tidlegare endra slik at sikring vert erstatta med overføring til tvunge helsevern etter straffelova § 39 eller forvaring. I og med at endringa ikkje har teke til å gjelde er det nødvendig å innarbeide dei endringane som vert vedtekne i § 76 ved lova, sjå om desse endringane i pkt 5.6 ovanfor.

30 Til endringa i husleigelova

Til § 13-2

Endringa i andre leddet er ei følge av at den allmenne ankefristen er korta ned frå to til ein månad. Om bakgrunnen for endringa sjå pkt 3.2.3 ovanfor.

Til ikraftsetjing og overgangsføresegner

Departementet tek sikte på at lova skal ta til å gjelde så snart som mogeleg. Lova kjem med mange endringar, og dei som endringane har mest å seie for, i hovudsak domstolane, advokatar og påtalemakta, må få tid til å førebu seg. Departementet vil difor først sende ut eit skriv som gjer greie for endringane i rimeleg tid, før lova tek til å gjelde. Kongen fastset tidspunktet for når lova tek til å gjelde. Det er heimel for å setje ulike deler av lova i kraft til ulike tid. Det kan til dømes vere aktuelt å gjere dette av omsyn til endringane i tomtefestelova (nr 28 ovanfor).

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Justis- og politidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. i samsvar med eit framlagt forslag.

Tilråding frå Justis- og politidepartementet ligg ved.

**Forslag til lov om endringer i rettergangsgjeldning m. m.
(harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m. m.)**

I

1 I lov om Stranding og Vrag 20. juli 1893 nr. 2 vert det gjort følgjande endring:

§ 10 første leddet tredje punktum skal lyde:

Fastsettingen foretas av lensmannen når eieren ikke er kjent og ikke har meldt seg og legitimert sin rett innen utløpet av *3-månedersfristen* etter hittegodsloven § 7.

2 I lov 28. november 1898 om Umyndiggjørelse vert det gjort følgjande endringar:

§ 2 fjerde leddet andre punktum vert oppheva.

§ 14 andre leddet andre punktum skal lyde:

Retten skal snarest mulig sørge for at melding om umyndiggjørelsen blir kunngjort i Norsk Lysningsblad og i en avis som er alminnelig lest på stedet, og tinglyst eller registrert i:

- 1. *løsøreregisteret*,
- 2. grunnboken og andre lignende realregistre, for så vidt den umyndiggjorte eier fast eiendom eller andre registrerte eiendeler, og
- 3. Foretaksregisteret, hvis den umyndiggjorte er innehaver eller ansvarlig medlem av et foretak som er innført der.

3 I lov 22. mai 1902 nr. 10 Almindelig borgerlig Straffelov (straffeloven) vert det gjort følgjande endring:

§ 74 skal første og andre leddet lyde:

Ilagt bot foreldes *10 år* etter at avgjørelsen ble *endelig*.

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Foreldelse av bøtestraff er uten betydning for utleggspant, *utleggstrekk*er annen sikkerhet som er stiftet innen fristens utløp.

§ 74 fjerde leddet skal lyde:

Subsidiær fengselsstraff faller bort etter 5 år, med mindre fullbyrding av den er påbegynt etter fristens utløp.

4 I lov 13. august 1915 nr. 5 om domstolene (domstoloven) vert det gjort følgjande endringar:

§ 2 skal lyde:

Særdomstoler er:

- 1. vergemålsrettene;
- 2. jordskifterettene;
- 3. de skjønnsretter som er nedsatt etter *plan- og bygningslov 14. juni 1985 nr. 77 § 60*;
- 4. de overordentlige domstoler, som nedsettes etter § 29;
- 5. konsulrettene i utlandet;
- 6. Riksretten.

For de domstoler som er nevnt under nr. 1-5, gjelder denne lov om ikke annet er bestemt. For Riksretten gjelder den ikke.

§ 9 skal lyde:

Høyesterett skal ha en direktør, som leder domstolens kontor, og dessuten så mange protokollsekretærer og utredere som saksmengden krever.

§ 17 vert oppheva.

§ 24 vert oppheva.

Overskrift til kapittel 3 skal lyde:

3dje kapitel. *Dommere og rettens øvrige embets- og tjenestemenn.*

§ 61 skal lyde:

Direktøren i Høyesterett er embetsmann.

Protokollsekretærer og utredere ved Høyesterett tilsettes av departementet, eller av Høyesterett etter bestemmelser gitt av departementet. Protokollsekretærer og utredere kan tilsettes på åremål.

§ 62 skal lyde:

For tjenestemenn ved domstolene gjelder lov 4. mars 1983 nr. 3 om statens tjenestemenn m m dersom ikke annet følger av loven her.

Etter bestemmelser gitt av departementet kan domstolens leder for kortere eller lengre tid eller for den enkelte sak oppnevne stedfortredere for domstolens tjenestemenn.

§ 66 nr 3 skal lyde:

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

–3. embetsmenn i dømmende *stilling*,

§ 86 første leddet sjette punktum skal lyde:

Trekning av meddommere til straffesaker ved lagmannsretten kan likevel foretas blant dem som er trukket ut til å være lagrettemedlem i en sak som skal behandles på samme rettssted umiddelbart før eller etter meddomsrettssaken. Dersom hovedforhandlingen i lagrettesaken har tatt til, foretas trekningen blant de lagrettemedlemmer som gjør tjeneste.

§ 91 første leddet skal lyde:

Treffer loddet et lagrettemedlem eller en meddommer, som etter § 106 eller § 107 ville være utelukket fra å gjøre tjeneste i noen av sakene, eller som har meldt eller vites å ha gyldig forfall, skal han forbigås. Det samme gjelder, når vedkommende skulle vært slettet av fortegnelsen etter § 81 første, annet eller tredje ledd, eller er siktet for en straffbar handling som kan antas å medføre frihetsstraff eller tap av offentlig stemmerett. Lagrettemedlem eller meddommer som ikke har tilstrekkelig kjennskap til det norske språk, bør forbigås. Avgjørelsen treffes av rettens formann *eller* en annen dommer.

§ 92 skal lyde:

Utfallet av loddtrekningen og de avgjørelser som er truffet etter § 91 nedtegnes og oppbevares blant sakens dokumenter.

§ 106 nr. 8 skal lyde:

–8. når han tidligere har hatt med saken å gjøre som voldgiftsmann eller i lavere rett som dommer *eller lagrettemedlem*;

§ 110 første leddet skal lyde:

Ingen som står i et forhold til saken som nevnt i § 106 nr. 1 til 6, kan delta i saken som protokollsekretær eller utreder, jf. § 61, eller forestå trekning av meddommere eller lagrettemedlemmer.

§ 113 andre leddet skal lyde:

Er et *lagrettemedlem*, et rettsvitne, en protokollfører eller en annen *embets- eller* tjenestemann i sådan stilling, skal han si fra til rettens formann.

§ 138 andre leddet skal lyde:

Stillingen som rettstolk kan forenes med stillingen som *protokollfører* eller rettsvitne.

§ 162 andre leddet skal lyde:

Notarius og stevnevitne plikter å gi bevitnelse om noen krever det.

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

§ 163 a nytt fjerde ledd skal lyde:

Advokater som skal innkalle vitner etter tvistemålsloven § 200 ved forkynning av vitnestevning, kan forkynne vitnestevningen gjennom posten, enten i vanlig brev vedlagt mottakskvittering eller i rekommandert brev.

§ 163 a gjeldande fjerde ledd vert nytt femte ledd.

§ 179 tredje leddet skal lyde:

Ellers må underskriften være bevitnet av en *dommer, notarius, advokat* eller et stevnevitne.

§ 221 andre leddet andre og nytt tredje punktum skal lyde:

Prøven omfatter utføringen av to muntlige saker. Minst en av disse må være en sivil sak for den ankende part med mindre Høyesteretts kjæremålsutvalg av særlige grunner gir tillatelse til annet.

Gjeldande tredje og fjerde punktum vert fjerde og nytt femte punktum. Femte punktum skal lyde:

I samme sak kan det bare være en prøveadvokat, med mindre Høyesteretts kjæremålsutvalg av særlige grunner gir tillatelse til annet.

§ 223 første leddet skal lyde:

Enhver advokat har rett til å ha en autorisert fullmektig til å opptre for seg i rettergang. Fullmektigen kan ikke opptre for Høyesterett, ved hovedforhandling for lagmannsrett eller ved hovedforhandling for herreds- eller byrett i saker om straff for forbrytelser som etter loven kan medføre fengsel i mer enn 6 år, med mindre vedkommende har tillatelse etter § 221 eller § 220 til å være advokat ved vedkommende rett. *Lagmannsretten kan for den enkelte sak tillate at en advokat opptrer ved autorisert fullmektig ved hovedforhandling i andre saker enn saker om straff for forbrytelser som etter loven kan medføre fengsel i mer enn 6 år.*

§ 225 tredje og fjerde leddet skal lyde:

Dersom noen som Tilsynsrådet fører tilsyn med, har opptrådt i strid med regler gitt i eller i medhold av denne eller annen lov, kan Tilsynsrådet meddele vedkommende en irettesettelse. I alvorlige tilfeller kan Tilsynsrådet meddele vedkommende en advarsel. Finner Tilsynsrådet at det bør treffes vedtak etter § 219 tredje ledd eller § 230, fremmer det forslag om det overfor Advokatbevillingsnemnden.

Avgjørelser truffet av Tilsynsrådet etter § 218, 220, 221, 223, 228 eller 233 eller etter forskrift gitt i medhold av § 219 første ledd tredje punktum, § 220 femte ledd eller § 235 annet ledd, og som er til ugunst for den det retter seg mot, kan påklages til Advokatbevillingsnemnden. For øvrig kan avgjørelser truffet av Tilsynsrådet ikke påklages. *Søksmål mot avgjørelser truffet av Tilsynsrådet for advokatvirksomhet, reises mot staten ved Tilsynsrådet for advokatvirksomhet.*

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

§ 226 første og andre leddet skal lyde:

Advokatbevillingsnemnden skal bestå av tre medlemmer. Lederen skal være dommer, *og ett av medlemmene skal være praktiserende advokat*. Medlemmer og varamedlemmer oppnevnes av Kongen.

Advokatbevillingsnemnden avgjør saker etter § 219 tredje ledd og § 230 etter forslag fra Tilsynsrådet eller Disiplinærnemnden. Dersom Advokatbevillingsnemnden ikke tar forslaget til følge, kan den i stedet meddele vedkommende en irettesettelse eller en advarsel. Nemnden er dessuten klageinstans for avgjørelser truffet av Tilsynsrådet som nevnt i § 225 fjerde ledd. Avgjørelser truffet av Advokatbevillingsnemnden kan ikke påklages. *Søksmål mot avgjørelser truffet av Advokatbevillingsnemnden, reises mot staten ved Advokatbevillingsnemnden.*

§ 227 tredje leddet skal lyde:

Klager over at en advokat har opptrådt i strid med god advokatskikk eller for øvrig i strid med denne eller annen lov, kan bringes inn for Disiplinærnemnden. En advokat som har opptrådt i strid med god advokatskikk eller for øvrig i strid med denne eller annen lov, meddeles en irettesettelse *eller kritikk*. I alvorlige tilfeller kan vedkommende meddeles en advarsel. *Disiplinærnemnden kan også behandle klager fra klienter som ikke får tilbake salær etter avgjørelser truffet av andre disiplinærorgan.* Finner nemnden at det bør treffes vedtak etter § 230, fremmer den forslag om det overfor Advokatbevillingsnemnden.

§ 227 sjuande leddet skal lyde:

Disiplinærnemndens vedtak kan ikke påklages. *Søksmål mot avgjørelser truffet av Disiplinærnemnden, reises mot staten ved Disiplinærnemnden.*

§ 229 første leddet første punktum skal lyde:

Embetsmenn i dømmende *stilling, fylkesmenn, embets- og tjenestemenn* hos domstolene og fylkesmennene *samt embets- og tjenestemenn* ved påtalemyndigheten og i politiet kan ikke utøve advokatvirksomhet.

5 I lov 13. august 1915 nr. 6 om rettergangsmåten for tvistemål (tvistemålsloven) vert det gjort følgjande endringar :

§ 6 tredje leddet skal lyde:

Begjæring om samtykke fremsettes sammen med ankeerklæringen og sendes med sakens dokumenter til Høyesteretts kjæremålsutvalg. Før samtykke gis, skal motparten ha fått adgang til å uttale seg. Etter at søknaden er avgjort, sendes sakens dokumenter tilbake til den rett hvis avgjørelse angripes.

§ 16 skal lyde:

Er hovedforhandlingen begynt *når retten finner at den etter reglene om tvistegenstandens verdi ikke er domsmyndig*, kan saken likevel fremmes.

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

På grunn av feil ved avgjørelsen av tvistegjenstandens verdi kan dommen ikke kjennes ugyldig.

§ 25 skal lyde:

Søksmål om en forpliktelse som bygger på kontrakt kan reises i den rettskrets der forpliktelsen er oppfylt eller kan kreves oppfylt.

Dersom søksmål som nevnt i første ledd gjelder kontraktsforpliktelse til å betale penger, får bestemmelsen i første ledd ikke anvendelse når saksøkte har hjemting her i riket etter §§ 17, 18 eller 21.

§ 44 første leddet første og andre punktum skal lyde:

Som prosessfullmektig for Høyesterett under muntlig *hovedforhandling* kan bare brukes advokater som har tillatelse til å være advokat ved Høyesterett. Under forberedelsen av saker for Høyesterett, *ved skriftlig ankebehandling* og ved kjæremål til Høyesteretts kjæremålsutvalg kan bare advokater brukes som prosessfullmektig.

§ 115 andre leddet skal lyde:

Hvis parten *blir fritatt for møteplikt etter § 199 første ledd annet punktum*, kan han avhøres ved en annen rett etter reglene i kapittel 16.

§ 120 skal lyde:

Ethvert prosesskrift må være underskrevet. Det bør nevne:

- 1. domstolen, sakens nummer, partenes og i tilfelle deres lovlige stedfortrederes navn, stilling, bopel og prosesstilling og partenes prosessfullmektiger,
- 2. de bilag som følger med, og om de er i original eller avskrift,
- 3. *til hvem gjenpart av prosesskriftet med bilag i tilfelle er sendt direkte.*

§ 123 første leddet skal lyde:

Prosessskrifter innleveres til retten hvis ikke annet er bestemt. Skal skriftet meddeles til andre eller forkynnes for andre, sørger retten for det *dersom ikke annet er bestemt. Har en advokat avgitt et prosesskrift uten at det skal forkynnes for motparten, drar inn nye krav eller inneholder en erklæring om bruk av rettsmidler, og advokaten har sendt gjenpart av prosesskriftet til noen det skal meddeles til, kan retten unnlate å meddele det til vedkommende. Om retten finner grunn til å fastsette en frist for å svare på prosesskriftet, meddeles dette parten.*

§ 125 andre leddet skal lyde:

Rettsboken skal angi:

- 1. retten, tiden og stedet for rettsmøtet, *dommernes, protokollførerens*, rettsvitnenes og partenes navn og sakens nummer og gjenstand;
- 2. om partene møter personlig, hvem som møter for dem, navnene på de vitner og sakkyndige som har møtt, og de dokumenter og bevisgjenstander som er fremlagt.

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

§ 133 tredje leddet skal lyde:

Rettsboken underskrives av dommerne, *protokollføreren* og rettsvitnet.

§ 134 andre leddet vert oppheva.

§ 140 skal lyde:

Adgang til å overvære rådslagningen og stemmegivningen har *bare protokollføreren*. Rettens formann kan likevel gi særlig tillatelse til andre, som av hensyn til sin juridiske utdannelse eller av lignende grunner ønsker å være til stede.

Ny § 148 a skal lyde:

Når en dom pålegger noen å betale rente etter lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m m for et tidsrom etter dommens avsigelse, skal rentens størrelse angis ved en henvisning til den rente som er fastsatt i medhold av forsinkelsesrentelovens § 3 første ledd første punktum. For skyldnere som er skyldnere i egenskap av forbrukere skal det i stedet vises til forsinkelsesrenten for forbrukerrskyldnere etter § 3 første ledd.

§ 181 første og andre leddet skal lyde:

Spørsmålet om tilkjenning og utmåling av saksomkostninger kan bare prøves av høyere rett, når saken selv bringes inn for denne .

Kjæremål kan likevel erklæres på det grunnlag at omkostningsspørsmålet er avgjort i strid med loven. Hvis saken er avgjort ved dom, er kjæremålsretten bundet av den underordnede rettens bedømmelse av sakens beviser. *Kjæremålsretten kan selv treffe ny avgjørelse om omkostningene hvis den finner at saken er tilstrekkelig opplyst.*

§ 199 skal lyde:

Plikt til å møte som vitne ved herreds- eller byrett og lagmannsrett har enhver. Retten kan frita et vitne for møteplikt dersom vitnet har mer enn 800 km reise med rutegående befordringsmiddel eller 125 km på annen måte, eller en tilsvarende strekning dels på den ene, dels på den annen måte, og fremmøte vil medføre uforholdsmessige ulemper eller kostnader sammenlignet med vitnets betydning for sakens opplysning.

Vitnet har krav på godtgjørelse etter særskilt lov.

§ 200 første leddet skal lyde:

Retten innkaller vitnene gjennom forkynning av vitnestevning. *Når en part har advokat som prosessfullmektig, sørger advokaten for innkalling av de vitner som parten ønsker ført, og i tilfelle for utarbeidelse og forkynning av vitnestevninger, dersom ikke retten bestemmer annet. Retten kan også ellers pålegge en part eller dennes prosessfullmektig å sørge for innkalling av vitner som parten ønsker ført.*

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

§ 215 skal lyde:

Rettens formann spør vitnet om navn, fødselsår og -dag, stilling, bopel og forhold til partene. *I stedet for bopel kan vitnet oppgi arbeidssted. Dersom det er nødvendig, kan rettens formann pålegge vitnet å oppgi sin bopel til retten.* Dersom det er særlig grunn til det, spørres vitnet også om andre omstendigheter som kan ha innflytelse på bedømmelsen av forklaringen.

§ 220 skal lyde:

Utenfor hovedforhandlingen kan vitneførsel bare foretas:

- 1. når retten under særlige omstendigheter finner, at det er av betydning allerede under saksforberedelsen å få kjennskap til et vitnes forklaring;
- 2. når det er ønskelig, at vitnet avhøres på åstedet og den dømmende rett ikke vil bli satt der eller begi seg dit;
- 3. når der på grunn av sykdom, forestående bortreise eller lignende er fare for, at vitnet ikke vil kunne føres under hovedforhandlingen, eller når vitnet på grunn av sykdom, alderdomssvakhhet eller lignende må avhøres i sitt hjem eller i nærheten av det, og den dømmende rett ikke vil begi seg dit;
- 4. når vitnet bor eller oppholder seg i utlandet eller *er fritatt for møteplikt etter § 199 første ledd annet punktum;*
- 5. når det av andre grunner ville være forbundet med ulempe å avhøre vitnet under hovedforhandlingen eller omkostningene ved dette ville være uforholdsmessige hensett til sakens og vitnesbyrdets betydning og partenes økonomiske evne.

§ 273 nr. 3 skal lyde:

- 3. i saker *som skal behandles etter denne lov kapittel 30;*

§ 274 første leddet nytt nr. 10 skal lyde:

- 10. *i saker mot staten eller en kommune, mot offentlige eller kommunale myndigheter eller institusjoner som ikke skal behandles etter reglene i denne lov kapittel 30.*

§ 277 andre leddet skal lyde:

For adgangen til å opptre som prosessfullmektig ved inngivelse av forliksklage gjelder § 44 tredje ledd. Dessuten kan en inkassobevillingshaver hos en inkassator som driver inkassovirksomhet i medhold av inkassobevilling etter inkassoloven, opptre som prosessfullmektig etter samme regler som advokater ved inngivelse av forliksklage i *inkassooppdrag* som inkassatoren har for klageren. Videre kan den som har rett til å drive rettshjelpsvirksomhet etter domstolloven § 218 annet ledd nr. 1 til 3, opptre som prosessfullmektig ved inngivelse av forliksklage i rettshjelpsoppdrag som vedkommende har for klageren. Vedkommende kan ikke inngi forliksklage muntlig.

§ 277 fjerde og femte leddet skal lyde:

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

I saker hvor forliksrådet kan avsi uteblivelsesdom, jf. §§ 1 og 288, og klageren har krevd dom i forliksrådet, skal forliksrådet i stedet forkynne klagen for innklagede med pålegg om at denne innen en bestemt frist på minst en uke ved prosesskrift eller muntlig inngir tilsvaret til forliksrådet. Innklagede oppfordres til i tilsvaret å opplyse om sitt standpunkt til klagerens påstand. I pålegget skal det gjøres oppmerksom på når og hvor innklagede kan møte fram for forliksrådet for å inngi tilsvaret muntlig. Innklagede skal gjøres oppmerksom på at det kan bli avsagt dom på grunnlag av klagens framstilling av saken dersom tilsvaret ikke inngis innen fristens utløp. Samtidig meddeles innklagede at partene vil bli innkalt til forliksmekling dersom klagerens påstand bestrides, *og at det vil bli avsagt dom i samsvar med klagerens påstand dersom innklagede godtar påstanden, med mindre klageren i klagen eller innklagede i tilsvaret har krevd at det likevel skal innkalles til mekling.* Om adgangen til å opptre som prosessfullmektig ved inngivelse av tilsvaret gjelder annet ledd tilsvarende.

Dersom innklagede i tilsvaret bestrider klagerens påstand, *eller klageren eller innklagede har krevd mekling selv om innklagede har godtatt klagerens påstand,* berammer forliksrådet møte for behandling av klagen. Det samme gjelder dersom det er opplyst eller sannsynlig at innklagede har vært hindret ved gyldig forfall fra å inngi tilsvaret og forliksrådet ikke finner det hensiktsmessig å gi ny tilsvarensfrist. Tredje ledd gjelder tilsvarende. Tilsvaret forkynnes for klageren samtidig med innkallingen. Klagen forkynnes for innklagede dersom denne ikke har mottatt klagen tidligere.

§ 278 skal lyde:

Partene eller deres lovlige stedfortredere plikter å møte personlig når de ikke har gyldig forfall eller bor utenfor kommunen. Gjelder saken et formueskrav, kan en part likevel alltid møte ved sin ektefelle, sitt barn eller svigerbarn eller ved en som er fast ansatt i hans tjeneste.

Stiftelser, selskaper, sparebanker, foreninger og boer kan alltid møte ved et medlem av styret. Staten, kommuner og offentlige innretninger kan alltid møte ved fullmektig.

I tilfeller der det innkalles til mekling selv om innklagede i tilsvaret har godtatt klagerens påstand, kan partene møte ved fullmektig uavhengig av første og annet ledd.

§ 279 nytt andre ledd skal lyde:

En part som ikke har personlig møteplikt etter § 278, kan under meklingen møte sammen med en medhjelper eller en forliksfullmektig som fyller vilkårene etter første ledd eller la seg representere av en slik forliksfullmektig. Dersom den ene parten har medhjelper eller forliksfullmektig, kan motparten også ta med en medhjelper som nevnt. Forliksrådet kan også i andre tilfeller tillate at en part som har personlig møteplikt, møter sammen med en medhjelper som oppfyller vilkårene etter første ledd.

Gjeldende andre ledd blir tredje ledd og skal lyde:

Om lov om endringar i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

En part som ønsker å *bruke* advokat som forliksfullmektig *eller medhjelper* etter første ledd, må opplyse om det i forliksklagen eller i tilsvaret eller i en egen, skriftlig underretning som må være sendt både motparten og forliksrådet minst en uke før møtet. *Dersom en part har varslet om at denne ønsker å bruke advokat som medhjelper eller forliksfullmektig, har den andre parten rett til å bruke advokat eller en annen som oppfyller vilkårene etter første ledd, uten å varsle om det på forhånd.*

Gjeldande tredje og fjerde ledd blir nye fjerde og femte ledd.

§ 288 skal lyde:

I saker der det etter § 277 fjerde ledd er gitt pålegg om tilsvaret, avsies utblivelsesdom dersom innklagede ikke har gitt tilsvaret innen tilsvarefristens utløp. § 289 annet ledd annet til fjerde punktum og tredje ledd gjelder tilsvarende.

Har innklagede i tilsvaret godtatt klagerens påstand, avsies dom i samsvar med påstanden, *om ikke en av partene har krevd at det likevel skal innkalles til megling.*

Finner forliksrådet at dom likevel ikke kan avsies, innkalles partene til mekling.

§ 288 a tredje leddet andre punktum skal lyde:

§ 279 *tredje*ledd gjelder tilsvarende.

§ 296 skal lyde:

Anke over en dom som avsagt av forliksrådet, går til herreds- eller byretten. Saken bringes inn og behandles etter reglene i kapittel 22 og 23. Stevning må være inngitt til retten innen *en måned* etter forkynnelsen av forliksrådets dom.

§ 305 andre leddet skal lyde:

Dersom begge parter begjærer det og dommeren finner det ubetenkelig, kan hovedforhandling foregå i samme møte, enten uten bevisførsel eller med en bevisførsel som foregår med det samme. *Det samme gjelder uten at partene begjærer det, hvis de i innkallingen er gjort oppmerksom på muligheten.*

§ 306 skal lyde:

Blir saken ikke pådømt etter § 305, oppfordrer dommeren partene til å tilby sine bevis etter reglene i § 188 og til å uttale seg om hverandres bevisstilbud. Skriftlige bevis bør fremlegges med det samme.

Er en part ikke forberedt på å gi fullstendig bevisoppgave, kan parten fullstendiggjøre sin oppgave ved et *prosesskrift*.

§ 317 annet *til femte* leddgjelder tilsvarende.

Partene skal si fra om de krever meddommere tilkalt til hovedforhandlingen, dersom de ikke har uttalt seg om det tidligere.

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

§ 317 skal lyde:

Hvis særlige omstendigheter gjør det nødvendig, kan dommeren, før hovedforhandlingen berammes, beslutte at ytterligere forberedelse skal foregå gjennom prosesskrifter eller personlig møte.

Retten kan pålegge en saksøker som har advokat som prosessfullmektig, innen en bestemt frist ved prosesskrift å utarbeide en kortfattet, kronologisk redegjørelse for sakens faktiske side. Redegjørelsen meddeles saksøkte av retten med oppfordring om i tilfelle å si fra innen en bestemt frist *ved prosesskriftom* hvilke deler av redegjørelsen saksøkte bestrider og hvilke deler av sakens faktiske side denne mener er utelatt.

En part kan også uten pålegg inngi ytterligere forberedende innlegg *gjennom prosesskrift*. Retten skal så vidt mulig meddele innlegget til motparten.

Dersom partene kommer fram til enighet, avsies dom på dette grunnlag.

En advokat som er prosessfullmektig for en part, bør meddele prosesskrift til motparten ved gjenpart samtidig med at de sendes retten, dersom motparten har en advokat som sin prosessfullmektig. Det skal fremgå av prosesskriftet hvem det er sendt gjenpart til. Retten kan fastsette innen hvilken frist prosesskriftene må besvares og meddeler partene fristen. Retten kan i særlige tilfeller påta seg å meddele prosesskrifter til partene.

§ 322 fjerde leddet skal lyde:

Saker om formuesverdier der tvistegjenstandens verdi ikke overstiger 20 000 kroner behandles ved forenklet rettergang selv om partene ikke har avtalt det. §§9 til 16 gjelder tilsvarende. Kravet behandles likevel ved alminnelig rettergang dersom det etter regler i kapittel 5 eller 6 skal behandles i samme sak som krav som skal behandles ved alminnelig rettergang

§ 333 skal lyde:

Skriftlig bevis leses opp av den som fører beviset, når ikke retten bestemmer noe annet.

Hvis retten finner det tilstrekkelig, *kan det vesentlige av innholdet i skriftet gjengis*. Påstår en part, at gjengivelsen på noe vesentlig punkt avviker fra innholdet, kan parten kreve at skriftet skal leses opp.

§ 356 skal lyde:

Anke til lagmannsrett kan ikke fremmes uten samtykke av *lagmannsretten* når anken gjelder en formuesverdi under 20.000 kroner. *§ 166 kommer ikke til anvendelse.*

§ 359 andre leddet skal lyde:

Begjæring om samtykke fremsettes i ankeerklæringen.

§ 360 første leddet skal lyde:

Fristen for anke er *en måned* når ikke annet er bestemt ved lov.

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

§ 365 nytt tredje ledd skal lyde:

Ved anke til Høyesterett skal den ankende part angi forhold som nevnt i første ledd nr. 7 og klargjøre hva som er nytt i forhold til det som tidligere er gjort gjeldende eller som den angrepne avgjørelse bygger på. Den ankende part bør uttale seg om forhold av betydning for avgjørelsen etter § 373 tredje ledd.

Gjeldande tredje leddet vert nytt fjerde ledd.

§ 370 første leddet skal lyde:

Retten gir den ankende part bevitnelse om at anke er erklært. Ankeerklæringen skal uten opphold forkynnes for motparten. Er samtykke *gitt til* å bringe saken direkte inn for Høyesterett, skal dette samtidig forkynnes.

§ 371 første leddet nytt tredje punktum skal lyde:

Ved anke til Høyesterett gjelder § 365 tredje ledd og fjerde ledd tilsvarende for innstevnte.

§ 372 skal lyde:

Etter utløpet av tilsvarsfristen sendes sakens dokumenter til ankesdomstolen. Ved anke til Høyesterett sendes de til Kjæremålsutvalget. *Retten skal si fra dersom den mener at anken gjelder en formuesverdi som ikke oppfyller kravet til ankesum i § 356 eller § 357.*

Hvis noen del av *sakens dokumenter* fremdeles trengs ved den underordnede rett, sendes *kopier eller avskrifter* isteden.

Er tilsvar innkommet, skal det meddeles den ankende part.

Om meddelelse av senere prosesskrifter gjelder § 317 femte ledd.

§ 373 tredje leddet og nytt fjerde og femte ledd skal lyde:

Kjæremålsutvalget *kan nekte* å fremme anken helt eller for en del, når det enstemmig

- 1. finner det klart, at anken ikke vil føre frem,
- 2. eller finner at anken ikke vil kunne gis medhold uten at Høyesterett fraviker den påankede avgjørelse i et punkt hvor det antas å ha vært av vesentlig betydning, at retten har hatt høve til umiddelbart å høre forklaringer av parter eller vitner eller til å foreta en granskning, som ikke kan foretas av Høyesterett,
- 3. eller finner, at den ankende part ikke har sannsynliggjort, at det er uten hans skyld at nye påberopte beviser som under punkt 2 nevnt ikke har vært ført umiddelbart for den rett som har dømt i saken,
- 4. eller finner at verken avgjørelsens betydning utenfor den foreliggende sak eller andre forhold gir grunn til at anken blir prøvd av Høyesterett.

Kjæremålsutvalget bestemmer hvorvidt uttalelse bør innhentes fra den ankende part før det treffes avgjørelse etter tredje ledd.

Dersom avgjørelsen i annen ankesak for Høyesterett kan ha betydning for henvisningsspørsmålet, kan Høyesteretts kjæremålsutvalg enstemmig beslutte at behandlingen av en ankesak skal stanses i inntil seks måneder. Dersom det fore-

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

ligger særlige grunner, kan tiden forlenges. Før det treffes beslutning om stans eller forlengelse av slik stansing, skal partene gis anledning til å uttale seg.

§ 374 tredje leddet skal lyde:

Den ankende part kan pålegges å utarbeide en kortfattet, kronologisk redegjørelse for sakens faktiske side innen en fastsatt frist. Redegjørelsen meddeles ankemotparten, som innen en fastsatt frist skal tilkjenne om det er innsigelser mot redegjørelsen.

Gjeldande tredje og fjerde leddet vert nye fjerde og femte ledd.

§ 375 skal lyde:

Ved forberedelse av ankeforhandling i lagmannsretten skal rettens formann eller den forberedende dommer, så snart vedkommende mener at forberedelsen er ferdig, meddele partene at ankeforhandlingene vil bli berammet eller frist satt for levering av det første innlegg i skriftlige saker, dersom partene ikke innen en fastsatt frist har mer å anføre.

Etter utløpet av denne frist kan nye ankegrunner ikke fremsettes for lagmannsretten med mindre motparten samtykker eller retten finner at han ikke har rimelig grunn til å motsette seg endringer. Det samme gjelder nye omstendigheter og nye bevisstilbud, enten det er den ankende part eller motparten som kommer med dem.

Etter utløpet av fristen kan partene heller ikke kreve at retten skal settes med meddommere.

Når en anke til Høyesterett er henvist til behandling, kan nye omstendigheter og bevis ikke gjøres gjeldende uten at Høyesteretts kjæremålsutvalg finner at særlige grunner taler for det. Avgjørelsen treffes av kjæremålsutvalget etter innstilling fra forberedende dommer.

§ 398 første leddet skal lyde:

Kjæremålsfristen er *en måned*, når ikke annet er bestemt.

§ 401 nytt tredje ledd:

Om meddelelse av prosesskrifter gjelder § 317 femte ledd.

§ 403 a skal lyde:

Dersom kjæremålsutvalget enstemmig finner det klart at et kjæremål til Høyesteretts kjæremålsutvalg ikke kan føre frem, kan det avvise eller forkaste kjæremålet, *eller stadfeste den påkjærte avgjørelsen*, uten annen begrunnelse enn en henvisning til bestemmelsen her.

§ 407 første leddet nr 1 skal lyde:

- 1. når en dommer eller *protokollfører*, som har tatt del i behandlingen av saken, eller motparten eller hans lovlige stedfortreder eller prosessfullmektig har gjort seg skyldig i en straffbar handling med hensyn til saken, og det er grunn til å anta, at dette har hatt innvirkning på avgjørelsen;

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

§ 415 nytt andre punktum skal lyde:

Er en anke til Høyesterett nektet fremmet i medhold av § 373 tredje ledd, skal en begjæring om gjenopptakelse rette seg mot lagmannsrettens dom, hvis den ikke er begrunnet med feil ved saksbehandlingen i Høyesteretts kjæremålsutvalg.

§ 438 første leddet skal lyde:

Søksmål mot et medlem av *Høyesterett* hører under Høyesterett. *Søksmål mot et medlem av lagmannsretten hører under en annen lagmannsrett.* Søksmål mot et medlem av herreds- og byretten hører under lagmannsrett.

§ 466 første leddet første punktum skal lyde:

Er innanking for en ny voldgiftsrett forbeholdt, er ankefristen *en måned* regnet fra meddelsen om voldgiftsdommen, hvis annet ikke er avtalt.

§ 485 skal lyde:

Ersøkeren lagt inn tvangsmessig, kan han anke muntlig eller skriftlig for styreren (direktøren) for sjukehuset eller institusjonen. Er anken muntlig, skal mottakeren sørge for at den blir skrevet ned. Anken skal uten opphold sendes til den retten som har avsagt dommen.

For anke fra saksøkeren gjelder ikke § 364 andre ledd og § 365.

Den retten som mottar anken, avgjør om forberedende ankebehandling skal finne sted.

For ankebehandling en i lagmannsretten gjelder §§ 478 til 484 så langt de passer. For ankebehandling i Høyesterett gjelder § 478 og §§ 481 til 484 så langt de passer.

6 I lov 1. juni 1917 nr. 1 om skjønn og ekspropriasjonssaker vert det gjort følgjande endringar:

§ 21 første leddet nytt sjette punktum skal lyde:

For ytterligere forberedende innlegg gjelder tvistemålsloven § 123 første ledd og § 317 femte ledd.

§ 31 andre leddet skal lyde:

Klagen må fremsettes innen *en måned* etter at parten har fått meddelelse om den avgjørelse han angriper. Retten kan gi oppreisning på de samme vilkår som ville gjelde om avgjørelsen var truffet under rettergang.

§ 33 første leddet skal lyde:

Begjæring om overskjønn må fremsettes innen *en måned* etter at underskjønnets slutning er forkynt, når ikke annen frist er fastsatt ved lov. Tvistemålsloven § 360 annet og tredje ledd gjelder tilsvarende.

§ 33 a tredje leddet nytt tredje punktum skal lyde:

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Ved oversendelse til lagmannsretten skal herreds- eller byretten si fra dersom den mener at kravet til ankesum i § 32 tredje ledd jf tvistemålsloven § 356 ikke er oppfylt.

7 I lov 14. desember 1917 nr. 16 om erverv av vannfall, bergverk og annen fast eiendom m v vert det gjort følgjande endring:

§ 2 femte leddet skal lyde:

Konsesjonen med tilknyttede vilkår skal tinglyses for konsesjonhavers regning. Alle senere tinglyste heftelser på de i post 17 omhandlede eiendommer og gjenstander bortfaller når disse ifølge konsesjonen går over til staten eller innløses av denne. Når vannfallet går over til staten, skal meddelelse om dette fra vedkommende departement sendes *tinglysingsmyndighetene* for tinglysing.

8 I lov 14. august 1918 nr. 2 om utdrag i tvistemål og straffesaker vert det gjort følgjande endringar:

§ 5 skal lyde:

Domstolens skal dra omsorg for at samtlige utdrag blir trykt eller på annen måte mangfoldiggjort i det nødvendige antall eksemplarer. *Domstolen* påser at avtrykkene stemmer med de innleverte utdrag, og at avtrykk blir gitt til dommerne i god tid før ankeforhandlingen.

Er utdrag ikke innlevert så tidlig, at de nødvendige avtrykk har kunnet skaffes før saken tar til, foregår bevisførselen uten bruk av utdrag.

Domstolens skal forsyne et avtrykk av hvert utdrag med bevitnelse om at det har vært benyttet i Høyesterett, og oppbevare det blandt sakens dokumenter.

§ 6 skal lyde:

I tvistemål plikter den part som har istandbragt utdrag, å betale utgiftene ved mangfoldiggjørelsen. *Departementet* kan likevel frita en part for å betale disse utgifter.

Ved innleveringen av utdrag til Høyesteretts kontor skal det beløp som etter *domstolens* skjønn vil gå med til mangfoldiggjørelsen, nedlegges ved rettskontor. Høyesteretts justitiarius kan likevel samtykke i at nedleggelse unnlates, når han finner det sannsynlig at vedkommende part i henhold til *første ledd* vil bli fritatt for å betale utgiftene ved mangfoldiggjørelsen. Det offentlige utgifter er tvangsgrunnlag for utlegg.

En part kan selv sørge for mangfoldiggjørelsen av sitt utdrag når det gjøres på en måte som *domstolen* har godkjener.

§ 10 andre leddet skal lyde:

Når særlige grunner taler for det, kan retten også ellers i saker for lagmannsrett og i saker for herreds- og byrett kreve at utdrag utarbeides. Departementet gir nærmere forskrifter om hva utdraget skal inneholde. For øvrig gjelder reglene i §§ 1-9 *tilsvarende*.

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

9 I lov 14. august 1918 nr. 4 om rettergangsordningens ikrafttræden vert det gjort følgjande endringar:

§ 7 skal lyde:

Notarius er inhabil dersom han står i et forhold til saken som nevnt i lov om domstolene § 106 nr. 1 til 6. Samme lovs §§ 109, 110 tredje ledd, 111-113 og 118-121 gjelder tilsvarende.

§ 8 skal lyde:

Dersom ikke annet er bestemt i eller i medhold av lov kan avgjørelser under notarialforretninger påkjæres til lagmannsretten. For den som har fått underretning om avgjørelsen, er fristen for å erklære kjæremål *en måned* fra den dag vedkommende mottok underretningen. For andre er fristen *en måned* fra den dag da vedkommende har fått eller burde ha skaffet seg kjennskap til avgjørelsen, likevel ikke utover tre måneder fra det tidspunkt avgjørelsen ble truffet. Tinglysingsloven § 3 annet ledd og § 10 annet til fjerde ledd gjelder tilsvarende. For avgjørelser truffet av norsk notarius i utlandet er Borgarting lagmannsrett kjæremålsinstans.

10 I lov 17. juli 1925 nr. 11 om Svalbard vert det gjort følgjande endring:

§ 7 skal lyde:

Underdommer-, skifteforvalter- og *tinglysingsforretninger* legges til den underrett som Kongen fastsetter.

11 I lov 5. mai 1927 nr. 1 om arbeidstvister vert det gjort følgjande endringar:

§ 24 første leddet skal lyde:

I rettsboken føres inn tid og sted for rettsmøtet, navnene på dommere, *protokollførere*, parter og deres representanter, vitner og sakkyndige.

§ 46 nr. 4 vert oppheva.

12 I lov 21. februar 1930 om skifte vert det gjort følgjande endring:

§ 5 skal lyde:

Bestemmelsene i § 4 første og annet ledd får tilsvarende anvendelse på dem som på skifterettens vegne utfører forseglings- og registreringsforretninger. For øvrig *gjelder lov* om domstolene §§ 111-113, 118, 120 og 121.

§ 40 første leddet andre punktum skal lyde:

Ankefristen er *en måned* regnet fra utlodningsdagen.

13 I lov 5. februar 1932 nr. 2 om rettergangsmåten i riksrettsaker vert det gjort følgjande endringar:

Om lov om endringar i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

§ 5 skal lyde:

Som *protokollfører* ved Riksretten tjenestegjør *Høyesteretts direktør*. I stedet for eller ved siden av denne kan presidenten anta en eller flere særskilte *protokollførere*.

§ 6 skal lyde:

Om ugildhetsgrunner for dommere og *protokollførere* i Riksretten gjelder forskriftene i lovgivningen om de alminnelige domstoler. Også den dommer som det er spørsmål om å utelukke som ugild deltar i avgjørelsen.

§ 26 første leddet skal lyde:

I forbindelse med domsavsigelsen fastsetter retten den godtgjørelse som tilkommer anklageren, forsvareren og særskilt oppnevnte *protokollførere*. Godtgjørelsen utredes av statskassen. Har Høyesteretts *direktør eller noen av Høyesteretts protokollsekretærer* tjenestegjort som *protokollfører* ved Riksretten, kan han tilstås godtgjørelse i den utstrekning retten finner rimelig.

14 I lov 7. juni 1935 nr. 2 om tinglysing vert det gjort følgjande endring:

§ 10 første leddet skal lyde:

For den som har fått underretning etter § 9, er fristen for å erklære kjæremål *en måned* fra den dag da underretningen ble sendt. For andre er fristen *en måned* fra den dag da vedkommende har fått eller burde ha skaffet seg kjennskap til avgjørelsen, jf. likevel §§ 10 a og 10 b.

15 I lov 29. mai 1953 nr. 1 om rett for handverkarar o.a. til å selja ting som ikkje er vert henta vert det gjort følgjande endring:

§ 5 nytt andre ledd skal lyde:

Dersom det er nødvendig for at rettsstiftingar i tingen skal kunne slettast frå eit offentleg register, eller for at kjøparen skal kunne meldast som ny eigar til offentleg styresmakt etter føresegn i eller i medhald av lov, kan kravshavaren krevja at tingen vert seld gjennom namsmakta etter reglane om tvangssal så langt dei høver. Føresegnene i tvangsfullføringslova § 8-16 første leddet gjeld ikkje.

16 I lov 4. februar 1960 nr. 2 om borettslag vert det gjort følgjande endring:

§ 37 tredje leddet skal lyde:

Er andelseieren kastet ut av boligen eller har han eller hun flyttet i henhold til oppsigelsen eller hevningen, kan laget straks gå fram etter reglene i § 18 første ledd annet og tredje punktum. *Det samme gjelder uavhengig av om andelseieren har flyttet dersom laget har tvangskraftig tvangsgrunnlag for fravikelse etter tvangsfullbyrdelsesloven kapittel 13.*

17 I lov 19. juni 1964 nr. 14 om avgift på arv og visse gaver vert det gjort

Om lov om endringar i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

følgjande endringar:

§ 22 første leddet skal lyde:

Oversitter den avgiftspliktige eller testamentfullbyrderen den forfallstid som følger av §§ 20 eller 21, plikter han å svare *forsinkelsesrenter*. Hvis avgiften i medhold av § 20 tredje ledd, først blir betalt senere enn den forfallstid som følger av de øvrigebestemmelser, pliktes *forsinkelsesrente* av avgiftsbeløpet i det mellomliggende tidsrom for så vidt forsinkelsen skyldes at den avgiftspliktige eller testamentfullbyrderen har forsømt sin opplysningsplikt etter kapittel VI.

18 I lov 28. juni 1974 nr. 58 om odelsretten og åsetesretten vert det gjort følgjande endringar:

§ 70 andre leddet nye fjerde, femte og sjette punktum skal lyde:

Om løysingssummen ikkje skal betalast straks, skal retten etter krav frå saksøkte påleggje saksøkjaren å stille slik trygd for løysingssummen som retten fastset. Retten skal i tilfelle òg setje ein rimeleg frist til å oppfylle eit slikt krav. Dersom særlege omsyn ikkje gjer seg gjeldande, skal fristen etter førre punktum vere ein månad.

§ 75 skal lyde:

Dersom saksøkjaren ikkje gjennomfører odelsløysinga *eller stiller pålagt trygd for løysingssummen* til den tid som er fastsett i fråviksorskurd eller rettskraftig dom, misser han odelsretten til eigheten. Dette gjeld likevel ikkje når løysing blir gjennomført på eit seinare tidspunkt enn det retten har fastsett *eller trygd ikkje vert stilt som pålagt av retten og dette* har grunnlag i avtale mellom partane.

19 I lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m. vert det gjort følgjande endring:

§ 3 første leddet nytt tredje punktum skal lyde:

Endring i forsinkelsesrentens størrelse får virkning fra ikrafttredelsen også for krav hvor fordringshaveren har krav på forsinkelsesrente før ikrafttredelsen.

20 I lov 21. desember 1979 nr. 77 om jordskifte o.a. (jordskifteloven) vert det gjort følgjande endring:

§ 63 første og andre leddet skal lyde:

Fristen for anke er *ein månad*. Fristen blir rekna frå forkynninga av jordskiftet, jfr. § 22 andre ledd fjerde punktum, men slik at når det etter § 62 er høve til å anke straks, skal fristen reknast frå den tid vedkomande part har fått avgjerda forkynt.

Fristen for kjæremål er *ein månad*.

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

21 I lov 13. juni 1980 nr. 35 om fri rettshjelp vert det gjort følgjande endring:

§ 28 tredje leddet skal lyde:

For den som har fått underretning om avgjørelsen, er fristen for å erklære kjæremål *en måned* fra den dag vedkommende mottok underretningen. For andre er fristen *en måned* fra den dag da vedkommende har fått eller burde ha skaffet seg kjennskap til avgjørelsen likevel ikke utover tre måneder fra det tidspunkt avgjørelsen ble truffet.

22 I lov 8. april 1981 nr. 7 om barn og foreldre (barnelova) vert det gjort følgjande endring:

§ 20 vert oppheva.

23 I lov 22. mai 1981 nr. 25 om rettergangsmåten i straffesaker (straffeprosessloven) vert det gjort følgjande endringar:

§ 20 tredje leddet skal lyde:

Under rettsmøte til *saksforberedelse bestemmer* retten i hvilken utstrekning forklaringer skal protokolleres.

§ 76 skal lyde:

Saker ved Høyesterett kan riksadvokaten føre selv eller overlate til en statsadvokat, en advokat med rett til å føre saker for Høyesterett eller en fullmektig ved riksadvokatembetet.

Saker ved lagmannsrett og herreds- eller byrett blir ført av statsadvokatene, polititjenestemenn som tilhører påtalemyndigheten, eller advokater. Når særlige grunner foreligger, kan riksadvokaten overdra til en polititjenestemann som har juridisk embetseksamen, men som ikke hører til påtalemyndigheten, å føre saker ved lagmannsrett eller ved herreds- eller byrett. I saker ved herreds- eller byrett hvor det er utferdiget forelegg, kan påtalemyndigheten møte ved en polititjenestemann som ikke hører til påtalemyndigheten. Det samme gjelder ved rettsmøter i forhørsrett.

Saker ved lagmannsrett og herreds- eller byrett som gjelder forbrytelse som etter loven kan medføre fengsel i mer enn 6 år , *eller sak hvor tiltalen omfatter sikring*, skal *under hoved- og ankeforhandling* føres av en statsadvokat. *Forhøyelse av maksimumsstraffen på grunn av gjentakelse, sammenstøt av forbrytelser eller anvendelse av straffeloven § 232 kommer ikke i betraktning.* Når særlige grunner foreligger, kan riksadvokaten likevel overdra til en advokat, en polititjenestemann som hører til påtalemyndigheten, eller en fullmektig ved riksadvokatembetet å føre en slik sak. *Utenfor hoved- eller ankeforhandling kan statsadvokaten overlate til en advokat eller polititjenestemann som tilhører påtalemyndigheten, å føre saken. Det samme gjelder når siktede i retten har gitt en uforbeholden tilståelse som styrkes av de øvrige opplysninger i saken, og saken ikke kan medføre fengsel i mer enn 10 år. Annet punktum gjelder tilsvarende.*

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Saker for herreds- eller byretten om forseelser føres som regel av polititjenestemenn som hører til påtalemyndigheten.

§ 109 skal lyde:

Plikt til å møte som vitne ved herreds- eller byrett og lagmannsrett har enhver. Retten kan frita et vitne som har mer enn 800 km reise med rutegående befordringsmiddel eller 125 km på annen måte, eller en tilsvarende strekning dels på den ene, dels på den annen måte, for møteplikt dersom fremmøte vil medføre uforholdsmessige ulemper eller kostander sammenlignet med vitnets betydning for sakens opplysning.

Vitnet har krav på godtgjørelse etter særskilt lov.

§ 270 første leddet skal lyde:

Bevisopptak forut for hovedforhandlingen kan holdes når et vitne er fritatt for møteplikt etter § 109 første ledd annet punktum, beviset ikke kan føres under hovedforhandlingen uten uforholdsmessig ulempe eller utgift, eller det er fare for at beviset ellers kan gå tapt eller verdien av det bli forringet.

§ 276 femte ledd nytt andre og tredje punktum skal lyde:

Domstolens leder kan bestemme at også et varamedlem for rettens formann skal følge forhandlingene. Tredje ledd første punktum gjelder tilsvarende.

§ 327 nytt annet skal lyde:

Avgjørelser som nevnt i § 54, med unntak av bevisopptak etter § 338 annet ledd, kan under saksforberedelsen for Høyesterett treffes av den dommer som forbereder ankeforhandlingen eller etter dennes innstilling av Høyesteretts kjæremålsutvalg.

Ny § 387 a skal lyde:

Dersom kjæremålsutvalget enstemmig finner det klart at et kjæremål til Høyesteretts kjæremålsutvalg ikke kan føre frem, kan det avvise eller forkaste kjæremålet uten annen begrunnelse enn en henvisning til bestemmelsen her. Avgjørelsen kan omgjøres til gunst for siktede når særlige grunner foreligger.

Et kjæremål fra påtalemyndigheten, som ikke er til gunst for siktede, kan utvalget på tilsvarende måte avvise når det enstemmig finner at kjæremålet gjelder spørsmål av mindre betydning eller at det ellers ikke er grunn til at kjæremålet tas under behandling.

§ 388 nytt andre ledd skal lyde:

Dersom Høyesteretts kjæremålsutvalg enstemmig finner at verken avgjørelsens betydning utenfor den foreliggende sak eller andre forhold tilsier at et kjæremål mot lagmannsrettens avgjørelse av et kjæremål tas under behandling, kan det avvise kjæremålet. Avgjørelsen om avvising treffes ved beslutning, som kan omgjøres til gunst for siktede når særlige grunner foreligger.

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

§ 432 tredje leddet skal lyde:

Om frist for oppfyllelse *m.m.* gjelder reglene i tvistemålsloven §§ 146 til 148 a.

§ 456 tredje og fjerde leddet skal lyde:

For krav som nevnt i første ledd første punktum kan Innkrevingssentralen beslutte trekk i lønn og lignende ytelser etter reglene i dekningsloven § 2-7, *eller stifte utleggs pant for kravet dersom panterett kan gis rettsvern ved registrering i et register eller ved underretning til en tredjeperson, jf. panteloven kapittel 5, og utleggsforretning kan holdes på Innkrevingssentralens kontor etter tvangsfullbyrdelsesloven § 7-9 første ledd. For andre krav som Innkrevingssentralen innkrever, kan den beslutte det samme når det følger av særskilt lovbestemmelse.* Ved Innkrevingssentralens tvangsfullbyrdelse gjelder tvangsfullbyrdelseslovens regler om gjennomføring av utleggsforretningen, herunder klage, bortfall og opphevelse av utlegg.

24 I lov 8. juni 1984 nr. 58 om gjeldsforhandling og konkurs (konkursloven) vert det gjort følgjande endring:

§ 153 første leddet skal lyde:

Fristen for anke *og kjæremål er en måned*, hvis ikke annet følger av §§ 4 tredje ledd, 54 annet ledd og 124 første ledd.

25 I lov 8. juni 1984 nr. 59 om fordringshavernes dekningsrett (dekningsloven) vert det gjort følgjande endring:

§ 2-7 tredje leddet skal lyde:

Utlegg i lønnskrav m v kan bare tas i krav som har forfalt eller forfaller innen to år, jf tvangsfullbyrdelsesloven § 7-21. *Trekkperioden for bøtekrav er fem år.* For skattekrav kan utlegg alltid tas i krav som forfaller inntil fem år etter utgangen av det inntektsåret skatten gjelder, eller i tilfelle endring av ligningen fem år etter utgangen av det kalenderår da endringsvedtak ble truffet. For bidragskrav gjelder ingen tidsbegrensning.

26 I lov 26. juni 1992 nr. 86 om tvangsfullbyrdelse og midlertidig sikring (tvangsfullbyrdelsesloven) vert det gjort følgjande endringar:

§ 1-3 nytt tredje ledd skal lyde:

Når et foretak med rett til å drive finansieringsvirksomhet etter finansieringsvirksomhetsloven § 1-4, låner ut penger mot håndpant i løsøre ved at pantet overleveres til foretaket, kan det inngås forhåndsavtale om at panthaveren selv kan selge løsøret til dekning av pantekravet dersom pantsetteren ikke har innfridd pantekravet innen en frist på minst en måned som panthaveren har fastsatt i et skriftlig varsel som er sendt skyldneren etter forfall. Salget skal skje på forsvarlig måte. Leddet her gjelder ikke løsøre som kan registreres i et realregister eller motvognner som skal registreres etter vegtrafikkloven § 15 jf § 16.

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

§ 2-10 andre leddet skal lyde:

Om habilitet for medhjelper gjelder § 2-5 første ledd tilsvarende. *Det kan likevel oppnevnes en medhjelper* uavhengig av første punktum dersom det finnes ubetenkelig, og vedkommende har særlige forutsetninger for å forestå salget.

§ 7-20 første leddet tredje punktum skal lyde:

Tilsvarende gjelder ved utlegg i utinglyst rettighet i fast eiendom. For tilbehør, også driftstilbehør til fast eiendom *som nevnt i panteloven § 3-4*, gjelder annet ledd første og annet punktum tilsvarende.

§ 11-9 tredje leddet andre punktum skal lyde:

Realregisteret skal bekrefte at anmerkningen er registrert og samtidig opplyse om hvem som er hjemmelshaver til formuesgodet *og i tilfelle om tvangsdekning allerede er besluttet på grunnlag av en annen begjæring*.

§ 11-11 andre leddet skal lyde:

Saksøkeren i et senere besluttet tvangssalg kan kreve å tre inn som saksøker i et tidligere besluttet salg. Et senere besluttet tvangssalg kan ikke gjennomføres på annen måte før et tidligere besluttet tvangssalg i tilfelle er rettskraftig hevet. *Namsretten underretter saksøkeren om det tidligere besluttede salget*. Krav om inntreden fremsettes for namsretten, som varsler medhjelperen eller den namsmyndighet som skal holde auksjon. En saksøker som har trådt inn etter foreleggelsen etter § 11-29 eller etter auksjonsmøtet, får likevel ikke stilling som saksøker dersom et av budene blir stadfestet.

§ 11-12 tredje leddet vert oppheva.

§ 11-13 nytt andre ledd skal lyde:

Er omsetningen av formuesgodet underlagt konsesjon, skal namsmyndigheten bringe på det rene den høyeste pris som vil bli akseptert før formuesgodet blir lagt ut for salg. Den myndighet som avgjør konsesjonsspørsmålet, har plikt til å gi namsretten bindende uttalelse om høyeste pris som vil bli godkjent.

Gjeldande § 11-13 andre leddet vert nytt tredje ledd.

§ 11-16 første leddet skal lyde:

Medhjelperen skal så langt det er mulig straks underrette partene, personer som er varslet etter § 11-8, og kjente rettighetshavere om tvangssalget *med opplysning om hvem som er saksøker og hvilket krav tvangssalget er begjært for*.

§ 11-18 andre leddet første punktum skal lyde:

Salg av fast eiendom skal også omfatte *driftstilbehør som nevnt i panteloven § 3-4* som saksøkeren har panterett i.

§ 11-18 tredje leddet første punktum skal lyde:

Om lov om endringer i rettergangslovgevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Den som har panterett i en fast eiendom med prioritet etter saksøkerens krav, og i tillegg panterett i driftstilbehør *som nevnt i panteloven § 3-4* som ikke omfattes av bedre prioriterte panthaveres panterett, kan kreve at salget skal omfatte også driftstilbehøret.

§ 11-26 første leddet andre punktum skal lyde:

Med *namsrettens* samtykke kan det likevel tas hensyn til bud med kortere bindingstid ned til *15 dager*.

§ 11-27 andre leddet skal lyde:

Betales hele eller en del av kjøpesummen etter oppgjørsdagen, men innen to uker etter at stadfestelsen er rettskraftig, betales *et rentetillegg fastsatt av Kongen*. Betales ikke kjøpesummen, eventuelt med tillegg av renter etter første punktum, innen betalingsfristen etter første ledd, gjelder § 11-32.

§ 11-46 andre leddet nytt sjette punktum skal lyde:

Det skal fremgå at nødvendige opplysninger om salgsordningen kan fås ved henvendelse til namsmyndighetene.

Gjeldande § 11-46 andre leddet sjette punktum vert nytt sjuande punktum.

§ 11-54 første leddet skal lyde:

Dersom det ikke blir gitt bindende bud eller saksøkeren i auksjonsmøtet erklærer at ingen av budene vil bli begjært stadfestet, kan saksøkeren innen en måned kreve *nytt salgsforsøk*. Dersom saksøkeren har forbeholdt seg frist til å ta stilling til om bud skal begjæres stadfestet, kan saksøkeren innen fristen i stedet kreve *nytt salgsforsøk*.

§ 11-55 skal lyde:

Tvangsbruken skal gjelde både hovedgjenstanden og tilhørende ting og rettigheter som omfattes av panteretten. Selv om saksøkeren bare har pant i en ideell del av formuesgodet, kan namsretten beslutte at tvangsbruken skal utvides til å omfatte hele formuesgodet dersom det blir gitt samtykke av saksøkte eller en annen sameier som kan kreve sameiet oppløst ved tvangssalg. Om tvangsbruk av *driftstilbehør som nevnt i panteloven § 3-4* til en fast eiendom gjelder § 11-18 annet og tredje ledd tilsvarende.

Ved tvangsbruk av fast eiendom kan en saksøker som også har panterett for pantekravet i driftstilbehør som nevnt i panteloven §§ 3-8 og 3-9 eller i varelager som nevnt i panteloven § 3-11, kreve at tvangsbruken også skal omfatte disse verdiene dersom verdiene har en naturlig tilknytning til den faste eiendommen, og det for disse verdienes del foreligger tvangskraftig tvangsgrunnlag som nevnt i denne loven § 8-2. Kravet må fremsettes i begjæringen om tvangsbruk. § 8-6 første og annet ledd og § 8-7 første ledd annet punktum og annet ledd gjelder tilsvarende.

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Namsretten bestemmer hvor lenge tvangsbruken skal vare. For skip, luftfartøy og tillatelser som er registrert i Petroleumsregisteret, kan brukstiden ikke settes lengre enn to år. Det kan settes vilkår for tvangsbruken.

§ 11-57 første leddet nytt tredje punktum skal lyde:

Ved tvangsbruk som omfatter driftstilbehør som nevnt i panteloven §§ 3-4, 3-8 og 3-9 eller varelager som nevnt i panteloven § 3-11, kan disse verdiene skiftes ut eller selges så langt det er forenlig med en forsvarlig drift.

§ 13-2 andre leddet bokstav a skal lyde:

Skriftlig avtale om leie som inneholder vedtagelse av at utlevering kan kreves når leien ikke blir betalt. Det skal gå fram av varselet etter § 4-18 at utlevering kan unngås dersom leien med renter, *utenrettslige inndrivingskostnader, sakskostnader og forfalt leie fram til betalingstidspunktet* blir betalt før fullbyrdelsen gjennomføres.

§ 13-2 tredje leddet bokstav a skal lyde:

Skriftlig avtale om leie som inneholder vedtagelse av at tvangsfravikelse kan kreves når leien ikke blir betalt. Det skal gå fram av varselet etter § 4-18 at utlevering kan unngås dersom leien med renter, *utenrettslige inndrivingskostnader, sakskostnader og forfalt leie fram til betalingstidspunktet* blir betalt før fullbyrdelsen gjennomføres.

§ 13-6 første leddet tredje punktum skal lyde:

Det skal opplyses at fullbyrdelsen kan unngås ved at kravet blir oppfylt innen fristen etter første punktum, eller når fullbyrdelsen er begjært etter § 13-2 annet ledd bokstav a eller tredje ledd bokstav a, ved at *leien* med renter, *utenrettslige inndrivingskostnader, sakskostnader og forfalt leie fram til betalingstidspunktet* blir betalt innen fristen.

27 I lov 11. juni 1993 nr. 83 om endringer i rettergangslovgivningen m.m. vert det gjort følgjande endring:

Del I nr. 17 vert oppheva.

28 I lov 20. desember 1996 nr. 106 om tomtefeste vert det gjort følgjande endringar:

§ 16 første leddet siste punktum skal lyde:

Er det ikkje sagt noko i avtala om storleiken på tomta (punkt feste), gjeld føresegnene i andre punktum for eit areal på eitt *dekar (daa)*, medrekna der huset eller husa står og høveleg avrunda etter tilhøva på staden.

§ 33 første leddet nytt fjerde punktum:

Om lov om endringer i rettergangslovgjevinga m.m. (harmonisering av rettsmiddelfristar, effektivisering av bøtestraffa og endring av prosessreglane for Høgsterett m.m.)

Kongen kan i forskrift gje nærare føresegner om vilkåra for og gjennomføringa av slik innløysing.

§ 33 første leddet fjerde og femte punktum vert nye femte og sjette punktum.

29 I lov 17. januar 1997 nr. 11 om endringer i straffeloven m.v. (strafferettslige utilregnelighetsregler og særreaksjoner) vert det gjort følgjande endring:

I del I nr. 9 vert det gjort følgjande tilføyning mellom endringa i §§ 2 og 84:

§ 76 tredje leddet skal lyde:

Saker ved lagmannsrett og herreds- eller byrett som gjelder forbrytelse som etter loven kan medføre fengsel i mer enn 6 år, eller sak hvor *påtalemyndigheten vil påstå overføring tiltvungent psykisk helsevern etter straffeloven § 39 eller forvaring*, skal under hoved- og ankeforhandling føres av en statsadvokat. Forhøyelse av maksimumsstraffen på grunn av gjentakelse, sammenstøt av forbrytelser eller anvendelse av straffeloven § 232 kommer ikke i betraktning. Når særlige grunner foreligger, kan riksadvokaten likevel overdra til en advokat, en polititjenestemann som hører til påtalemyndigheten, eller en fullmektig ved riksadvokatembetet å føre en slik sak. Utenfor hoved- eller ankeforhandling kan statsadvokaten overlate til en advokat eller polititjenestemann som tilhører påtalemyndigheten, å føre saken. Det samme gjelder når siktede i retten har gitt en uforbeholden tilståelse som styrkes av de øvrige opplysninger i saken, og saken ikke kan medføre fengsel i mer enn 10 år. Annet punktum gjelder tilsvarende. Saker for herreds- eller byretten om forseelser føres som regel av polititjenestemenn som hører til påtalemyndigheten.

30 I lov 26. mars 1999 nr. 17 om husleieavtaler (husleieloven) vert det gjort følgjande endring:

§ 13-2 andre leddet bokstav e siste punktum skal lyde:

For dommer forkynt etter lovens ikrafttredelse, *gjelder ankefristen* i tvistemålsloven § 360.

II

Ikraftsetjings- og overgangsføresegner:

1. Kongen fastset tidspunktet for når lova tek til å gjelde. Det kan fastsetjast at ulike delar av lova skal ta til å gjelde frå ulik tid.
 2. Kongen gjev nærmare overgangsreglar.
-